

Aud-Kirsti Pedersen

STADNAMNLÅN

Fonologi og ortografi i lydlig lånte
stadnamn med eit oversyn over
fonologien i norsk på Skibotn og i
Kvenangsbotn

Hovudfagsoppgåve i nordisk språk
Institutt for språk og litteratur
Universitetet i Tromsø

Hausten 1988

INNHALDSLISTE

I	Innleiing	11
II	Avstyttingar	13
1	BAKGRUNNEN OG GRUNNLAGET FOR ARBEIDET.....	14
1.1	Materialet	14
1.1.1	Eldre kjelder	14
1.1.2	Innsamlingsmetode og bearbeiding av materialet	14
1.1.3	Heimelsfolk	15
1.1.3.1	Oversyn over heimelsfolka	16
1.2	Område	17
1.2.1	Kart over innsamlingsområdet	18
1.2.1.1	Skibotn	19
1.2.1.2	Kvenangsbotn	19
1.2.1.3	Kart over Lyngen	21
1.2.1.4	Kart over Kvenangen	22
1.2.2	Folketal og busetjing	23
1.3	Næringar og stadnamn	23
1.3.1	Skibotn	23
1.3.2	Kvenangsbotn	25
1.4	Busetjingshistorie	26
1.4.1	Skibotn	26
1.4.2	Kvenangsbotn	27
1.5	Om bruken av folketaljingane og etnografiske kart	28
1.5.1	Folketaljingane frå 1801, 1865 og 1875	29
1.5.2	Oversyn over språkkunnskap	31
1.5.3	Oversyn over etnisitet	34
1.5.4	Språk og etnisitet etter Friis' etnografiske kart, kart 1861 og 1890	36
1.5.5	Språkkompetanse rundt hundreårsskiftet	37
1.5.6	Språksituasjonen i dag	39
1.5.7	Stadnamn og språkbruk	39
1.5.8	Bakgrunnen for norsk språk i Kvenangen og Lyngen	40
2	STADNAMNLÅN	41
2.1	Utgangspunkt for å klassifisere det norske stadnamnmaterialet	41
2.1.2	Stadnamnlån som forskingsfelt	42
2.2	Drøfting av terminologi	43

2.2.1	Stadnamnlån	43
2.2.2	Namnepar	43
2.2.3	Lånepar	44
2.2.4	Avklåring av kva som er eit lånt namn	45
2.2.5	Termar for inndeling av materialet	48
2.2.5.1	Lånte namn	48
2.2.5.1.1	Lydlige lån	48
2.2.5.1.2	Innhaldslån	49
2.2.5.1.3	Samansett lån	49
2.2.5.2	Namn som ikkje er lånte	50
2.2.5.2.1	Opphavlig norske namn	50
2.2.5.2.2	Nylaging av namn til eit lånt stadnamn(ledd) eller namn(eledd)av uklårt opphav	50
2.2.5.3	Namn med uklårt opphav	51
2.3	Lånemønster	51
2.3.1	Allment om stadnamnlån på Skibotn	51
2.3.1.1	Allment om stadnamnlån i Kvenangsbotn	52
2.3.2	Rangeringsprinsipp	52
2.3.3	Oversyn over lånemønstra i materialet	55
2.3.3.1	Forklaring av lånemønstra	56
2.3.4	Samiske stadnamn lånte via finsk	58
2.4	Klassifisering av stadnamna etter språklig opphav	58
2.4.1	Lånte stadnamn fordelte etter språklig opphav	59
2.4.1.1	Kommentar til dei lånte stadnamna	59
2.4.1.2	Grafisk oversyn over lånte stadnamn fordelte etter språklig opphav 1 ..	61
2.4.1.3	Grafisk oversyn over lånte stadnamn fordelte etter språklig opphav 2 ..	62
2.4.1.4	Tilhøvet mellom dei ulike lånetypane	63
2.5	Korleis blir stadnamn lånte?	64
2.5.1	Innhaldslån	64
2.5.1.1	Døme på bokstavlig omsetjing	64
2.5.1.2	Døme på fri omsetjing	64
2.5.1.3	Døme på omsetjing der ei form i långevarspråket blir sett om til ulike former i låntakarspråket	65
2.5.1.4	Døme på omsetjing der ulike former i långevarspråket blir sett om til ei grammatisk form i låntakarspråket	66
2.5.1.5	Andre trekk ved omsetjing av namn	67
2.5.1.6	Omsetjing eller utbyting av terrengappellativ	67
2.5.1.7	Døme på reduksjon av terrengappellativsystemet	68

2.5.1.8	Døme på at eitt terrengappellativ blir sett om med fleire terrengappellativ	69
2.5.1.9	Døme på omsetjing eller utbyting av terrengappellativ	69
2.5.1.10	Korrespondansar mellom hovudledd i namnepar	70
2.5.2	Lydlige lån	73
2.5.2.1	Terrengappellativ i lydlig lånte stadnamn	73
2.5.2.2	Korfor blir nokre appellativ lydlig lånte, mens andre blir sette om?	76
2.5.3	Samansette lån	76
2.5.4	Namn laga på norsk til eit lånt stadnamn(ledd) eller namn(eledd) av uklårt opphav, og opphavlig norske namn	77
2.5.4.1	Hovudledd i nylaga og opphavlig norske namn	77
2.5.4.2	Kommentar til nokre av terrengappellativa	79
2.5.5	Uklåre namn	81
2.5.6	Doble lån - eller bruk av fleire lånemåtar av eitt namn	82
2.5.6.1	Oversyn over doble stadnamnlån	83
2.6	Morfologiske drag ved stadnamna	84
2.6.1	Einledda namn	84
2.6.2	Dobbel bunden form	85
2.6.3	Ubunden form av proprium	87
2.6.4	Stadnamn med personnamn i utmerkingsleddet	87
2.7	Struktur i lånte stadnamn	88
2.7.1	Oversyn over leddstruktur i lånte stadnamn	88
2.7.2	Elliptiske lån	90
2.7.3	Epeksegetiske lån	92
2.8	Lånte stadnamn - ikkje lånte stadnamn sett i høve til denotata	93
2.8.1	Klassifisering av stadnamna i høve til denotata	94
2.8.2	Denotata fordelte på lånte - ikkje lånte stadnamn	95
2.8.2.1	Innhaldslån	96
2.8.2.2	Lydlige lån	96
2.8.2.3	Samansette lån	96
2.8.2.4	Nylaging til lånte ledd/ledd av uklårt opphav og opphavlig norske namn	97
2.8.3	Terrengtypar som ofte har fått namn	98
2.8.4	Tilhøvet mellom denotatum og lånte stadnamn	100
2.8.4.1	Kommentar til tilhøvet mellom denotatum og lånte stadnamn	101
2.8.4.1.1	Grunngjeving av det språklige opphavet til omsette fjellnamn i Kvenangsbotn	102
2.9	Vurdering av lånemåtane - korfor blir nokre namn sette om mens andre ikkje blir det?	103
2.9.1	Samanheng mellom lånetype og alder?	106

3	FONEMINVENTARET I SKIBOTN- OG KVENANGSBOTN-DIALEKTEN	108
3.1	Grunngeving for å lage eit fonemoversyn	108
3.1.1	Materiale for fonemanalysen	108
3.1.2	Målgeografisk plassering	108
3.1.3	Avgrensing av analysefeltet	109
3.1.4	Lydskrifta	110
3.1.5	Prosodiske drag	110
3.2	Fonemomgrep	110
3.2.1	Fonemomgrepet i den taksonomisk strukturalistiske analysen	110
3.2.2	Fonemomgrepet i generativ fonologi	111
3.3	Vokalane	111
	Vokalfonema	112
	Distinktive drag	112
3.3.1	Substitusjonsprøve på vokalane	112
3.4	Distribusjon av vokalane	113
3.4.1	Distribusjon av vokalane i trykk tung staving	113
	Framlyd, trykksterk stilling	114
	Innlyd, trykksterk stilling	114
	Utlyd, trykksterk stilling	115
3.4.1.1	Ord brukte som belegg på distribusjonen av vokalane	115
	Framlyd: Lang vokal føre konsonant	115
	Framlyd: Kortvokal føre konsonant	116
	Innlyd: Lang vokal føre konsonant	116
	Innlyd: Kort vokal føre konsonant	117
	Utlyd: Trykksterk stamme som endar på vokal	117
3.4.1.2	Nærmare om distribusjonen av vokalane	118
3.4.1.3	Fonemet /i/	118
3.4.1.4	Tilhøvet mellom /e/ ~ /æ/	119
3.4.1.5	Tilhøvet mellom /y/ ~ /ø/	120
3.4.1.6	Tilhøvet mellom /u/ ~ /u/	120
3.4.1.7	Andre vokalvekslingar	120
3.4.2	Distribusjon av vokalane i trykklett staving	121
	Døme med vokalar i trykklett staving	121
3.5	Diftongar	121
3.5.1	Nærmare om kvar av diftongane	122
3.5.1.1	Diftongen /ei/	122
3.5.1.2	Diftongen /øy/	122

3.5.1.3	Diftongen /øu/	122
3.5.1.4	Diftongen /ai/, /oi/	123
3.6	Veksling mellom diftong og enkel vokal	123
3.7	Konsonantane	123
3.7.1	Konsonantfonema	124
	Maksimalt foneminventar: system 1	124
	Minimalt foneminventar: system 2	124
	Distinktive drag	124
3.7.1.1	Skisse over artikulasjonsstadene	126
3.7.1.2	Fonem og allofonar	127
	Fonemsystem 1	127
	Fonemsystem 2	128
3.7.1.3	Minimale par, fonemsystem 1	128
	Framlyd	128
	Utlyd	131
3.7.1.4	Skilnaden mellom system 1 og 2	136
3.7.1.5	Nærmare om bruken av foneminventara	136
3.7.1.5.1	Klusilane /p t k b d g/ og /b̥ d̥ ɡ̥/.....	136
3.7.1.5.2	Dei sublamino-alveolare lydane	137
3.7.1.5.3	Tilhøvet /s/ : /s̺/ : /ʃ/	138
3.7.1.5.4	Dei dorso-palatale lydane	139
	Variasjon oppgeve i prosent over bruken av /ŋ ~ n/, /l̥ ~ l/ etter	
	vokalar i trykktung stilling	139
3.7.1.5.5	Tilhøvet /ʃ/ ~ /k̺/	140
3.7.1.5.6	Fonemet /ŋ/	140
3.8	Distribusjon av konsonantane	141
3.8.1	Konsonantar i trykktung staving	141
	Initiale konsonantar i trykktung stilling	141
	Finale konsonantar i trykktung stilling	141
3.8.1.1	Ord brukte som belegg på distribusjonen av konsonantane.....	142
	Initiale konsonantar i trykktung stilling framfor lang vokal	142
	Initiale konsonantar i trykktung stilling framfor kort vokal	142
	Initiale konsonantar i trykktung stilling framfor diftong	143
	Finale konsonantar i trykktung stilling	143
	Finale konsonantar etter diftong	143
3.8.2	Konsonantar i trykklett staving	144
3.9	Konsonantsamansetjingar	144
3.9.1	Tokonsonantsamansetjingar	144

	Framlyd	144
	Innlyd og utlyd	145
3.9.1.1	Trekonsonantsamansetjingar	148
	Framlyd	148
	Samansetjing av trekonsonantkombinasjonar	148
	Innlyd og utlyd	148
3.9.3	Firekonsonantsamansetjingar	150
4	LYDLIGE TILHØVE I SAMANSETTE OG LYDLIGE STAD- NAMNLÅN	151
4.1	Omtale av lånte stadnamn i norsk namnegransking	151
4.2	Om den fonologiske analysen av lånte stadnamn	153
4.3	Vokalar	154
4.3.1	Vokalar i trykksterk stilling, framlyd	154
4.3.1.1	Distribusjon av framlydsvokalar i lydlig lånte stadnamn	155
4.3.1.2	Vokalar i trykksterk stilling, innlyd	156
4.3.1.3	Distribusjon av innlydsvokalar i trykksterk stilling av lydlig lånte stadnamn	157
4.3.2	Vokalar i trykklett stilling	159
4.3.2.1	Vokalen [i]	159
4.3.2.1.1	Trykklett [i] står uendra	159
4.3.2.1.2	Overgang [i] > [e]	159
4.3.2.1.3	Bortfall av trykklett [i]	160
4.3.2.2	Vokalen [e]	160
4.3.2.2.1	Trykklett [e] står uendra	160
4.3.2.2.2	Overgang trykklett [e] > [i]	160
4.3.2.2.3	Bortfall av trykklett [e]	160
4.3.2.3	Vokalen [æ]	161
4.3.2.3.1	Trykklett [æ] står uendra	161
4.3.2.3.2	Overgang trykklett [æ] > [a]	161
4.3.2.3.3	Bortfall av trykklett [æ]	161
4.3.2.4	Vokalen [ʊ].....	161
4.3.2.5	Vokalen [u]	161
4.3.2.5.1	Trykklett [u] står uendra	162
4.3.2.5.2	Bortfall av trykklett [u]	162
4.3.2.6	Vokalen [o]	162
4.3.2.6.1	Trykklett [o] står uendra	162
4.3.2.6.2	Overgang trykklett [o] > [u]	163
4.3.2.6.3	Overgang trykklett [o ~ u] > [e]	163

4.3.2.6.4	Bortfall av trykklett [o]	164
4.3.2.7	Vokalen [a]	164
4.3.2.7.1	Trykklett [a] står uendra	164
4.3.3.7.2	Overgang trykklett [a] > [e]	164
4.3.2.7.3	Bortfall av trykklett [a]	165
4.3.2.8	Skisse av kvalitative vokalendringar i lydlig lånte stadnamn	165
4.4	Diftongar	165
4.4.1	Diftongen [ie] står uendra	166
4.4.1.1	Overgang [ie] > [iæ]	166
4.4.1.2	Overgang [ie] > [e]	166
4.4.2	Diftongen [ei] i namn av finsk opphav	166
4.4.3	Overgang [eai] > [ei]	167
4.4.3.1	Overgang [ea] > [e]	167
4.4.3.2	Overgang [ea] > [æ]	167
4.4.4	Diftongen [eu] står uendra	167
4.4.5	Diftongen [æi] står uendra	168
4.4.6	Diftongen [æu] står uendra	168
4.4.7	Diftongen [ui] står uendra	168
4.4.8	Vokalsambandet [uoi] står uendra	168
4.4.8.1	Overgang [uoi] > [oi ~ [ui]	168
4.4.9	Vokalsambandet [oai] står uendra	169
4.4.9.1	Overgang [oai] > [oi]	169
4.4.10	Diftongen [uo] står uendra	169
4.4.10.1	Overgang [uo] > [ua]	169
4.4.10.2	Overgang [uo] > [ou]	170
4.4.10.3	Overgang [uo] > [o]	170
4.4.10.4	Overgang [uo] > [ø]	170
4.4.11	Diftongen [oi] står uendra	170
4.4.12	Diftongen [ou] står uendra	171
4.4.13	Overgang [oa] > [o]	171
4.4.13.1	Overgang [oa] > [a]	171
4.4.14	Diftongen/vokalsambandet [ai] står uendra	171
4.4.14.1	Overgang [a+i] > [ei]	172
4.4.14.2	Overgang [a+i] > [æ]	172
4.4.15	Diftongen/vokalsambandet [au] står uendra	172
4.4.16	Oversyn over diftongar, vokalsamband og endringar i lydlig lånte stadnamn	173
4.5	Konsonantar	173

4.5.1	Kvantitet	173
4.5.1.1	Døme på endring VK > VKK	174
4.5.1.2	Døme på endring VK > VVK	174
4.5.1.3	Døme på endring VVK > VKK	174
4.5.2	Klusilane /p/ /t/ /k/	174
4.5.2.1	Framlydsklusilar	175
4.5.2.1.2	Ustemt, aspirert klusil i framlyd	175
4.5.2.1.3	Stemt, uaspirert klusil i framlyd	177
4.5.2.1.4	Overgang frå dorso-velar, ustemt, uaspirert klusil til dorso-palatal, ustemt frikativ	178
4.5.2.2	Innlydsklusilar	179
4.5.2.3	Utlydsklusilar	180
4.5.3	Dorso-palatale klusilar, nasalar og lateralar	180
4.5.3.1	Dorso-palatar av samisk opphav	180
4.5.3.1.1	Dorso-palatal, ustemt klusil [t̟]	180
4.5.3.1.2	Dorso-palatal, stemt klusil [d̟]	181
4.5.3.1.3	Dorso-palatal nasal [ŋ̟]	181
4.5.3.2	Nylagingar av dorso-palatal	181
4.5.3.2.1	Dorso-palatal, stemt klusil [d̟]	181
4.5.3.2.2	Dorso-palatal nasal [ŋ̟]	182
4.5.3.2.3	Dorso-palatal lateral [ɭ̟]	182
4.5.4	Affrikatar	182
4.5.4.1	Affrikaten [ts]	182
4.5.4.2	Affrikaten [ds]	183
4.5.4.3	Affrikaten [tʃ]	183
4.5.4.4	Affrikaten [dʃ]	184
4.5.5	Konsonantsamband	184
4.5.5.1	Konsonantsambandet /rt/ og /rd/	184
4.5.5.2	Konsonantsambandet /rs/	185
4.5.5.3	Assimilasjon /rb/ > /rr/	185
4.5.5.4	Konsonantsamband med /h/ føre konsonant	185
4.5.6	Distribusjon av konsonantar i lydlig lånte stadnamn sett i høve til distribusjonsreglane i norsk	185
4.6	Oppsummering	188
5	NORMERING AV LYDLIGE OG SAMANSETTE STADNAMNLÅN	190
5.1	Utgangspunkt for kapittel 5	190
5.2	Stadnamn og språkbruk	190

5.3	Normering av lånord i norsk	191
5.4	Allment om normering av lydlig lånte stadnamn	191
5.4.1	Allment om normering av stadnamn i Noreg	191
5.4.2	Normering av finske stadnamn i Noreg	192
5.4.3	Normering av finske stadnamn i Sverige	193
5.4.4	Andre ytringar om rettskriving av finske stadnamn i Noreg	193
5.5	Problem med å normere finske stadnamn etter norske skrivereglar.....	194
	a) Kvantitet	194
	b) Klusilmarkering	194
	c) Ulik bruk av grafema <u o> på finsk og norsk	195
	d) Finsk og norsk har ulik uttale av /y/	195
	e) Ulike teikn i finsk og norsk for lydane /æ ø/	195
5.5.1	Problem med å normere samiske stadnamn etter norske skrivereglar ...	195
5.6	Rettskrivingspraksis av finske stadnamn i Noreg	196
5.6.1	Topografiske kart	196
5.6.1.1	Økonomiske kart	196
5.6.2	Feiltypar i skrivemåten av finske stadnamn på topografiske og økonomiske kart	197
5.6.2.1	Finske stadnamn på kart i Kvenangsbotn og på Skibotn	198
	a) Kvantitetsfeil	198
	b) Klusilmarkering	198
	c) Feil vokalmarkering	198
	d) Vokalharmonifeil	199
	e) Utelating av vokal	199
	f) Genetivmarkering manglar	199
	g) Feil genitivmarkering	199
	h) Blanding av skriftsystem	199
	i) Orddeling manglar	199
	j) Normert etter feil språk	199
	k) Ikkje-eksisterande form	200
	l) Anna feilskrivning	200
	m) "For sterk normering"	200
5.6.2.2	Namn på kartet med finsk utmerkingsledd og norsk hovudledd	200
	a) Kvantitetsfeil	200
	b) Klusilmarkering	200
	c) Bortfall av vokal	200
	d) Feil genitivmarkering	201
	e) Normert etter feil språk	201

	f) Ikkje-eksisterande form	201
5.7	Utgangspunkt for normeringa	201
5.7.1	Om normering av lydlike lån	202
5.7.2	Om normering av samansette lån	203
5.7.3	Vokalmarkering	203
5.7.3.1	Attgjeving av diftongar	204
5.7.4	Lydlike lån og samansette lån grupperte etter normeringsmåte.....	204
	Gruppe a	204
	Gruppe b	205
	Gruppe c	207
	Gruppe d	209
	Gruppe e	209
	Gruppe f	209
	Gruppe g	210
	Gruppe h	210
	Gruppe i	211
	Gruppe j	212
	Gruppe k	213
	Gruppe l	213
	Gruppe m	213
5.8	Normering i praksis - eit døme	214
5.9	Problem i samband med normeringa	215
	Oversyn over kart som er brukte i stadnamninnsamlinga	216
	Vedlegg 1, Kvenangen-materialet	217
	Vedlegg 2, Skibotn-materialet	243
	Litteraturliste	281
	Liste over stadnamn og terrengappellativ	286

I Innleiing

I språkvitskapen er stadnamngransking ein gammal fagdisiplin. Hovudtyngda av arbeidet innom disiplinen har lege på tolking av stadnamn. Tolking av stadnamn er likevel berre ein av mange tilnæringsmåtar til stadnamngranskinga. I fleirspråklige område kjem det til nye dimensjonar ved stadnamna som namnegranskaren må ta omsyn til. I dette arbeidet er føremålet å greie ut ymse sider ved stadnamn som er brukte på norsk i to område i Nord-Troms med nesten lik språkhistorisk bakgrunn.

I den første delen gjør eg greie for geografi, busetjing, språkhistorie og næringsutøving i undersøkingsområda. Dette er "rommet" som stadnamna er blitt til i. I den andre delen blir namna klassifiserte etter opphav, og eg går inn på ulike språklige sider ved stadnamna som ein kan sjå på i lys av fleirspråkligeita i omgjevnadene. I arbeidet vidare konsentrerer eg meg om éin type lånte stadnamn. Det er dei namna som blir lånte ved at ei lydfølgje som har opphav i eitt språk, blir tatt i bruk på eit anna språk. Eit slikt namn kallar eg eit lydlig lånt stadnamn. Eg har valt å gå nærmare inn på lydtilhøva i dei lydlig lånte stadnamna for å finne ut noko om korleis namna plasserer seg i høve til eit norsk lydssystem. For å ha eit utgangspunkt for denne tilnærminga var det naudsynt å lage eit oversyn over lydtilhøva i det norske språket i dei to bygdene. Kapittel 3 gjev ein strukturalistisk analyse av norsk i Kvenangsbotn og på Skibotn. Lydverket i norsk på desse stadene er ikkje tidligare blitt analysert. Derfor er analysen blitt meir omfattande enn det som strengt tatt er naudsynt for arbeidet med dei lydlig lånte stadnamna. Slik arbeidet ligg føre, er det mest ei avdekking av lydtilhøve i dei lydlig lånte stadnamna. Tilhøvet til den norske dialekten kunne ha vore drøfta grundigare, og lydovringane kunne ha vore jamførte med resultat frå finsk-svensk og finsk-norsk namnekontaktforsking. Alt kan ikkje bli handsama like grundig i eitt arbeid; det har vore naudsynt å avgrense arbeidsfeltet. Delen om normering av dei lydlig lånte stadnamna er eit framhald eller "lokket" på kapittel 4. Når fonologien i dei lydlig lånte stadnamna blir handsama i kapittel 4, skjer det på eit nivå der namna berre finst som lydlege variantar, dvs. formene namna har før normering. Svært mange av stadnamna har fleire uttalevariantar. I tillegg til uttalevariantane oppgjev eg også i kapittel 4 ei normert stadnamnform utan at tilhøvet mellom uttale og skrift blir problematisert. I den siste delen går eg inn på prinsippa eg har lagt til grunn for å gje dei lydlig lånte stadnamna ei skriftlig form. Normeringa av desse stadnamna har vore svært problematisk og uoverskodelig. Lenge før dette arbeidet tok til, hadde eg stridd mykje med dette arbeidsfeltet. Det er ikkje vedtatt og ikkje diskutert om ein skal ha retningslinjer for normering av slike stadnamn. I normeringsdebatten blir det berre diskutert om stadnamna i Noreg skal bli normerte ut frå reglane i norsk og samisk (evt. finsk). Lydlig lånte stadnamn kan bli normerte på fleire måtar. Normeringsarbeidet som eg gjør greie for, er ein konsekvens av eit synkront utgangspunkt for skriftfestinga.

* * *

Dette arbeidet hadde det ikkje blitt noko av om ikkje *Noregs allmennvitenskaplege forskingsråd* hadde sett i gang prosjektet "Stadnamn i trespråklege område" i 1984-1986 og seinare løyvd meg eit hovudfagsstipend for å granske noko av materialet som blei samla inn i prosjektida. Eg er stor takk skyldig til alle heimelsfolka som gjestfritt tok imot meg og delte med meg kunnskapen dei har om stadnamn og målføre i Kvenangen og Storfjorden.

II Avstyttingar

- CHH** Cannelin, Knut ja Aulis - Hirvensalo, Lauri - Hedlund, Nils 1976: *Suomalais-ruotsalainen suursanakirja. Finsk-svensk storordbok*. Porvoo.
- f.** Finsk
- fKv.** Finsk i Kvenangsbøtn, sjå note 1, kapittel 2.
- fn.** Finsk hos Qvigstad 1935 og 1944.
- fSk.** Finsk på Skibøtn, sjå note 1, kapittel 2.
- ft.** Folketeljing
- IB** Bjørklund, Ivar 1985: *Fjordfolket i Kvænangen*. Universitetsforlaget.
- K** Kvenangsbøtn.
- KN** Nielsen, Konrad 1979: *Lappisk (samisk) ordbok*. Oslo.
- Kv.** Brukt hos Qvigstad for Kvenangen.
- Lg.** Brukt hos Qvigstad for Lyngen.
- lp.** Lappisk hos Qvigstad 1935 og 1944.
- n.** Norsk.
- NG** Rygh, Oluf 1911: *Norske gaardnavne*. Tromsø amt. Kristiania.
- NGO** Noregs geografiske oppmåling.
- Nno.** Hovdenak, Marit o.fl. (red.) 1986: *Nynorskordboka*. Definisjons og rettskrivingsordbok. Oslo.
- NPL** Stemshaug, Ola (red.) 1982: *Norsk personnamnleksikon*. Oslo.
- NS** Sandnes, Jørn - Stemshaug, Ola 1976: *Norsk stadnamnleksikon*. Oslo.
- P28** Paulaharju, Samuli 1973: *Finnmarkens folk*. Uddevalla.
- Q35** Qvigstad, J. 1935: *De lappiske stedsnavn i Troms fylke*. Oslo.
- Q44** Qvigstad, J. 1944: *De lappiske appellative stedsnavn*. Oslo.
- S** Skibøtn.
- s.** Samisk.
- sf.** Innlandssamisk, dvs. kautokeinosamisk.
- SKES** Toivonen, Y.H. - Itkonen, E. - Joki, A.J. - Peltola, R. 1955-1978: *Suomen kielen etymologinen sanakirja*. Helsinki.
- sv.** Svensk.
- TF** Frette, Thor 1985: *Norsk samisk ordbok*. Universitetsforlaget.
- ty.** Tysk.
- ØK** Økonomisk kartverk.

1 BAKGRUNNEN OG GRUNNLAGET FOR ARBEIDET

1.1 Materialet

Dei to områda som stadnamnmaterialet er henta frå, er Skibotn i Storfjord kommune og Kvenangsbotn i Kvenangen kommune.¹ Materialet blei samla inn i samband med eit prosjekt finansiert av *Noregs allmennvitenskaplege forskingsråd*. Namnet på prosjektet var "Stadnamn i trespråklege område" og var i gang i 1984-86. Det norske materialet frå Storfjorden og Kvenangen samla eg inn i 1984 og 1985. I 1987 samla eg inn meir materiale spesielt for dette arbeidet. Det samiske namnematerialet frå Storfjorden og Kvenangen er samla inn av Kaisa Rautio i 1984-85. Dei finske namna frå Storfjorden samla Kaisa Rautio i 1984, og Eira Söderholm registrerte finske stadnamn frå Kvenangen i 1979. I tillegg til dei finske namna som desse to har samla inn, har eg fått opplyst ein del finske stadnamn som tidlegare ikkje er blitt registrerte. Dette gjeld særlig Kvenangen. Totalt utgjør det norske materialet 61 timars lydbandopptak, 34 timar frå Skibotn og 27 frå Kvenangsbotn. I alt er det 831 stadnamn frå Skibotn og 604 frå Kvenangsbotn (jf. 2.4.). Heile stadnamnmaterialet er teke med i vedlegg 1 og 2.

1.1.1 Eldre kjelder

Eldre skriftlege kjelder er sparsomme og ikkje så gamle. Dei eldste belegga i Kvenangen er frå svenske futrekneskap på midten av 1500-talet (Bjørklund 1985:37). Med matrikkelen i 1723 blir nokre av gardsnamna stadfesta for første gong. Ingen av stadnamna på Skibotn er stadfesta i skrift før 1723, og det er då berre nokre få gardsnamn som blir oppgjevne. I grenseeksaminasjonsprotokollane til Major Peter Schnitler frå 1742-45 finn ein nokre få namn frå områda. Folketeljningane i 1865 og 1875 har med ein del gardsnamn. Teljinga i 1875 oppgjev fleire namn på buplassar i Kvenangen. Mange av namna er på samisk, og ein del av namna har norske "parallellformer". Det fyldigaste namnematerialet finn ein hos Qvigstad 1935 i *De lappiske stedsnavn i Troms fylke*. Det meste av materialet er samla inn i 1895-96 (jf. Qvigstad 1935, Forord). Ei gransking av jordskiftedokument og dokument over skyldsetjinga av jorda, som tok til på 1700-talet, ville nok skaffe fram nokre fleire belegg på stadnamna i områda.

1.1.2 Innsamlingsmetode og bearbeiding av materialet

Innsamlinga er ei djupinnsamling, alle typar stadnamn er registrerte. I fleirspråklige område har dei fleste stadene namn på fleire språk, eg har prøvd å finne fram til den delen av stadnamntilfanget som folk har brukt når dei snakkar norsk med kvarandre. Heile samtalen med

¹ Namnet Kvenangen normerer eg med e etter den lokale uttalen. Alle heimelsfolka uttalar namnet /kven'ɑ:ŋen/. Den vanlige skrivemåten er Kvenæningen, men skrivemåten med e er også blitt nytta. Som døme på dette kan nemnast eit brev skrivi i 1945 på vegner av 80 kvenangsværingar. Her blir namnet skrivi Kvenangen. (Utstillingskatalog v/ Fylkeskonservatorane i Finnmark, Nordland og Troms 1985:13). Eit anna døme er ein referatsak i *Nordlys* 18.4.1934: "Indre Kvenangen arbeiderlag holdt medlemsmøte den 10. april. [...] Ref. skr. fra Tromsø Mållag angående innføring av nynorsk i folkeskolene. Besl. med 7 mot 3 st.: Laget anser bokmål for å være mest passende for Kvenangens vedkommende [...]". Forma med æ må ha rot i uttale hos folk utafor Kvenangen. Eg har valt å legge meir vekt på den lokale uttalen enn den vanlige skrivemåten.

heimelsfolka er tatt opp på lydband. Under intervjuet merker eg av på karta kvar stadnamna er med tal i rutenettet på kartblada, samstundes skriv eg stadnamna og kartreferansane ned i eit hefte. Desse notata, lydbanda og samlekarta er utgangspunkt for bearbeidinga av materialet seinare. Alle banda blir så lytta til, og dei relevante opplysningane blir skrivne ned. Opplysningane blir sorterte etter kvart stadnamn og merkte med førebokstavane og fødselsåret til heimelsfolka. Denne "kladden" er utgangspunkt for databehandlinga der kvar type opplysning er skriven inn i felt som er merkte med ein kode.

1.1.3 Heimelsfolk

Det er flest menn som er heimelsfolk. Arbeidsdelinga gjør at det ofte er menn som har best kjennskap til stadnamna. Menn har arbeidd ute, og kvinner har arbeidd mest inne.² Mange kvinner reiser ut av bygda når dei giftar seg, og andre kjem til utanfrå. Folk som ikkje er frå bygda, eller har budd det meste av livet utafor bygda, duger ikkje som heimelsfolk.

For å finne fram til dei stadnamna som er eller har vore brukte på norsk, prøvde eg å få tak i personar som berre kunne norsk. Det viste seg vanskelig å få tak i nok heimelsfolk om eg skulle halde meg strengt til dette prinsippet. På grunn av at driftsformene og utnyttinga av naturen har endra seg mykje etter andre verdskrigen, har ikkje den einspråklige generasjonen teke del i arbeidet ute slik som dei eldre. Kjennskapen til stadnamna er derfor ikkje så god. Dei eldste einspråklige heimelsfolka som eg har funne fram til, er fødde i 1921. Det er ikkje mange som *berre* snakkar norsk frå denne tida. Eg måtte derfor bruke fleirspråklige informantar³, sjølv om det skapar problem. Det er vanskelig å vite sikkert om eit namn som ein fleirspråklig person oppgjev, verkelig har vore brukt på norsk. For å få "sikker" informasjon er det viktig å spørje mange personar; slik kan ein få eit betre grunnlagsmateriale til klassifikasjonen av namna.

Samla har eg brukt 40 heimelsfolk, 23 er frå Skibotn og 17 frå Kvenangsbotn. Ti av heimelsfolka er kvinner. Mellom den eldste og yngste personen er det 53 år, den eldste er fødd i 1894, og den yngste i 1947. Tre personar er trespråklige, 20 er tospråklige norsk/finsk og 17 snakkar berre norsk. Det er vanskelig å klassifisere folk som ein- eller fleirspråklige. To- eller fleirspråkligheit kan definerast på fleire måtar. Eg bruker ein kompetansedefinisjon for å skilje dei som kan bruke meir enn eitt språk aktivt frå dei som ikkje kan det (Skutnabb-Kangas 1981:86). Blant dei som ikkje kan produsere "fullständiga meningsfulla yttranden på det andra språket" (op. cit. 94), er det ulike grader av evne til å forstå det andre språket. Ingen av dei einspråklige forstår godt det som blir sagt på finsk, men alle forstår noko, eller kan ord som dei veit tydinga av. Ein del kjenner også til nokre samiske ord. Nokre av dei tospråklige informantane har trulig også noko passiv kompetanse i samisk, men det er vanskelig å få kjennskap til dette.

² Dette tilhøvet gjeld særlig Skibotn. I viss mon gjeld det òg Kvenangen. Kaisa Rautio har brukt mange kvinner som heimelsfolk under innsamlinga av dei samiske stadnamna i fjorden. Kvinnene i Kvenangen kjenner godt til stadnamna langs fjorden, men ikkje så godt til fiskeplassane uti fjorden.

³ Eg bruker ordet *fleirspråklig* om både to- og trespråklige personar.

1.1.3.1 Oversyn over heimelsfolka

Språkbakgrunn, kjønn, alder, tal på heimelsfolk og heimstad.


1947	MS				
1946	MK				
					KK = Kvinne frå Kvenangen.
					MK = Mann frå Kvenangen.
1943	KS				KS = Kvinne frå Skibotn.
1943	MS				MS = Mann frå Skibotn.
			3		Snakker samisk, finsk, norsk.
1939	MS		20		Snakker finsk, norsk.
			17		Snakker norsk
1937	KK				
1934	MK				I tillegg er det ein person (f. 1945, mann) som har gjeve opplysningar om målføret på Skibotn. Dei andre er kjelder til både stasnamn og målføre, eller berre om stadnamn.
1932	KK				
1931	MS				
1928	MS	MS			
1927	MS	MK			
1926	MS	KS			
1923	MS	MS	KK	KK	
1922	MS	MK	MS		
1921	MS	MK	MK	KS	
1920	MS	MK			
1919	MS	MS			
1918	MS				
1916	MS	KS			
1915	MS	MK			
1912	MK				
1911	MK				
1907	KK				
1905	MK				
1894	KS				
Fødselsår					

1.2 Område

Bygdene Skibotn og Kvenangsbotn ligg i Nord-Troms i Storfjord og Kvenangen kommune. Mellom Storfjord og Kvenangen ligg kommunane Nordreisa og Kåfjord og ein liten bit av Lyngen. Storfjord grensar i sør opp til Balsfjord kommune, i vest til Tromsø kommune og i nord til Lyngen og Kåfjord kommune. Mot sør og søraust grensar kommunen til Sverige og Finland. Kvenangen kommune deler grense med Nordreisa og Skjervøy kommune i vest, mot nord og aust grensar kommunen opp til Finnmark fylke.

Skibotn-materialet er frå området langs standa mellom Falsnes og Bulljokk (sjå kart s. 23), innover i landet går området langs Skibotndalen heilt til finskegrensa. Det er fleste stadnamn nede i bygda og i dalen til og med Lulli. Mange av stadnamna er knytte til Skibotnelva.

Stadnamna frå Kvenangen er frå Straumen og inn fjorden. I det ytre området på kvar side av Straumen er ikkje namnesamlinga fullstendig. I Nordstraumen er det meste samla, men frå Sørstraumen og Karrvika har eg ikkje samla inn meir enn nokre få namn. Resten av området langs fjordbotnen har eg gjort eit svært nøye innsamlingsarbeid i. Berre eit par mindre strøk er litt dårlig undersøkte på grunn av at det var vanskelig å finne namnekyndige. Det gjeld Storbuktlandet, dvs. området mellom Kjækan og Kjøllefjorden, og vestsida av fjorden mellom Navit og Sørstraumen. Eg har ikkje funne folk som kunne fortelje om namn frå Navitdalen; trulig er årsaka at dalen ikkje har vore brukt av dei bufaste i fjorden. Frå dalområda sør for Kvenangsbotn fanst det mange stadnamn, særlig frå Nordbotndalen (sjå kart s. 23).



Dei skraverte felta viser innsamlingsområda.

Kartet er frå Holm-Olsen, Inger Marie 1986 og er endra litt i høve til originalen.

1.2.1.1 Skibotn

Skibotn er ei bygd på austsida av Lyngenfjorden like utom den delen av fjorden som blir kalla Storfjorden. Bygda ligg i ei bukt som blir delt i to av Skibotnelva. På sørsida av elva ligg bygdedelen Apaja, på nordsida nede med havet ligg Markedsplassen og lenger oppe Skoggården. Markedsplassen er "sentrum" i bygda. Her ligg den eine av dei to butikkane, posthuset og kapellet. Frå bygda går Skibotndalen i søraustlig retning til finskegrensa; dalen er knapt fire mil lang. Gjennom dalen renn Skibotnelva som tidligare har vore ei svært god lakseelv. Skibotndalen er om lag 6 km brei frå munningen og opp til Lulli, som ligg knapt to mil oppi dalen. Etter Lulli smalnar dalen av og er svært trong med bratte fjellsider. I Helligskogen vidar dalen seg ut før terrenget stig opp og flatar seg ut ved vatna Galko og Galla inne ved grensa til Finland. På begge sidene av dalen ligg høge fjell, og mange sideelver renn ned til Skibotnelva frå fjella omkring. Ved Galko bur det ein reindriftsfamilie som også har bustadhus nede i bygda. For nokre år tilbake budde det eit par familiar i Helligskogen og i Lulli. I Helligskogen og ved Brennfjellet i Skibotndalen ligg det to militærforlegningar.

1.2.1.2 Kvenangsbotn⁴

Kvenangen er den nordligaste av dei store fjordane i Troms fylke og er omkring 7 mil lang frå LoppHAVET og inn til fjordbotnen. Burfjorden er ein sidefjord på austsida av Kvenangen, og her ligg kommunesentret i Kvenangen kommune. Den indre delen av Kvenangen har ikkje noko tydelig sentrum, folk bur spreidd rundt fjorden i småe bygdelag. Den indre delen av fjorden blir skild frå den ytre fjorden med ei sterk innsnevring mellom to nes. Mellom nesa går ein stri straum (Storstraumen, Sørstraumen) som er om lag 500 meter brei. Over straumen er det bygd bru, og E6 går over brua. Tidligare gikk riksvegen rundt fjordbotnen. Frå Storstraumen er det om lag 15 km inn til botnen av Kvenangen. Ei mil innom Storstraumen ligg Lillestraumen som også er ein kraftig straum mellom to spisse nes. Inst i fjorden går det ein utstikkar mot sørvest, denne fjordarmen blir kalla Sørfjorden.

På kvar side av Storstraumen ligg bygdene Sørstraumen og Nordstraumen. Nord for Nordstraumen ligg Sekkemo; her står det eit kapell som er det einaste gudshuset på fastlandet ved sida av eit par bedehus. Ute på øya Skorpa ligg soknekyrkja, men ho blir brukt berre eit par gongar for sommaren. Vidare innover i fjorden på austsida ligg Kjøllefjorden, Storbuktlandet og Kjækan. I Kjækan er det handel og skole. Sør for Kjækan ligg garden Løkvik ved Lillestraumen. Beint imot Løkvik på hi side av fjorden ligg garden Lillestraumen som er avfolka i dag. Innom Løkvik kjem Tangnesland der det no bur tre familiar. I botnen av Kvenangen ligg



⁴ Kvenangsbotn er namn på både *fjordbotnen* frå brua og innover og *ein gard* som opphavlig har vore området mellom Nordbotnelva/Kvenangselva og Niemennaikoelva. På grunn av at postverket ei tid brukte Kvenangsbotn som postadresse, har nokre teke til å kalle Niemennaiko (staden der posthuset låg) for Kvenangsbotn.


bygdelaga Nordbotn og Niemennaiko; dei fleste bur på Niemennaiko. Her er det butikk. Før brua blei bygd over Storstraumen, var det også to campingplassar på staden. I fjordbotnen finn ein dei største elvene i Kvenangen. Den største elva er Kvenangselva eller Nordbotnelva som kjem frå Baddavatnet/Badajávri og renn ned gjennom Nordbotndalen til Nordbotn. Andre elver er Gærbikkelva, Niemennaikoelva, Aboelva og Navitelva.

Lengst inne i fjorden ligg garden Brennbugt, som i dag er fråflytta. I botnen av Sørfjorden bur det nokre grannar, og folk finn ein også langs nordstranda av Sørfjorden, i Leirbukta og lenger ute i Toppelbukta. Frå Sørfjorden går det ein dal eller eit eid, Naviteidet, over til Navit. På austsida av denne dalen, ligg halvøya Mukkunainen, som er svært kupert. Vestom Naviteidet ligg det bratte fjell som skil Naviteidet frå Navitdalen. Navitdalen er ein svær skogsdal som ikkje er utnytta av dei bufaste i fjorden. Frå Navit er vestsida av fjorden utover svært bratt, her ligg det berre ein gard. På vestsida av Storstraumen bur det fleire familiar i bygdelaga Leira, Sørstraumen og Karrvika.

Naturen i den inste delen av Kvenangen er svært ulik den ville nakne naturen i den ytre delen. Inne i botnen av fjorden finn ein stor fureskog med tre på opp til eit par fann i omkrins

Etter kart M515 NR 33,34-9, målestokk 1:250000





Etter kart M515 NR 33, 34-9,
målestokk 1: 250 000

1.2.2 Folketal og busetjing

Folketalet i Kvenangsbotn var per 1.1.1988 435 personar fordelte på områda Sørstraumen (med Karrvika) (126), Kjækan-Kvenangsbotn (175) og Nordstraumen-Kjøllefjorden (134). Dei fleste bur i området rundt Storstraumen. Folketalet i området minkar. Skibotn hadde 1.1.1978 535 innbyggjarar, den 1.1.1985 hadde folketalet stige med 11 % til 596 personar. Folkeauken i krinsen held stadig fram.⁵ I tida 1801-1900 hadde Kvenangsbotn mange fleire innbyggjarar enn Skibotn, i dag er situasjonen omvend.

1.3 Næringar og stadnamn⁶

Grunnen til at eit samfunn har stadnamn, er at namna fungerer som nyttige "merkelappar" på stader i omgjevnadene til menneska. Stemshaug 1976:11 definerer eit stadnamn som "eit proprium som inneheld eitt eller fleire morfem og med ein terrenglokaliserande funksjon". Helleland 1984:3 seier at stadnamn er "namn på terrengformasjonar som er naturgjevne, eller namn på stader som er prega av menneskeleg verksemd." Etersom stadnamna har ein slik utmerkande funksjon og er knytte til menneskelig verksemd, vil eg seie noko om næringar og aktivitetar i områda som kan ha hatt noko å seie for namnsetjinga.

1.3.1 Skibotn

Tidligere har dalen vore sjølve livsnerven for bygda, og framleis er dalen viktig på mange måtar. I Skibotndalen veks det fureskog; den finaste skogen veks i Lulli. Skogen har vore ein viktig arbeidsplass for bygdefolket, og skogsarbeid driv folk med framleis. Driftsformene har sjølvstapt endra seg mykje frå tidlegare tider. Før fløytt folk tømret ned elva, og ein god del av brenslet blei òg fløytt til bygda på flåtar. No blir alt transportert med traktor. Fram til den andre verdskrigen var tjeremilebrenning ei viktig inntektskjelde for mange i bygda. Flekking av bork for sal blei gjort endå etter krigen.

Ei rekke stadnamn kjem av utmarksslåttedrifta som gikk for seg heilt til innpå 1950-talet. Arbeidet med å hauste utmarksslåttene i Skibotndalen var eit tidkrevjande arbeid. Heile familien flytta opp til dalen og heldt seg der i opptil fire-fem veker. På grunn av at skogsslåttene var så store, tok det lang tid å hauste graset. Dei som hadde dei største utmarksslåttene, hadde jamvel husdyra med seg mens slåtta stod på. Høyet blei lagt i høystakkar og kjørt ned etter kvart på vinterføre. Slåttetida blei også brukt til bærplukking; frå dalen var det kortare veg til

⁵ Opplysningane er frå Folkeregistret i Kvenangen og Storfjord kommunar.

⁶ Opplysningane om næringar i området bygger på fleire kjelder som eg jamt over ikkje refererer spesielt til. Noko er henta frå intervju eller munnlig informasjon frå heimelsfolka. Eg har hatt god nytte av utskrivne intevju og "kjeldesamlingar" ved Kulturkontoret i Storfjord kommune. Desse står oppførte i litteraturlista.

moltemyrane enn nede frå bygda. Dei største slåttene låg på nordsida av Skibotndalen, men også på sørsida (Apajasida) låg det mange utmarksslåtter. Anna fôrsanking var å skjere "daudsenna" og borke rogn til bruk i vårknipa.

Skibotnelva har vore ei av dei beste lakseelvene i Troms fylke heilt til kraftutbygginga på 1970-talet. På grunn av laksefisket er det svært mange stadnamn som er knytte til elva (om lag 14 % av namnetilfanget). Nokre i bygda var (er) fiskarar. Det verkar som dei fleste fjordfiskarane budde langs stranda på Markedsplassen og utover. Det er få namn på fiskeplassar i materialet frå Skibotn.

Jakt var ein del av mannfolkarbeidet, og gutungane måtte vere med dei vaksne for å hjelpe til. Om ein går lenger tilbake i tida enn det dei eldre i dag kan hugse, har nok jakt vore langt meir utbreidd. Folk frå Skibotn fortel om merke etter gamle bjørnegraver rundt omkring i utmarka, t.d. i Bjørnskogen/Karhuruto oppe i dalen.

Om haustane plukka folk tytebær for sal. Marius Grape seier: "hundrevis av tynne tytebær [...] blei sendt herifra siden æ begynne å huske". (Intervju med Marius Grape, Skibotn 1978:39). I dag kjem folk langvegs frå for å plukke av tytebærgrøda i Skibotndalen.

Skibotndalen har frå lang tid tilbake vore ei viktig ferdselsåre mellom kysten og Nord-Finland og Nord-Sverige. Ein svenske, Olaf Bormann, nemner i 1598 vegen til Lyngen i eit oversyn over ferdselsvegar i Nord-Sverige (Larssen 1978:62). Denne vegen kom trulig dei svenske skatteoppkrevjarane og handelsfolka når dei skulle til kysten. Sidan Skibotn var endestasjon for ei rute mellom innlandet og kysten, har det vore marknadsplass der i lang tid. På det meste blei det halde tre marknader i året, men i 1958 blei marknaden oppheva.⁷ Skibotn-marknaden blir nemnd for første gong i dei historiske kjeldene i samband med at kong Fredrik II i 1569 tillot borgarane i Bergen og Finnmark å handle med russarar og finnar. Etter dette blei det oppretta marknad ulike stader i Finnmark og Troms fylke (op.cit. 1978:61-62). Som følgje av grensekrangelen mellom Sverige og Danmark-Noreg om herredømet i Finnmark og Troms, reiv den norske futen ned nokre svenske handelsbuer på Skibotn i 1608 (Bjørklund 1985:56). Myntfunn på Skibotn frå det 16. hundråret tyder også på at det har vore handla her på denne tida ("Skibotnmarkedet, ei kildesamling").

På nordsida av Skibotndalen går E6 over til Finland, og dette er den einaste mellomriksvegen i Troms fylke. I 1886-90 blei det bygd ein vinterveg frå Skibotn til finskegrensa (Larssen 1978:190). Langs vegen finn ein svært mange av stadnamna i dalen. I åra 1915-17 var det transport av krigsmateriell til Russland via Skibotn til Karunki i Tornedalen (Leinonen

⁷ Frå "Skibotnmarkedet, ei kildesamling", s. 2.

1987:284). Denne tida kallar bygdefolket bolagstida. På grunn av ferdsla gjennom Skibotndalen bygde staten ei fjellstove i Helligskogen etter kongelig fråsegn av 28. februar 1846 (Larssen 1978:191).

1.3.2 Kvenangsbotn

Kvenangsbotn har mange fellesdrag med Skibotn i måten naturressursane er blitt utnytta på. Skogen var og er ein viktig arbeidsplass for den indre fjorddelen. I folketeljningane (1865, 1875, 1900) er det svært mange som er oppførte som "skovarbeider" og "skivedhugger". I dag er det eit sagbruk på Niemennaiko; dette er ein viktig arbeidsplass i Kvenangsbotn. Tidligare har tjæremilebrenning vore drive av mange i Kvenangsbotn. Heilt til etter krigen var dette den viktigaste måten å skaffe seg inntekter på for folket i denne delen av fjorden. Skogsareala i Kvenangen er mykje større enn på Skibotn, så tjæremilebrenninga har halde seg lenger her. Enno er det nokre som løfter tjærerøter og brenner mile år om anna. Om vintrane hogde folk famneved, og det kom båtar frå Finnmarka som kjøpte opp veden. Liksom på Skibotn var skaving av bork for sal ei attåtning for kvenangsværingane. Om haustane plukka folk store mengder tytebær for sal; moltebær blei også plukka og seld.

I Nordbotndalen, langs Niemennaikoelva og andre stader sank folk fôr ved å slå i utmarka. Graset blei tørka i utmarka og kjørt ned på vinterføre. Etter andre verdskrigen har ikkje folk hausta skogsslåttene i Nordbotndalen eller andre stader. Folk fikk betre reiskapar til å bearbeide heimejorda, og kunstgjødsla gjorde avlingane større. Folk trong ikkje lenger å halde på med den slitsame skogsslåtta for å skaffe fôr.

Den største elva i området, Kvenangselva, er ei stor og vassrik elv. Likevel kjem ho ikkje opp mot Skibotnelva før vassdragsreguleringa. Skilnaden mellom elvene i Kvenangen og Skibotnelva som lakseelver kjem klårt fram i stadnamnmengda som er knytt til elvene. Namnetilfanget frå Kvenangselva og Niemennaikoelva til saman er berre om lag 2,5 % av det totale namnetilfanget mot 14 % for Skibotnelva.⁸

Kvenangen er ein fiskerik fjord; det gjeld særlig den ytre delen av fjorden. Også inne i fjorden driv folk med fiske, men stadnamntilfanget som er knytt til fjordfisket, er ikkje særlig stort (om lag 2,2 % av det totale namnetilfanget).⁹

⁸ Etter vassdragsreguleringa i Skibotndalen er Skibotnelva mykje redusert som lakseelv. Smitta av lakseparasitt har redusert elva ytterlegare som lakseelv.

⁹ Det treng likevel ikkje å vere samsvar mellom mengda av stadnamn og utnyttinga av fjorden som fiskeplass. Inne i ein "trong" fjord er det ikkje like naudsynt med médlinjer og namn på fiskeplassane som ute på opne havet. Folk bruker oftast staden på land som merke for kvar dei har vore og fiska. Til dømes: Eg låg utom/innom/ bortom/på nord-/sørsida av Storbukta osv. Det finst svært mange namn på nes, viker, berg o.a. stader frammed landet inne i fjorden.

I perioden frå om lag 1830-65 var det gruvedrift i fjellet oppom Kjækan (Bjørklund 1985:233-36). I denne tida var folketalet i Kjækan nesten like høgt som det samla folketalet for resten av den indre delen av fjorden. Svært mange av arbeidarane kom frå Sør-Noreg, Sverige og Finland. Nokre av desse arbeidarane blei bufaste i fjorden etter at gruvedrifta var over (op.cit. 237-38). Gruvedrifta har sett tydelige spor etter seg i stadnammaterialet (jf. 2.8.2.4). Mange av namna på det som opphavlig var buplassar for gruvearbeidarane i Kjækan, er framleis i bruk. Etter at brua blei bygd over Sørstraumen, blei Kvenangsbotn liggande i ei attkippe. Bussrutene blei færre, og ferdefolk kjører jamt over forbi utan å komme innom fjordbotnen. Samanlikna med Skibotn, ligg Kvenangsbotn i dag isolert til.

1.4 Busetjingshistorie¹⁰

1.4.1 Skibotn

Det første manntalet over folk i Lyngen er Mandtal over sjøfinnene 1610 (Larssen 1976:412). Det bur 50 skattebetalande samar i Lyngen, men buplassane deira er ikkje nemnde. Om det bur andre enn sjøsamar i fjorden, blir det ikkje sagt noko om. I dei neste manntala frå 1666 og 1701, blir heller ikkje gardsnamna nemnde. Av dei 46 manntalsførte i Lyngen 1701, var det to som var fødde i "Kvænland" (op.cit. 439). Først med matrikkelprotokollen i 1723 er gardsnamna nemnde, og det er éin oppsitjar på Skibotn. Denne personen blir rekna som kven. Det går fram av ei formulering i grenseforklaringa av 1723 at det tidligare må ha vore busetjing i bygda: "den anden part paa Sørsiden af Elfven er anseet for 9 Mk: som nu ingen bruger." (Larssen 1980:218). Når det blir framheva at parten ikkje er i bruk "nu", må det stå i motsetnad til *før* då det har budd folk på sørsida av elva (i Apaja).

Schnitler seier i 1743 at det berre er "3 gamle Nordmænds Bønder Gaarder" i Lyngen, dei 42 andre skattejordene er rydda av kvenar og samar (Schnitler, bd. II 1929:340). Kveninnvandringa tok til etter 1700, men nokre få har komme tidligare (Qvigstad 1920:8). Schnitler (1929:337) seier i 1743 at mange finnar har busett seg ved Lyngenfjorden på grunn av at fjorden er fiskerik.

Misjonæren Anders Sommer skriv i 1771 om folket i Lyngen. Det "består av 3 slags folk, [...] 1) Finner, som utgjør den største hop. 2) Qvæner, som er meget blandet med de første. 3) Nordmenn, som er den minste del, blant hvilke og regnes nogle få svensker" (Larssen 1976:81).

¹⁰ Framstillinga bygger berre på skriftlige historiske kjelder.

Frå begynninga av 1700-talet til om lag 1750 blir folketalet i Lyngen sjudobla frå ca. 110 personar rundt 1660 til 763 personar i 1769 (Lanes 1973:16-20). Lanes meiner at den sterke folkeauken først og fremst kjem av den finske innvandringa (op.cit. 20-22). Innvandarane til Lyngen frå Sverige og Finland kom særlig i åra 1800-06 og på 1830-talet. I tida 1865-70 er det ein ny innvandringstopp av kvenar til Lyngen (Qvigstad 1920:29,48-49). På 1700-talet kjem dei første handelsborgarane og misjonærane/ prestane til Lyngen. Den siste delen av 1700-talet er det tilflytting av "vanlige" nordmenn (Larssen 1976:79). Handelsborgarane i Lyngen busette seg på vestsida av Lyngenfjorden der dei vidaste og slettaste jordene ligg. Etter kvart blei Lyngseidet hovudsetet for handel og administrasjon.

Busetjinga utover 1700-talet på Skibotn har eg funne få opplysningar om. Den første registrerte bygsla er frå 1778, og det følgjer seks andre bygslar til år 1800 (Larssen 1980:218-219). Dei første norske som busette seg på Skibotn, var handelsmannen Albrecht Rasch med familie. Det var så seint som i 1836 (Larssen 1976:182). Folketeljningane viser at dei fleste finske innvandarane busette seg på Markedsplassen. Det same gjorde den norske handelsmannen. I Skoggårdan og Apaja budde det flest samiske familiar. Dei norske familiane som etterkvart kjem til Skibotn, bur spreidde i ulike delar av bygda.

Folketalet i Lyngen blir tolvdobla frå om lag 100 personar i 1701 til 1207 i 1801 (Lanes 1973:16). I 1801 budde det 1728 personar i Lyngen, 1367 samar (79 %), 257 kvenar (15 %) og 104 nordmenn (6 %) (Larssen 1976:79).

1.4.2 Kvenangsbotn

Sjøsamane i Kvenangen møter ein for første gong i skriftlige kjelder i svenske skatterekneskap frå midten av 1500-talet (Bjørklund 1985:34). Den samiske busetjinga rundt år 1600 var på øyene i fjorden (Spildra, Skorpa, Nøklan, Årøya) og rundt Storstraumen der det var "tettast" busetjing. Dessutan budde det folk langs Badderlandet, i Burfjorden, Kviteberg, på Alteidet og i Jøkelfjorden. I alt var det 28 skatteytarar. På den same tida bur det også sju norske og danske familiar ytst i fjorden på plassane Seglvik, Olderfjorden og Haukøya (op.cit. 36-41). Det sjøsamiske samfunnet kombinerte både fiske, husdyrhald og jakt, mens dei norske i fjorden baserte seg einssidig på fiske. Den allsidige utnyttinga av naturressursane hos samane gjorde den samiske busetjinga meir stabil enn den norske under den økonomiske nedgangstida først på 1600-talet. Dårligare fiskeprisar og mindre oppfiska fangstmengde gjorde at talet på nordmenn gikk ned frå ca. 30-40 personar i 1600 til 6 personar i 1631 (op.cit. 61). I 1723 er den totale folkemengda i Kvenangen 194 personar; 158 (81.4 %) samar, 19 (9.8 %) nordmenn og 17 (8.8 %) kvenar. Folketalet på 1700-talet i fjorden blir tredobla til 685 personar i 1801; 604 samar (88.2 %), 57 kvenar (8.3 %) og 24 (3.5 %) nordmenn. Folkeveksten i Kvenangen var mykje mindre enn i Lyngen i den same perioden.

Innvandringa av kvenar til Kvenangen skjer på den same tida som i Lyngen. Dei første to kvenane som busette seg i fjorden, er registrerte i 1707 og 1711. Bjørklund reknar med at dei første kvenane må ha fått innpass i det sosiale nettverket til sjøsamane for å kunne slå seg ned i fjorden (Bjørklund 1985:81-83).

Ved grenseeksaminasjonen i 1743 opplyser Schnitler at busetjinga i Kvenangen ikkje går lengre inn enn til og med Årøya (Schnitler, bd. II 1929:374). På denne tida var fjorden innom Lillestraumen rekna som allmenning. Rundt 1750 buset ein kven seg i Lillestraumen, og både Lillestraumen og Storbukta blir skyldsette av kvenar i 1775. I dei siste tiåra av 1700-talet skyldset kvenfamiliar jord på Niemennaiko og i Nordbotn, og ein norsk familie slår seg ned på Årøya i 1769 (Bjørklund 1985:92-99). Frå Lillestraumen-Løkvika og innover bur det i 1875 142 personar. Folketeljinga klassifiserer 65 som samar, 41 som kvenar, 19 som nordmenn og 17 som blanda. Av desse kan 132 snakke finsk, 115 kan snakke samisk og 72 kan snakke norsk. Førtito personar er trespråklige. Sjølv om det er eit stort innslag av samar inst i fjorden, er det finsk som blir det dominerande språket i denne delen av fjorden.

Det norske handelsborgarskapet kjem til Kvenangen på 1700-talet. Liksom i Lyngen og resten av Nord-Noreg, er storparten trøndske handelsborgarar. I Kvenangen er det fleire stader som er handelssete på 1700-talet. Den første handelen er i Valan ute i fjorden, men i kortare tid er det også handel andre stader. Seinare blir Alteidet den viktigaste handelsstaden i området (op.cit. 110-127).

Folketalet i områda etter 1801 går fram av utgreiinga i pkt. 1.5.1 - 1.5.6.

1.5 Om bruken av folketeljingane og etnografiske kart

Ved å undersøke språkhistoria i områda nøyte får eg eit grunnlag for å kunne vurdere oppkomsten av stadnamna på samisk, finsk og norsk i høve til kvarandre. Studiet av busetjingshistorie og ytre språkhistorie er utgangspunkt for lånemønstra som det blir gjort greie for i 2.3.2, 2.3.3 og 2.3.3.1. På grunn av at stadnamna er språkmateriale, og eksisterer i kraft av å vere nyttige i ein språklig fellesskap, er det nødvendig å undersøke språkbruken i områda både i notid og fortid.

Folketeljingane gjev opplysningar om språkbruken og etnisiteten til folk i områda. Det er viktig å kjenne til språkbruken i området gjennom tida når ein skal vurdere stadnamnmaterialet som ein finn i fleirspråklige område. Sjølv om språkbruk og etnisitet er to ulike fenomen, vil det likevel ofte vere ein samanheng mellom etnisitet og språkbruk. Eg tar derfor med opplysningane

folketeljingane gjev om begge delar. Resultata frå folketeljingane vil eg samanlikne med opplysningane frå dei etnografiske karta til Friis frå 1861 og 1890.

I Kvenangen vil eg halde Karrvika utanfor undersøkinga sidan eg ikkje har registrert stadnamna frå dette området. Sørstraumen har eg heller ikkje mange stadnamn frå, men det har vore vanskelig å skilje ut gardane i Sørstraumen frå gardane lenger inn i fjorden. Kjækan er heller ikkje teke med i materialet frå 1865, 1875 og 1900 på grunn av gruvedrifta på plassen i tida frå ca. 1830 til 1870. Folketalet i Kjækan var svært høgt, og den etniske samansetjinga med store innslag av nordmenn, svenskar og finnar ville slå kraftig ut og gje eit skeivt bilde av folkesamansetjinga og språkbruken i fjorden.¹¹

1.5.1 Folketeljingane frå 1801, 1865 og 1875

Folketeljinga 1801 gjev ikkje systematiske opplysningar om etnisitet (Torp 1986:68). Språkbruken blir det ikkje sagt noko om. For Lyngen er det laga ein ekstra rubrikk med opplysning om kva etnisitet personane har. Av 62 personar som bur på Skibotn, blir 59 rekna som samar og 3 som finnar. Etnisiteten er nok vurdert ut frå kva språk folk har snakka. Ein kan gå ut i frå at det var fleire finnar på Skibotn i 1801 enn dei tre personane som er nemnde. Det er trulig at fordelinga mellom finnar og samar på Skibotn i 1801 var meir lik den fordelinga som vi finn i Kvenangsbotn (jf. 1.4.2). Dei første finske innvandrarane har nok gått over til å snakke samisk (i tillegg til finsk?) og å leve som sjøsamar (jf. t.d. Bjørklund 1985:83 og Schnitler 1985:57). Dei har derfor blitt rekna som samar. Fleire av desse innvandrarane har nok også vore finske og svenske samar. Dei fleste kom frå Nord-Sverige og Nord-Finland der samar og finnar heilt opp til dette hundreåret har vore dei einaste innbyggjarane i dei fleste områda. Mange var sikkert tospråklige før dei kom til Noreg.

Etnisiteten til folk i Kvenangen går ikkje fram av 1801-folketeljinga. Opplysningane om etnisitet i 1801 er frå Bjørklund 1985:92-97, og frå opplysningar i eit manntal frå 1793 laga av misjonæren Boje L. Junghans (Mandtal over Schiærvøe Finnealmue for 1793).

I folketeljinga for 1865 blir opplysningane om språk gjevne litt ulikt i teljingane for Skjervøy og Lyngen. Teljinga for Skjervøy som Kvenangen går inn i, er slik at om det ikkje er opplyst noko om språk, så er språket som ein ventar det ut frå etnisiteten. For nokre norske barn står det "kan ikke norsk", og at dei er "Bl. af Norsk og Fin". Om finnane og samane blir det opplyst om dei kan norsk med kommentarar som "lidet norsk, noget norsk, kan norsk" og for nokre få "godt Norsk". I teljinga frå Lyngen blir det opplyst for nesten alle personane (også dei norske) om

¹¹ Folketalet i Kjækan var i 1865 238 personar, 1875 79 personar og i 1900 52 personar.

dei "forstaar norsk" eller "forstaar ikke norsk". Berre for ni kvenar står det "forstaar finsk" (dvs. samisk).

Om ein ser på folketeljninga i 1865 isolert, kan ein ikkje finne fram til om folk er trespråklige og berre sporadisk om folk kan både finsk og samisk. Dei tala eg bruker om språk og etnisitet, har eg komme fram til ved å kombinere opplysningane frå 1865 og 1875. Dessutan går eg ut frå at når ektefolk er førte opp med ulike språk, så må minst ein av dei vere tospråklige. Språket til barna avgjør då kven av foreldra som blir klassifisert som tospråklig. Folketeljninga i 1865 frå begge områda fokuserer på om folk kan norsk eller ikkje, folketeljninga i 1875 frå Lyngen (Skibotn) fokuserer på kva familiespråk folk har. Fleirspråkligheita kjem derfor lite fram på Skibotn i 1875 sjølv om opplysningane frå begge folketeljningane er sedde i samanheng.

1875-folketeljninga i Kvenangen oppgjev svært detaljert kva språk folk kan. Talet på einspråklige er svært lågt. Det er grunn til å tru at teljaren ikkje har vore heilt nøyaktig med å finne ut kva barna i familiane har snakka. Om foreldra er trespråklige, blir alle barna også registrerte som trespråklige, utan omsyn til alder. Det er fleire døme på at barn på eitt år er rekna som trespråklige. Desse personane er likevel klassifiserte som i folketeljninga. Det er påfallande at mange av dei personane som i 1865 er rekna som kvenar, blir førte opp som samar i 1875-teljninga i Kvenangen. I alt blir 105 personar rekna som samar av dei 267 personane som i 1865 er registrerte som kvenar i Kvenangsbøtn. Berre ved tre av desse personane står det ein særskilt merknad om at dei var finske samar. Klassifiseringa i folketeljninga frå 1875 kan oppfattast på to måtar. Personane er "rett" klassifiserte i 1875 og "feil" i 1865. Dei er etnisk sett samiske, men av di dei kom frå Sverige og Finland, er dei automatisk blitt rekna som kvenar i 1865. Den andre måten å forstå klassifiseringa, er at mange av innvandrarane var tospråklige samisk-finske då dei kom til Kvenangen og har såleis lett glidd inn i eit samisk språkmiljø. Teljaren kan ha oppfatta bruk av samisk språk som eit uttrykk for samisk etnisitet. Det er problematisk å fastsetje kva som er etnisiteten til ein person, morsmålet blir ofte sett på som eit uttrykk for etnisitet. Nokre av personane i Kvenangen som eg har intervjuja, har fortalt at dei er av samisk ætt. Dei kan ikkje snakke samisk, for språket i familien deira har med tida blitt finsk (og norsk). På grunn av språket tenker ein lett på dei som kvenar.¹²

I folketeljninga for 1900 er folk "blitt norske" med eit pennestrøk. Etnisiteten til dei fleste er rekna som blanda. Dei som er "blanda", er blitt "retta" til norske. Flest rettingar finn ein i Kvenangen. I Kvenangen er språket oppgjeve å vere norsk for dei aller fleste. Lyngen-folketeljninga oppgjev svært nøye kva språk folk snakkar og verkar såleis pålitelig. For å få noko ut av folketeljninga frå Kvenangen, har eg henta opplysningar om personane frå dei tidligare folketeljningane. Mange personar finn ein sjølv sagt ikkje igjen (ca. 1/3), men ut frå fødestaden til

¹² Med kven meiner eg ein finne eller etterkommar til ein finne som flytta til Noreg i hovudsak på 17-1800-talet.

ein person kan ein tenke seg til språkbakgrunnen. Det er sannsynlig at ein dreng frå Kautokeino kan snakke samisk, og at ein skogsarbeidar frå Kemi kan snakke finsk, sjølv om folketeljinga berre seier at dei snakkar norsk. Trass i at eg har prøvd å rekonstruere språksituasjonen i 1900, minkar mengda av folk som kan finsk og samisk radikalt (ca. 45 %) frå 1875. Det er klart at dette bildet ikkje stemmer med røyndomen. Mengda av dei som kunne finsk i Kvenangsbotn ville nok i røynda vere om lag som i 1875. Talet på samisktalande kan ha gått ned inne i fjorden, men neppe i området rundt Storstraumen.

1.5.2 Oversyn over språkkunnskap

Kvenangsbotn:

<u>Språk 1865</u>	<u>tal</u>	<u>%</u>
Berre norsk:	16	4.2
" samisk:	50	13.2
" finsk:	52	13.6
Norsk/samisk:	18	4.7
Norsk/finsk:	32	8.4
Samisk/finsk:	137	36.2
Sam./no./fi.:	75	19.7
<u>I alt:</u>	<u>380</u>	<u>100.0</u>

Skibotn:

<u>Språk 1865</u>	<u>tal</u>	<u>%</u>
Berre norsk:	14	8.3
" samisk:	38	22.5
" finsk:	16	9.5
Norsk/samisk:	44	26.0
Norsk/finsk:	40	23.6
Samisk/finsk:	12	7.1
Sam./no./fi.:	5	3.0
<u>I alt:</u>	<u>169</u>	<u>100.0</u>


<u>Språk 1875</u>	<u>tal</u>	<u>%</u>
Berre norsk:	3	0.8
" samisk:	11	2.8
" finsk:	9	2.3
Norsk/samisk:	15	3.8
Norsk/finsk:	22	5.6
Samisk/finsk:	226	57.5
Sam./no./fi.:	107	27.2
<u>I alt:</u>	<u>393</u>	<u>100.0</u>

<u>Språk 1875</u>	<u>tal</u>	<u>%</u>
Berre norsk:	12	5.4
" samisk:	44	19.7
" finsk:	61	27.4
Norsk/samisk:	28	12.6
Norsk/finsk:	86	21.2
Samisk/finsk:	21	9.4
Sam./no./fi.:	12	5.4
<u>I alt:</u>	<u>223</u>	<u>100.0</u>


<u>Språk 1900</u>	<u>tal</u>	<u>%</u>
Berre norsk:	68	16.7
" samisk:	38	9.4
" finsk:	25	6.2
Norsk/samisk:	73	18.0
Norsk/finsk:	86	21.2
Samisk/finsk:	18	4.4
Sam./no./fi.:	98	24.1
<u>I alt:</u>	<u>406</u>	<u>100.0</u>

<u>Språk 1900</u>	<u>tal</u>	<u>%</u>
Berre norsk:	16	5.9
" samisk:	26	9.7
" finsk:	50	18.6
Norsk/samisk:	27	10.0
Norsk/finsk:	86	32.0
Samisk/finsk:	30	11.2
Sam./no./fi.:	34	12.6
<u>I alt:</u>	<u>269</u>	<u>100.0</u>


% Einspråkliga, Skibotn.




% Flerspråklige, Skibotn.



% Einspråklige, Kvenangsbotn.



% Fleispråklige, Kvenangsbotn.



1.5.3 Oversyn over etnisitet

Kvenangsbotn:

<u>Etnisitet 1801</u>	<u>tal</u>	<u>%</u>
Norsk:	6	5.6
Finsk:	26	24.3
Samisk:	75	70.1
<u>I alt:</u>	<u>107</u>	<u>100.0</u>

<u>Etnisitet 1865</u>	<u>tal</u>	<u>%</u>
Norsk:	33	8.7
Finsk:	90	23.7
Samisk:	184	48.4
Blanda:	73	19.2
<u>I alt:</u>	<u>380</u>	<u>100.0</u>

<u>Etnisitet 1875</u>	<u>tal</u>	<u>%</u>
Norsk:	24	6.1
Finsk:	90	23.0
Samisk:	211	53.6
Blanda:	68	17.3
<u>I alt</u>	<u>393</u>	<u>100.0</u>

<u>Etnisitet 1900</u>	<u>tal</u>	<u>%</u>
Norsk:	21	5.2
Finsk:	69	17.0
Samisk:	124	30.5
Blanda:	192	47.3
<u>I alt:</u>	<u>406</u>	<u>100.0</u>

Skibotn:


<u>Etnisitet 1801</u>	<u>tal</u>	<u>%</u>
Finsk:	3	4.8
Samisk:	59	95.2
<u>I alt:</u>	<u>62</u>	<u>100.0</u>

<u>Etnisitet 1865</u>	<u>tal</u>	<u>%</u>
Norsk:	14	8.2
Finsk:	59	34.7
Samisk:	83	48.9
Blanda:	14	8.2
<u>I alt:</u>	<u>170</u>	<u>100.0</u>


<u>Etnisitet 1875</u>	<u>tal</u>	<u>%</u>
Norsk:	19	8.5
Finsk:	87	39.0
Samisk:	41	18.4
Blanda:	76	34.1
<u>I alt</u>	<u>223</u>	<u>100.0</u>

<u>Etnisitet 1900</u>	<u>tal</u>	<u>%</u>
Norsk:	17	6.3
Finsk:	75	27.9
Samisk:	76	28.3
Blanda:	101	37.5
<u>I alt:</u>	<u>269</u>	<u>100.0</u>

Etnisitet, Kvenaugstotn.



Etnisitet, Skibotn.



1.5.4 Språk og etnisitet etter Friis' etnografiske kart 1861 og 1890

Friis bruker *familien* som eining når han undersøker kva språk folk kan og kva etnisitet dei har. Han bruker ikkje kategorien *blanda* som i folketeljningane. Familiene er klassifiserte som "Finnefamilie (Kvænfamilie), Lappfamilie og Nordmandsfamilie". Eg har ikkje funne noka utgreiing om kva prinsipp han bruker for å dele folk inn i grupper. Friis opplyser ikkje kva kvart familiemedlem kan av språk; han tar utgangspunkt i den personen i familien som er mest språkkyndig.¹³

Etter Finnmarks-reisa i 1867 hevdar Friis at svært få kvinner og barn kan snakke norsk. Det er vaksne mannfolk som fer bort på fiske som kan mest norsk (Friis 1872:96-97). Folketeljninga 1875 for Kvenangen seier òg "at iseer Kvindene og Børnene lære ikke at tale det Norske Sprog". Prost Schelderup skriv i 1790 om samane i Karlsøy, Lyngen og Skjervøy sokn at "Kvinnene blant samene er mest ukyndige i "vort sprog", skjønt fatteevnen i alminnelighet er like god som hos mennene". (Larssen 1976:83). Ein kan gå ut frå at dei etnografiske karta til Friis jamt over viser kva språk mannen i kvar familie kan. Grovt sett kunne ein seie at undersøkinga til Friis viser språkkunnskapen til vaksne menn.

Resultata til Friis og resultata frå folketeljningane blir vanskelige å jamføre sidan grunnlagsmaterialet er ulikt. Etter Friis må det i 1861 vere minst 15 personar på Skibotn som er trespråklige. Ved å halde saman opplysningane frå 1865 og 1875-teljninga har eg rekna fem personar som trespråklige på Skibotn i 1865. Resultata til Friis viser at talet på trespråklige nok skulle vore høgare enn det eg har funne fram til. Talet på trespråklige i 1890 er minst 29 etter Friis. I 1900 er det 34 trespråklige i folketeljninga. Desse tala korresponderer godt. Det styrker inntrykket av at ein kan lite på opplysningane om språk som 1900-folketeljninga i Lyngen gjev.

Liksom i folketeljningane for Kvenangen har eg ikkje tatt med familiene i Kjækan og Karrvika. Talet på familiar hos Friis blir då 45 i 1861 og 43 i 1890. Dette talet er altfor lågt samanlikna med talet på husstandar i folketeljningane. Grovt rekna er det i år 1900 69 husstandar i området. Talet på husstandar i 1865 er det vanskelig å få oversyn over. Folk er ikkje førte opp gardsviis, men i grupper etter etnisitet. I alle høve må det vere meir enn 45 familiar i området på denne tida.

¹³ Språket blir oppgjeven på denne måten, Friis 1861 og 1890:

"Nordmandsfamilie, i hvilken Ingen kan tale Lappisk eller Finsk

- " - " - mindst 1 Individ kan tale Lappisk

- " - " - " - " - " - Finsk

- " - " - " - " - " - " - og Lappisk" osv.

<u>Språkkunnskap i familiane 1861</u>			<u>Språkkunnskap i familiane 1890</u>	
Språk	Skibotn familiar	Kvenangsb. familiar	Skibotn familiar	Kvenangsb. familiar
Berre norsk	1	2	1	1
" samisk	-	-	-	-
" finsk	3	-	1	-
Norsk/samisk	-	1	8	4
Norsk/ finsk	2	1	2	1
Samisk/finsk	3	3	-	-
No./sam./fi.	15	38	29	37

1.5.5 Språkkompetanse rundt hundreårsskiftet

I folketeljinga for Kvenangen i 1875 blir språksituasjonen i den indre fjorden kommentert slik:

Formedelst den store Lighed mellem det Lappiske og Kvænske Sprog lære Kvænerne med læthed at tale det Lappiske Sprog og Lapperne lærer ogsaa det Kvænske Sprog og da tales disse to Sprog skiftevis i Husene blandt Familierne saa at iseer Kvindene og Børnene lære ikke at tale det Norske Sprog. Kvænerne giftes med Norske og det Kvænske sprog tales daglig i Norske Huse med deres Kvænske Tjenere og Lappisk tales med Lappiske Tjenere. [...] Lappisk er det sædvanlige Sprog blandt Lapperne og næsten hver eneste Kvæn kan Lappisk efter kort ophold her og taler da samlet med Lapperne det Lappiske Sprog og naar et flertal af Kvæner samles med Lapperne tales ogsaa det Kvænske Sprog av alle samtlig.

Ut frå dette går det fram at samisk og finsk er omgangsspråk blant folk flest. Norsk må stå svakt som bruksspråk, for i "blanda ekteskap" mellom nordmenn og finnar blir finsk og samisk brukt daglig. Språksituasjonen som blir skildra i folketeljinga, høver med det folk fortel om korleis stoda var i språkblandingsområda til om lag 1930. Alberte Jonsen, Skibotn f. 1894, er vaksen opp i ein heim der foreldra snakka samisk seg i mellom og til barna. Om språket i heimen seier ho: "Vi snakka me kvært samisk, me kvært nårk - ja, alle tre språk ætte såm fålkan kåm såm konne di språk. Minn far, han konne alle tre språk flytende." (Alberte Jonsen 1987, kass. 1a).

Etter det som folk fortel og ut frå kjelder som t.d. folketeljingane og dei etnografiske karta til Friis, veit vi at to- og trespråkligheit var det vanlige i språkblandingsområda. Kor godt folk meistra språka som dei ikkje hadde til morsmål, veit vi mindre om. Det som det oftast blir fokusert på, er norskunnskapane til samane og kvenane. Om ein berre held seg til opplysningane i folketeljingane og hos Friis, ser det ut som om svært mange kan norsk.

I 1851 blei Finnefondet skipa; det var pengar som staten løyvde for å auke norskundervisninga blant samar og kvenar (Lund 1987:28-27). Etter kvart som fornorskingspolitikken blei hardare og det ikkje lenger eingong var lov å bruke samisk og finsk som hjelpespråk i skolen, kom det reaksjonar frå folk som kjente fornorskingspolitikken på skinnet. Desse reaksjonane gjev uttrykk for at folk ikkje meistra norsk. Andreas Andersen, Burfjord skriv i 1888 til biskopen for å klage si naud.

[...] Er det ret, at vor Skolelærer Thomas Gustavsen, haardt med Vold har tvunget vore Børn til at høre op med at læse Finsk og har tvunget dem til at læse Norsk, hvilket de ikke forstaaer?" Her er altid Børn, som ikke forstaaer Norsk, skjønt de er tvunget til at læse Norsk. [...] Hvad Nytte er det at læse det Sprog, som de ikke forstaaer, hverken Børn eller Forældre. [...] Thomas Gustavsen paastaar vistnok, at de kan Norsk allesammen; men det skulde nok sees, hvis der var en, som besøgte Finnerne, hvor mange af dem der forstaaer Norsk allesammen skjønt de taler nogle Ord i daglig Tale - men hvis de begynder at læse en Bog, saa forstaaer de slet ikke, og derfor værner de sig ikke til Norsk blot ved Læsning, hvad de end læste. (Utdrag frå omsetjing av brevet, trykt i Lund 1978:36).

Dette brevet trur eg gjev eit mykje sannare bilde av stillinga til det norske språket enn det folketaljingane og Friis gjør. Lærarane blei ofte brukte til å samle inn opplysningane til folketaljingar og manntal. Det var sjølv sagt viktig for lærarane som underviste i finnefond-distrikta å dokumentere gode norskkunnskapar, for dei fikk tillegg i lønna om dei kunne vise til at elevane hadde god framgang i norsk (Bjørklund 1985:268).

I ei reiseskildring frå 1904 får vi eit inntrykk av norskkunnskapane til vanlige folk i området Jøkelfjorden-Øksfjorden. Dette strøket ligg ikkje langt frå Kvenangsbotn. Legen Thoner skildrar nokre sjøsamar som han møter i Øksfjorden: "En av dem, en liten kvikk og vennlig fyr, kunne nokså godt norsk. Men de andre møtte meg med det sedvanlige hoderystende: ikke forstå". (Thoner 1983:64). Sitatet viser at folk jamt over ikkje kunne mykje norsk på denne tida.

Mange som er fødte etter 1900, har fortalt at dei ikkje kunne noko norsk før dei begynte på skolen. Folk som er fødte så seint som 1914-15 både på Skibotn og i Kvenangsbotn, har fortalt meg at dei ikkje kunne norsk då dei tok til på skolen. Om det er nokon skilnad i tid mellom Skibotn og Kvenangsbotn for når norsk kom i allmenn bruk, har eg ikkje nokon dokumentasjon på. Både på Skibotn og i Kvenangsbotn var det slutt med samisk og finsk som hjelpespråk i skolen i 1905, sjølv om folk ikkje kunne språket særleg godt. (Lund 1978:31-32). Både skibotsværingane og kvenangsværingane seier at det blei vanlig å bruke mest norsk i tida etter 1930. Språkskiftet blant kvenane i Nordreisa starta tidligare for kvinner enn for menn (Aikio/Lindgren 1978:40 og 1982:126-28). I heimane blei språket norsk, men menn heldt fram med å snakke finsk med kvarandre ute i arbeidslivet. På Skibotn har språkskiftet frå finsk til norsk skjedd på same måten som i Nordreisa. Om språkskiftet har skjedd på denne måten i Kvenangsbotn, kan eg ikkje stadfeste eller avkrefte.¹⁴ Menn på Skibotn som er fødte på 1920-

¹⁴ Den eine kvinna av informantane mine i Kvenangen som både snakkar finsk og norsk, er fødd i 1907. Ho fortel at ho slutta å snakke finsk då ho for bort i teneste i 16-årsalderen. Dei andre kvinnene som er informantar, er fødte i 1923 (to personar), 1932 og 1939. Alle desse snakkar berre norsk. Konene til dei fleste mannlige heimelsfolka var ikkje frå Kvenangen. Eg har spurt meg føre om kvinnene i Kvenangsbotn tok til å snakke norsk tidlegare enn menn, men dette har eg ikkje fått stadfesta. Det samiske språket i Kvenangen blir snakka av begge kjønn i den generasjonen som kan snakke samisk (munnl. oppl. Kaisa Rautio).

30 talet, lærte å snakke finsk ved å arbeide i lag med eldre menn. Kvinner frå denne tida kan oftast ikkje snakke finsk sjølv om dei forstår kva som blir sagt.

1.5.6 Språksituasjonen i dag

Både på Skibotn og i Kvenangsbotn snakkar dei fleste norsk til daglig. Nokre få eldre menn fortel at dei framleis snakkar finsk med kvarandre når dei råkest. Men det finst òg døme på at brør som er svært glade for å få snakke finsk når høvet byr seg, ikkje lenger snakkar finsk med kvarandre.

Stillinga til det samiske språket verkar ulik i dei to områda. Inne i Kvenangsbotn kjenner eg ikkje til at nokon av dei fastbuande kan snakke samisk. Rundt Storstraumen (Leira, Sørstraumen, Karrvika, Nordstraumen, Sekkemo) kan nok bruken av samisk jamførast med bruken av finsk på Skibotn og i Kvenangsbotn. Det er folk fødde før ca. 1930 som kan snakke språka, men i Kvenangen kan både kvinner og menn snakke samisk. Haldninga til samisk hos folk i Kvenangen verkar meir "avslappa" enn på Skibotn. Det kan vere fleire årsakar til dette. Samisk språk og identitet verkar å stå noko sterkare i Kvenangen enn i Lyngen.

Under namneinnsamlinga fann vi berre fire innfødde skibotsværingar som kunne snakke samisk. To andre sa at dei forstod noko samisk. Det er nok sjeldan at desse bruker språket. Mange uttrykker negative haldningar til det samiske språket, og dei meiner at det ikkje er noka nytte i å kunne samisk. Det er vanskelig å få folk til å fortelje om kva stilling samisk har hatt i bygda.

1.5.7 Stadnamn og språkbruk

Det finske språket på Skibotn (og kanskje i Kvenangsbotn) har halde seg lengst i bruk blant menn. Både i tradisjonelt mannfolkarbeid (skogbruk, fiske o.a.) blei finsk brukt til inn på 1950-talet. I "nye" næringer har det vist seg nyttig å kunne finsk, særlig på Skibotn som har eit nært samband med Finland på grunn av mellomriksvegen (jf. òg Junttila 1988:93-94). Om ein set eit skilje ved 1950-55 for den tida finsk har vore "arbeidsspråk" for menn i tradisjonelle næringer, er den kortaste tida ein kan rekne med at norsk har vore brukt ca. 30-35 år. Den lengste tida ein kan rekne at norsk har vore brukt i arbeidssituasjonar, er frå om lag 1930 då norsk tok til å bli vanlig som heimespråk. Av dei som er fødde etter 1920, oppgjev mange at heimespråket mellom foreldre og barn var norsk, men ofte snakka foreldra seg i mellom finsk. Trulig var det slik at språket mellom far og son blei byta frå norsk til finsk når dei arbeidde i lag ute saman med andre menn; informantane har påpeikt at skogsarbeidet gikk føre seg på finsk. Under utmarksslåtta deltok heile familien. Ein kan nok gå ut frå at det blei snakka meir norsk når kvinner og barn var med, enn under arbeid der mannfolka var aleine.

Det er vanskelig å vite sikkert om eit stadnamn har vore i bruk på norsk. Mange stadnamn har vore knytte til næringar som tok slutt på 1930-40 talet. Likevel er mange av desse stadnamna framleis i bruk på grunn av at folk har hatt anna ferdsel og andre gjøremål i området, og derfor har hatt bruk for stadnamna. Grensa mellom namn som er blitt brukte etter at norsk kom i allmenn bruk, og namn som ikkje har vore brukte på norsk, er flytande.

1.5.8 Bakgrunnen for norsk språk i Kvenangen og Lyngen

Historia til det norske språket i Kvenangen og Lyngen er ikkje lang. I dei skriftlige kjeldene blir nordmenn nemnde første gongen i Lyngen i 1723. Utover 1700-talet auker innflyttinga av nordmenn (jf. 1.4.1). Det norske befolkningsinnslaget er noko tidligare i Kvenangen enn i Lyngen (jf. 1.4.2). Rett utafor Kvenangen ligg Loppa, som har hatt norsk busetnad heilt frå vikingtida (Munch 1979:183).

Det er få opplysningar om språkbruken til dei innflytta nordmennene. Prosten R. Schelderup i Tromsø prosti skriv i 1790 til biskopen om språktilhøva i prostiet.

[...] Finne-Almuen i Carlsø, Lyngens og Scherføe-Sogner udgjør det største antall av Menigheds-lemmerne. Finnerne, som mængde, tale deres eget Sprog, som i benevnte Sogne er hærskende". I omgang med nordmenn tales nesten ikke annet enn lappisk, "som nordmænd baade tale og forstaa". Naar nordmannen taler med en Finne, som både forstaa og taler "vort Sprog", pludrer han dog finnsens eget språk, og "uagted alle fornuftige Forestillinger og Til Rettesættelser med den onde Vane, er den dog endnu hærskende. (Larssen 1976:83)

Situasjonen som prosten skildrar, er den same som folketeljinga i 1875 frå Kvenangen fortel om (jf.1.5.5). Nordmenn snakkar samisk (og finsk) i språkblandingsområda. Dei er i klårt mindretal, og det er ikkje noko overraskande at nordmennene lærer seg å snakke språket til majoriteten. Friis må ha merka seg det same på ei reise i Finnmark sommaren 1867: "Jag tror icke, att norrmännen någonstädes utmärka sig genom någon hög grad af förmåga att denationalisera andra. Tvärt emot hafva de öfver måttan lätt at lära främmande språk och införlifva sig i främmande förhållanden" (Friis 1872:97). Friis tolkar tilhøvet at nordmenn ikkje snakkar norsk til samar og kvenar som eit uttrykk for at dei norske er svært flinke til å lære seg andre språk. Han er ikkje inne på tanken om at språklig dominans har å gjøre med styrketilhøva mellom gruppene i eit samfunn. Ein har lett for å tru at tilhøvet mellom samar og nordmenn alltid har vore som i dag.

Det norske språket i Nord-Troms veit vi nesten ikkje noko om i tidligare tider. Etter om lag 1700 kan ein tenke seg at det må ha eksistert tre slag norsk i Kvenangen og Lyngen. Det må ha vore norsk som blei snakka av den tilflytta allmugen, og språket til det tilflytta handelsborgarskapet og embetsfolka, og dessutan norsk snakka av samar og kvenar. Det norske språket som i dag blir snakka i områda, har bakgrunn i språket til desse tre gruppene.

2 STADNAMNLÅN

2.1 Utgangspunkt for å klassifisere det norske stadnamnmaterialet

I dette kapitlet vil eg undersøke korleis det norske stadnamntilfanget på Skibotn og i Kvenangsbotn er blitt til. Utgangspunktet er eit synkront norsk materiale som skal klassifiserast diakront. Grovt sett skal eg finne ut kva namn som er lånte og kva namn som ikkje er lånte. For å kunne gjøre dette må eg kombinere opplysningar av ulikt slag.

Når stadnamna i eit trespråklig samfunn skal klassifiserast etter språka som er brukte i området, må ein ta mange omsyn. For det første må ein avgjøre om klassifikasjonen etter språk skal vere synkron eller diakron. Ein synkron klassifikasjon tar utgangspunkt i stadnamna som er i *bruk* (eller har vore i *bruk* på eit bestemt språk). Tidsrommet for den synkrone sorteringa kan ein t.d. avgrense til den tida som ein heimelsmann eller ei heimelskvinne kan gjøre greie for stadnamnbruken i. I ei diakron inndeling av stadnamn er det *opphavsspråket* som strukturerer klassifiseringa, i ei synkron inndeling er det *bruksspråket* som avgjør kva språk stadnamna skal reknast til. Det seier seg sjølv at når ein skal samle inn stadnamn, vil utgangspunktet vere synkront. Den som samlar inn namn, får greie på namnekunnskapen hos ein person som lever i dag. Namnekunnskapen er ein type språkkunnskap som namnebrukaren sjelden har frå seg sjølv. Namna er språkgods som oftast er lært av andre. I eit fleirspråklig samfunn må ein vente at stadnamna til liks med språksystemet og språkbruken elles vil bli prega av den fleirspråklige konteksten. Måten stadnamna blir prega av fleirspråkligheita på, vil avhenge av samspelet mellom språka gjennom tida. Dessutan vil også det grammatiske regelverket for kvart av kontaktspråka kunne verke inn på utforminga av stadnamna.

Primært hentar eg informasjonen frå stadnamnmaterialet til alle tre språka i kvart av områda. Det samiske og finske stadnamnmaterialet frå dei to bygdene skal ikkje undersøkast spesielt. Materiala vil eg berre bruke for å kunne klassifisere dei norske stadnamna. Sjølv om føremålet med arbeidet ikkje er å tolke stadnamna, må eg likevel prøve å finne ut kva tyding dei har.¹⁵ Dette er eitt av fleire hjelpemiddel for å kunne plassere stadnamna i høve til kvarandre.

¹⁵ I arbeidet tar eg med ein del ordforklaringar utover det som er nødvendig for saksframstillinga. For å unngå oppattaking har eg sett inn tilvisingar til andre stader i teksten der tydinga er oppgjeven. Likevel finst det ein del gjentakingar som eg ikkje har lagt vinn på å sile ut. Viss eg ikkje oppgjev kjelder til ordforklaringane, står opplysningane for mi eiga rekning. Når forkortingane fKv. (finsk i Kvenangen) og fSk. (finsk på Skibotn) blir brukte, skal dei *ikkje* bli forståtte slik at ordet eller tydinga *berre* finst i desse områda. Eg har ikkje slik kjennskap til finsk ordgeografi at eg kan oppgje utbreiinga av ord og tydingar. Det er heller ikkje eit føremål med dette arbeidet. Til dømes tyder fSk. *vankka* `dal, skar´ at dette ordet ikkje er brukt i standard finsk. I Nord-Finland og Nord-Noreg er ordet vel kjent, men den nøyaktige utbreiinga av ordet kjenner eg ikkje til. Forkortinga fSk. skal heller ikkje oppfattast som om ordet er ukjent eller annleis i Kvenangen. Forkortinga viser berre at ordet er frå Skibotn-materialet i motsetnad til materialet frå Kvenangsbotn, og at ordet ikkje samstavar med standard finsk.

Kjennskap til lydverket i kontaktspråka er også nødvendig i denne samanhengen. Eldre skriftlige kjelder er òg eit hjelpemiddel for å kunne klassifisere namnetilfanget.

Også utanomspråklige kjelder er til hjelp for å avgjøre lånevegane og tilhøva mellom stadnamna historisk sett. På grunn av at stadnamn ikkje kan eksistere,¹⁶ eller bli til uavhenging av menneskelig samkvem, reknar eg opplysningar om busetjing, arbeidsliv og språkbruk som viktige hjelpemiddel når ein skal finne ut av det språklige opphavet til stadnamna. Ut frå busetjingshistorie og ytre språkhistorie kan ein lage ein hovudhypotese om låneretningane mellom språka. Nyttå av å kombinere både språklige og ikkje-språklige kjelder i stadnamn-granskinga, blir understreka av Georgacas 1977:344:

Place name study is grounded in linguistics but requires, in addition, 1) historical, geographical information on the area, 2) adequate knowledge of synchronic and/or successive contacts of peoples who lived in the same area, 3) knowledge of their respective languages in interaction and interference with each other, and 4) wise and cautious combination of the various factors.

Ein modell som kombinerer både språklig og utanomspråklig informasjon, kan gje aukt kunnskap når ein skal gjøre greie for stadnamna i eit språkkontaktområde. Når ein utnyttår informasjon frå ulike kjelder, må ein sjølvsagt vere på vakt for å unngå sirkelargumentasjon.¹⁷ Når eg bruker utanomspråklige kjelder, går eg ut frå noko som er sannsynlig, men som ikkje kan provast. Resultata eg kjem fram til, er derfor ikkje absolutte sanningar.

2.1.2 Stadnamnlån som forskingsfelt

Forskinga om stadnamnlån som eg kjenner til og bygger på, er for det meste forskingsresultat frå finsk-svensk namnekontakt i Sverige og Finland, tysk-slovensk namnekontakt i Aust-Tyskland, og også det vesle som finst om finsk-norsk namnekontakt. Eit grunnleggande arbeid om stadnamn og språkkontakt er artikkelen *Zur Ortsnamenforschung im Grenzland* 1934 av Eberhard Kranzmayer. Her presenterer han ein måte å klassifisere lånte stadnamn som seinare er blitt brukt av mange andre. Metoden har blitt kritisert og modifisert av ulike forskarar. Undersøkingssområdet hans er i hovudsak grenseområda i Sør-Bayern, der det er, eller har vore språkkontakt mellom tysk, slovensk og romanske språk.

Kranzmayer tar berre for seg stadnamn som finst på minst to språk. Han tar i bruk omgrepet *namnepar* (Namenpaar) om ein stad har namn på meir enn eitt språk. Dei ulike typane av namnepar kallar han *omsetjingar* (Übersetzungen), *lån* (Entlehnungen) og *frie par* (freien Paare). Termane eg bruker, tar utgangspunkt i omgrepa som blei introduserte av Kranzmayer.

¹⁶ I denne samanhenge meiner eg munnlig bruk av stadnamna.

¹⁷ Sirkelargumentasjon vil seie å bruke ein hypotese til å underbygge noko som så igjen blir brukt som stadfesting på den same hypotesen.

Eg dreg også nytte av måten andre stadnamnforskarar har brukt og modifisert terminologien som er knytt til stadnamnlån, av desse nemner eg Ripećka 1965, Eichler 1980, Zilliacus 1980 og Pitkänen 1985.

2.2 Drøfting av terminologi

2.2.1 Stadnamnlån

Det å *låne eit stadnamn* er å ta eit namn frå eitt språk inn i namnetilfanget til eit anna språk ved å bruke visse lånemåtar. Definisjonen er modifisert etter Ritva Liisa Pitkänen¹⁸. Vidare seier Zilliacus 1980:20: "Som kriterier på namnelån brukar anges att namnet är fonetisk eller morfologisk anpassat eller skrivs på annat sätt." Om dette skulle vere eit allment krav til kva namnelån er, måtte eg sjå bort frå ein stor del av stadnama som eg klassifiserer som lånte i mitt materiale. Mange stadnamn som er tadde i bruk på norsk, er verken fonetisk eller morfologisk endra i høve til opphavlig uttale. For meg er det ikkje relevant å ta omsyn til skrivemåten av eit stadnamn. I materialet finst det ikkje namn som berre er stadfesta i skrift. Før eg går nærmare inn på kva stadnamnlån er, vil eg klargjøre termene *namnepar* og *lånepar*.

2.2.2 Namnepar

Kranzmayer definerer namnepar (Namenpaare) som "in Nachbarsprachen [...] Nebeneinander (ergebende) Namen [...]" (Kranzmayer 1934:105). Tanken om namnepar kom til å understreke klårare at når eit namn blir lånt, så har ein å gjøre med to namn. Det eine er det opphavlige namnet, det andre er det lånte namnet. Når eit namn blir lånt, er det snakk om ei ny namngjeving (Pitkänen 1985:472). Eichler går også ut frå at ein må ha *meir enn ei namngjeving* for å kunne ha eit namnepar.

Soweit es in Vergangenheit und Gegenwart für eine Siedlung zwei / oder auch mehrere/ Ortsnamengegeben hat oder noch gibt, sprechen wir von Namenpaaren [...] (Eichler 1980:51).

Vektlegginga av at det ligg ei ny namngjeving til grunn for eit namnepar, ber i seg ein tanke om at det som er lånt, er forskjellig frå det som det blei lånt frå.¹⁹ Om det må vere ulikskap mellom det som er lånt og opphavet til lånet, vil mange av namna i mitt materiale ikkje høve innom desse rammene. For dei namna som ikkje er endra i høve til opphavlig uttale, men likevel er brukte på norsk, verkar det kunstig å snakke om to ulike namngjevingar. Om definisjonen skulle høve på

¹⁸ Pitkänen 1985:472-73: "Lainaaminen on nimen ottamista toisen kielen nimistöön tiettyä lainaustapaa käyttäen". Omsetting: Det å låne er å ta eit namn inn i namnetilfanget til eit anna språk ved å bruke visse lånemåtar.

mitt materiale, måtte ein gå ut frå at ein kan ha ei ny namngjeving sjølv om "det nye namnet" er identisk med det gamle. Det verkar meir rimelig å definere namnepar ut frå at det språklige bruksfeltet til namnet er blitt utvida. Om namnet på ein stad blir tatt i bruk på eit nytt språk, blir det lånte namnet namnepar til namnet (namna) det er lånt frå om denotatum (om denotatum, sjå 2.2.4 og 2.8) er uendra. Namnepar som språklig sett er identiske, har sams namngjeving.

Ordet namnepar ber i seg ein tanke om eit enkelt lineært høve mellom namn på to språk. I mitt materiale er det mange stader som har meir komplekse relasjonar mellom namna på dei tre kontaktspråka. Det same namnet kan vere både lydlig lånt, omsett eller vere lånt som ein kombinasjon av desse to lånemåtane. I tillegg kan den same staden ha eitt eller fleire namn som ikkje har noko lydlig eller semantisk samband med andre namn i nokon av språka.

Nokre lånte namn er berre stadfesta på eitt språk. Parnamnet kan berre rekonstruerast ut frå den lånte forma. I eit stadnamnmateriale frå eit språkkontaktområde vil det nok alltid finnast lånte namn som manglar par.

2.2.3 Lånepar

I dette arbeidet er føremålet m.a. å røkje etter det språklige opphavet til dei norske namnelåna. Med dette utgangspunktet oppstår det problem i høve til omgrepet namnepar. Namnepar er to eller fleire namn på ein stad eller ein lokalitet (Eichler op.cit.: eine Siedlung). Når det oppstår ei endring i denotatum til stadnamnet, vil ein ikkje kunne vise til den språklige samanhengen for stadnamn som har fått eit nytt denotatum om namna berre kan haldast saman etter namnepardefinisjonen. Vil ein samanlikne språklige uttrykk (stadnamn) som historisk har felles opphav, men ikkje lenger har felles denotatum, må ein sjå bort frå denotatumsendringa. Parnamn av denne typen kunne ein kalle *lånepar*. Eit lånepar vil vere stadnamn av felles språklig opphav, men som med tida har fått ulike denotatum.

Eg har ikkje rekna ut mengda av namnepar og lånepar, for samanhengane mellom namna i alle tre språka er uhyre komplekse, og ein slik klassifisering ville gje stoff nok for ei eiga avhandling.²⁰ For å finne ut korleis namn blir lånte, treng eg ikkje å lage eit samla oversyn over namnepar og lånepar i dei tre kontaktspråka. Kvart namn er vurdert ut frå samanhengen det går inn i som namnepar og lånepar; det kan ein gjøre utan å rekne ut det nøyaktige talet på par.


¹⁹ For at det skal vere snakk om ny namngjeving der det finst namn frå før, reknar Helleland at ein må ha ei utskifting av namn. "Men utskifting av eit namn tyder som regel innføring av eit anna. Altså er det tale om namngjeving." (Helleland 1976:209).

²⁰ Det viser seg dessutan å vere svært tidkrevjande og komplisert å lage ei samla framstilling over alle "parforhold".

2.2.4 Avklåring av kva som er eit lånt stadnamn


Utsegnene om stadnamnlån som eg har funne fram til, viser seg å vere for generelle. Definisjonen til Pitkänen seier ingenting om tilhøvet mellom namnet og denotatomet til namnet. For å komme nærmare inn på kva stadnamnlån er må ein ta omsyn til stadnamnet som språklig teikn, og det teiknet viser til, dvs. denotatum.

Tilhøvet mellom stadnamnet og staden kan best uttrykkest med ei skisse:




Det som skil stadnamn frå andre språklige uttrykk, er at denotatum er ein bestemt lokalitet, ikkje ein relativ storleik som varierer ut frå diskursen; og dessutan er tydinga til eit stadnamn og eit appellativt språklig uttrykk av ulik karakter. Dette er eit stort og omfattande emne som eg ikkje finn grunn til å gå nærmare inn på her.

1)




2)




Når tilhøvet mellom teiknet og denotatum er den same i långjevar- og låntakarspråka, er namna i kvart av språka namnepar. Det kan oppstå språklige skilnader mellom namna i eit namnepar.

3)




4)




Om eit lånt stadnamn får eit nytt denotatum i låntakarspråket, men inga endring av det språklige uttrykket, oppstår eit lånepar. Kjem det til ei endring i både det språklige uttrykket og i denotatumet på låntakarspråket, er det ikkje lenger snakk om namnelån. Namnet som opphavlig var gjeve på språk 1, er blitt omlaga eller nylaga på språk 2 og har fått eit nytt denotatum.

Døme:


1)




2)



3)




4)




Desse grunnmønstra kan byggast ut for variasjonar i mønstret mellom teikn og denotatum. Ein stad kan ha eitt eller fleire namn av ulikt opphav. Denne typen parnamn er uavhengige par eller frie par.

5)



Variasjon av namnemønstret i dømme 3.


6)



Dømme 6 er det same som dømme 4, men med tillegg av eit fritt par.

Stadnamn kan også vere lånte utan å vere stadfesta på anna enn låntakarspråket. Ein kan ikkje vite om denotatumet (denotata) til eit slikt namn er som i opphavsspråket, men eg går ut frå at stadnamnet har likt denotatum i långjevar- og låntakarspråket.

Døme:



2.2.5 Termar for inndeling av materialet

2.2.5.1 Lånte namn

2.2.5.1.1 Lydlige lån

Stadnamngranskarar bruker fleire ulike nemningar for namn som eg har valt å kalle *lydlige lån*. Ved lydlige lån er det ei rekke av lydkombinasjonar eller samansetjingar av lydar som blir lånte frå eitt språk til eit anna. Oftast er det ikkje vanskelig å sjå at eit namn er lydlig lånt, men eit gammelt lydlig lån kan vere så mykje avslipt og tilpassa lydverket i låntakarspråket at ein ikkje utan vidare oppfattar namnet som lånt.

Kranzmayer 1934:111 kallar namn av denne typen berre for *lån* (Entlehnungen). "Bei den *Entlehnungspaaren* hingegen wird *die Lautform* entlehnt und die Bedeutung bleibt unbeachtet". Berre ordet *lån* seier ikkje noko om kva type lån det er snakk om og er uheldig sett i høve til omsette namn som også er lånte. Ripečka og Zilliacus kallar denne typen lån for "direkte lån".²¹ Zilliacus 1980:320 seier om direkte lån at dei er "lån av den ursprungliga benämningen, genom *anpassning* til det låntagande språket." Dei lydlig lånte namna i mitt materiale kan vere *endra* eller *uendra* i høve til den opphavlige uttalen. Namn som ikkje er endra, høver ikkje inn i

²¹ Ripečka 1965:25: "Direkte Entlehnungen".

definisjonen til Zilliacus. Måten Eichler definerer lydlig lånte namn, høver betre til lånetypene i mitt materiale.

Lautlich gebundene Namenpaare, bei denen zwei /oder evtl. mehrere Namen/ in einem genetischen Abhängigkeitsverhältnis stehen, da der eine Name aus dem anderen entstand. Heute gehören die betreffenden Namen verschiedenen Sprachsystemen an. (Eichler 1980:52).

Også i denne definisjonen kan det ligge eit krav om tilpassing i det at namna synkront sett hører til ulike språkssystem. Dei stadnamna som ikkje er blitt endra i høve til den opphavlege uttalen, hører ikkje til det norske språket på annan måte enn at namna er tekne i bruk av folk som snakkar norsk med kvarandre.

2.2.5.1.2 Innhaldslån

Når innhaldet i eit stadnamn blir lånt frå eit språk til eit anna språk, kallar eg stadnamnlånet for innhaldslån eller semantisk lån. Omsetjingslån er også nærliggande å bruke som nemning, men er ikkje så presist som innhaldslån. Det er innhaldet som blir lånt, ordet omsetjing karakteriserer måten innhaldet er blitt lånt. Kranzmayer 1934:111 seier at *ved "Übersetzungspaaren wird nur der Sinn und die Bedeutung aus der anderen Sprache übernommen, ohne weitere Rücksicht auf seine Lautform,"*. Ripećka 1965:25 skil mellom bokstavelige og frie omsetjingsnamn, men gjør ikkje nærmare greie for skilnaden mellom desse to omsetjingsmåtar. Zilliacus kallar omsette namn for indirekte lån definert som "lån av namnidén, genom översättning till låntagarnas språk". For meg verkar det uheldig å rangere lånemåtar i høve til kvarandre som direkte - indirekte. Eg kan ikkje finne nokon grunn til å sjå på lydlege lån som ein meir direkte lånemåte enn innhaldslån. Både innhaldslån og lydlig lån er begge "direkte" lånemåtar. Når omsette namn kan vere vanskeligare å skilje ut som lånte namn i høve til namn som opphavlig er laga på låntakarspråket, har ikkje dette forholdet noko å seie for *lånemåten*. Også for denne typen lånte namn har Eichler etter mitt syn den mest dekkande definisjonen:

Sinngebundene Namenpaare /auch semantische Namenpaare/ sind Namenentsprechungen, zwischen denen ein semantischer Zusammenhang besteht, die sich in Übersetzungen ausdrückt (Eichler 1980:52).

2.2.5.1.3 Samansett lån

Om eit lånt namn inneheld både eit lydlig lånt ledd og eit semantisk lånt ledd, kallar eg lånetypen for eit samansett lån. Ripećka 1965:25 kallar slike namn for *Kontaminationsnamnen* eller *Mischnamnen*. Pitkänen bruker nemninga *hybrid* om namn som inneheld emne frå to språk²². Ho kallar desse namna også for *blandingsnamn (sekanimiä)* og *delvise tilpassingar*

²² Pitkänen 1985:472: " [...] ns. hybridit eli sellaiset nimet, joihin sisältyy kahden kielen aineksia [...]. " Omsetjing: "dei såkalla hybridane eller slike namn som inneheld emne frå to språk".

(*osamukaelmat*) (Pitkänen 1985:472, 475. Zilliacus 1980:320 bruker også nemninga *delvis anpassning* av slike namn. Desse namna blir rekna for å vere spesielt problematiske. Zilliacus (op.cit) seier at "på gränsen till översättningarna framstår typen av delvis anpassade, i regel förledsanpassade bildningar, [...] där den andra leden representerer låntagarnas språk." Også i mitt materiale har denne typen namn oftast eit lydlig lånt utmerkingsledd til eit hovudledd som er ei norsk terrengnemning. Sisteledet i denne typen samansette lån kan vere *omsett* til norsk, eller vere *nylaga* på norsk. Språklig sett kan ikkje desse to namnelagingsmåtane skiljast. Zilliacus (op.cit.) meiner at det ikkje er snakk om "blandnamn" som er danna på to språk. I mitt materiale reknar eg desse låna som *heile lån* om det finst tilsvarande namnepar på eitt av dei andre språka. Argumentet for å sjå på desse namna som heile lån meiner eg ein finn i språksamfunnet som namna er blitt til i. Om det skal kunne finnast to uavhengige namnelagingar, må det eksistere to grupper som gjev namn. Verken på Skibotn eller i Kvenangsbotn finst slike skilje. Det norske befolkningsinnslaget har vore så lite (bortsett frå i Kjækan) at dei ikkje har kunna danne atskilte grupper. Stadnamn som er lånte inn i norsk, er skapte av eitt bygdefolk som berre er skilde av tidsfaktoren frå dei som har skapt dei finske og samiske namna.

2.2.5.2 Namn som ikkje er lånte

2.2.5.2.1 Opphavlig norske namn

Når ledda i eit stadnamn er ord som språklig sett er norske, og det ikkje finst namnepar eller lånepar med lik eller liknande tyding, reknar eg at stadnamnet er blitt laga på norsk. Sjølv om det ikkje er registrert namnepar, og ledda i stadnamnet "ser norske ut", treng sjølv sagt ikkje namnet å vere blitt til på norsk. På grunn av at det er uråd å kontrollere dette, må namna likevel reknast som opphavlig norske.

2.2.5.2.2 Nylaging av namn til eit lånt stadnamn(ledd), eller namn(eledd) av uklårt opphav

Til denne gruppa har eg rekna fleire typar namn. Den største gruppa er stadnamn som har eit opphavlig lydlig lånt utmerkingsledd, men har fått eit nytt hovudledd på norsk. Desse namna er relasjonsnamn. Formelt er desse namna like samansette lån, skilnaden er berre at namna ikkje har namnepar eller lånepar. Epeksegetiske nylagingar av typen *Største Brennfjellvatnet* eller *Ytre Tangnesland* har eg også rekna til denne gruppa (sjå 2.7.3). Namn som er utvikla frå eit lånt namn, men som språklig sett er endra og har fått eit nytt denotatum på norsk, reknar eg som nylaga eller omlaga på norsk. Namn som er relasjonsnamn til stadnamn eller namneledd av uklårt opphav, er også rekna til denne gruppa.

2.2.5.3 Namn med uklårt opphav

Denne gruppa er ein restkategori for namn som eg ikkje kan avgjøre det språklige opphavet til.

2.3 Lånemønster

På grunn av at stadnamn blir til under forhold som er bestemte av språklige og kulturelle tilhøve i ein historisk samanheng, prøver eg å ta omsyn til slike tilhøve når lånemønstra skal avdekkast. Hypotesen min er at dei som først har budd på ein plass, også er dei første namngjevarane. Folk som har komme seinare, har i hovudsak lånt stadnamn om dei stadene som dei har hatt behov for å nemne, har hatt namn.²³ Om tilflytta folk har utnytta andre næringar enn dei første busetjarane, må ein gå ut frå at dei har hatt bruk for nye namn. Dersom ein skal avgjøre låneretninga for stadnamna berre ut frå sjølv språkmaterialet, vil ein berre unntaksvis kunne ha ei meining om låneretninga for omsette namn. Språklig sett er eit omsett namn vanligvis ikkje annleis enn eit namn som opphavlig er laga på låntakarspråket.

2.3.1 Allment om stadnamnlån på Skibotn

Då den finske og norske innvandringa til Lyngen tok til på slutten av 1600-talet/begynninga av 1700-talet, hadde fjorden ei samisk busetjing (jf. 1.4). Sjølv om det er få opplysningar om Skibotn før 1723, veit vi at det har vore marknad på plassen alt på 1500-talet (jf. 1.3.1), og det er ikkje noko som talar mot at det òg har vore fast busetnad i frå denne tida. Då dei finske innvandarane kom, går eg ut frå at dei kom til eit område med samisk busetnad der stadnamna var samiske. Finnane trong ikkje å utvikle eit heilt nytt stadnamntilfang; dei kunne ta i bruk stadnamn som fanst på førehand. Sjølv sagt må ein gå ut frå at finnane har hatt behov for stadnamn utover det som alt eksisterte. Slike namn må ein vente å finne i samband med utnytting av område som tidligare ikkje hadde vore utnytta. Dei finske innvandarane tok til med å ei intensiv og variert skogsdrift som ein skulle vente ville gje opphav til nye stadnamn. Laksefisket i Skibotnelva har kanskje også auka i omfang, og nye finske stadnamn kan ha oppstått.

Dei norske innflyttarane til Skibotn har vore få i talet og kom seint (jf. 1.4.1). Forutan handelsmannfamilien som var dei første norske som busette seg på plassen, har det nok ikkje danna seg noka norsk gruppe på staden. Det norske mindretalet har nok snakka samisk og finsk med grannane sine (jf. 1.5.8). Sjølv om folketeljingane oppgjev at handelsmannfamilien berre

²³ Jamfør Kálman 1977:504 som viser til at t.d. i USA og Kannada er det svært mange stadnamn av indiansk opphav også i område der det i dag ikkje finst ein einaste indianar.

snakka norsk, er det ikkje usannsynlig at også handelsmannfamilien har kunna snakke minoritetsspråka i bygda²⁴.

På denne bakgrunnen vil dei vanlige låneretningane vere:

Lån frå samisk til norsk:	samisk > norsk
Lån frå finsk til norsk:	finsk > norsk
Lån frå samisk via finsk til norsk:	samisk > finsk > norsk

Andre låneretningar vil vere modifikasjonar på desse lånemønstra, (t.d. lån frå finsk via samisk til norsk).²⁵

2.3.1.1 Allment om stadnamnlån i Kvenangsbotn

Sjølv om den inste delen av fjorden blei busett først i siste halvdel av 1700-talet (jf. 1.4.2), har nok fjordbotnen vore brukt av folket lenger ut i fjorden og såleis hatt stadnamn. Desse første stadnamna har nok vore samiske, for samisk var det einerådande språket i denne delen av fjorden til den finske og norske tilflyttinga tok til på 1700-talet. Ut frå at dei første stadnamna var på samisk, må ein vente at dei har blitt tekne i bruk av dei finske innvandrarane. Norsk har ikkje vore allment brukt før i dette hundreåret. I dei forskjellige bygdene rundt fjordbotnen kan ein vente variasjonar i lånemønstra ut frå befolkningssamansetjinga. Lånemønstra vil vere dei same som på Skibotn.

2.3.2 Rangeringsprinsipp

I vedlegg 1 og 2 er det gjort greie for lånemønstret til kvart stadnamn i materialet. Innafor rammene av denne oppgåva er det ikkje moglig å grunngje korleis kvart einaste stadnamn er klassifisert etter opphav og lånemønster. Eg gjør greie for prinsippa eg legg til grunn og gjev nokre døme på ulike ovringar som finst i materialet.

Prinsipp som er følgde for å klassifisere namna i dei tre språka i høve til kvarandre:

- 1) Busetjingshistorie, ytre språkhistorie.
- 2) Materialet (inkl. namnepar, lånepar).
- 3) Type lokalitet (makroterreng, mikroterreng).
- 4) Lokalitet knytt til næringsutnytting.

²⁴ Reusch 1895:44 skildrar t.d. handelsfolka i Finnmark som personar som kan kommunisere på mange språk.

²⁵ Påvisinga av eventuelle namnelån frå norsk til samisk og/eller finsk fell utafor rammene til dette arbeidet.

1) Busetjingshistorie, ytre språkhistorie.

Busetjingshistoria er det gjort greie for i det første kapitlet. I Kvenangen er det moglig å finne ut korleis samansetjinga av dei etniske gruppene har vore i bygdene rundt fjorden. På Skibotn er nesten alle gardane og bruka førte opp med namnet Skibotn, og det er derfor vanskelig å finne ut kvar i bygda dei enkelte har budd. Gjennom busetjingshistoria får ein kjennskap til fordelinga av dei etniske gruppene i tid og rom. Ut frå etnisitet er det knytt forventningar til språkbruk.²⁶

2) Materialet.

Namnematerialet som er tilgjengelig, vil i hovudsak bestemme korleis ein tolkar lånemønstra. Men busetjingshistoria som den ytre språkhistoria er ein del av, er ein grunnleggande forståingsbakgrunn for å vurdere språksamanhengen som stadnamna er ein del av. Om ikkje alt namnetilfang er registrert, vil rangeringa bli mangelfull. Språksituasjonen under innsamlinga var slik at det fanst flest personar som kunne snakke norsk og finsk. Det norske og finske materialet er derfor best representert. Det kan derfor t.d. vere namn som er samiske innhaldslån i finsk eller norsk, men som blir klassifiserte feil på grunn av at materialet er mangelfullt. Dessutan kan ein til vanlig ikkje sjå at eit namn er sett om ut frå sjølve namneforma

Det samiske og finske språket er i slekt med kvarandre, og det er derfor ikkje endeframt å finne ut om eit stadnamn opphavlig er finsk, eller lånt frå samisk eller tvert om. Söderholm 1986:9 seier at kontakten mellom finsk og samisk er svært gammal, og at ein stor del av ordtilfanget er felles "enten fra felles urspråk eller eldre eller yngre lånord fra det ene språket til det andre. Antallet felles ord blir større dess lengre nordover en kommer i det finske språkområdet". Dei finske innvandrarane har ikkje berre lånt stadnamn; dei har også teke i bruk ei mengd med opphavlig samiske terrengappellativ eller modifisert tydinga i eigne terrengappellativ (jf. Söderholm 1987). Mangelfull kjennskap til slike forhold gjør at namn kan bli klassifiserte feil. Eg tar med eit døme frå materialet for å vise tankegangen bakom klassifikasjonen av eit lånemønster. I Kvenangsbotn finst stadnamnet f. *Kotamukka*. Det er ikkje råd å vite om namnet er laga på finsk av appellativa f. *kota* 'gamme' og f. *mukka* 'buk, vik', eller om namnet er lånt frå s. *Goahtemohkki* (id.). *Kotamukka* er ei lita bukt på vestsida av fjorden eit lite stykke innom den fiskerike Lillestraumen. Det ligg ikkje føre opplysningar om dette er ein stad som har vore viktig i samanheng med ressursutnytting. Staden skil seg ikkje spesielt ut i høve til omgjevnadene. Folk går ut frå at det ein gong har vore ein gamme på plassen. I dag kan ein ikkje sjå merke etter nokon gamme. Det er motstridande opplysningar om kva folk veit om plassen. I det finske materialet opplyser ein informant (fødd 1914) at det skal ha budd ein finsk familie på staden. I mitt eige materiale fortel broren til denne informanten (fødd 1912) at han ikkje veit noko om år-

²⁶ Denne samanhengen er problematisk, likevel er det ikkje rom for å ta opp denne diskusjonen her. Opplysningar om språkbruken i områda gjev forståingsbakgrunn for samanhengen stadnamna er blitt til i.

saka til namnet. Ein annan person fødd i 1905 visste heller ikkje meir. På grunn av at folk ikkje veit noko sikkert om busetjing, eller korfor det har vore ein gamle på plassen, går eg ut frå at stadnamnet må ha opphav i tilhøve frå tida før ca. 1850. I materialet finst det mange namn som har opphav i forhold som kan tidfestast til andre halvdel av 1800-talet. Når det gjeld namn som har komme til tidligare, kan heimelsfolk vanligvis ikkje fortelje noko visst om namngjevingsårsaka. Staden som namnet viser til, ligg ved sjøen, og namnet er altså ikkje av heilt ny dato. Dette peiker i retning av at namnet kan vere gjeve av samisktalande. Likevel er grunnlaget for spinkelt til at ein kan helle meir mot det eine enn det andre språket som opphavsspråk for namnet. Når eg likevel har klassifisert namnet som eit namn av samisk opphav, er det gjort på språklig grunnlag. På finsk finst nemlig også varianten *Kottimukka* som er ei mindre brukt form. Denne forma tyder på at det finske namnet er lånt frå samisk *Goahtemohkki*.

3) Lokalitet.

Ein må rekne med at nokre lokalitetar i eit område vil vere meir "utsette" enn andre for å få namn. Om ein stad er av ein slik type, går eg ut frå at det samiske namnet er eldst viss det språklig sett ikkje er noko som talar mot det. Slike stader kan vere bygder, gardar, fjordar, store vatn, fjell, store elver og anna såkalla "makroterreng". Det motsette er "mikroterreng".²⁷ Døme på makroterreng frå området er t.d. dei to straumane *Storstraumen* og *Lillestraumen* i Kvenangen. Desse to plassane er så markerte (gode fiskeplassar, men vanskelige å forsere) at namna må vere gamle. På *Mukkunainen* i Kvenangsbotn er det fleire "småstader" el. mikroterreng som har namn på alle tre språka. Det gjeld t.d. ei myr n. *Jernmyra*, f. *Rautajänkkä* (id.), s. *Ruovdejeaggi* (id.), og eit lite vatn n. *Svartvatnet* f. *Mustat-järvet* pl., s. *Čáhppesjávri*. Brukarane av området har hovudsaklig vore folk i Sørfjorden, Leirbukta, Toppelbukta, Lillestraumen og Naviteidet. På desse stadene har det budd folk som i folketeljingane dels har samisk, og dels har finsk som morsmål. Ein kan ikkje vite om desse namna har finsk eller samisk opphav.

4) Næringar.

På grunn av at det lett oppstår sirkelargumentasjon ved bruk av ressursutnytting som klassifiseringsgrunnlag, har eg i liten grad prøvd å drage nytte av slik informasjon. Likevel har eg i nokre tilfelle brukt kunnskap om kven som har drive med ymse næringar som grunnlag for klassifiseringa av lånemønstra.

Døme på bruk av næringsutøving som klassifiseringsgrunnlag:

1) I namneparet n. *Cedarsgruva* og s. *Seiddar* ser eg bort frå at namnet er lånt frå samisk til norsk. På grunn av at gruvedrifta i Kvenangen (jf. 1.3.2) ikkje hadde noko med samisk kultur å

²⁷ Termene er henta frå Söderholm 1985:242.

gjøre, og namnet er teke i bruk ca. 1865 (Bjørklund 1985:236), reknar eg namnet som opphavlig norsk.

2) I Navit har det vore snakka samisk i større grad enn finsk. Her finn ein m.a. namnet *Sommarsetet* som i dag er namn på eit område med kratt. Staden heiter *Kesäsija* 'id.' på finsk og *Geass'sajgieddi* 'sommarsetvollen' på samisk. Namnet går så langt tilbake i tid at folk i dag ikkje kjenner til namngjevingsårsaka. Namnet må vere knytt til ressursutnyttinga hos folket i Navit. Dette blir stadfesta av Bjørklund 1978:34 som viser at Navit har vore sommarbuplass på 1700-talet for folk i Sørstraumen. Det samiske namnet har eit hovudledd (gieddi 'voll') som manglar i det finske og norske namnet. Dette leddet kan vere eit seinare epeksegetisk tillegg i samisk. Namnestrukturen tyder på at det norske namnet kan vere lånt frå det finske namnet. Det finske namnet kan enten vere eit elliptisk lån frå samisk, eller det kan vere lånt før det samiske namnet fikk eit epeksegetisk tillegg. Held ein seg berre til stadnamnet som språklig uttrykk, kunne ein ikkje seie om *Sommarsetet* er lånt frå finsk *Kesäsija* eller omvendt. Studiet av språkbruken på 1800-talet som det er gjort greie for i 1. kapittel, viser at allmenn bruk og kunnskap i norsk er av sein dato. Namnet *Sommarsetra* har ikkje vore brukt som gardsnamn, det eg kjenner til, namnet har derfor ikkje fått noka "tidlig" norsk form som fleire gardsnamn har fått. På denne bakgrunnen held eg den finske forma som eldre enn den norske.

2.3.3 Oversyn over lånemønstra i materialet

Lånemønster.	Innhaldslån		Lydlig lån		Samansett lån.	
	K	S	K	S	K	S
1 s > n	28	29	14	18	26	19
2 f > n	51	74	39	43	14	56
3 rf > n	1	30	2	4	8	36
4 *rf > n				3		
5 *s > n			2	8	2	1
6 *f > n				2	2	1
7 s > f > n	1		12	35	14	23
8 *s > f > n		2	12	16	3	2
9 s > *f > n			1	1	2	
10 *s > *f > n				2		
11 s~f > n	14	36	1		3	10
12 *s~f > n	2		1		1	
13 s~*f > n	1					
14 *s~*f > n			1		1	
15 s>f>n / f>n			2	3	2	
16 *s>f>n / f>n			6	3	4	1
17 s>f>n / s>n	12	18	2	18	6	22
18 s>*f>n / s>n			1		2	
19 *s>f>n / *s>n	3	1		6	2	3
20 *s>*f>n / *s>n				1		
21 s>f>s>n / s>n				1		
22 f>s>n / f>n						1
	113	190	96	164	93	174

s = Samisk stadnamn.
 f = Finsk stadnamn.
 n = Norsk stadnamn.
 * = Namn som ikkje er belagt.
 > = Lånt frå eitt språk til eit anna.
 ~ = Rangerer to former likt, dvs. ein kan ikkje avgjøre om det norske namnet er lånt frå samisk eller finsk.
 / = Eller.
 r = Relasjonsnamn på finsk til eit opphavlig samisk namn eller namn med låneretning som i 12-14.

2.3.3.1 Forklaring av lånemønstra

Forutan rangeringsprinsippa som det blir gjort greie for i 2.3.2, vil eg kort forklare korleis ein skal forstå lånemønstra som står i tabell 2.3.3.

1,2 s>n og f>n Teikna s>n betyr at det norske namnet er lånt direkte frå samisk. Det kan vere tilfelle om det berre eksisterer eit namnepar på samisk til det norske namnet. Sjølv om den same staden også har eit finsk namn, kan ein finne lånemønstret s>n. Det finske namnet kan vere gjeve uavhengig av det samiske og norske namnet. Likeså kan det finske namnet vere lydlig lånt frå samisk, slik at det finske namnet er innhaldstomt sett i høve til det finske språket. Eit norsk innhaldslån kan ikkje vere lånt frå det finske namnet i slike tilfelle, det må vere sett om frå samisk. På Skibotn må namnet *Røykenes* vere sett om frå samisk Q35 *Rui'kad-njar'ga* (namn på nes), *Ruikad* (namn på ein gard); s. KN *rui'kit* ~ *ruikit* 'røke (kjøtt, fisk)', s. KN *ruikâ* 'røket'. Det finske namnet er lydlig lånt frå samisk i forma *Ruikkatanniemi* som namn på neset. Utmerkingsleddet har ikkje noka meining på finsk, og det norske namnet må derfor vere sett om frå samisk. Namneforma *Roikat* (namn på fjell) er belagt av Schnitler i 1743, og dette viser at namnet har eksistert før den første dokumenterte norske busetjinga i 1836 (jf. 1.4.1).

3,4 rf>n og *rf>n I materialet finst det finske namn som er laga til namn eller namneledd som opphavlig er samiske. Det gjeld til dømes n. *Øvre Haskikulpen* lånt frå f. *Yli-Haskijurma*. Det er eit namn som går inn i ei gruppe der primærnamnet kanskje er elvenamnet *Haskielven*. Namnet er lånt via finsk frå s. *Haskejogat* (pl.). Tydinga av utmerkingsleddet er uviss, men kan komme av s. KN *has'kit* ~ *haš'kit* 1. 'sønderrive (om rovdyr) 2. 'rive i stykker (klær). (Haskielven er tre elver som har tært seg ned i ein elvemel, *Haskimelen*.) Det same teiknet (rf>n) blir også brukt om lån av finske namn laga til stadnamn som eg ikkje kan seie om dei er av finsk eller samisk opphav. Eit finsk namn av denne typen som ikkje er belagt av finsktalande, blir merkt med stjerne.

5,6 *s>n og *f>n Samiske og finske namn som er lån i norsk, men ikkje stadfesta på samisk og finsk, er merkte med stjerne.

7,8,9,10 $s > f > n$, $*s > f > n$, $s > *f > n$, $*s > *f > n$ Mange lydlike lån kan ein sjå er samiske lån i norsk via finsk. Ut frå den lånte forma kan ein også slutte seg til namneformer som ikkje er stadfesta. Desse formene er merkte med stjerne. På Skibotn blir ei lita høgd kalla *Puollama*. Namnet er lånt frå den finske namneforma som er lik den norske. Samisk namn er ikkje stadfesta, men det finske namnet kjem av s. KN *buollam* 'sted hvor skog el. lavmark har brent engang'.

11,12,13,14 $s \sim f > n$, $*s \sim f > n$, $s \sim *f > n$, $*s \sim *f > n$ Desse lånemønstra viser at eg ikkje kan seie om eit stadnamn er lånt frå samisk eller finsk. Dei fleste namna med dette lånemønstret er innhaldslån. Om namneparet til det norske namnet t.d. er eit samisk namn som kan vere lånt frå eit finsk namn, blir den namneforma som ikkje er belagt, merkt med stjerne. Namnet *Svartmyra* i Kvenangsbotn har lånemønstret $s \sim *f > n$. Myra blir kalla *Čáhppesjávrrijeakkit* (pl.) på samisk, finsk namn er ikkje oppgjeve (KN s. *čap'pad* 'sort, svart', *jávri* 'innsjø, vann', *jæg'ge* 'myr'). Tett ved ligg *Svartvatnet* som har namn på både finsk og samisk. Trulig har myra også namn på finsk. Når den finske namneforma manglar, kjem det nok av "hol" i det innsamla namnematerialet.

15,16 $s > f > n/f > n$, $*s > f > n/f > n$ Namn som har slike lånemønster, går tilbake på eit finsk namn. Det finske namnet kan vere lånt frå samisk, men dette kan eg ikkje avgjøre. Døme: På Skibotn blir ein skog kalla *Bjørnskogen* og *Karhuruto* (id.) når ein snakkar norsk. Det finske namnet *Karhuruto* kan vere opphavlig finsk, men det kan òg vere eit innhaldslån frå s. *Bierdnavuovdi* (s. KN *bier'dnâ* 'bjørn', *vuow'de* 'skog (av store trær)').

17,18,19,20 $s > f > n/s > n$, $s > *f > n/s > n$, $*s > f > n/*s > n$, $*s > *f > n/*s > n$ Lånemønstret er tilsvarande som 15 og 16, men gjeld namn av samisk opphav som er lån i norsk enten direkte frå eit samisk namn, eller via eit finsk namn.

21 $s > f > s > n/s > n$ Det er berre eitt namn i heile materialet som eg trur kan vere lånt på denne måten. Det er namnet *Balkesvarre* (fjell på Skibotn) som blir kalla *Bálggesvárri* på samisk under innsamlinga i 1984, og *Balges-varre* (stifjellet) hos Qvigstad 1935:33. Det finske namnet er *Palkkisvaara* (utmerkingsleddet er lydlig lånt frå samisk). Schnitler oppgjev i 1743 namnet *Palkesoive*. Han forklarar nøye kvar fjellet ligg; det er det same fjellet som i dag blir kalla *Balkesvarre* på norsk. Forma *oive* hos Schnitler er ei attgjeving av det samiske terrengappellativet KN *oai've* 2. 'rundaktig fjelltopp, avrundet fjell'. Når namnet er blitt lånt inn i finsk, kan hovudleddet *oai've* ha blitt byta ut med *vaara* som på Skibotn (i Kvenangsbotn og elles) er det vanlige terrengappellativet på finsk for ulike slags fjell. Namnet kan så ha blitt lånt

tilbake til samisk i den forma som er kjent no. På grunn av at det finst svært få eldre skriftlige namnebelegg frå områda, er det vanskelig å påvise lånemønster av dette slaget.

22 f>s>n/f>n Det einaste namnet i mitt materiale som eg meiner kan vere lånt frå finsk via samisk, er namnet *Gardelvågen* i Kvenangsbotn. Det finske namnet er *Kartilavuono*, og det samiske namnet *Gárdelvuotna*. Som Söderholm 1985:247 meiner eg at namnet kjem av det finske namnet *Kartti* (i dag n. *Garden*; namnelaginga er den same som i *Hotti > Hotten, Iivari > Ivaren* (sjå 2.6.1). På finsk er det vanlig å lage gardsnamn med å føye suffikset *-la* til eit personnamn, her **Karttila*. Utmerkingsledda i det samiske og norske namnet er like. Det norske namnet kan vere lånt via det samiske namnet, men det kan òg vere slik at den norske forma er lånt frå finsk og har påverka den samiske namneforma.

2.3.4 Samiske stadnamn lånte via finsk

Finsk har halde seg lenger i bruk enn samisk i dei to bygdene. Samisk har tidligare vore brukt i større omfang. Mange namn som opphavlig er samiske, er blitt lånte inn i norsk gjennom finsk. Dette tilhøvet er eit "spegelbilde" av språkhistoria der det finske språket kjem inn som eit mellomledd i høve til norsk og samisk. Av dei namna som opphavlig er samiske, blir 30,3 % av dei lydlege og samansette låna i Kvenangsbotn lånte via finsk. Det same talet for Skibotn er 35,3 %. Innhaldslåna er vanskeligare å vurdere, oftast kan ein ikkje kontrollere lånemåten språklig. Mengda av innhaldslån med samisk opphav i Kvenangsbotn som kan vere lånt via finsk, er 18,4 % og 31,3 % på Skibotn. Når mengda av opphavlig samiske stadnamn som er lånt via finsk, er mindre i Kvenangsbotn enn på Skibotn, kan det vere eit uttrykk for at kontaktflata mellom dei to språka har vore breiare på Skibotn enn i Kvenangsbotn. Mengda av lånte namn som eg ikkje har vurdert som finske eller samiske, er om lag den same på dei to plassane. I Kvenangsbotn er desse namna 12,3 % av dei lånte stadnamna og 10,0 % på Skibotn.

2.4 Klassifisering av stadnamna etter språklig opphav

Stadnamntyper:	Kvenangsbotn		Skibotn	
Innhaldslån:	113	18,7 %	190	22,9 %
Lydlege lån:	96	15,9 %	164	19,7 %
Samansette lån:	93	15,4 %	174	20,9 %
Lånte stadnamn	302	50,0 %	528	63,5 %
Nylaging av namn til lånt ledd:	103	17,1 %	106	12,8 %
Opphavlig norske namn:	165	27,3 %	177	21,3 %
Ikkje lånte stadnamn ...	268	44,4 %	283	34,1 %
Namn med uklårt opphav:	34	5,6 %	20	2,4 %
I alt	604	100,0 %	831	100,0 %

Oversynet viser fordelinga av stadnamna ut frå om dei er lånte eller ikkje lånte. Denotata er haldne utanfor i oversynet; det er berre dei språklige uttrykka som er klassifiserte (jf. 2.8.1) der dei språklige uttrykka er rekna etter denotata). Utrekninga er gjort ut frå det som finst av innsamla materiale og namneformer som er henta frå andre kjelder (sjå 1.1.1)²⁸ Sjølv sagt kan det finnast eller har funnest namn som ikkje er stadfesta i materialet, og som ville gje eit anna bilde av namnetilfanget.

2.4.1 Lånte stadnamn fordelte etter språklig opphav

	K v e n a n g s b o t n		s a m i s k e l. f i n s k	S k i b o t n		s a m i s k f i n s k	e l. f i n s k
	s a m i s k	f i n s k		s a m i s k	f i n s k		
Innhaldslån	44	52	17	48	106	36	
Lydlig lån	44	41	11	106	52	6	
Samansett lån	57	25	11	70	93	11	
I alt	145	118	39	224	251	53	
I prosent	48,0	39,1	12,9	42,5	47,5	10,0	

2.4.1.1 Kommentar til dei lånte stadnamna

Oversynet viser korleis stadnamna er fordelte etter lån. Dei lånte stadnamna i Kvenangsbøtn er 50 % og på Skibøtn 63,5 % av heile stadnamnmaterialet som er brukt på norsk i områda. I Kvenangsbøtn er den største delen av dei lånte namna av samisk opphav, 48,0 % samiske mot 39,1 % finske namn. Skilnaden er 8,9 %. For resten av dei lånte namna, 12,9 %, kan eg ikkje seie om opphavet er finsk eller samisk. På Skibøtn er tilhøvet omvendt, 47,5 % av dei lånte namna er av finsk opphav og 42,5 % av samisk opphav. For 10,0 % kan eg ikkje avgjøre opphavet (om namna er finske eller samiske).



Av dei lånte stadnamna i Kvenangsbøtn er det om lag 8,9 % fleire namn av samisk som av finsk opphav. Resultatet er overraskande sett i høve til språksituasjonen i dag og ut frå historia slik Bjørklund 1985:217-220 framstiller ho. Her får ein inntrykk av at fjordbøtnen i hovudsak blei busett av ei finsk befolkning frå slutten av 1700-talet. I dag er det ingen av dei fastbuande i fjordbøtnen (i alle fall ikkje som eg har fått kjennskap til) som snakkar samisk på austsida av fjorden innom Kjøllefjorden og innom Naviteidet på vestsida av fjorden. Om ein kan feste lit til folketeljingane frå 1865 og 1875, viser dei ei klår overvekt av folk som etnisk er rekna som

²⁸ Eira Söderholm har samla inn ein del finske namn frå Kvenangsbøtn etter innsamlinga i 1979. Eg har ikkje kunna tatt omsyn til desse namna sidan dei ikkje fanst på den tida eg skreiv ut materialet frå Kvenangsbøtn. I 1987 samla eg inn meir materiale frå begge områda. Tidspress gjør at eg ikkje har kunna tatt omsyn til alle opplysningane som kjem til i dette supplerande materialet.

samar (jf. 1.5.1 f. om språkforhold og etnisitet i fjordbotnen). Stadnamna viser at samisk må ha vore brukt mykje i området, elles kunne ikkje så mange namn ha samisk opphav. Dei samiske stadnamna som blei samla inn i 1985, er oppgjevne av folk i ytterkanten av innsamlingsområdet (jf. 1.5.6). I tillegg er litt over 20 namn oppgjevne av reindriftssamar frå Kautokeino.



På Skibotn er det 5 % fleire stadnamn av finsk opphav som av samisk opphav. Det finske befolkningsinnslaget har kanskje fått ein dominerande rolle tidligare på Skibotn enn i Kvenangsbotn. I denne samanhengen er det interessant å merke seg at den første namngjevne personen som bur på plassen i 1723, er rekna som kven (jf. 1.4.1). Totalt er det altså litt fleire namn av finsk opphav på Skibotn enn i Kvenangsbotn. Samstundes er det fleire samiske stadnamn på Skibotn enn i Kvenangsbotn som blir lånte inn i norsk gjennom finsk. Årsaka til dette ligg nok i busetjingsmønstret. I ytterkanten av innsamlingsområdet i Kvenangsbotn bur det eit fleirtal av folk som har hatt samisk som morsmål. Derfor er mange samiske namn blitt lånte beinveges inn i norsk. På Skibotn har samisk- og finstalande budd meir blanda; det kan vere grunnen til at fleire samiske namn på Skibotn blir lånte inn i norsk gjennom finsk.

2.4.1.3. Grafisk oversyn over lånte stadnamn fordelt etter språklig opphav.



Utregningsgrunnlag: Total mengd lånte namn i kvart område.

2.4.1.2. Grafisk oversyn over lånte stadnamn fordelt etter språklig opphav.



Utregningsgrunnlag: Talet på namn innafør kvar lånetype.

2.4.1.4 Tilhøvet mellom dei ulike lånetypene

På begge plassane er det mest innhaldslån av finsk opphav, dei lydlege låna har ei overvekt av samiske namn. Skilnaden er mykje meir markert på Skibotn enn i Kvenangsbotn. Ein større del av dei finske namna blir sette om på Skibotn enn i Kvenangsbotn. På begge stadene er det flest samiske namn som er lydlig lånte, men i Kvenangsbotn er det liten skilnad mellom lydlig lånte samiske og finske namn. Dei samansette låna viser motsett fordeling mellom namn av samisk og finsk opphav på dei to plassane. I Kvenangsbotn er det meir enn dobbelt så mange namn av samisk opphav som av finsk opphav.

Jamført med resultatata frå undersøkinga av svensk-finske namnepar (Zilliacus 1980:325), viser dei lånte stadnamna i mitt materiale ei heilt anna fordeling mellom lånetypene. Resultata kan ikkje jamførast direkte, for materiala er ikkje klassifiserte likt. I det finsk-svenske materialet er dei lydlege låna den største gruppa av dei lånte namna. Dei lydlege låna (anpassade lånenamn) utgjør 58,6 % av materialet, innhaldslån (namn översatta med ord) utgjør 15,1 %, og dei samansette låna (förledsanpassade namn) er berre 3,1 % av materialet. Namn som inneheld personnamn i utmerkingsleddet, er klassifiserte som "namn översatta med namn". Mengda av slike namn er 19,3 % i det svensk-finske materialet, men i Kvenangsbotn er mengda berre 6,0 % og på Skibotn 11,2 % av dei lånte namna (sjå 2.5.3). Sjølv om ein ser bort frå dei samansette låna med personnamn i utmerkingsleddet, er det framleis ein mykje større del samansette lån i mitt materiale enn i det svensk-finske materialet. I Kvenangsbotn er 24,0 % og Skibotn 21,8 % av dei lånte namna samansette lån (namn med personnamn i utmerkingsleddet er ikkje rekna med).

Söderholm 1980 har jamført finske og samiske namnepar frå Kvenangsbotn. Ho kjem også til resultat som vik klårt frå dei svensk-finske namnemønstra. Både i mitt og i Söderholms materiale er innhaldslån vanligast; 37,4 % av dei lånte namna i Kvenangsbotn og 36,0 % av dei lånte namna på Skibotn er innhaldslån. Nesten halvparten av dei samisk-finske namnepara i Kvenangsbotn er innhaldslån (Söderholm 1980:243). Söderholm reknar stadnamn med personnamn i utmerkingsleddet for omsette namn. Ser ein bort frå desse namnepara, blir 25 av 65 namnepar innhaldslån, dvs. 38,5 % av namnepara. Mengda av innhaldslån er då like høg som i mitt materiale. Söderholm (op.cit) peiker på årsaker til at omsetjing er ein vanligare lånemåte mellom samisk og finsk enn mellom finsk og svensk. Finsk og samisk har mykje felles ordtilfang, og samiske og finske namngjevingstradisjonar kan likne meir på kvarandre enn finske og svenske namngjevingstradisjonar.

Ein skulle vente at norsk har ei liknande stilling til finsk og samisk som svensk har til finsk. Når lånemønstret for norsk frå samisk og finsk, stemmer betre overeins med lånemønstra mellom

samisk og finsk²⁹ enn mellom svensk-finsk, må det vere andre årsaker som også spelar inn. Kanskje er forklaringa å finne i måten språksamfunna er sette saman på av fleirspråklige personar. Namnelåna i norsk er i hovudsak komne til ved at personane i eit område har bytt språk. Både på Skibotn og i Kvenangsbotn har samiskspråklige blitt "forfinska". Det er moglig at "språkbyteprosessen" meir enn likskapar/ulikskapar mellom språka verkar inn på lånemønstra. Samanlikning med materiale frå samfunn som har liknande språkhistorisk bakgrunn, kunne gje aukt kunnskap om desse tilhøva.

2.5 Korleis blir stadnamn lånte?

2.5.1 Innhaldslån

I dei fleste stadnamna der innhaldet er lånt, blir namneledda sette om ledd for ledd med ord der innhaldet er "likt" i långjevar- og låntakarspråket. Berre nokre få namn står i eit fjernare semantisk forhold til kvarandre. Det er nok dette tilhøvet Ripećka kallar bokstavlig og fri omsetjing (jf. 2.2.5.1.2). Det finst også døme på at ei form i långjevarspråket kan bli sett om med ulike former av ei rot i låntakarspråket. Likeså kan ulike former i långjevarspråket bli sette om med éi form i låntakarspråket.

2.5.1.1 Døme på bokstavlig omsetjing

S f. Haapametsä > n. Aspeskogen; f. *haapa* 'osp', f. *metsä* 'skog'.

S s. Riddasullu > n. Grindholmen; s. KN *ri'd'dâ* 'sprinkelramme av treverk; gard (i fjøset); s. KN *suolo* 'ø, holme'.

S f. Hietaniemi ~ s. Sáttonjárga > Sandneset; f. *hieta* 'sand', f. *niemi* 'nes'; s. KN *sad'do* 'sand, sandbank', s. KN *njar'gâ* 'nes'.

K s. Heastagurra ~ f. Hevosenkuru > n. Hesteskaret; s. KN *hæs'tâ* 'hest', s. KN *gurrâ* 'kløft, mindre skar'; f. *hevonen* 'hest', f. *kuru* 'mindre skar, lita revne'.

K f. Kokkokivi > n. Ørnesteinen; f. *kokko* 'ørn', f. *kivi* 'stein'.

K s. Stuorarávdnji ~ Isovirta > n. Storstraumen; s. KN *stuores* 'stor', s. KN *raw'dnje* 'strøm'; f. *iso* 'stor', f. *virta* 'straum'.

2.5.1.2 Døme på fri omsetjing

K s. Miellegeahči > Sandbakken; KN s. *miel'le* 'høi elvemel el. innsjøbredd', s. KN *gæčče* 'ende, spiss'. Om namnet var sett om ledd for ledd, skulle det bli 'mel-enden', i staden er utmerkingsleddet (Mielle-) blitt sett om med eit meir forklarande ord på norsk, og hovudleddet i

²⁹ Söderholm 1985:243 tar ikkje stilling til kva språk som er långjevar- og låntakarspråk for namnepara i

det samiske namnet er ikkje sett om. Appellativet *mel* blir forklart som Nno 'sandbakke langs ei elv el. eit vatn'. Denne forklaringa samsvarer også med den lokale tydinga av ordet.

S s. Guvgesloapmi > n. Kvitlia ; KN s. *guow'gâd*, attr. *guw'gis* 'med blakk, brungul farve (som ulven om våren, engen om høsten)', Q44 s. *loabmâ*, *loabme* 'åpent rum under noget; en plan terrasse i fjellsiden'. (Det samiske namnet er brukt om ein slak avsats i ei dalside i Skibotndalen). Tydinga blakk eller bleik brungul farge er blitt "utvida" til kvit i det norske namnet. Det er ikkje noko klårt semantisk samband mellom *loapmi* og *li*, valet av appellativ ser ut til å vere motivert meir av lydige enn av semantiske tilhøve.

I Kvenangsbotn finst bruksnamnet Furulund. Ved første syn kan ein tru at det er eit "kunstig" laga namn som mange bruksnamn er. Det finske namnet er Petäjälaksu, f. *petäjä* 'fure', fKv. *laksu* 'slette'. Ordet *lund* er ikkje brukt som terrengnemning på staden; dette leddet kan vere valt ut frå eit lydlig samband mellom *lund* og *laksu*. Det kan òg vere at likskapen er tilfeldig. Namnet kan vere gjeve etter namnelagingsmønstra for bruksnamn.

K s. Bátnegeadgi > n. Tangsteinen er namnet på ein gard og på ein stein i Kvenangsbotn. Det primære denotatet er steinen. Ein heimelsmann seier at "dær e enn stein såm ligg lissåm enn tann opp attme fjæra". Samisk *badne* er KN 'tann; tind (i kam el. rive; trin (stige- el. trappe-); høveljern; horisontal grindspile'. Qvigstad 1935 seier at namnet Bänne-gær'ge kjem av "*ban'ne*, gutt (som kjælenavn), ikke av banne tann". Qvigstad oppgjev at namnet er Tannsteinen på norsk. Rautio har belagt namnet på samisk i 1985 med tydinga 'tann' av utmerkingsleddet. Ordet *tannstein* er leksikalisert i tydinga 'samling av mineral frå spyttet på tennene' (Nno) på norsk. Denne særtydinga kan kanskje vere årsaka til at namnet har fått nytt innhald. Det at steinen ligg i fjæra, gjør det dessutan rimelig å assosiere utmerkingsleddet til *tang*, altså forhold som har med fjæra å gjøre.

2.5.1.3 Døme på omsetjing der ei form i långjevarspråket blir sett om til ulike former i låntakarspråket

K s. Buollánmohkki (evt. frå f. Palomukka > n. *Brennbukta*)

K s. Buollánjávri (evt. frå f. Palojärvi > n. *Brentvatnet*)

S s. Buollánjeaggi > n. *Brentemyra*

S s. Buollánjeaggi ~ f. Palojänkkä > n. *Brannmyra*

S s. Buollánvárri > n. *Brennfjellet*

S f. Palo > n. *Brenna*

KN s. *buollam* 'sted hvor skog el. lavmark har brent engang', fKv./fSk. *palo* (id.).

Finsk Palo er sett om til n. Brenna når det står som proprium. Appellativet NS *brenne* f. 'avsvidd skogmark' er allment brukt i norsk. Når appellativet står som utmerkingsledd, blir det sett om både med verb- og substantivstammen. Verbstammen har både presensform, preteritumsform og partisippform.

I materialet frå Skibotn finst gardsnamnet Huggenhull som er lånt frå s. Čuop'pam-rai'ge (Q35); KN s. *čuoppân* 'å hugge, skjære el. klippe med', *rai'ge* 'hull, åpning'. Utmerkingsleddet i det norske namnet er ei bøygd partisippform. I materialet elles og i materiale frå andre område kjenner eg ikkje til stadnamn som har utmerkingsledd bøygde i preteritum eller partisipp. Både Buollán- og Čuop'pam- er nomen avleidde av verb som har lik form som perf. part. av verb (jf. Bergsland 1961:83). Dette kan vere forklaringa på at utmerkingsledda i dei lånta namna kan ha andre former enn infinitiv/presens forma som elles er vanlig i norsk.

S s. Sorbmeluokta ~ f. Surmalahti > n. Døbukta
S f. Surmajänkkä > n. Drapsmyra

KN s. *spr'bme* 'vådedød, død ved ulykkestilfelle; sted hvor folk el. fe lett kan forulykke'; CHH *surma* 'död, bane, dråp'. Årsaka til namnet Døbukta er ikkje kjend, men folk trur det har skjedd ei ulykke der. Qvigstad 1935:45 oppgjev at det norske namnet er Strøyparbukta, men denne forma er ikkje kjent i dag. Han seier "En mann brakk foten i en bergkløft der, blev hengende og døde".

Drapsmyra har fått namnet på grunn av at ein gutunge sokk nedi og drukna. Både forma *dø* og *drap* i utmerkingsleddet kjem av ei felles form *sorbme-* ~ *surma-*. I stadnamntilfanget frå Nord-Noreg som er arkivert ved Institutt for språk og litteratur ved Universitetet i Tromsø, finst det fjorten stadnamn frå ti ulike kommunar i alle tre fylka der det er plassar som har eit utmerkingsledd som startar på *Daud-*. I elleve av desse namna er utmerkingsleddet *Daudmanns-*, for ti av namna er namneårsaka kjent. Stadene har fått namn etter ulykker av ymse slag.³⁰ I den norske namnesamlinga i frå Nord-Noreg som tel meir enn 16 000 namnesetlar, finst det ingen namn som tar til med *Drap-*. Ein kan i alle fall seie at namnelagingsmåten på Skibotn ikkje er vanlig elles i landsdelen.

2.5.1.4 Døme på omsetjing der ulike former i långjevarspråket blir sett om til ei form i låntakarspråket

S f. *Kuolleenkuoppa* > n. Daudingsgropa
S f. *Kuollutpahta* > n. Daudingsberget

³⁰ Eit jordstykke som gjev dårlig avkastning, blir kalla Daudjordhola (Sørreisa), og ein fiskegrunne i Vågan blir kalla Daudgrunnen (årsaka til namngjevinga er ikkje nemnt). I Bjarkøy finst eit fjell som blir kalla Daudmannen (namngjevingårsaka ukjent), og i Sørreisa heiter ein mørk, skremmande dal Daudingsdalen.

Forma *kuolleen* er perf. part. sg. gen. av verbet *kuolla* 'døy'; og forma *kuollut* er perf. part. sg. nom. av det same verbet. Begge formene blir sette om til den same forma på norsk. Forma *kuollut* på finsk blir til vanlig ikkje brukt i namn der namnet kjem av at nokon har omkomme på ein plass. Nominativforma uttrykker ein eigenskap med berget, dvs. "berget som er daudt" (munnlig inf. frå Eira Söderholm).

2.5.1.5 Andre trekk ved omsetjing av namn

I Kvenangsbotn finst det to stader som blir kalla *Tresteinan*. Det er tre store steinar som ligg ved sjøen og fungerer som médmerke for folk som fiskar på fjorden. *Tresteinan* er den normerte forma, men fleire av heimelsfolka har oppgjeve former der hovudleddet og utmerkingsleddet ikkje kongruerer. Desse uttalevariantane er belagte: /'tre:stein ɲ/ to informantar; /'tre:steina/ ein informant; /'tre:steinan/ to informantar. I det samiske materialet frå 1985 er det berre registrert namn på den eine av desse to plassane. Hovudleddet og utmerkingsleddet i det samiske namnet kongruerer ikkje etter dei grammatiske reglane i samisk. Plassen blir kalla *Golbmageadgi* på samisk. Hovudleddet *geadgi* 'stein' står i nominativ eintal, men skulle egentlig etter reglane for samisk stå i genitiv-akkusativ eintal **Golbmageadggi* (munnl inf. Kaisa Rautio).³¹ Det kan vere den fleirspråklige situasjonen som gjør at begge språka har former som ikkje samsvarar med grammatikken for kvart av språka.

På finsk og samisk finst det ein type relasjonsnamn som består av eit stadnamn eller eit terrengappellativ pluss eit nomen som uttrykker posisjon. Desse stadnamna blir sette om til preposisjon + terrengappellativ i bunden form. I materialet finst:

K s. Muorke-vuolle (Q35) ~ f. Muotkanalus > n. Undereidet; s. KN *muotke* 'eid, smal landstrimmel mellom to fjorder, to vann eller to elver (som ikke løper sammen)'; (Bergsland 1961:72) *vuolli* 'rommet el. partiet under noe'; fKv. *muotka* 'eid', *alus* 'staden under noko'. S f. Törmäanalusta > n. Under bakken; f. *alusta* 'det som er under noko', f. *törmä* 'bakke, haug'.

2.5.1.6 Omsetjing eller utbyting av terrengappellativ³²

Ved jamføring av dei omsette stadnamna med dei finske og samiske namnepara ser ein korleis språkbrukarane har valt terrengnemne i norsk til motsvar for dei som finst i dei finske og samiske stadnamna. Omsetjing tyder at eit innhald blir ført over frå eit språk til eit anna språk. Det er ikkje visst om alle appellativ blir sette om i denne meininga. Kanskje er det heller ei om-

³¹ Namnet på den andre plassen er belagt av Qvigstad 1935, men berre som utmerkingsledd. Sjå namnelista.

³² Eg problematiserer ikkje tilhøvet mellom namneledd og terrengappellativ sjølv om dette kunne vere aktuelt i denne samanhengen.

byting eller utbyting av nemne som skjer. Denne problematikken er for omfattande til at eg kan drøfte han vidare. Eg vil bruke ordet omsetjing, sjølv om det kan vere andre strategiar som ovrar seg.

Når samiske og finske terrengappellativ blir sette om eller byte ut med norske terrengappellativ, er det ord som er allment brukte i norsk på stadene som blir tekne i bruk. Det kan sjå ut som om nemninga *set n.* er eit unntak. Både på Skibotn og i Kvenangsbotn finst namna *Sommarset(et)*. Likevel kan ein ikkje rekne *set* som eit eige appellativ i dialektane. Ein må sjå på *sommarset* eller *sommarsete* under eitt som eit eige appellativ. Jamfør replikkane frå Kvenangsbotn: "de har vært ett såmmersæte hær"; "de har vel vært før i tia ett sånn såmmersæte". Namna er sette om frå s. Q44 *gæsse-saddje* 'sommeropholdssted, seter'. Desse stadene blir kalla *kesäsija* på finsk og ordet har same tyding som det samiske appellativet. I staden for *sommarset(e)*, blir appellativet *seter* også brukt i områda.

Som tidligare nemnt, har bruken av samisk gått tilbake tidligare enn bruken av finsk i begge områda (bortsett frå området rundt Storstraumen i Kvenangsbotn). Derfor er ikkje det samiske stadnamnmaterialet stadfesta like godt som det finske materialet. Det finst færre korrespondansar mellom terrengappellativa i samisk og norsk enn mellom finsk og norsk. Av 74 omsette terrengappellativ finst 30 i namnepara frå begge områda, 28 omsette terrengappellativ finst berre i namnepara på Skibotn, og 16 appellativ finst berre i namnepara i Kvenangsbotn.³³

Det skjer ein reduksjon i talet på terrengappellativ når stadnamna blir sette om. Av 82 ulike finske og 62 samiske appellativ er talet blitt redusert til 71 og 46 etter at namna er blitt sette om til norsk. Det vil seie at terrengappellativsystemet har endra seg frå eit finmaska til eit meir grovmaska semantisk system. Forenklinga av det semantiske systemet kan ein jamføre med språklig forenkling som er påvist på andre språklige plan (det fonologiske og morfologiske planet) når språk eller språkvarietetar kjem i kontakt med kvarandre.

2.5.1.7 Døme på reduksjon i terrengappellativsystemet

Terrengappellativet *fjell* dekker eit vidt semantisk felt. Alle dei samiske appellativa *čearru* (Q44 *čærro* 'temmelig flat, gjerne vidstrakt, høitliggende høifjellsstrekning med lite vegetasjon, på lange stykker bare grus og stein', *čohkka* (Q44 *čok'kâ* 'topp, fjelltopp'), *gáisi*, (Q44 *gai'sa* 'fjelltind (Kv.)', *gai'se* '(Lg.) høit, spisst fjell', *oaivi* (Q44 *-oi've* '(i smst.) 1) rundaktig fjelltopp, avrundet fjell', *rašša* (Q44 *raš'šâ* 'høifjellsstrekning uten vegetasjon, dekket av små flate stein el. ur', *várri* (Q44 *varre* 'fjell') er blitt sette om til *fjell n.* I Kvenangsbotn har seks

³³ I namneparamaterialet sett under eitt, har terrengappellativa vidare spreining. Blant dei *omsette* terrengappellativa finn ein t.d. *slette* berre på Skibotn. Appellativet *slette* på Skibotn finst også i namn som ikkje er lånte. I Kvenangsbotn finst namna *Grønnsletta* og *Kalandersletta*, men desse namna er ikkje sette om.

ulike finske appellativ og fem samiske appellativ blitt sette om med eitt terrengappellativ *dal* (sjå oversynet under). Tydingsfeltet for *dal* i Kvenangsbøtn er derfor svært vidt. Det har blitt eit vidt omgrep for mange slags søkk.

På Skibøtn er det fem finske og tre samiske terrengappellativ som er blitt sette om til *skog* på norsk (sjå oversynet). Av desse er f. *outa* (CHH *outa* (Nord-Finland) 'skog') og f. *ruto* ("De e sånn krattskog, ikke stor skog" Håkon Henriksen, Skibøtn) vanlige i Kvenangsbøtn og blir brukte i stadnamn; f. *metsä* (CHH *metsä* 'skog') er kjent, men blir ikkje brukt i stadnamn. I dei lånte stadnamna er det ingen døme på at *outa* og *ruto* er blitt lånte ved omsetjing. Appellativa finst berre som lydlige lån i materialet.

2.5.1.8 Døme på at eitt terrengappellativ blir sett om med fleire terrengappellativ

Mange av dei finske og samiske terrengappellativa kan settast om med fleire norske appellativ. Denne måten å setje om på kan vere uttrykk for at dei semantiske felta til terrengappellativa i kvart av språka overlappar kvarandre.³⁴ På Skibøtn blir både s. *oalgi* (Q44 *oal'ge* 'aksel, fjellaksel; mindre fjell som henger sammen med et større') og *njunni* (Q44 *njunne* 'nese, i smst. nes, bergnase') sette om til *aksel* på norsk. *Njunni* blir også "bokstavig" sett om til *nase*. Appellativet f. *luokka* ("de e enn sånn bakke - større område enn törmä", Håkon Henriksen, Skibøtn) / s. *luohkká* (Q44 *luok'ka* 'li, fjellside, bakke') på Skibøtn kan bli sett om til både *li* og *bakke*. I Kvenangsbøtn blir f. *vaara* sett om til både *fjell*, *hump* og *haug*. I begge områda blir f. *niitty* (CHH *niitty* 'äng') oftast sett om til *slåtte*, men på Skibøtn finst det eitt døme på at appellativet er blitt bytt ut med *myr*. Mange av myrene i området var slåttemarker der folk slo både fôr og kommagse.

2.5.1.9 Døme på omsetjing eller utbyting av terrengappellativ

Både i Kvenangsbøtn og på Skibøtn er *mo* eit vanlig terrengappellativ for skogsflater. I dei finske namnpara i Kvenangsbøtn blir appellativa *kuolpano* ("enn flate" Ole Nilsen, Kvenangsbøtn; "e trur de må være trær før at de kuolpano" Jenny Eriksen Ørstad, Kvenangsbøtn, jf. s. KN *guolbâ*, *-l'bân* 'mo; tørr slette i skogregionen med renlav eller lyng (med eller uten skog)' etc.) og *plaana* ("enn (skogs)flate" Thebert Enoksen, Kvenangsbøtn) nytta, på Skibøtn er det vanlige appellativet *rova* ("sånn skog, skogstrækning" Ove Lambela, Skibøtn; samansetjinga *mellanpäällys* ('mel-overflate') blir brukt ein gong.

Når terrengappellativet *skar* finst i omsette namn i Kvenangsbøtn, er det alltid sett om frå f. *kuru* ~ s. *gurra*. (Både på Skibøtn og i Kvenangsbøtn blir appellativa brukte om mindre, langstrekte

³⁴ Når terrengappellativ blir sette om, er det ikkje tilstrekkelig å påvise at eitt appellativ blir bytt ut med eit anna. Dei semantiske felta i kontaktspråka vil nok påverke kvarandre. Først med å avdekke tydinga terrengappellativa har i områda, kan ein seie noko meir visst om korleis terrengappellativsystema i områda står i

søkk i terrenget. På Skibotn kan det òg renne ei lita elv i "ei kuru.). Det finst ingen døme på at *kuru/gurra* blir sett om til *skar* på Skibotn. Her blir appellativa nesten alltid sette om til *grop*. Det finst eitt døme på at *kuru* er blitt sett om til *krok*; f. *Suolakuru* > n. *Tjuvkroken*. Terrengappellativet *grop* blir ikkje brukt i Kvenangsbotn. På Skibotn blir det også brukt om stader som blir kalla *kuppa* ~ *kuoppa* på finsk ("Lat åss si at du har fjæll her - unner fjællfot'n her nere så e der terrænge såm låge sånn bakt - jærne me bakke åver, de e de deran kuppa - de som blir opp bak de deran bakken, de sånn fårsækning neri. De e egentli terrænge omkring såm avjør de deran ore kuppa, de blir enn sånn bokting i terrænge.") og *gohpi* på samisk (Q44 *goppe* 'hulning, fordykning, søkk, rundaktig dalsenkning, holla'). I Kvenangsbotn blir også f. *kuppa* ~ *kuoppa/s. gohpi* (jf. 2.5.2.1) brukt om mindre søkk i terrenget, men ingen av namna med desse ledda er lånte som innhaldslån (jf. òg 2.5.2.1).

2.5.1.10 Korrespondansar mellom hovudledd i namnepar.³⁵

norsk	samisk	finsk
aksel	oalgi S njunni S	olka S
bakke	čorru S dearbmi S dievvá K, S luohkká S	luokka S törmä K, S tieva S
bukt	luokta K, S mohkki K, S	lahti K, S mukka K, S
bekk	johka S	joki S
berg	bákti K, S	pahta K, S
botn	bahta K, S vággi S	perä K, S pohja K
brenne		palo S
bru	sildi S	silta K, S
båe	boadđu S	poto S
dal	gurra K muotki K vággi K, S vuopmi K vuovdi S	gorsa K kuru K mukka K muotka K taali K vankka K, S vuoma K
dam	jávri S	suvanto K lantto S
eid	muotki K	muotka K
elv	eatnu S johka K, S	eno S joki K, S uitto S väylä

høve til kvarandre.

³⁵ Lista er *ikkje* ei omsetjing frå mi side av terrengappellativa; ho er eit oversyn over korleis språkbrukarane har valt korresponderande uttrykk mellom språka. I områda finst det mange fleire brukte appellativ. Dette er altså eit oversyn over samband mellom terrengappellativa i namnepara til innhaldslån og samansette lån.

ende	geahči	pää S
fjell	čearru K čohkka S gáisi S oaivi S rášša K várri K, S	tunturi K tšokka S vaara K, S
fjord	vuotna K, S	vuono K, S
flate		kuolpano K
foss	guoika S gorži K, S	koski K, S kurkkio K
gamme	goahti S	kota S
gjerde	aita S	
grop	gohpi S gurra S	kuoppa S kuppa S kuru S
grunne	buođđu S	pakka S poto S
gryte		mukka S pata S
gård	siida S	talo K
hals	čeabet S	kaula S
haug		vaara K
helle		kivi K
hole		jurma S
holme	suolo K (Q35) sullu S suolo S	saari K, S
hump		vaara K humppi S
hytte		kämppä K tupa K
klubb	beaski K	klupu K
krok		kuru S mukka S
kulp	jorbmi S	jurma S lantto S
land	gáddi K	ranta K, S
leire	reašši K	rässi K, S
li	loapmi S luohkká S riidi S	loma S luokka S
mel	mielli S	mella S
mo	dievvá S	törmä S kuolpano K mellanpäällys S plaana K rova S
munning		suu K, S
myr	jeaggi K, S	jänkkä k, S niitty S
nakke	niski S	niska S
nase	njunni S	nokka S törmä S

nes	njárga S	niemi K, S
plass		paikka S plassi S
rygg	čielgi K várru K	
sand		hieta S
seter	geass'sadji K, S	kesäsija K, S
side		puoli S
skar	gurra K	kuru K
skjer		laassa K
skog	roavvi S rohtu S vuovdi S	metsä S outa S rova S ruto S sakea S
skred	fierahat S	vierikkö S
slette		alusta S sileä S
slätte		niitty K, S
sommarsete	geass'sadji K	kesäsija K, S
stein	geadgi K, S	kivi K, S
stille		suvanto S
straum	rávnnjáš K	virta K
stue		kämppä K tupa S
stykke		kenttä K
stø	stáffu S	
sund	čoalbmi S	
tind		pirri K ³⁶
tomt		paikka K
ur		juova S
vatn	jávri K, S láddu S luoppal S	järvi K, S
veg	bálga S	tie K, S
vik	luokta K	lahti K
voll	gieddi S eana S	kenttä maa S
våg	vuotna K	vuono K
ør		kari S saari S
øy		saari K, S

³⁶ Nemninga *pirri* finst berre ein gong i det finske materialet frå Kvenangsbotten. Det er uvisst om namnet som det finst i (Kätkäsenpirri) har vore brukt av mange. Det norske namnet Kjøkanten trur eg ikkje er lånt frå finsk. Eg held det for meir sannsynlig at det er ein finsk måte å attgje norsk *tind* (m.). Etter det eg har funne ut, er ikkje *pirri* belagt i andre stadnamn enn i dette dømet. Språklig må ordet ha samanheng med norsk *spir* (n.) nno `øvste spisse del på eit tårn'. I Hillesøy blir *spir* (f.) brukt som terrengnemning om lange utstikkande nes.

2.5.2 Lydlige lån

Fonologien i dei lydlig lånte stadnamna tar eg føre meg i kapittel 5. I denne bolken vil eg undersøke om materialet viser nokon tendens til at visse terrengappellativ blir lydlig lånte i staden for omsette.

2.5.2.1 Terrengappellativ i lydlig lånte stadnamn

Når ein samanliknar lydlige lån med innhaldslån og samansette lån, kan ein finne ut om materialet viser mønster for kva måte dei enkelte terrengappellativa blir lånte på. I dette oversynet har eg plukka ut terrengappellativ som finst minst tre gongar som lydlige lån i materialet.

Førekomst av terrengappellativ som hovudledd i lydlige lån:

Skibotn:

12 kuru
9 jokk(a)
7 ridi
5 gorso, mukka, ruto, ronkka, stælli/dælli
4 jänkkä, kuppa, lanjna
3 tjokka, uitto

Kvenangsbotn:

9 jänkkä
7 kuru
6 mukka
5 järvi
4 kuoppa
3 pahta

Oversynet viser at det er fleire av dei same appellativa på dei to plassane som er brukte tre eller fleire gongar i lydlig lånte stadnamn.

Terrengappellativ som ofte blir lydlig lånte både i Kvenangsbotn og på Skibotn:

Terrengappellativa *kuru* 'grop, lite skar, revne' (jf. 2.5.1.9), *jänkkä* 'myr', *mukka* 'bukt, krok' og *kuppa* ~ *kuoppa* 'søkk' (jf. 2.5.2.9) blir ofte lydlig lånte i begge områda. Bortsett frå *kuoppa* i Kvenangsbotn og *kuppa* på Skibotn, kan dei andre appellativa også bli sette om. Alle desse appellativa er vanlige terrengnemningar i det finske språket i dei to bygdene. I Kvenangsbotn er *kuoppa* og *kuppa* variantar med lik tyding, men *kuoppa* er mest vanlig. Tydinga av appellativet er mindre søkk eller grop (jf. 2.5.1.9.). På Skibotn er *kuppa* den vanligaste forma og blir også her brukt om senkingar i terrenget. Fleire av *kuppa*-namna er namn på mindre slåttemarker.

Kuppa blir alltid lydlig lånt, men f. *Kuolleenkuoppa* er blitt sett om til *Daudingsgropa*. *Kuoppa* og *kuppa* på Skibotn har nok ikkje heilt den same tydinga som i Kvenangsbøtn. Ein heimelsmann på Skibotn har sagt at *kuoppa* er ei større senking enn *kuppa*.

Terrengappellativ som kan bli lydlig lånte i Kvenangsbøtn, men som er sette om på Skibotn:

I Kvenangsbøtn blir *järvi* 'vatn' brukt fem gongar i lydlig lånte namn, på Skibotn er det ingen døme på lydlege lån med *järvi* som hovudledd. Alle lån på Skibotn som har eit finsk namnepar med *järvi* som hovudledd, er sette om, eller hovudleddet har falle bort (jf. s. 2.7.2 om elliptiske lån). Tre av vatna i Kvenangsbøtn som er lydlig lånte (*Tammukkajärvi*, to stk. og *Tynnyri-vankanjärvi*), ligg avsides og er neppe snakka om så ofte. Det er mogleg at dei lydlig lånte vassnamna er på veg til å bli trengde unna av dei to andre lånemåtane, for alle dei fem stadnamna med *järvi* blir også lånte som samansett lån og innhaldslån (jf. 2.5.6.1). Finsk *pahta* 'berg' er ei vanlig terrengnemning med lik tyding på begge stadene. På Skibotn blir *pahta* nesten alltid sett om til *berg*; det finst berre eitt døme på at det er lydlig lånt. Også i Kvenangsbøtn blir *pahta* oftast sett om, men det finst tre lydlig lånte stadnamn som inneheld *pahta*.

Terrengappellativ som kan bli lydlig lånte i Skibotn, men som er sette om i Kvenangsbøtn:

Jokk(a) blir oppfatta på begge stadene som det samiske ordet for f. *joki* 'elv', men er berre belagt i dei lydlege låna på Skibotn. Appellativet *ruto* er vanlig i Kvenangsbøtn, og tydinga 'kratt, tett småskog' er den same i begge områda. I Kvenangsbøtn finst *ruto* berre i eitt av dei lånte namna (*Järviruto*). På Skibotn er det fem lydlege lån med *ruto*, og fire innhaldslån som er sette om til *skog*.

Om dei andre terrengappellativa:

ridi: Terrengnemninga *ridi* 'li' finst i sju lydlig lånte stadnamn på Skibotn. Det er berre eitt stadnamn i materialet der appellativet er sett om (*Grønalia*, s. *Ruonesriidi* id.). I Kvenangsbøtn finst ordet berre i to lydlege lån: *Isoriiti* < f. *Isoriiti* og *Lappasjridi*; det siste namnet (eller begge namna) kan vere lånte frå eit samisk namn som ikkje er belagt).

gorso: Dette appellativet er vanlig brukt på Skibotn om tronge skar der det renn ei fossande elv. Det er det einaste appellativet som får bøyingsending av terrengnemningar som ikkje er av norsk opphav (jf. 2.6.1). I Kvenangsbøtn blir forma *gorsa* brukt i staden for *gorso*, men tydinga er den same (jf. 2.6.1 om opphavet til nemninga). *Gorsa* finst i to lydlege lån i Kvenangsbøtn.

tjokka: Det opphavlig samiske appellativet *čohkka* 'fjelltopp' blir brukt i lydlig lån på begge stadene, tre gongar på Skibotn og to gongar i Kvenangsbotn. På Skibotn kan appellativet også bli sett om til norsk *fjell*.

uitto: Terrengnemninga *uitto* på Skibotn kjenner eg ikkje brukt i proprium Kvenangsbotn, men appellativ bruk er vanlig. Tydinga av appellativet *uitto* i finsk på Skibotn er 'avlangt søkk med vatn, gammelt elveleie der det står vatn, liten grunn sidearm av elv'. Denne tydinga er overført til norsk *gjet* ~ *gjote* (f.) (Skibotn: /en: 'jo:te/ f.) som elles i norsk har tydinga Nno 'liten dal; (langstrekt) søkk, lægd; skar; grasslette mellom berg'. Det norske ordet har lydlig likskap med *uitto* og dimensjonen 'mindre djuplende' er felles i begge orda. I Kvenangsbotn har *uitto* tydinga 'vassfylt renne eller søkk som ein kan komme gjennom med robåt i ei lang utfjære'. Ordet finst i mange finske dialektar med m.a. tydinga 'vassfylt renne e.l.'; jf. òg KN s. *ui'to* 'liten innskjæring i elvebredden [...]; liten kjos i et vann; temmelig stor lad'do (dam), nokså smal og lang'.

stælli, dælli: Forma *stælli* kjem av samisk *stealli*; KN *stæ'le* '(berg)avsats (om avsats, lem, terrasse i fjellside hvor det er nakent berg' og *dælli* er av f. *tälli* som er lånt frå samisk *stealli* (id.). Terrengnemninga finst i stadnamn på Skibotn, men i Kvenangsbotn er ordet vanlig i appellativ bruk på finsk. Ordet er jamvel lånt inn som terrengnemning i norsk både på Skibotn og i Kvenangsbotn. I Kvenangsbotn blir det sagt at "dælli e enn sånn liten flate i enn stigning, på finsk så bruke *dæm* /'dæ:l:i/, *mæn* /'dæ:λ:e/ når de e på nårsk" (Ole Nilsen, Kvenangsbotn). Forma *stælli* blir oftast brukt i stadnamn på Skibotn, men i appellativ bruk på finsk er det forma *tälli* som blir nytta. Jamfør replikken frå Skibotn: "Ka de ore /'stæ:l:i/ betyr, de aner e ikke; /'dæ:l:i/ ijænn de e sånn plattå i ei fjælljsia" (Håkon Henriksen, Skibotn). I intervjua frå Skibotn finst det replikkar med appellativisk bruk der informantar forklarar korleis ulike stader ser ut, jf. "de e altså sånn dæll, sånn flate såm e mitt i bakken" og "de derran dælle der oppe, de blir altså [...]"³⁷.

ronkka: Terrengnemninga er mykje brukt i dei finske stadnamna på Skibotn og finst i fem lydlig lånte stadnamn som hovudledd. I Kvenangsbotn er appellativet nesten heilt ukjent, men skal visstnok tidligare ha vore meir brukt (oppl. frå Ole Nilsen, Kvenangsbotn). I det finske materialet frå Kvenangsbotn er forma *runkka* belagt i eitt stadnamn (*Hillapahdanrunkka* 'moltebærberggropa') som namn på ei grop. Nemninga blir alltid lydlig lånt på Skibotn, aldri sett om. Folk forklarar appellativet etter stadene som blir kalla *ronkka* på Skibotn. Desse stadene er ofte revner i sandbakkar der ei lita elv har aurt seg ned. Ordet har samisk opphav (jf. SKES *runka*); KN s. *rög'ge* 'fordypning, hulning, grop; (elve)far, elvedal'. To av stadene på Skibotn

³⁷ I min eigen dialekt har eg terrengnemninga *deld* (f.) /ei de:l:a/ som betyr 'mindre søkk, grop'. Dei eg har spurt i Kvenangsbotn og Skibotn, har ikkje kjent til dette ordet. Lenge trudde eg at *enn dæll(e)* var det same som *deld*, og når eg snakka om /ei "de:l:a/, må heimelsfolka trudd at eg meinte *enn dæll(e)*.

som på finsk har namn med *ronkka* som hovudledd, blir kalla *Rasingen* og *Gammel-Rasingen* på norsk. *Rasing* (m.) blir oppgjeve å vere ei terrengnemning på Skibotn, det blir forklart som ei revne der sanden rasar ned frå kantane. Begge namna er lånte inn i finsk, *Raasinki* og *Vanha-Raasinki*, (som namnepar til *Ronkka* og *Vanha-Ronkka*). Dei norske namna kan derfor ikkje vere heilt unge.

lanjna: Denne terrengnemninga finst berre i lydlig lånte namn på Skibotn, men er vanlig brukt som appellativ i den finske dialekten på staden. Heimelsfolka seier at *lanjna* er om lag det same som 'dælli'. Ordet er heilt ukjent i Kvenangsbotn. *Lanjna* er lånt frå samisk Q44 *lâdnja* 'åpning under eller mellom ngt., lem, benk i en fjellside'.

2.5.2.2 Korfor blir nokre appellativ lydlig lånte, mens andre blir sette om?

For å kunne seie noko nærmare om korfor nokre appellativ blir lydlig lånte, mens andre heller blir sette om, måtte ein analysere dei semantiske felta som terrengappellativa går inn i. Ein slik analyse går utafor rammene for dette arbeidet, eg vil derfor berre nemne nokre tendensar.

Tre av appellativa som berre blir lydlig lånte eller ofte blir lydlig lånte, er ord for ulike slags senkingar (*kuru*, *kuoppa* ~ *kuppa*, *ronkka* og *mukka* i tydinga 'krok ~ krå'). *Gorso* og *uitto* på Skibotn er også senkingar, men dei er fylte med vatn. På Skibotn er *stælli* ~ *dælli* og *lanjna* nemningar for avsatsar. Det ser ut til å vere ein tendens til at nemningar som inngår i eit findelt semantisk felt (t.d. ulike slags senkingar) blir lydlig lånte. Av mangel på tilsvarande nemningar i norsk på staden, er det lettast for stadnamnbrukarane å halde på nemningane som finst i stadnamna. Både *luokka* og *ridi* på Skibotn blir forklarte som ulike slag brattlende eller som norsk 'li'. *Ridi* blir med eitt unntak alltid lydlig lånt; *luokka* blir to gongar lydlig lånt, ein gong finst det som namnepar til *li*, men elles blir det sett om til *bakke*. For å kompensere på mangelen av høvelige terrengnemningar i norsk for samiske og finske nemningar, kan appellativ bli tekne opp i norsk. Ord i norsk som lydlig eller semantisk har fellesdrag med eit finsk eller samisk appellativ, kan få nytt innhald i norsk (jf. t.d. *gjøt(e)*).

2.5.3 Samansette lån

Dei aller fleste stadnamna som er samansette lån, har lydlig lånt utmerkingsledd, og hovudleddet er sett om. Det finst berre eit fåtal namn som har lydlig lånt hovudledd og omsetjing av utmerkingsleddet. Desse namna er Hestestælli, Nerguoki, Øverguoki, Ner-Kuppa, Midter-Kuppa, Øver-Kuppa, Storluoka, Inner-Hotten og Ytter-Hotten på Skibotn; Inner-Navit, Ytter-Navit, Lilleroossa og Storruossa i Kvenangsbotn. I desse namna er den appellative tydinga kjent berre i *kuppa*, *stælli* og *luoka*. Tydinga av dei andre namneledda er ikkje kjent, derfor har dei heller ikkje vore moglege å setje om. Zilliacus 1980:340-341 seier at "Fall som *Lillkuljun* av *Pikkukulju* hör med all sannolikhet til klassen av översättningar innehållande tidigare lånade ortnamn." Det er ikkje greitt å vite kva denne utsegna seier. Kanskje tyder det at *Kuljun* finst

som lån i svensk og *Lillkuljun* er laga på svensk som namn på ein naturformasjon tett ved. *Pikkukulju* (id.) finst på finsk om den same naturformasjonen, men det svenske namnet er ikkje lånt. *Lillkuljun* ser ut til å bli rekna som ei sjølvstendig namnelaging med utgangspunkt i *Kuljun* som alt er lånt. Som tidligare nemnt under pkt. 2.2.5.1.3, ser eg bort frå slik namnelaging i mitt materiale. I mine undersøkingsområde har det ikkje eksistert ei norsk gruppe som har gjeve namn uavhenging av samar og finnar. Her er det snakk om eitt folk som har gått gjennom/gjennomgår ein språkbytteprosess der stadnamna blir prega av endringane i dei språklige bruksmønstra til ein folkesetnad som gjennomgår språkskifte.

Stadnamn som har eit personnamn i utmerkingsleddet, har eg rekna som eit samansett lån. Zilliacus 1980:321, 341 kaller slike lån for "översättning med hjälp av namn" eller "propriell översättning". Eg reknar ikkje lånte namn med eit personnamn i utmerkingsleddet som eit omsett namn. Omsetjing definerer eg som det å setje meining eller innhald over frå ei form til ei anna form. Personnamn som andre proprium, har ikkje innhald på same måten som andre språklige teikn. Når namnelaginga er gjennomført, er det sjølve denotatomet som er innhaldet for propriet. Skulle eit namn som t.d. *Tertunniemi* reknast som ei omsetjing, måtte namnet bli "Klaseneset" (NPL f. *terttu* 'klase' som t.d. i drueklase, også brukt som kvinnenamn). Formene *Petter*, *Pietari*, *Biera* reknar eg som lydlege tilpassingar til språka norsk, finsk og samisk av namnet *Pétros*, jf. NPL "gr. *Pétros*, [...] er ei direkte omsetjing av arameisk *Kēfā* 'stein, berg', det tilnamnet Jesus gav Simon, føraren i apostelflokken".

2.5.4 Namn laga på norsk til eit lånt stadnamn(ledd) eller namn(eledd) av uklårt opphav, og opphavlig norske namn

Det eldste dokumenterte norske namnet i materialet er Kvenangen som i dag er namn på både fjorden og kommunen. Det er første gongen belagt i 1567 (sjå vedlegg 1). Resten av dei norske namna i materialet er nok mykje yngre namn. Dei er forståelige (gjennomsiktige) og er ikkje lydlig "slitte". Namngjevingsårsaka er kjent for ein stor del av desse namna. I materialet er det teke med nokre bruksnamn, såkalla kunstige namn, som er gjevne på grunn av at matrikulert eigedom må ha namn. Slike namn har eg ikkje samla systematisk. Det er jamt over berre namn på eigedommane til heimelsfolka som har komme med. Ofte er det greitt å begynne eit intervju med å spørje om namnet på plassen til informanten. Dessutan er det med nokre "kunstig gjevne" namn som blir brukte av folk i bygda.

2.5.4.1 Hovudledd i nylaga og opphavlig norske namn

Oftast er hovudledda terrengappellativ. Dei fleste terrengappellativa som finst i innhaldslån og samansette lån, finst også i namn som har komme til ved namnelaging på norsk. Berre nokre få av appellativa finn ein ikkje i dei lånte namna.

Undersøkinga av terrengnemningane som blir brukte på norsk ved innhaldslån og samansett lån, viser at talet på terrengnemningar er blitt redusert samanlikna med det som finst i namnepara

på finsk og samisk (jf.2.5.1 og 2.1.5.10). Når ein finn andre terrengappellativ i stadnamn som ikkje er lånte i høve til appellativa i dei lånte namna, ser ein at terrengappellativsystemet er meir nyansert enn det som går fram av 2.5.1.10. Nokre av desse terrengnemningane vil eg gjøre nærmare greie for i oversynet som følger.

Hovudledd på Skibotn som ikkje finst i dei lånte namna på staden:

Terrengappellativ:³⁸

li (brattlende), *hakk* (djuplende), *haug* (lita høgd), *hellar* (berg), *hole* f. (kulp), *rasing* (skore i sandbakke der ei elv grev), *skar* (djuplende)

Samanlikningsord:

arm (veg), *port* (berg), *støvel* (snøfleck), *sving* (bukta av ei elv), *triangel* (jordstykke)

Artefakta:

demning (elveførebygging), *gate* (vegstubbe), *grind* (stengsel), *hytte* (bygning), *park* (slette, tidl. lagringsplass), *straumbrytar* (elveførebygging), *tollstasjon* (tollbu), *kanal* (del av elv der det har vore grave), *sti* (gangveg)

Ymse:

fløtte (berg), *flekk* (stad med grønt gras), *kant* (bakkekam), *leir* (ymse slag lagringsplass), *skarvskit* (berg), *torv* (fleck med grønt gras), *vaier* (kulp der det går ein taubane over elva)

Hovudledd i Kvenangsbotn som ikkje finst i dei lånte namna på staden:

Terrengappellativ:

bekk (lita elv), *grunne* (fiskegrunne), *hage* (lite innhegna jordstykke), *helle* (stein), *hol* n. (utviding i elv), *lem* (avsats), *li* (brattlende), *mel* (sandbakke), *nakke* (berg), *odde* (enden av eit fjell) *slette* (flatt lende), *sving* (krum vegstrekning), *tjørn* (lite vatn), *ur* (steinate brattlende), *val* (grunt havstykke mellom to øyar).

Samanlikningsord:

kjerke (berg), *port* (trong passasje)

Artefakta:

gruve (hole etter minealutvinning), *gjerde* (stengsel), *skjering* (utsprenging)

Ymse:

plass (tømmerlagringsplass), *tronge* (trongt skar)

³⁸ Det er svært problematisk å grunngje kva som er terrengappellativ og kva som ikkje er det. Eg finn ikkje grunn til å ta opp denne diskusjonen her sjølv om eg gjør merksam på problemet.

2.5.4.2 Kommentar til nokre av terrengappellativa

bekk m.: I Kvenangsbotn blir terrengnemninga *bekk* brukt åtte gongar i opphavlig norske stadnamn (sju gongar som hovudledd) om elvar med lite vassføring. Alle stadene der appellativet er hovudledd, ligg i området opp mot Nordbotndalen og i sjølve dalen. Elles i Kvenangsbotn blir *elv* brukt om både store og småe elver. Skibotn som kvantitativt har mange fleire stadnamn enn Kvenangsbotn knytte til vassdrag, har ikkje teke i bruk nemninga *bekk* i anna enn eitt omsett stadnamn. I dei finske og samiske namnpara i Kvenagsbotn og på Skibotn finst òg berre f. *joki* 'elv' og s. *johka* id. som terrengnemning for store og småe elver.

hage m.: Dette terrengappellativet er berre brukt på ein plass i undersøkingsområda. I Kjækan i Kvenangsbotn finst det ti stadnamn med *hage* som hovudledd brukt om småe jordstykke. Tidligare har dei vore namn på plassar der det har budd ein person eller ein familie. Tydinga blir forklart å vere "såanne småe jorstøkka såm de jære runjt så kallje dæm de førr hage, i Kjækan dær e jore såm dæm kalljte førr hagen - dæm brukte å kallje ætte menneskenavn først å si at dær dæn j bodde, de va hagen" (Jenny Eriksen Ørstad, Kvenangsbotn). Aasen oppgjev at *hage m.* er 1. 'en Have, omhegnet Plantning' 2. 'et Gjørde, Hegn (= Skidgard)' 3. 'Græsgang for Kreaturene, Græsmarker'. Den første tydinga er vanlig både på Skibotn og i Kvenangsbotn, men denne bruken er det ikkje døme på i stadnamn. Frå Bjarkøy er denne tydinga av ordet den einaste kjente (Klæbo 1975:63). Selnes 1939:23 oppgjev også denne tydinga i sju av åtte namnebelegg frå Sortland. I Vefsn oppgjev Lundestad 1975:84 at ordet har tyding 1 og 3. Tydinga eg kjenner av ordet frå Hillesøy, er alltid berre tyding 1, og hagen må ligge attmed eller rundt eit våningshus. Ingen av tydingane som Aasen gjev, er den same som i Kvenangsbotn. *Norsk stadnamnleksikon* oppgjev dessutan at *hage* er brukt som plassnamn. Eg meiner ein må rekne hagenamna i Kjækan som ein slags plassnamn. Ni av namna har eit personnamn i utmerkingsleddet; folk opplyser at namngjevinga skriv seg frå den tida det blei drive gruvedrift i Kjækan (jf. 1.3.2). Nokre av gruvearbeidarane hadde småe jordstykke og eit lite hus. *Norsk stadnamnleksikon* opplyser:

I Meldal, Sør-Trøndelag, var t.d. -håggån det vanlegaste av alle kulturgrunnord i plassnamn. I Gudbrandsdals-bygdene er slike plassnamn også vanlege, men ikkje særleg talrike. [...] Førsteleddet gir ofte namnet eller yrket til plassmannen.

Nokre av personnamna i utmerkingsledda finst i folketeljningane frå 1865 og 1875. Det gjeld namna *Simenhagen*, *Tiberhagen* og *Linhagen*. Desse personane arbeidde på kopparverket i Kjækan. Av 24 norske verksarbeidarar i 1865 var 21 frå Sør-Trøndelag, Nord-Østerdalen og Nord-Gudbrandsdalen, tre var frå Talvik sokn. Dei fleste av arbeidarane hadde kone frå same område som dei sjølve kom frå, og det var barnerike familiar. *Hage*-appellativet i Kjækan set eg i samband med det sterke innslaget av arbeidarar frå område der dette appellativet er svært mykje brukt som namn på husmannsplassar. Meir enn ein tredjedel av dei opphavlig norske namna i

Kvenangsbotn finn ein i Kjækan. Dette set eg òg i samband med det store innslaget av nordmenn på plassen i verkstida.

Haug m.: Terrengappellativet *haug* er svært vanlig i norsk. På Skibotn finst det berre to stadnamn med dette appellativet sjølv om ordet er vanlig i dialekten. Begge namna manglar namnepar på samisk og finsk. Det eine namnet, *Kvenangshaugen*, har opphav i bygginga av den nye vegen gjennom Skibotndalen på 1960-talet. Det andre namnet, *Sankthanshaugen*, seier folk er komme til etter andre verdskrigen. Begge namna merker ut små høgder i landskapet, eller terreng som etter mi oppfatning er ein haug (jf. Nno *haug* '(mindre, rundvoren) høg d i terrenget'). Denne typen terreng har elles ymse slag namn i bygdene. Ein liten sandhaug på Skibotn blir kalla *Nedstevasshumpen*, staden har òg eit lydlig lånt namn, *Sjolpi*. *Sjolpi* kjem av samisk Q44 *čol'pe* 'liten hump'. Ei anna lita, utflata høg d, blir kalla *Sjorpa* av samisk Q44 *čuo'ba* 'en haug omgitt av skog'. Heimelsfolka kjenner ikkje til tydinga av desse appellativa. Oftast blir appellativa *hump* og *fjell* brukte om låge, rundvorne høgder. (*Fjell* blir også brukt om store høgder, men det blir ikkje *hump*). Den minste høgda som blir kalla *fjell* på Skibotn, er ein 36 m høg rund, skogkledd haug (Lille-Rundfjellet, f. Pikku Ymmyräisvaara).

I Kvenangsbotn er det berre tre stadnamn som inneheld appellativet *haug*. To av stadene har berre namn på norsk (*Daudmannshaugen* og *Himmelhaugen*), men *Gærbikkhaugen* blir kalla *Kärpikänvaara* på finsk. *Daudmannshaugen* ligg på Årøya, og namngjevingsårsaka er ukjent, men blir sett i samband med noko som liknar på gravtufter (jf. replikken "æ vet ikke korfor, dær e antydning te nån gravplassa dær"). Utmerkingsleddet *Daudmanns-* er kjent brukt mange stader i Nord-Noreg når ei eller anna ulykke har funne stad som har ført til daude (jf. 2.5.1.3). Årøya fikk norsk busetnad på slutten av 1700-talet (jf. 1.4.2), og den første familien og etterkommarane har budd lenge på øya. Eg har berre registrert berre nokre få stadnamn frå Årøya, for øya er folketom i dag. Forutan *haug* finst også appellativet *val* som er "utypisk" for terrengappellativa i Kvenangsbotn. (Namnet *Valen* blir brukt om eit lite sund mellom Stor- og Lille-Årøya som fell tørt på fjære sjø. Eg har ikkje undersøkt om *val* er brukt som appellativ, eller om det berre finst i dette propriet). Ut frå det spinkle namnetilfanget tør eg ikkje seie at namna kan ha noko å gjøre med den norske busetnaden på øya.

Himmelhaugen ligg ytst i Sørfjorden på Peorakkaneset ~ Peurakanniemi. Det er ikkje kjent at staden har hatt namn på finsk eller samisk. Eg har heller ikkje opplysningar om kor lang tid namnet har vore kjent. Det tredje haugnamnet i Kvenangsbotn, *Gærbikkhaugen*, har eg rekna som eit lån frå finsk *Kärpikänvaara* (f. *vaara* 'fjell'. Ein kunne òg tenke seg at *Gærbikkhaugen* er ei seinare namnelaging som er kommen til på norsk uavhengig av det finske namnet på grunn av at *haug* er lite brukt i stadnamn, og at det ikkje er andre døme på at *vaara* er blitt erstatta av *haug*.

Hol n., *hole f.*, *høl m.*: På Skibotn finst *hole f.* brukt som hovudledd i to namn på kulpar i Skibotnelva, *Leirhola* /'leirhol:a/ og *Gustavsenhola* /'gʊstafsnhol:a/. Desse kulpane har ikkje namn på finsk eller samisk. I dei lånte namna på kulpar i Skibotnelva (innhaldslån og samansett lån), blir appellativet *kulp* nytta for s. *jorbmi* (Q44 (Lg.) *jur'me* 'dypt sted i en elv', f. *jurma* (id.) og fSk. *lantto* 'dam, tjønn' (jf. Söderholm 1983:49 om at denne tydinga av ordet er berre kjent i Nord-Finland). Når f. *suvanto* ('stilleflytende del av elv' Rautio 1987:74) er sett om, blir appellativet *stille f.* brukt på Skibotn og *kulp m.* og *høl m.* i Kvenangsbotn. *Kulp* og *høl* er synonyme i Kvenangsbotn. På Skibotn blir *kulp* nesten alltid berre brukt om djupare stader i ei elv (dvs. fiskeplassar); *hole f.* er eit vanlig appellativ i språket; i stadnamn er det berre brukt om desse to fiskeplassane). *Høl* i Kvenangsbotn blir brukt i to namn, *Lakshøla* og *Nilshøla*. *Lakshøla* har berre namn på norsk, men *Nilshøla* blir kalla *Niileksensuvanto* (id.) på finsk. I tillegg blir *Nils sin kulpen* brukt på norsk. I Kvenangsbotn blir *hol n.* nytta ein gong i namnet *Vaskebekkholet* /'vaskebæk:hol:e/, som er ei utviding av ei lita elv der ein kunne skylle klede. Dette namnet er berre kjent av folket på ein gard og visstnok ikkje gammalt.

skar n.: Nemninga blir berre brukt i dei opphavlig norske namna på Skibotn og er brukt om tre mindre revner på tvers i eit lågt fjell (Innerskaret, Mellomskaret og Ytterskaret). Dei same plassane blir også kalla Inner-, Mellom- og Ytterhakket. I Kvenangsbotn blir *skar* berre brukt i namn der f. *kuru* og s. *gurra* er blitt sette om (jf. 2.5.1.9).

2.5.5 Uklåre namn

Mengda av namn som eg ikkje har postulert opphavet til, er låg, berre 5.6 % av Kvenangenmaterialet og 2.4 % av Skibotn-materialet. Det er ikkje råd å grunngje kvart enkelt namn som eg reknar har uklårt opphav, eg kan berre ta fram nokre døme.

Mange av desse namna inneheld appellativ brukte som proprium. Språklig sett er dei ikkje uklåre, men klassifiseringsmåten er problematisk. Til dømes blir eit berg på Skibotn kalla *Hottiberget* på norsk og *Hotinpahta* på finsk (id.). Folk som bur tett ved, kallar staden berre for *Berget*. Det norske namnet *Hottiberget* reknar eg som lånt frå det finske namnet. På finsk er det ikkje registrert liknande bruk av appellativet *berg*, f. *pahta* som proprium. Ein kunne rekne tilhøvet *Hottiberget - Berget* som ei elliptisk namnelaging som er skjedd på norsk (jf. 2.7.2 om elliptiske lån). Når *pahta* ikkje er registrert som proprium, kan det vere reint tilfeldig at namnebruken ikkje har komme med under intervjuet. Mange heimelsfolk ser ikkje på denne typen namn som stadnamn. Ofte er det svært vanskelig å vite om ein har med fast namnebruk å gjøre eller ikkje. På grunn av at det er vanskelig å vite korleis appellativ brukte som proprium skal klassifiserast i høve til det norske namnet og namneparet til det norske namnet, har eg klassifisert slike proprium som namn med uklårt opphav.

Nokre av namna som eg reknar til denne gruppa, er uklåre språklig sett. Til dømes er n. *Hattiskollen*, f. *Hattiskolli* (namn på ein voll på Skibotn) eit namn som eg ikkje kan avgjøre det språklige opphavet til. Andre namn er klåre språklig sett, men likevel fører eg dei opp som uklåre. Det gjeld t.d. *Aspevika* i Kvenangsbotn, på finsk blir plassen kalla *Rajakuru* ('grenseskaret'). I folketeljinga 1865 bur det ein familie i 'Aspevig'. På grunn av at namnet er belagt alt i 1865 før norsk var i allmenn bruk (jf. 1.5.5), reknar eg det som usikkert at namnet opphavlig er norsk.

I Kjækan finst namneparet n. *Lavinastykket* f. *Lavinankenttä* (f. *kenttä* 'voll'). Dei språk-historiske tilhøva i Kjækan gjør at eg ikkje vil avgjøre opphavsspråket til namneparet. I Kjækan oppstod det ei gruppe av norsktalande tidligare enn andre stader i Kvenangsbotn. Det budde også svært mange finsktalande på staden under verkstida, derfor vil eg ikkje seie at opphavsspråket er finsk eller norsk utan at eg kan grunngje det språklig.

Det finst også tilfelle der det finske (evt. samiske) namneparet inneheld ord som opphavlig er lån i frå norsk. Ordet kan vere lånt inn i den finske eller samiske dialekten, og namnet er blitt laga på finsk eller samisk seinare. Det er også moglig at stadnamnet er laga på norsk og seinare lånt inn i finsk og/eller samisk. I Kvenangsbotn er n. *Dalen*, f. *Taali* døme på dette. Det same gjeld n. *Gamdalen* nær Kjækan, f. *Kammivankka*.

2.5.6 Doble lån - eller bruk av fleire lånemåtar av eitt namn

Mange samiske og finske stadnamn kan bli lånte ved at meir enn ein lånemåte blir brukt. Det finst jamvel døme på stadnamn som er lånte ved alle tre lånemåtane. Bruk av fleire måtar for å låne det same stadnamnet er vanlig både på Skibotn og i Kvenangsbotn. Dette trekket kan ein tolke som eit uttrykk for at det ikkje er etablert faste mønster for bruken av stadnamna. Språkskiftet i bygdene fell saman i tid med endringar i drifts- og næringsformer som igjen gjev årsak til namnedaude og ustabilitet i namnebruken. Den rike variasjonen i namnebruken kan ein samanlikne med språka i områda (i alle fall finsk og norsk), som viser stor variasjon i bruken av ulike språkdrag. Lindgren 1985:12 seier om dei finske dialektane i Noreg at "en betydelse - mange former [...] er typisk for disse dialektene, spesielt for Nordreisa-dialekten". Ho forklarar formrikdommen i Nordreisa-dialekten med at finsk er eit minoritetsspråk med sterk påverknad utanfrå utan noko standardspråk bak seg som verker normgjevande. Lindgren 1985:7 seier "I et levende språk fins der alltid noe variasjon som avspeiler pågående forandring". Den store variasjonen i stadnamntilfanget er nok uttrykk for ei tilsvarande forandring i systemet som enno ikkje har funne ein ny fast struktur.

2.5.6.1 Oversyn over doble stadnamnlån

innhaldslån	lydlig lån	samansett lån	form som namnet er lånt frå
<i>Kvenangsbotn:</i>			
Bergvatnet Fjellgropevatnet Bjørnegropa	Badajávri	Baddavatnet Pahtakuoppavatnet	s. Badajávri f. Pahtakuopanjärvi
Gåsvatnet Innerbukta Kivatnet Knutvatnet	Sisämukka	Äijänkuoppa Hanhivatnet	f. Äijänkuoppa, Äijäsenkuoppa f. Hanhijärvi f. Sisämukka
Kvilarbakken Lomvatnet	Solmijärvi	Kitsi-Pirjetvatnet Solmivatnet	f. Kitsi-Pirjetan järvi f. Salmijärvi, Solmajärvi, Solmijärvi
	Lepäystörmä	Kakorivatnet	f. Lepäystörmä f. Kaakkorijärvi
	Maripahta Muonajänkkä	Marriberget Muonamyra	s. Gáhkorjávri f. Maripahta f. Moonajänkkä, Muonajänkkä
	Sappisvuoma	Pekkavatnet Peorakkaneset Sappisdalen Saukkopahta Kokkokivi	f. Pekanjärvi f. Peurakkaniemi f. Sappisvuoma f. Saukkopahta f. Kokkokivi
Oterberget Ørnestein Ørretvatnet	Tammukkajärvi	Tammukkavatnet	f. Tammukkajärvi s. Dápmotjávri
Ørretvatnet Tynnevatnet	Tammukkajärvi Tynnyrivankanjärvi	Tammukkavatnet	f. Tammukkajärvi f. Tynnyrivankanjärvi
<i>Skibotn:</i>			
Aspegropa Bjørnskogen	Haapakuru Pillinrova Karhuruto	Billiskogen	f. Haapakuru f. Pillinrova f. Karhuruto s. Bierdnavuovdi
	Porikuru Porimaa	Borrigropa Borrivollen	f. Porikuru f. Porimaa s. Boareena
Brannlia Bærdalen Bærfjeldalen Bærfjellkroken Bærfjellet	Polvariluokka Palosaarenluokka Marjavaaranmukka	Borvarbakken	f. Polvariluokka f. Palosaarenluokka f. Marjavaaranmukka
	Marjavaara		f. Marjavaara s. Muorjevári
	Dolvo	Dolvobakken	f. Tulvu, Tulvuntörmä s. Dulvu
	Dælli	Stællibakken Surmalahti	f. Tælli, Tællintörmä f. Surmalahti
Døbukta Elvemyra	Johketjæggi		f. Johketjækki s. Johkagátjeaggi
	Karvonkivi	Karvossteinen	f. Karvosenkivi s. Karvosageadgi

	Hotinuitto Iikankivi	Hottielva Isaksteinen	f. Hotinuitto f. Iiskonkivi, Iisakinkivi
Jens si stilla Kjærlighetsgropa	Jensinsuvanto Rakkauskuru Kuppajänkkä	Kuppamyra	f. Jensinsuvanto f. Rakkauskuru f. Kupanjänkkä
Kvalberg ³⁹	Båssoberget		f. Possupahta s. Boss-oai've (Q35)
Lappegropa	Laokajokka Lapinkuru Marjankuru	Laokaelva Marjagropa	s. Lávkajohka f. Lapinkuru f. Marjankuru
Merradalen ⁴⁰	Tammavankka		s. Márjagurra f. Tammavankka s. Dámmávággi
	Myllykuru Nallojänkkä Rieppijokka	Mullugropa Nallomyra Rieppielva	s. Myllykuru f. Nallujänkkä f. Rieppijänkkä
	Råttovarre	Råttofjellet	s. Rihpojohka f. Ruottuvaara
Tjuvkroken	Suolakuru		s. Ruhtovárri f. Suolakuru

2.6 Morfologiske drag ved stadnamna

Eg vil berre ta føre meg enkelte morfologiske drag ved stadnamna som eg meiner kan komme av at namna er blitt til i eit fleirspråklig miljø.

2.6.1 Einledda namn

Språkmaterialet som blei analysert av Bull, Junttila, Pedersen 1986 om nominalfrasen i skibotnålet, viser ikkje overvekt av hankjønnsformer i konstruksjonar som vik av frå genusmarkering i nordnorsk elles. Hankjønns- og inkjekjønnsbøying blir nytta om lag like mykje i former med genusveksling. Ein del av dei einledda stadnamna som er tekne i bruk på norsk, får tillagt hankjønnsending i bunden form eintal av substantiv. Det er ingen namn av dette slaget med inkjekjønns- eller hokjønnsendingar.

Desse døma finst i materialet:

S f. *Hotti* > n. *Hotten* (uoff. bruksnamn); av *Hotti* (samisk slektsnamn, jf. Friis 1872:62).

S f. *Iivari* > n. *Ivaren* (uoff. bruksnamn); av personnamnet *Ivar*.

³⁹ Kvalberg er namnet på ein fråflytta gard som ligg attmed eit berg kalla *Båssoberget*; s. TF *bås'so`nise`*. I dag kjenner ikkje folk til at desse to namna har felles språklig opphav.

⁴⁰ Namnet *Merradalen* blir ikkje brukt av folk i bygda. Namneforma finst på kart M816, og einkvan har sett om namnet slik at det er kommen på kartet. *Merradalen* er sett om frå f. *Tammavankka* ~ s. *Dámmávággi*: jf. f. *tamma`merr`*, s. *dam`ma`merr*, hoppe, fSk. *vankka*, s. *vággi`dal`*.

S f. *Henko* > n. *Hengen* (bratt flåg som det renn ei elv utover). Namnet finst to ulike stader på Skibotn. Sluttvokalen i det finske namnet viser at det trulig kjem av s. KN hængo 'fjellskrent som henger utover' (jf. òg f. SKES *henka* 'berg (vegg)').

S n. *Gorsoen*. Dette namnet finst tre ulike stader på Skibotn som namn på tronge skar eller kløfter med ei brusande elv. Appellativet kjem frå f. *kursu* som etter SKES er lånt frå s. *gur'sho* ~ *gør'sâ*. Jamfør s. KN *gur'sho* 'dypt, stygt skar; dyp nedskjæring (f. eks. i en elvemel) med svært bratte sider' og s. *gør'sâ* ~ *kør'sâ* 'større kløft eller trang og dyp, ulendt dal, med el. uten elv i bunnen.

K s. *Báttar* > n. *Badderren* (grend) (Jamfør NS *bád'dat* vb 'svelle opp (om elv), gå over sine bredder fordi laupet er stengt' etc.).

K *Linken* (bratt bakkekneik); samisk eller finsk namn er ikkje nedteikna. Namnet må likevel ha opphav i ei samisk eller finsk terrengnemning. Jf. Q44:44 "*liŋ'kâ* : *bakte-liŋ'kâ* (Lg.) 'trin i et berg, så man slipper op; jfr. fn. *linkka* (brant klippa, utför hvilken vattnet faller i forsen)." På Skibotn finn ein terrengnemninga *linkka* i den finske dialekten på Skibotn i namna *Luurulinkka* og *Luurulinkkkamyran*. Den appellative tydinga er 'liten bakke, bakkekneik'.

Qvigstad 1935 har òg døme på denne typen namnelaging frå andre område. Ved Årøya i Lyngen er det ein stad som heiter *Buŋ'ki* på samisk og *Bunken* på norsk (Q35:58). I Rottenvika (Lyngen) finst bruksnamnet *Sattar* på samisk og *Saterren* på norsk (Q35:55).

Namn som er blitt lånte ved ellipse av hovudleddet, kan også få endinga for bunden form eintal av hankjønnsord. Namnet på eit fjell i Signaldalen (Storfjord) er n. *Polvaren* (oppl. frå innsamling i 1985). Qvigstad 1935:47 oppgjev at det samiske namnet er *Pul'va-čok'ka*. Gardsnamnet *Perten* i Kvenangsbotn er ei elliptisk namneform der hovudleddet i det samiske namnet *Berthegiedde* (ft. 1875) har falle bort (sjå 2.8.2.). Utmerkingsleddet kjem av s. KN *bâr'tâ* ~ *pâr'tâ* 'finsk stue, stue (om et værelse)' etc. Folketeljinga i 1875 oppgjev også ei norsk form *Pertheeng*. Det er òg moglig at *Perten* har utvikla seg frå denne forma, men helst trur eg at dette er ei "papirform" som ikkje har vore brukt.

2.6.2 Dobbel bunden form

Både Lorentz 1982:142-143 og Bull, Junntila, Pedersen 1986:68-69 omtalar konstruksjonane med bunden form av substantiv etter possessive ledd. Slike konstruksjonar finst det mange av i stadnamn med eit personnamn som utmerkingsledd. Dei fleste namna er frå Skibotn, berre to slike stadnamn har eg registrert i Kvenangsbotn. I materialet mitt finst det fleire døme på at uttrykksmåten også er brukt elles i språket, ikkje berre i stadnamn. På Skibotn er kanskje

konstruksjonen vanligere i stadnamn enn i anna språkbruk; fleire av stadnamna inneheld namn på personar som lever i dag. Det er eit teikn på at konstruksjonen er produktiv.

Lorentz (op.cit.) forklarar konstruksjonen som overgeneralisering av regelen om dobbel bestemming i norsk. Sidan dobbel bestemming særlig finst i stadnamn, kan det også vere ein måte å uttrykke det finske genitivsmorfemet morfologisk på norsk. Jamfør namneparet frå Skibotn: f. Jensinsuvanto (genitivsmorfemet er understreka) og n. Jens sin stilla /'jænsinstiːa/ (f. *suvanto* 'stilleflytande del av elv, kulp'). Utmerkingsledda blir uttalte likt på finsk og norsk i dette namneparet. I Kvenangsbotn finst namneparet f. *Niileksensuvanto* og n. *Nils sin kulpen* (f. *Niileks-* er sterkt stadium av *Niiles* 'Nils'). I stadnamnet S n. *Hansenvollen* f. *Hansinkenttä* 'id.' (s. *Hánssagieddi*) kan utmerkingsleddet i det norske namnet vere ei attgjeving av genitivs-endinga i det finske utmerkingsleddet.

I materialet elles finst desse namna med dobbel bunden form:

S *Abraham si myra* f. *Aapunjäykkä* (*Aapu* kortform av Abraham).

S *Evaldkulpen* /'e:val:kulpen/ (3 inf.), /'e:val:si'kulpen/ (1 inf.)

S *Evi si myra* (variantar: /'e:visi'my:ra/, /'e:visin'my:ra/, /'e:vimy:yn/; f. *Eevinjäkkät* (pl.) (*Evi* kortform av Edvard).

K *Hans si slåtta* /'hansi'slot:a/ (2 inf.), /'hanseslot:a/, (1 inf.) /'hansslot:a/ (1 inf.).

S *Henrik sine slåtten*. Tett ved ligg *Henrik sin gamme* med enkel possessiv.

S *Mattis sin gammen*.

S *Tomas sin gammen* /'tom:asi'gam:en/, f. *Tomman kota* (id.).⁴¹

Når hovudleddet er nøytrumsord, kan ein ikkje avgjøre om det har bunde eller ubunde form. Det same gjeld for stadnamna med hovudleddet *Potka* av s. KN *boa#kâ* 'avsmalning, innsnevring (f.eks. på et insekt, av en dal); smalt stykke mellem to vann, to myrar etc'. Her er det brukt om nokre avlange holmar i Skibotnelva.

S *Beck sitt gjerde* /'bæk:si'jæ:re/ (også kalla *Beckeslåtta* og *Fossen*).

S *Bieri sitt reingjerde* /'bierisi'reinjæ:re/.

S *Håkon sitt gjerde* /'ho:kunsi'jæ:re/, f. *Håkon* og *Heikin talo* (f. talo 'gard').

S *Hanna sitt gjerde* /'han:asi'jæ:re/.

S *Jakop si Potka*.

S *Peder si Potka*.

Possesivpronomenet har oftast hokjønnsform sjølv om det står til hankjønns- og inkjekjønnsord. Elles i dialekten er ikkje hokjønnsforma *si* mykje brukt (jf. òg Bull, Junttila, Pedersen 1986:68). Ordet ser ut til å fungere berre som possessiv, ikkje som genusmarkør. Om lag ein femtedel av namna frå Skibotn med personnamn i utmerkingsleddet har dobbel bunden form.

⁴¹ I materialet finst namnet *Fars lille veg* som namn på ein vegstump. Som variant er det oppgjeve ei form med eit peikande pronomen mellom possessivpronomenet og bestemminga: /'rask sin dæn:e væi (en)/.

2.6.3 Ubunden form av proprium

Dei fleste stadnamna i både Kvenangsbøtn og Skibøtn står i bunden form. Når ein ser bort frå "kunstig gjevne" bruksnamn, er det ein god del stadnamn som har ubunden form. På begge plassane er det ein påfallande stor del av namna med hovudleddet *nes* som står i ubunden form. Tolv av nitten stadnamn på Skibøtn med *nes* som hovudledd har ubunden form, og ti av tjugetre namn i Kvenangsbøtn. Andre hovudledd i ubunden form er appellativa *berg*, *fjell*, og *bukt*.⁴² Nokre nedervde gardsnamn (ikkje kunstig gjevne gardsnamn) har ubunden form. Desse er *Barvoll*, *Gammelgård*, *Kvalberg*, *Tangstein*, *Huggenhull*, og *Myrslett*. I Kvenangsbøtn er *Leirbukt* i ubunden form namn på ein gard, men bunden form blir brukt om grenda med same namnet. Det same gjeld for *Storbukt*, *Toppelbukt* og *Sørfjord* som gardsnamn, men *Storbukta*, *Toppelbukta* og *Sørfjorden* er bygdenamn; det siste er også namn på ein fjordarm. Fleire av namna som endar på *-nes*, er gardsnamn i tillegg til det opphavlige denotatet. Andre namn i ubunden form er *Sommarset*, som er namn på ei gammal seter, og *Bergmark* (opphavl. personnamn) er namnet på eit fjellområde der det har vore gruvedrift. Samanlikna med ca. 1 400 registrerte stadnamn frå Hillesøy herad, er talet på ubundne namneformer høgt i Kvenangsbøtn og Skibøtn. I Hillesøy er det berre to stadnamn i ubunden form (kunstig gjevne bruksnamn er heller ikkje her rekna med). Desse namna er *Hollendarstø* og *Klakkskjer*, begge er frå *Auværhavet*. Den ubundne forma i desse to namna kan vere eit teikn på at namna er nokså gamle, men fiskegrunnar på *-stø* kan faktisk ikkje ha anna enn ubunden form.

2.6.4 Stadnamn med personnamn i utmerkingsleddet

Forutan dobbel bunden form av stadnamn med personnamn i utmerkingsleddet, kan namnelån frå finsk få andre konstruksjonar. Når utmerkingsleddet i finske stadnamn er eit personnamn, står utmerkingsleddet i genitiv.⁴³ Finske etternamn som t.d. *Kekkonen* (nominativ), har genitivforma *Kekkosen*. I materialet er det døme på at både nominativforma og genitivsforma ligg til grunn for dei lånte stadnamna. På Skibøtn er det ein stein som heiter f. *Karvosenkivi* (av namnet *Karvonen*, f. *kivi* 'stein'). Formene *Karvonkivi* og *Karvossteinen* som er registrerte på norsk, kjem respektive av den finske nominativ- og genitivsforma. Elles i materialet finst namnet *Karvosslåtta* og *Peiposmyran* (av namnet *Peiponen*).

Genitivsendinga i finsk (-n) fell ofte bort i stadnamn lånte inn i norsk. Utmæringsleddet kan få både nullfuge og vokalfuge i slike lånte namn. Namnet f. *Pekunsaari* er registrert lånt både som *Bekholmen* og *Pekholmen*. Namn som endar på konsonant, får tillagt ein *-i-* føre genitivsendinga. Også i slike namn kan fuga bli null eller vokal på norsk, jf. f. *Trastinkenttä* >

⁴² På Skibøtn er det eit namn som eg har normert *Petterøya*, men mange har oppgjeve ubunde form /'pet:erø:/.

⁴³ Frå kvenområda finst det òg nominativformer.

n. *Trastevollen* (av etternamnet *Trast*).⁴⁴ Finsk *Iverintörmä* er lånt som *Iverbakken*, *Kolarinkenttä* heiter *Kollervollen* på norsk. Materialet er likevel for lite til å lage reglar for kva form stadnamn får i norsk når dei er lånte frå finske stadnamn som inneheld personnamn.

2.7 Struktur i lånte stadnamn

Strukturen i samiske, finske og norske stadnamn er grovt sett lik. Stadnamn kan ein dele opp i einledda og toledda namn. Eit einledda stadnamn er t.d. n. *Holmen*, s. *Suolu*, f. *Saari*. Ofte har stadnamnbrukarane behov for å skilje ein viss holme ut frå andre holmar i omgjevnadene. Det gjør ein ved å føye ei bestemming (utmerkingsledd) til *Holmen* som blir hovudleddet i eit syntagma. I alle tre språka kjem vanligvis utmerkingsleddet framfor hovudleddet. Utmerkingsleddet kan vere eit proprium, appellativ, adjektiv, adverb eller verbstamme. Hovudleddet er oftast eit appellativ eller eit proprium. Kwart av språka følgjer dei grammatiske reglane for samansetjing av stadnamn i dei respektive språka.

Av dei lånte stadnamna er 22,9 % av namna i Kvenangsbotn einledda, og 77,1 % er toledda i opphavsspråka. Dei same tala for Skibotn er 27,2 % einledda namn og 72,8 % toledda namn. Sett frå norsk synsvinkel, er alle lydlig lånte namn einledda. Inndelinga er likevel gjort ut frå om namna er ein- eller toledda i høve til denotatet på opphavsspråket. Eit namn som t.d. *Kajaniemi* (fKv. *kaja* 'skjå', *niemi* 'nes') er namn på både eit nes og ein fiskegrunne. Som nemning på neset blir namnet rekna som toledda, men som namn på fiskegrunnen blir det rekna som einledda.

2.7.1 Oversyn over leddstruktur i lånte stadnamn

Lånetype:	einledda namn		toledda namn	
	K	S	K	S
Lydlig lån	40,0 %	43,6 %	60,0 %	56,4 %
Innhaldslån	10,0 %	19,8 %	90,0 %	80,2 %
Samansett lån	14,9 %	19,5 %	85,1 %	80,5 %

For alle dei tre typane av lånte namn er det fleire einledda namn på Skibotn enn i Kvenangsbotn. Særlig stor blir skilnaden mellom innhaldslån i Kvenangsbotn og på Skibotn. Forklaringa på skilnaden må vere at det er fleire stadnamn på Skibotn som er registrerte med to eller tre denota enn i Kvenangsbotn. Når denotatet ikkje lenger er det opphavlige (t.d. *Grindholmen* ikkje er namn på ein holme, men på ein gard) blir namnet rekna som einledda.

Det er fleire årsaker til at det finst fleire einledda lydlege lån enn innhaldslån og samansette lån. Dei kan delast inn etter ulike typar.

⁴⁴ Namnet har kanskje vore uttalt *Trastti* på finsk; det har då ikkje konsonantutlyd på finsk.

1) *Toledda namn som ikkje lenger blir forstådde.*

Nokre få av dei toledda namna er ikkje lenger forståelige for folk i områda, og eg reknar dei derfor som einledda. På Skibotn finst seks toledda namn som eg har rekna som einledda på grunn av at dei fleste av heimelsfolka ikkje kjenner til tydinga av ledda som namna er sett saman av. Desse namna er: *Aksogeikoma* (jf. 2.7.2), *Gardeborri* (s. KN *gar'de* '(ring)gjerde; innhegning etc.', s. Q44 *børre* 'ås med helling til begge sider'), *Ligavuoma* (f. SKES *vuoma* 'vid, open myr; (i dial. òg) lang og smal dal mellom fjellryggar' (omsetjing). Q35 s. *Lii'gevuobme*, s. Q35 *vuobme* ell. *vuomme* 'stor skogsdal', og Q35 "*liige-varre*, et mindre fjell ved siden av et større"), *Låtkoive* (jf. 4.5.5.4) og *Nallovuopio* (jf. Q35 *Nallo-vuop'pe* 'nålkjosen'). I Kvenangsbotn blir fire opphavlig toledda namn rekna som einledda: *Niemennaiko* (uviss tyding), *Pennirotka* (jf. 2.9.1), *Raukuoskatti* el. *Rautokuoskatti* (trulig av s. KN *ruovtö* - 'som går tilbake; omvendt, bakvendt, att fram', s. Q35 *guos'kat* 'en klubb') og *Sekkemo* (jf. 4.4.15.2).

2) *Stadnamn som er ellipsar i finsk eller samisk.*

Blant dei lydlig lånte namna er det nokre namn som er einledda elliptiske stadnamn på finsk eller samisk. I Kvenangsbotn gjeld det namna *Gærbikk* (jf. 4.3.2.3.3), *Olkula* (s. KN *ol'gol* 'lenger ute, (forbi) på utsiden (tale om ferdsel el. bevegelse etc.)', *Roanas* (jf. 2.7.2) og *Ruossa* (s. KN *ruos'sâ* 'kors, kryss' etc., sjå vedl. 1); på Skibotn *Dolvo* (kanskje av s. KN *dul've* 'flom'), *Addjekk* (av Q35 "*Áddjet* (g.-*ega* ell. -*eha*) ell. *Áddjet-čök'ka* ell. -*gai'se*), *Hirihasia* (av *Hiirihaasiontörma* 'musehesjebakken' eller *Hiirihaasionmukka* 'musehesjebukta') og *Matala* (av *Matalavaara* 'låg fjellet').

3) *Einledda terrengappellativ eller andre appellativ som proprium.*

Den største delen av einledda lydige lån er terrengappellativ eller andre appellativ som er brukte som proprium. Nokre av desse blir ikkje forstådde lenger. Namn av denne typen er i Kvenangsbotn: *Gorsa* (2 stk) (jf. 2.6.1), *Guolban*, *Kuolpano* (jf. 2.5.1.9) *Kumpula* (namn på ein knaus, jf. f. CHH *kumpu* 'kulle; höjd, opphøjing etc', *Nurmi* (f. *nurmi* 'eng'), *Rossi* (jf. 4.3.2.1.1), *Seipi* (av s. KN *sæi'be* 'dyrehale (dog ikke om kort hale, spel, som på ren, sau, geit)', *Slero* (av s. Q44 *šlæđđo* 'svaberg, hellende benk i fjellet' etc. og Q35 *šlæđđo* ell. *slæđđo* ell. *slæd'do* 'svaberg'; *Tjokka* (av s. *čohkka* jf. 2.5.1.7). I Skibotn: *Apaja* (den appellative tydinga av ordet er ukjent på staden, jf. f. CHH *apaja* '(not)varp; notdrag'), *Dælli* (jf. 2.5.2.1), *Galama* (jf. Q44 *gālam*, g. *gālama* 'vadested'), *Guosgatta* (2 stk) (Q44 *guos'kât*, g. -*âhâ* ell. -*âdâ* 'en klubb eller et nes, som ved et smalt eid er forbundet med fastlandet'), *Hengen* (2 stk) (jf. 2.6.1), *Järämä* (jf. f. SKES *järämä* (Nord-Finl.) 'liten foss, djup og stille plass mellom fossar eller brusande vatn' (omsetjing). Den appellative tydinga er ikkje lenger kjent på Skibotn, namnet er

brukt om eit vad.), *Kuppa* (2 stk) (jf. 2.5.1.9 og 2.5.2.1), *Kallo* (Q44 *gal'lo*, g. *gallo* 'stor sten, klippe'), *Lanjna* (jf. 2.5.2.1), *Palo* (jf. 2.5.1.3), *Potka* (jf. 2.6.2), *Puollama* (jf. 2.3.3.1), *Rasja* (jf. 2.5.1.7), *Ridi* (jf. 2.5.2.1), *Ronkka* (jf. 2.5.2.1), *Sjolpi* (jf. 2.5.4.2), *Sjorpa* (jf. 2.5.4.2), *Sledo* (sjå *Slero* ovafor), *Staffo* (s. KN *staf'fo* 'landingsplass, båtstø etc.' *Stælli* (jf. 2.5.2.1), *Uitto* (jf. 2.5.2.1), *Velma* (s. KN *fiel'bma* 'stilleflytende, jevndyp mindre elv; dypt sted i en (mindre) elv', *Äimä* (f. CHH *äimä* 'skomakarnål' etc. > n. Nno. *ime* 'grov synål').

4) Einledda namn som innhald personnamn.

Av einledda namn som inneheld personnamn, finst berre namnet *Koller* i Kvenangsbotn. Det er namnet på ein voll der ein person med etternamnet *Kolari* har budd (jf. 4.5.2.1.2). På Skibotn er det nokre slike namn: *Gunnari* (f. *Kunnari* av Gunnar; namn på eit skogområde, *Hotten* (f. *Hotti*, uoff. bruksnamn; jf. 2.6.1.), *Ivaren* (f. *Iivari* av Ivar, uoff. bruksnamn, og kanskje også *Lulli* (namn på eit område; f. og s. *Lulli*, jf. Q35:38 oppgjev at namnet er "efter en fjellapp Lulle-Lassi, som bodde der"; jf. òg KN *lulle* 'syd etc.'. Desse namna er neppe elliptiske namneformer, for i finsk namneskikk kan namnet på ein buplass kort og godt vere eit personnamn. På Skibotn finn vi også *Nolvi* (slätte; kanskje av eit mannsnamn, jf. Q35:45 "*Nulve-dær'me*, n. *Nulvebakken*, efter en lapp *Nul've* som bodde der." I 1984 registrerte eg namnet *Nollebakken* /'nol:ebak:en/ på denne staden (Hatteng) i Storfjord kommune. Namnet kan òg ha samband med s. KN *njuol've* 'en veik, svak en; en som er dårlig, lite lærenem'.

5) Andre typar einledda namn.

På Skibotn finst namna *Bientsi*, *Gangata* og *Guoki* (kan ha samband med s. KN *guok'kât* 'hakke, grave' etc.) som har uviss tyding. *Bientsi* er namn på eit område på nordsida av Skibotndalen der terrenget består av myrer, skog og småbakkar. Namnet har ikkje noko kjent tyding, men kan kanskje vere eit personnamn som namna i eksempla over. Konsonant-sambandet *-ts-* viser at namnet ikkje har finsk opphav.⁴⁵ *Gangata* og *Guoki* kan komme av samiske appellativ som ikkje lenger er kjente i språket i dag. I Kvenangsbotn er namna *Alkka* (uviss tyding), *Aunikainen* (jf. 4.4.16), *Badderren* (jf. 2.6.1), *Kjækan* (jf. 4.5.2.1.4), *Navit* (jf. 4.5.2.3), *Mukkunainen* (jf. 4.4.15) og *Sirkastakka* (Q44 *Sirgastat* el. *Cirgastat* [...] Jfr. *cirgastat*, 'sprut, sprøit') einledda namn av ulike slag.

2.7.2 Elliptiske lån

Når eit ledd fell bort ved stadnamnlån, kallar ein det for eit elliptisk lån. Dei elliptiske namna i materialet er enten innhaldslån eller lydlege lån. I oversynet under er det berre tatt med ellipsar som er registrert i det norske materialet. Elliptiske namneformer som har oppstått før eit namn er

⁴⁵ I det finske skriftspråket finst konsonantsambandet *-ts-*, men ikkje i dei nordfinske dialektane.

blitt lånt inn i norsk, er ikkje tatt med i oversynet. Til dømes er *Roanas* eit elliptisk namn (av samisk KN *ruonâs* 'grønn') på ei skogsflate i Kvenangsbøtn. På finsk finst også namnet *Ruonas* brukt om bakken under skogsflata. Den elliptiske forma er utvikla alt på finsk og er derfor ikkje tatt med i oversynet under. Det samiske namnet er ikkje belagt.

Understrekte ledd har falle bort.

- 1 K s. *Čáhppesjávrrijeakkit* ('svartvassmyra') > n. *Svartmyra* (myr).
- 2 K f. *Kitsi-Pirjetan järvi* > n. *Kivatnet* (vatn); fKv. *kitsi* 'kje', *Pirjet* av f. *Pirjetta*, finsk form av *Birgit*, f. *järvi* 'vatn'.
- 3 K f. *Pahtakuopanjärvi* ('berggropvatnet') > n. *Bergvatnet* (vatn).
- 4 K f. *Tynnyriyankanjärvi* ('tynnedalsvatnet') > n. *Tynnevatnet*. Namnet kan òg vere sett om frå s. *Fárppaljávri*; KN *färpäl* 'tønne' (vatn).
- 5 S f. *Marjavyaaranmukka* ('bærfjellkroken') > n. *Bærdalen* (liten dal eller djuplende).
- 6 S f. *Palosaarenluokka* ('brannholmlia ~ bakken') > n. *Brannlia* (li og slätte).
- 7 S f. *Ruikkatanjoenkursu* (*rui'kit* jf. 2.3.3.1, *joen* = gen. av f. *joki* 'elv') > n. *Røykenesgorsoen* (elveskar).
- 8 K f. *Aapukorsa* > n. *Abogorsa* - n. *Gorsa* (elveskar) (jf. 4.3.2.5.1 og 2.6.1).
- 9 S s. *Áksugaikungorsa* > *f. *Aksukeikkumakursu* > n. *Aksogeikomakorso* - n. *Gorso* (Jf. Q35 *Ák'šo-gai'kom-gor'sa* (økserevnekløften).
- 10 S f. *Mortinmukka* ('Mortti-kroken~kråa') > n. *Kroken* (namn på liten krok og bruk).
- 11 S f. *Paskaputaansaari* > n. *Putaanasaari* (holme i elv). Jf. *Baskaputt* i døme 22.
- 12 S *rf. *Rovijoenkursu* > n. *Rovijokkgorsoen* - n. *Gorsoen* (elveskar). (Jf. s. *Rovvejohka*; s. KN *røvve* 'primitiv bro').
- 13 S n. *Røykenesgorsoen* (jf. døme 7) - n. *Gorsoen* (elveskar).
- 14 K s. 1865 *Berthejedde*, *Pertheeng* > *Perten*; jf. f. *Pirttikenttä* (gard) (jf. 2.6.1).
- 15 K s. Q35 *Čuoi'ka* (*šuoikat*) -*jaw're* ('myggvatnet') > *Tjoika*; jf. f. *Sueikkajärvi* og sf. *Čuoikkát* (vatn).
- 16 K s. Q35 *Njar'bes-vuomme* > n. (evt. via ubelagt finsk form) *Nærbis* (dal) (jf. s. KN *njar'båd* 'tynn, glissen, tynt bevokst med skog etc.', Q44 *vuobme* 'stort dalføre med iallfall endel skog').
- 17 S s. *Gálggojávri* ~ f. *Kalkkujärvi* > n. *Galko* (vatn); (jf. Q35 *Galgo-jaw're* 'kjerringvatn').
- 18 S s. *Gállajávri* ~ f. *Kallajärvi* > n. *Galla* (vatn); (jf. Q35 *Gal'la-jaw're* av *galles*, g. *gal'la* 'gammel mann').
- 19 S s. *Máijja-Ándde gurra* > f. *Maijan Antin kuru* > n. *Mai-Anti* (søkk).
- 20 S f. *Rieppijärvi* > n. *Rieppivatnet* - n. *Rieppi* (vatn) (Q44 *riep'pe* 'vanskelig tilgjengelig dal med utvidet, nisjeformet dalbotn eller selve denne botn').
- 21 S s. *Speainnajávrit* (pl.) > f. *Speininjärvet* (pl.) > n. *Speinivatnet* - n. *Speini* (område); jf. s. *Speaidna*, samisk form av namnet Svein. Friis 1861: *Sven Vand* (om Speinivatnet) og Schnitler I:476 *Lars Spen*, bufinn i Lyngen.
- 22 S f. *Paskaputaansaari* > n. *Baskaputt* (holme i elv). Jf. *paska* 'skit', putt av f. SKES *pudas* '(smalare) elvegrein som kan gå bakom ein holme før ho igjen går inn i hovudelva' (omsetjing) etc.
- 23 S f. *Ahonlouttauspaikka* > n. *Ahonlouttauspaikka* > n. *Ahonloutta* (kulp og elvebredd); f. CHH *aho* '(øvergigen) sved; fält', her kanskje av eit slektsnamn Aho; f. *louttauspaikka* 'fløytingsplass'.
- 24 S f. *Iso Leppäsaari* ('storolderholmen') > n. *Storholmen* (holme i elv).
- 25 S f. *Pikku Leppäsaari* ('litleolderholmen') > n. *Lilleholmen* (holme i elv).

Ellipsane i 1-7 er bortfall av den andre delen i samansette utmerkingsledd. Utmerkingsleddet har falle bort i stadnamna frå 8-13. I namnet *Paskaputaansaari* (11) har berre den første delen av utmerkingsleddet falle bort. I materialet er det ikkje andre døme på denne typen ellipse. Det

same stadnamnet har også blitt lånt ved at hovudleddet har falle bort (22). Hovudleddet har falle bort i namna frå 14-23. I tillegg til at hovudleddet har falle bort i *Ahonlauttauspaikka* (23), har også avleiingsendinga *-us* falle bort frå utmerkingsleddet. Fire av ni namn med bortfall av hovudleddet er namn på *vatn*. Det kan verke som om det er ein svak tendens til at namn på *vatn* oftare kan få ellipse i hovudleddet enn andre typar namn ved stadnamnlån. To stadnamn er lånte ved at den første delen av eit samansett hovudledd (24 og 25) har falle bort.

Ellipsane i 8, 9, 13, 20, 21 og 24 er blitt til etter at stadnamna er blitt lånte til norsk. Desse namna reknar eg til namn som er blitt "nylaga" på norsk til eit lånt ledd.

2.7.3 Epeksegetiske lån

Utmerkingsledd:

Ved epeksegese blir eit ekstra ledd lagt til eit lånt stadnamn. Det finst fleire døme på at eit utmerkingsledd blir lagt til eit lånt stadnamn. I systematiseringa av stadnamna etter "opphavs-typar" er desse namna førte opp under gruppa "nylaging av namn til eit lånt ledd". Tillegget i utmerkingsleddet oppgjev meir nøyaktig ein posisjon eller posisjonar innanfor ein lokalitet eller utviding av omfanget til ein lokalitet. På grunn av den utskiljande funksjonen som det tillagte leddet har, kallar Eichler og Walther 1967:163 denne typen namnelaging for differensiering. Eigedoms- eller brukstilhøve (i tillegg til differensiering av lokaliteten) kjem til syne i namna *Jakop si Potka* og *Peder si Potka*. Holmen *Potka* som ligg i Skibotnelva, har vore nytta som slåttemark. Personnamna i utmerkingsledda fortel at visse delar av holmen *Potka* har vore slåttemark til ulike personar.

Frå Kvenangsbotn finst desse namna:

Understrekte ledd er blitt lagde til.

Indre Tangnesland, Lillesetra, Nerlinken, Nordbotn, Stor-Abovatnet, Storsetra, Sør-Tammukkavatnet, Ytre Tangnesland, Øver-Linken.

Desse døma finst på Skibotn:

Gammel-Bekholmen, Høghalsen, Inner-Grønnlia, Jakop si Potka, Midterste Laokavatnet, Minste Brennfjellvatnet, Nedre Speinivatnet, Nedste Laokavatnet, Peder si Potka, Største Brennfjellvatnet, Under Fossemelen, Ytter-Grønnlia, Øvre Speinivatnet, Øvste Laokavatnet.

Hovudledd:

Når eit nytt hovudledd blir lagt til eit lånt namn, fungerer dette leddet som eit slags tydliggjørande hovudledd. Det finst svært få namn med epeksegese i hovudleddet i materialet. I

2.8.2 Denotataa fordelte på lånte - ikkje lånte stadnamn

Denotatum	Innhalds- lån		Lydlig lån		Samansett lån		Nylaging til lånt ledd		Opphavlig norsk namn		Uklårt opphav	
	S	K	S	K	S	K	S	K	S	K	S	K
område	1	1	5	1	1		1		1	3		
bruk/gard	9	8	3	5	4	6	5	5	24	19		4
grend/bygd	2	2	1	6	1	6	1	1	1	2		5
veg.	6	1			4	1	5	7	15	9	2	
del av veg	2		1				1			1		
campingplass										1		
marknads plass	1											
kyrkjegard	1											
rasteplass									1			
søppelplass									1			
hytte/hus					2	1	4	2	5			2
bru	3							2	1	1	1	
demning			1		1				2			
stø					2				2			
gjerde									2	1		
port							1					
hegn									1			
tjæremile			1									
gruve										4		
grustak			1									
utsprengning										1		
vedhogg			2									
bærplass	1											
seter		1			1							
slåtte	13	3	20	2	14	1	9	2	13	8		2
voll	2		6	7	7	2	7		5	12	2	1
myr	15	10	6	9	15	4	5	3	9	9	1	
skog	8	2	9	7	7	4	2	14	7	6		
sand	1											
tre			1							3		
ur/skred	1		2				1	1		1		
snøfleck							1					
vatn	9	29	3	6	9	22	8	6	2	8		2
tjörn/dam	1		1	2	1	1	1	1	5	1		
elv	19	5	13	1	25	10	6	14	5	8	1	4
foss/elvedel	5	5	5	1	3	1	3		1	3		1
kulp	10		9	1	20	3	10	4	11	3		1
øy/holme	8		4	2	8	1	4	2	8	2	2	6
skjer								2		3		
bukt	6	10	3	7	1	7	1	1	3	2	1	1
nes/øyr	12	9	1	7	14	6	2	4	3	7	1	
fjære/elvebredd	2		1		2			2		2		
forland						1		3			1	
fjord						1			1	3		
sund/val	1									1		
slette	2		2		2		4		6	4	2	
krok	4	1	4	1								
avsats			9		1					1	1	
dal/del av dal	8	2		4	6	5	2	5	2	2		4
søkk/skar	8	4	23	10	8	3	4	3	15	6	1	1
elveskar			4	2	1		3	1				
høgd/fjell/hump	9	5	13	6	9	7	1	2	1	1		2
berg	12	11	4	6	8	3		6	11	12	2	1
li/skrent	4		11	2			7	1	2	1	1	
aksel	3			1	3		3	1				
bakke	16	2	11	3	20	2	5	6	14	13		1
haug	1	1	4		1	2	2	3	2	3		
stein	2	3	2	3	3		1		2	6		
straum		2										1
fiskegrunne			1	3	2		3	3	3	2	2	1
Sum	208	117	187	105	205	100	113	107	187	175	21	40

tillegg til dei to namna som er førte opp under, er uttalen /'rovijok:ælvə/ S ein variant av *Rovijokk*, og /'gur:ajo:giælvə/ K ein variant av *Gorrajoki*. Formene er ikkje normerte som oppslagsformer på grunn av at andre former er oppgjevne som meir brukte. Alle heimelsfolka som har oppgjeve epeksegetiske former, er einspråklige. I motsetnad til stadnamn med epeksegese i utmerkingsleddet blir ikkje namn med epeksegese i hovudleddet rekna som "nylaga" namn. Årsaka er at denotatumet ikkje har blitt endra.

Kvenangsbotn:

f. Ansamella > n. Ansamellabakken (Namnet er også brukt på norsk utan epeksegetisk tillegg). F. *ansa* 'felle f', f. *mella* 'mel m'.

Skibotn:

f. Nallujänkkä > n. Nallujänkkämyrane; jf. fSk. *jänkkä* 'myr', utmerkingsleddet kan ha samband med s. KN *nallo* '(almindelig slags) rund synål, nålehus etc.' Forutan den epeksegetiske forma, har plassen også namn på norsk som samansett lån og lydlig lån.

2.8 Lånte stadnamn - ikkje lånte stadnamn sett i høve til denotata

Når ein bruker lokalitetane som stadnamna er namn på som klassifikasjonsgrunnlag, er det for å kunne avdekke om dei ulike namnetypane flokkar seg om visse typar denotata. I stadnamnforskinga blir ordet denotatum brukt om den plassen som eit stadnamn peiker ut. Denotatumet er med andre ord den delen av verda som er objekt for eit stadnamn. I *Fagordliste for norsk namnegransking* blir denotere definert "å vere språkleg symbol for eit utanomspråkleg fenomen". Ved å systematisere materialet etter denotata kjem ein nærmare inn på måten terrenget i eit område er blitt brukt på. Denotata er uttrykk for kva delar av naturen i vid meining som mennesket har hatt bruk for å skilje ut frå den namnlause delen av omgjevnadene. Med andre ord er denotata uttrykk for kva delar av verda som er blitt objekt for "menneskelig strukturering".

I oversynet under har eg tatt omsyn til alle språklige uttrykk eller stadnamn som finst i materialet sett i høve til denotata. Det vil seie at eitt namn kan vere rekna to eller fleire gongar ut frå kva det er namn på. I 2.4 er det berre det samla talet på språklige uttrykk som det er laga oversyn over.

2.8.1 Klassifisering av stadnamna i høve til denotata

Stadnamntypar:	Kvenangsbotn		Skibotn	
Innhaldslån	117	18,2 %	208	22,5 %
Lydlige lån	105	16,3 %	187	20,3 %
Samansette lån	100	15,5 %	205	22,3 %
Sum lånte namn	322	50,0 %	600	65,1 %
Nylaging til lånt ledd	107	16,6 %	113	12,3 %
Opphavlig norske namn	175	27,2 %	187	20,3 %
Sum ikkje lånte namn	282	43,8 %	300	32,5 %
Uklårt opphav	40	6,2 %	21	2,3 %
I alt	644	100,0 %	921	100,0 %

Halvdelen av stadnamnmaterialet frå Kvenangen består av lånte stadnamn, og 43,8 % er namn som er laga på norsk. To tredjedelar av stadnamna frå Skibotn er lånte, og 32,5 % av namna er laga på norsk. Berre 2,3 % av namna frå Skibotn og 6,2 % av namna frå Kvenangsbotn kan eg ikkje klassifisere nærmare. Om ein ikkje reknar med stadnamna i Kjækan til kvenangsmaterialet, er mengda av dei lånte stadnamna i alt 55,1 %. Dei tre lånemåtane er om lag like mykje nytta. I begge områda er kvar type lån om lag ein tredjedel av det lånte stadnamntilfanget. I Kvenangsbotn er det ei lita overvekt av innhaldslån, deretter kjem lydlige lån og samansette lån. På Skibotn er mengda av innhaldslån og samansette lån om lag lik (0,2 % overvekt av innhaldslån). Mengda av lydlige lån, som er den minste gruppa av dei lånte namna på Skibotn, er berre 2,2 % lågare enn mengda av innhaldslån som det er mest av. Skilnaden mellom den største og minste gruppa av lånte stadnamn i Kvenangsbotn er berre 2,7 % i Kvenangsbotn. Dei namna som det har vore vanskelig å klassifisere, er så få at ein ikkje treng å ta omsyn til dei i vurderinga av materialet.

Dei tre lånemåtane fordelar seg mykje godt jamt over alle typar denotata. I Kvenangsbotn er namn på fjell, vatn, bukter, skar, nes, myrer, gardar og grender oftast blitt lånte. På Skibotn er dessutan om lag tre fjerdedelar av namna på elver, kulpar og elvedelar lånte. Dei denotata med den største mengda av opphavlig norske namn og namn som er "nylaga" til eit lånt ledd, er bruk, vegar, vollar, slåtter, skar, berg og bakkar. I Kvenangsbotn er det dessutan mange skogar og elver som ikkje har lånte namn, det same gjeld for mange kulpar, holmar og sletter på Skibotn.

2.8.2.1 Innhaldslån

Kvenangsbotn:

Det er litt fleire namn som er sette om enn dei som blir lånte ved dei to andre lånemåtane, 36,3% av dei lånte namna er innhaldslån. Eit fleirtal av namna på vatna i Kvenangsbotn er lånte ved omsetjing. Av 78 vassnamn er minst 57 namn lånte, og 29 av dei lånte namna er innhaldslån. Det vil seie meir enn halvparten av dei lånte namna. Andre typar namn som viser ei lita overvekt av innhaldslån, er namn på gardar, myrer, bukter, nes og berg.

Skibotn:

Av dei lånte namna, er 34,7 % lånte ved omsetjing. Det er ein nesten like stor del samansette lån, men noko færre lydlig lånte namn. Liksom i Kvenangsbotn er det ei overvekt av namn på gardar, bukter, berg, nes, myrr og vatn som blir sette om. Dessutan blir mange elvenamn og namn på vegar lånte ved innhaldslån på Skibotn.

2.8.2.2 Lydlige lån

Kvenangsbotn:

Dei lydlig lånte namna utgjør 32,6 % av dei lånte stadnamna. Forutan namn på skar eller søkk i terrenget er det ikkje spesielle namneflokkar som særleg merkar seg ut i denne gruppa. Dei lydlig lånte namna spreier seg jamt over fleire typar denotata. Ti av sytten lånte namn på skar er lydlig lånte. Mange av dei lånte namna på bygder, vollar, myrr og skogar er også lydlig lånte. Rundt ein tredjedel av dei lånte namna på bukter, nes, fjell og berg er lydlige lån.

Skibotn:

Mengda av dei lydlige låna på Skibotn er 31,2 % av dei lånte namna. Liksom i Kvenangsbotn er det eit fleirtal av dei lånte namna på skar og søkk som blir lydlig lånte (dvs. 23 av 39 lånte namn). Dessutan blir nesten tre fjerdedelar av namn på "område" av ymse slag lydlig lånte, det same gjeld for namn på lier. Av namna på slåtter, vollar, elveskar og fjell er over 40 % av dei lånte namna lydlige lån. På Skibotn finst det elleve avsatsar i terrenget som har fått namn, ni av desse har lydlig lånte namn.

2.8.2.3 Samansette lån

Kvenangsbotn:

I alt er 31,4 % av dei lånte namna i Kvenangsbotn samansette lån. Namn som oftast er samansette lån, er elvenamn (10 av 16 lånte namn) og namn på vatn (22 av 57 lånte namn), dessutan mange bygdenamn, gardsnamn, namn på bukter, nes og fjell.

Skibotn:

Det er nesten like mange samansette lån som innhaldslån på Skibotn, det vil seie 34,2 %. I Kvenangsbotn er dette den minste gruppa. Halvparten av dei lånte namna på kulpar og nes er lånte ved samansette lån, meir enn førti prosent av namn på vatn, elvar, myrer, bakkar og vollar er lånte ved samansette lån.

2.8.2.4 Namn laga på norsk til eit lånt stadnamn(ledd) eller namn(eledd) av uklårt opphav, og opphavlig norske namn

I desse to gruppene er det namn på bruk som har dei fleste denotata (8-10 % av denotata). Andre denotata som kvar utgjør 6-8 % av materialet, er bakkar, vegar, slåtter, kulpar og skar på Skibotn og skogar, berg og bakkar i Kvenangsbotn. Denotata som ikkje finst blant dei lånte stadnamna, er ei utsprenging, ein rasteplass, campingplass, søppelplass, gjerder, ein port, hegn, gruver og skjer. Alle desse (bortsett frå nokre skjer i Kvenangsbotn) er namn på såkalla artefakta (noko som er blitt laga av menneske) og som er av ny dato.

Kvenangsbotn:

I Kvenangsbotn er det råd å dele opp materialet på dei ulike grendene rundt fjorden. På den måten får ein fram kva bygder som har mange opphavlig norske namn, og kva bygder som har få norske namn. Nesten 11 % av dei opphavlig norske namna i Kvenangen er namn på bruk. Når ein ser bort frå bruksnamna, som ofte er kunstig laga namn, fordeler materialet seg slik på bygdene:

Fordeling av opphavlig norske namn på grendene i Kvenangsbotn:

grender	denotatum	prosent
Kjækan	58	37,1
Sørfjorden	28	16,0
Niemennaiko	26	14,8
Nordbotn	22	12,6
Løkvik	7	4,0
Lillestraumen	5	2,9
Navit	5	2,9
Storbuktlandet	4	2,3
Årøya	4	2,3
Områdenamn	4	2,3
Sørstraumen	2	1,1
Badderer	2	1,1
Nordstraumen	1	0,6

Kjækan stikk seg ut med den største mengda av opphavlig norske namn. Forklaringa må vere at denne plassen fikk mykje tidligare eit stort innslag av norsktalende enn dei andre bygdene i

fjorden (jf. 1.3.2 og 2.5.4.2). Minst 16 % av dei opphavlig norske stadnamna har komme til i samband med gruvedrifta i Kjækan. Når Sørstraumen og Badderren har svært få opphavlig norske namn, kjem det av at stadnamna i desse bygdene ikkje er registrerte systematisk. Det er berre nokre tilfeldige namn som er med i materialet, og dei kan ikkje fortelje nok om samansetjinga av stadnamnmaterialet i desse to bygdene. I Lillestraumen og på Årøya bur det ikkje folk meir i dag; for desse to plassane må ein gå ut frå at det har vore ein viss "namnedaude". Likevel er stadnamntilfanget frå Lillestraumen ganske rikt, men fleire av namna der har ikkje vore brukte på norsk. Frå Nordstraumen er det berre registrert eitt stadnamn som eg har klassifisert som opphavlig norsk. Området har den eldste busetjinga i undersøkingsområdet (bortsett frå Sørstraumen som nok har like gammal busetjing, jf. 1.4.2), men folketeljingane viser at innslaget av norsktalande har vore svært lågt.

Sørfjorden dekker området på begge sidene av fjorden, fjordbotnen og Toppelbukta. Til Nordbotn har eg rekna Tangnesland og Nordbotndalen. Utmarka på sørsida av Niemennaiko som ikkje ligg i Nordbotndalen, er rekna til Niemennaiko. Det blir såleis ein stor arealskilnad mellom områda (t.d. mellom Løkvik og Sørfjorden) slik at oversynet ikkje utan vidare kan jamførast. Det viktige er at områda Kjækan og Nordstraumen stikk seg ut i kvar si retning. Når Niemennaiko og Nordbotn skorer nokså høgt, kan eg ikkje finne gode grunnar til forklaring. Dei norske skogoppsynsmennene har budd her ut i gjennom tida, men det verkar ikkje rimelig at dette har nokon større innverknad på namnetilfanget.

Mange av dei opphavlig norske namna er så unge at folk ofte kan oppgje rimelige forklaringar på korfor stadnamn har komme til. For om lag 44 % av dei opphavlig norske namna i Kvenangsbotn er namngjevingsgrunnen kjent (irekna nyare bruksnamn). Dette gjeld namn som t.d. Lensmannskjeret, Bestemorstykket, Brannmoen og Skyggedalen. "Naturbeskrivande" stadnamn som t.d. Flatberget, utgjør ca. 38 % av materialet. Resten av materialet (18 %) har uviss namngjevingsårsak.

2.8.3 Terrengtypar som ofte har fått namn

Det er ofte godt samsvar i materialet mellom dei to områda når det gjeld kva typar namn (i høve til denotata) som er lånte, og kva typar namn som ikkje er lånte. Naturen i dei to områda er på mange måtar ulik, men likevel er det godt samsvar mellom områda når det gjeld terrengtypar som får namn. Dette skulle tyde på likskapar i måten å utnytte naturen (jf. utgreiinga om næringsutøving i områda i 1.3.1 og 1.3.2).

I Kvenangsbotn er det mange vatn, og derfor finst det 78 namn på vatn og tjørner, i Skibotn-området er det ikkje like mange vatn, og derfor er det berre 40 namn på denne typen terreng. Derimot er det ikkje så mange namn på elver eller namn som har med elvefiske å gjøre i

Kvenangsbotn som på Skibotn (65 mot 146 namn). Den lange strandlinja gjør at det finst 28 bukter som har fått namn i Kvenangsbotn mot 15 bukter med namn på Skibotn. Når "berre" 26 bakkar har fått namn i Kvenangsbotn mot 66 på Skibotn, er årsaka ikkje at terrenget i Kvenangsbotn er så mykje flatare enn på Skibotn. Årsaka må ligge i at det er meir ferdsel i terrenget der bakkane er, enn i Kvenangsbotn. Fleire av bakkane ligg langs vegen gjennom Skibotndalen, og mange bakkar er sandmelar som er blitt forma til av Skibotnelva. All ferdsla langs elva har sjølvsagt gjort det naudsynt å ha namn på mange av "elvebakkane". I begge områda er det 33 skogområde som har namn; det viser at skogsdrift har vore viktig på begge plassane. På Skibotn er det 25 namn på lier; dei fleste har vore skogs slåtter tidligare. I Kvenangsbotn er det berre fire lier som har fått namn, og ingen av desse er slåttelier. På Skibotn er det også vanlig å legge namn på avsatsar eller utflatingar i stigande lende. Nokre av dei har vore slåtter tidligare. I Kvenangsbotn er det berre ein slik terrenotype som har fått namn.

Lokalitetar som er felles for alle eller mange av folket i ei bygd, må ein gå ut frå vil bevare namna lettare enn lokalitetar som berre få kjenner og bruker namna på. Lokalitetar med namn som mange kjenner til, vil t.d. vere fjell og vatn. Av tredve fjell eller humpar på Skibotn er det berre éin lokalitet som har eit opphavlig norsk namn. Det er ein fjellknatt, Arturhumpen, som har namn etter ein person fødd i 1922.⁴⁶ I Kvenangsbotn er det 22 namn på fjell, 18 av namna er lånte. Berre eitt namn er opphavlig norsk, dvs. Storfjellet som også blir kalla Sappisfjellet. To av namna er nylaga til eit lånt ledd eller ledd med uklårt opphav. Eitt av fjellnamna har usikkert opphav. Frå Kvenangsbotn har eg registrert 71 vassnamn; 57 namn er lånte. Det vil seie heile 80.3 % av alle vassnamna. Tjue av tretti vassnamn på Skibotn er lånte. Åtte av namna som ikkje er klassifiserte som lånte, er nylaga til eit lånt ledd. Det er namn som t.d. Øvste, Midterste og Nedste Laukavatnet der relasjonsledd er blitt lagt til den lånte namneforma.

⁴⁶ Mannen var på rypejakt og gikk ein heil dag rundt ein fjellhump der det var mykje ryper. Namnet er berre kjent av folk som går på jakt i det aktuelle området.

2.8.4 Tilhøvet mellom denotatum og lånte stadnamn

DENOTATA

Låne- ret- ningar	K MYR	S MYR	K VOLL SLÅTTE	S VOLL SLÅTTE	K VATN	S VATN	K ELN	S ELY	K KULLP/ ELVEDEL	S KULLP/ ELVEDEL	K FJELL	S FJELL	K SØKK	S SØKK	K GARD/ GREND	S GARD/ GREND	K SKOG	S SKOG	K BUKT	S BUKT	K NES	S NES	K BERG	S BERG	K BAKKE	S BAKKE
s>n	2	2		5	11	4	4	16	1	2	4	5	5	3	22	7	1		7	3	7	3	3	2	1	4
f>n	13	14	13	22	20	4	3	14	6	26	3	1	7	11	3	5	5	14	6	2	5	14	9	9	5	22
rf>n		5		4	3	4		6	1	11		5		7		1	2	1				2	1	1		6
*rf>n								1			1	1														
*s>n	1			5				1			1	1														1
*f>n	1																									1
s>f>n		4	2	10	2	5	6	5		3	4	1	1	6	3		1	2	1	2	5	2	2	4		2
*s>f>n	2	2		3	1		1	2			1	3	2	4		2	2	1	1	1			3	1		2
*s>*f>n					1									1												
s~f>n	2	3		6	5	2	1	5	1	3		1	1	3	1	1		1	2	1	4	5		3		3
*s~f>n					4											1										
s~*f>n	1	1																								
s>f>n																										
/f>n		1		2	3									2	4	2		1	1							
*s>f>n													1				1		1							1
/f>n	1	1	1	1	3																					1
s>f>n																										
/s>n		2		2	5	2		7	5	4	13					2		4	3	1	1	1	1	2		5
s>*f>n																										
/s>n							1																			
*s>f>n																										
/*s>n					2	1		1	2	1						1			1					1		
*s>*f>n																										
/*s>n				1																						
s>f>s>n																										
/s>n												1														
f>s>n/ f>n																			1							
	23	35	16	61	60	22	16	58	9	52	18	31	17	39	33	19	13	24	24	10	22	27	20	23	7	47

2.8.4.1 Kommentar til tilhøvet mellom denotatum og lånte stadnamn

I 2.8.4. har eg plukka ut ein del denotata som det finst mange av i begge eller i eitt av områda. Både i Kvenangsbotn og på Skibotn er det eit fleirtal av namn på elver, bukter, fjell og gard- og bygdenamn som har namn av samisk opphav. Det er ei klår overvekt av namn på myrer, kulpar, skogar og bakkar som er av finsk opphav.

Når dei fleste lånte namn på kulpar og skogar har finsk opphav, må det henge saman med at elvefisket og skogsdrifta har blitt intensivert etter den finske innvandringa. Den store delen av finske myrnamn må sjåast i samband med at mange myrar har vore brukte som utmarksslåtter. Finnane brukte meir stråfor enn sjøsamane (Bjørklund 1985:228), og store areal blei brukte som utmarksslåtter. Av dei lånte namna på slåtter og vollar i Kvenangsbotn har 81 % namn av finsk opphav og 12 % samisk opphav. På Skibotn er det like mange slåttensamn av samisk som av finsk opphav (42 % av kvar sort) av dei lånte namna. Dette kan vere eit teikn på at både samisktalande og finsktalande har drive med den same ressursutnyttinga.

Namngjeving av bakkar har ofte å gjøre med transport eller ferdsel av ymse slag. Som tidligare nemnt, er det svært mange namngjevne bakkar på Skibotn; 61 % av dei lånte namna på bakkar er av finsk opphav, og 29 % av samisk opphav. Bortsett frå éin bakke, ligg alle bakkane på Skibotn som eg meiner har samisk opphav, nede i bygda. Bakkane langs Gammelvegen gjennom dalen og langs Skibotnelva har alle opphavlig finske namn (irekna finske namn laga til opphavlig samiske namn eller namneledd).⁴⁷

Elvenamn og gards-/bygdenamn som opphavlig er samiske, utgjør kvar 75 % av dei lånte namna i Kvenangsbotn. På Skibotn er dei tilsvarande tala 55 % og 52 % samiske namn. Folketeljinga i 1875 for Kvenangen har med meir enn tretti namn på buplassane rundt fjordbotnen. Mange av namna er oppgjevne på samisk med ei norsk parallellform. Dei norske namneformene må nok oppfattast som "papirformer"; fleire av dei samsvarar i alle fall ikkje med dei norske namna som blir brukte i dag (dagens brukte form i parentes). Det gjeld t.d. *Mortenseng* (*Martingeddi*), *Bareng* (*Barvoll*), *Pertheeng* (*Perten*), *Næsodden* (*Niemennaiko*), *Gardelfjord* (*Gardelvágen*). Det er berre tre namn som er oppgjevne med ei finsk form, nemlig namna *Savijoge/Lerelv* (f. *savi* 'leire', *joge* dvs. f. *joki* 'elv'); *Gerbejoge* (f. *Kärpikänjoki*) og *Suodovuono* (f. *Sutuvuono*, f. *vuono* 'fjord'). Namn inne i fjordbotnen som ein kunne vente ville vere oppgjevne med finsk form, er oppgjevne på samisk og norsk. Det kan tyde på at det har vore vanlig å nemne desse stadene med samiske namn på denne tida. Namn som ein kunne vente ville vere oppgjevne på finsk er: *Buollammokke/Brænbugt*, *Russemokke/Leirbugt*, *Topel-mokke/ Toppelbugt*, *Berthegiedde/Pertheeng*. I dag blir desse plassane kalla *Brennbukta*,

⁴⁷ Eg understreker at dette gjeld dei lånte namna i mitt materiale. Det som elles måtte finnast av finske og

Leirbukt, Toppelbukt og Perten. (I vedlegg 1 finst dei samiske og finske formene som blei registrerte under innsamlingane i 1979 og 1985).

Mange av gardsnamna i Kvenangsbotn har først vore namn på nes og bukter langs fjorden. Stader som ligg langs strandlinja, har ofte samisk opphav (54 % av dei lånte namna på bukter i Kvenangsbotn meiner eg har samisk opphav, og 59 % av dei lånte nesnamna). På Skibotn er det ikkje like mykje strandlinje; derfor er det få namn på bukter og nes ved sjøen. Sju av ti lånte namn på bukter har opphavlig samisk namn, men 59 % av dei lånte nesnamna har finsk opphav. Dei fleste lånte nesnamna på Skibotn er elvenes langs Skibotnelva. Namngjevinga av elvenesa heng nok saman med elvefisket og utmarkslåttearbeidet.

Det er skilnad mellom områda i mengda av lånte vassnamn som har samisk eller finsk opphav. I Kvenangsbotn har eg vurdert 36 % av dei lånte vassnamna som opphavlig samiske og 38 % som opphavlig finske (25 % er enten samiske eller finske). På Skibotn er 54 % av dei lånte vassnamna av samisk opphav, og 36 % er av finsk opphav. Eg kan ikkje grunngje denne skilnaden.

I alt 83 % av dei lånte fjellnamna i Kvenangsbotn og 77 % av dei lånte fjellnamna på Skibotn har samisk opphav. I 2.3.2 seier eg at nokre terrengetypar lettare får namn enn andre terrengetypar, og at eg reknar fjell for å vere terreng som tidlig kan få namn. Om staden har eit samisk namn, klassifiserer eg det samiske namnet som eldst. Sjølv sagt klassifiserer eg ikkje blindt utan omsyn til sjølve stadnamnet. Dersom alt var bestemt på førehand, ville det ikkje ha noko føre seg å rekne ut etterpå kva språk dei ulike namna har opphav i. Eg vil gjøre nøye greie for måten eg har vurdert t.d. dei omsette fjellnamna i Kvenangsbotn for å vise at vurderingane av det språklige opphavet, er meir omfattande enn berre "sirkelargumentasjonslogikk".

2.8.4.1.1 Grunngjeving av det språklige opphavet til omsette fjellnamn i Kvenangsbotn

Det er vanskeligast å vurdere dei omsette namna. I Kvenangsbotn er fem av atten lånte fjellnamn sette om. Desse namna er Geitfjellet, Kjølffjellet, Svineryggen, Tverrfjellet og Lemenfjellet.

Geitfjellet: Det samiske namnet er *Gáicavárri*, KN s. *gai'câ* 'geit'. På finsk heiter fjellet *Kaitsavaara*; namnet er eit samansett lån frå samisk. På finsk har ikkje "kaitsa" noka tyding, og det norske namnet er derfor ikkje lånt frå finsk. Om det norske namnet var det opphavlige, måtte det samiske namnet vere sett om frå norsk *før* det finske namnet kunne bli lånt. Ut frå kjennskapet til språkhistoria, må denne slutninga reknast for lite rimelig.

Kjølfjellet: Det er ikkje belagt noko samisk namn, men det finske namnet er *Kielasvaara*. Söderholm 1985:248 har tolka dette namnet som eit lån frå samisk til finsk. Utmerkingsleddet *Kielas-* kjem av samisk KN *gielâs* 'lang, smal og høi åsrygg; lang, smal og flat forhøining'. Det same ordet har òg tydinga 'båtkjøll' på samisk. Denne tydinga er belagt av Söderholm i den finske dialekten i bygda, men den andre tydinga er ikkje kjent. Sidan ordet ikkje er kjent som terrengappellativ i finsk, er det mest rimelig å gå ut frå at opphavet er samisk, (jf. CHH f. *kielas* 'munvig, pratsjuk; pratsam' og *köli* 'köll').

Lemenfjellet: Namnet reknar eg som innhaldslån av finsk *Sopuli-vaara*; CHH *sopuli* 'fjälllämmel'. Namn på fjell er ofte gamle, og ut frå språkhistoria skulle ein tru at det finske namnet har gjeve opphav til den norske namneforma. Ein kan også argumentere for at det finske namnet er eldre enn det norske namnet ut frå kva folk i området veit om namnebruken. Folk seier at det norske namnet ikkje har vore brukt så lenge, men det finske namnet har vore brukt så lenge som dei kan minnst.

Svineryggen: Fjellet har to namn på samisk; samane som bur ved fjorden kallar fjellet for *Báttarvárri* ('badderfjellet'), og innlandssamane bruker namnet *Spiinnečielgi* (KN *spii'dne* 'svin', *čiel'ge* 'rygggrad; rygg' etc.) om eit fjell som ligg tett oppom. Det norske namnet er ikkje kjent av mange sjølv om namnet står på M711-kartet over området. Namnetilfanget på kartet er samla inn først på 1950-talet, og heimelsfolka har i stor grad vore reindriftssamar (munnlig oppl. Arne Kvarme, Statens kartverk). Det verkar usannsynlig at det samiske namnet skulle vere lånt frå det norske namnet når berre eit fåtal av dei norske oppgjev at dette namnet er i bruk. I dette tilfellet kan det verke som om den norske namneforma kan vere ei omsetjing som er blitt til under kartproduksjonen.

Tverrfjellet: På finsk blir fjellet kalla *Poikkivaara* (id.). Eg kan ikkje argumentere språklig for at det norske namnet er lånt frå det finske namnet, likevel er det grunn til å gå ut frå at det kan vere slik. I dette tilfellet er det meir tvilsamt enn for Lemenfjellet, for folk kan ikkje seie når det norske namnet kom i bruk. Eg meiner sjølve plasseringa av fjellet er slik at staden har vore svært utsett for å få eit namn, (jf. namngjevinga av Storstraumen og Lillestraumen 2.3.2). Mellom Niemennaikoelva og Nordbotnelva røyser dette fjellet seg 116 m rett opp som ein bratt, brei vegg. På veg mot Nordbotndalen og fiskevatna i området må dette fjellet passerast på sørsida. Det dannar eit skilje mellom skogsflatene på nedsida og dal- og fjellstrøka lenger inne. Når plassen ligg slik til, meiner eg at sjansen for at namnet har vore lenge i bruk, er stor.

2.9 Vurdering av lånemåtane - korfor blir nokre namn sette om, mens andre namn ikkje blir det?

Stadnamngranskarar har prøvd å grunngje bruken av lydlig lån og innhaldslån ut frå om

namnebrukarane har forstått innhaldet i stadnamna eller ikkje. Kranzmayer 1934:112 meiner at innhaldslån oppstår når det er nær kontakt mellom språksamfunna som lever i lag, og når det er språkbrukarane av det han kallar gammalspråket (dvs. det språket som først har vore brukt i området) som står for omsetjingane. Dette skjer ved at dei første innbyggerane tar imot "nyspråket" eller innovasjonsspråket. Innflyttarane derimot har ikkje lært seg språket til dei som budde først i området. På same måten meiner han at det er dei opphavlige innbyggerane som overfører dei lånte namna (dvs. lydlig lånte namn) frå "gammalspråket" til "nyspråket". Berre dei aller eldste lånenamna (dvs. lydlig lånte namna) har "nyfolket" lånt sjølve. Det er namn på t.d. elver, landsdelar, område og byar; namna er blitt lånte før "gammalfolket" har lært seg språket til "nyfolket". Namn frå "gammalspråket" som ikkje lenger er forståelige eller gjennomsiklige, kan sjølvstøtt ikkje bli sette om.

Pellijeff 1966:83 reknar lydlike lån som "en mekanisk, ljudmässig efterapning". Folk treng ikkje å forstå språka til kvarandre for å låne namn. Pitkänen 1985:474 er kritisk til denne oppfatninga. Ho viser til at einspråklige ikkje kan vere i stand til å skilje stadnamna frå resten av talen. For å kunne låne stadnamn må det derfor ha vore ein viss grad av tospråkligheit. Dessutan må det ha vore eit slikt omgjenge mellom dei to språkgruppene at det har vore naudsynt å bruke stadnamn.

I materialet mitt frå begge bygdene er det ei overvekt av innhaldslån. Eit namn som er blitt sett om, er også blitt forstått.⁴⁸ Det er altfor enkelt å forklare bruken av innhaldslån og lydlig lån ut frå om namnebrukarane forstår innhaldet i stadnamna eller ikkje. Ei mengd namn som er fullt ut forståelige for namnebrukarane, er ikkje blitt sette om. Tilhøvet er også blitt kommentert av Söderholm 1986:10:

En stor andel av helintegrerte navn blir ofte tatt som et tegn på at språkkontakten er dårlig: Låntakeren forstår ikke semantikken bak det innlånte navnet [...]. En stor mengde av de helintegrerte navna fra finsk til norsk i materialet fra Skibotn kan kanskje likevel bedre forklares på den motsatte måten: Norsktalende informanter i Skibotn er ofte første-generasjons norsktalende - de fleste av dem også selv tospråklige - og det hender ofte at de overfører et finsk eller et samisk navn direkte, slik de har lært det i sin barndom, til en norskspråklig form.

Ved å undersøke dei lydlike låna har eg komme fram til at meir enn 70 % av dei lydlike låna blir forståtte av dei tospråklige (finsk-norske) namnebrukarane I Kvenangsbotn, men er likevel ikkje blitt sette om. På Skibotn reknar eg ca. 55 % av dei lydlike låna som forståelige for den same

⁴⁸ Eit døme på eit namn som er "forstått" gale, er ei omsetjing av gardsnamnet Barvoll i Kvenangsbotn til finsk Paljaskenttä. Qvigstad 1935:15 opplyser "Ved gnr. 29 er Gøc'ce-gied'de (barnåleng); i folketeljinga 1875 finst namnet Gotsegiedde - Bareng frå dette området. Det norske namnet er ei omsetjing av det samiske namnet. På finsk er det oppgjeve (i 1979) at staden blir kalla Paljaskenttä, f. *paljas* `naken, bar', *kenttä* `voll, eng'. Den norske omsetjinga av det samiske namnaet er blitt mistydd når namnet er blitt lånt frå norsk til finsk. Det same namnet er også blitt mistydd i ei anna finsk form som er lånt frå samisk. Ein heimelsmann fortalde i 1985 at staden hadde vore kalla for *Koutsikenttä* før i tida på finsk, og at *koutsi* var det samiske ordet for bjørn. Dei

typen namnebrukarar. Dette stemmer dårlig med hypotesen om at mangel på forståing gjør at namn blir lydlig lånte. Den ulike mengda av forståelige namn (lydlig lånte namn) i dei to materiala, kan henge saman med at det er ein større del av dei lydlig lånte namna i Skibotn-materialet som er av samisk opphav enn i Kvenangsbotn-materialet. På Skibotn er 64,6 % av dei lydlig lånte namna av samisk opphav, og 31,7 % av finsk opphav (for 3,7 % kan eg ikkje seie om opphavet er samisk eller finsk). Dei same tala for Kvenangsbotn er 46,9 % lydlig lån av samisk opphav, 41,7 % av finsk opphav og for 11,4 % av namna har eg ikkje vurdert om opphavet er finsk eller samisk.

I mitt materiale har det meir for seg å sette mangel på forståing i samband med samansette lån. I alt er det ca. 52 % av dei samansette låna i Kvenangsbotn og 44 % av denne typen lån på Skibotn som inneheld eit uforståelig ledd. Berre om lag 29 % av dei samansette låna i Kvenangsbotn og 22 % av låna i Skibotn-materialet vurderer eg som forståelige for tospråklige finsk-norske namnebrukarar. (Stadnamn som inneheld personnamn i utmerkingsleddet, reknar eg som samansette lån; jf. 2.5.3). Mengda av slike namn er 19 % i Kvenangsbotn og 34 % på Skibotn.) Språklig sett har 61,3 % av dei samansette låna i Kvenangsbotn samisk opphav mot 40,2 % på Skibotn (jf. 2.4.1). Det viser seg å vere ein samanheng mellom språklig opphav og forståing. Når mengda av namn med samisk opphav aukar, avtar mengda av namn som blir forståtte av dei tospråklige (norsk-finske) namnebrukarane. Forståeligheit har noko å seie for måten stadnamn blir lånte på, men lånestrategiane kan ikkje forklarast berre ut frå om namn er forståelige eller ikkje.

Ved undersøkinga av hovudledda i dei lånte stadnamna viste det seg at ein kan finne tendensar til at nokre terrengappellativ oftast eller alltid blir sette om, mens andre terrengappellativ oftast eller alltid blir lydlig lånte. I denne samanhengen er det berre snakk om terrengappellativ som hører til det aktive ordtilfanget hos ein tospråklig norsk-finsk person. Valet av innhaldslån eller lydlig lån av slike terrengappellativ har ikkje utelukkande samanheng med forståeligheit. Omsetjing eller lydlig lån av terrengappellativ har samanheng med korleis dei semantiske felta i kontaktspråka samsvarar. Om låntakarspråket har "hol" i systemet, kan det verke som om desse hola blir fylte opp ved at terrengappellativ blir lånte inn i språket, eller at namn som inneheld slike appellativ, blir tekne opp som heile lydlig lån (sjå 2.5.2.1).

Det er ikkje råd å drage opp klare skilje mellom kva namn som blir sette om, og kva namn som ikkje blir sette om. Ein del omsette gardsnamn har nok komme til på grunn av at namna skulle skrivast ned i matriklar og i andre offentlige dokument. Nokre av desse omsetjingane er aldri blitt brukte av folk (jf. 2.8.4.1), men andre er glidd inn i namnebruken. Gardsnamnet *Kvalberg* på Skibotn er eit døme på eit gardsnamn som er blitt sett om og teke i bruk. I dag veit ikkje folk

at *Kvalberg* kjem av namnet på eit berg kalla *Båssoberget* tett ved garden, jf. KN s. *bøs'so* 'en mindre hvalart' og TF *nise* 'bås'so'.

Det kan vere ein samanheng mellom talet på namnebrukarar og om forståelige namn blir lydlig lånte eller sette om. Fleire av dei lydlig lånte namna som blir forståtte, er namn på stader som er kjende av ein avgrensa krins namnebrukarar. I Kvenangsbotn gjeld det særleg ein del myrnamn, namn på berg, steinar osv. På Skibotn er det lydlig lånte namn på t.d. bakkar, vollar, slåtter og myrer som ikkje er kjende av så mange namnebrukarar. Dette er likevel berre ein tendens, ein del av desse namna er kjende av mange stadnamnbrukarar.

2.9.1 Samanheng mellom lånetype og alder?

Kranzmayer 1934:112 meiner at dei "lånte" namna er eldre enn dei omsette namna på grunn av at dei representerer eit tidligare stadium før god forståing mellom kontaktspråka var etablert. Andre stadnamnforskarar t.d. Pellijeff 1966, Pitkänen 1976 og Kartano 1977:261-270 rangerer lydlig lånte og innhaldslånte på same måten i høve til kvarandre som Kranzmayer. Dei lydlig lånte blir rekna som dei eldste lånte. Pellijeff 1966:84 oppsummerer: "Den kronologiske skiktningen är således i stora drag den att härmingslånen i princip är äldst, därefter kommer de partiella översättningslånen och yngst är de kompletta översättningslånen."

Denne bastante utsegna som Pellijeff set fram, må seiast å vere direkte galen ut frå namnemønstra eg finn i mitt materiale. Det er ikkje vanskelig å finne døme på innhaldslånte som må vere like gamle som lydlig lånte og samansette lånte. Det er heller ikkje slik at alle uforståelige, lydlig lånte namn er gamle, og alle forståelige namn er unge. Det er ikkje noko problem å finne døme namn som må vere unge, uforståelige, og lydlig lånte, og namn som må vere gamle, forståelige og omsette.

Inst i Sørfjorden i Kvenangsbotn er det eit lite kratt som blir kalla *Penniropka*. Eg har ikkje noka meining om korleis dette namnet kan tolkast bortsett frå at *ropka* kanskje kan ha samband med appellativet *ronkka~runkka* (jf. 2.5.2.1) som her kunne vere sett om frå s. KN *røg'ge* 'fordypning, hulning, grop; etc.' Folk i området (botnen av Sørfjorden) har heller ikkje noko meining om kva tyding dette namnet har. Etersom dette er eit namn som berre nokre få kjenner til, kan namnet ikkje vere eldre enn frå tida det har vore fast busetjing i fjordbotnen. Det vil seie høgst eit par hundre år (jf. 1.4.2 om busetjinga i fjordbotnen). Ute i fjorden ligg dei to straumane som eg tidlegare har hevda må vere terreng som tidleg har fått namn (jf. 2.3.2). Namna *Lillestraumen* og *Storstraumen* må vere sette om, dei er kjende av alle i fjorden, og ut frå funksjonen dei har, må namna er heilt klart vere mykje eldre enn *Penniropka*. Det same tilhøvet gjeld mellom *Bientsi* og *Markedsplassen* på Skibotn. *Bientsi* er eit lite område med skog og myrer på nordsida av Skibotndalen. Staden ligg godt utanom allfarveg, og har ikkje hatt noko

kjent bruksfunksjon utover å vere del av eit utnyttta skogsområde. *Markedsplassen* er opphavlig namn på den staden der Skibotn-marknaden blei halden. I dag er det namn på ein del av bygda Skibotn, og det finst òg ein gard med dette namnet. Den første gongen Skibotn er nemnt i dei historiske kjeldene, er det på grunn av marknadshandelen på staden (jf. 1.3.1).⁴⁹

Dei lydlig lånte namna på "småplassar" som det blir referert til i pkt. 2.9, er nok jamt over ikkje særlig gamle. Fjell, elvar og vatn har ofte gamle namn, i materialet er det mange døme på at namn på slike stader er blitt sette om.

Det er uråd å komme med bastante konklusjonar på kva som gjør at nokre namn blir sette om, og andre ikkje blir det. På same måten er det ikkje moglig å hevde at lydlig lån (forståtte og ikkje forståtte) er eldre enn innhaldslån. Oppfatninga til Kranzmayer om at forskningsresultata hans er allmenngyldige for alle område der stadnamn er blitt lånte, er ikkje haldbar (Kranzmayer 1934: 148). Det finst mange typar språksamfunn der stadnamn er blitt lånte frå eitt eller fleire språk til eit anna. Ulike typar "språkkontaktsamfunn" vil nok forårsake lånemønster med variasjonar som ein må søke forklaringar på i dei ulike språksamfunna. Som Kranzmayer meiner eg at det må vere råd å avdekke allmenne mønster for korleis stadnamn kan bli lånte, men på grunnlag av undersøkingar frå eitt materiale kan ein ikkje uttale seg bastant om kronologi og samansetjing av eit materiale som skal gjelde for alle område med stadnamnlån.

⁴⁹ Folk seier at den første marknadsplassen i bygda låg på sørsida av elva, men det er ikkje kjent når marknaden i så fall skal ha blitt flytta til den delen av bygda som i dag heiter Markedsplassen.

3 FONEMINVENTARET I SKIBOTN- OG KVENANGSBOTNDIALEKTEN

3.1 Grunngeving for å lage eit fonemoversyn

I lydlige og samansette namnelån av finsk eller samisk opphav kan ein vente at lydsystemet vil bli tilpassa til fonologien i den norske dialekten på plassen. For å kunne finne ut korleis denne typen namn plasserer seg i høve til fonologien i norsk, er det nødvendig å lage eit oversyn over foneminventaret i dialektane på Skibotn og Kvenangsbotn. I utgangspunktet må ein gå ut frå at fonologien i denne typen lånte stadnamn vil: 1) enten vise fullt samanfall med fonologien i dialektane, eller 2) avvike frå dette systemet. Før ein kan seie noko om samanfall eller avvik, må foneminventaret klassifiserast.

3.1.1 Materiale for fonemanalysen

Det er ikkje enkelt å spørje ut ein informant om foneminventaret i målføret hans/hennes. Ut frå kjennskapen eg hadde fått til målføra frå stadnamninnsamlinga, og ut i frå mitt eige målføre⁵⁰, sette eg opp rekker med minimale par som eg prøvde ut på nokre informantar. Informantane blei bedne om å lage setningar for å vise bruken og uttalen av orda. Informasjonen frå intervjuet der eg ville avdekke fonemsystemet, er blitt halden saman med intervju om stadnamn og terrengappellativ for å sjå om uttalen av aktuelle ord er homogen eller om han varierer. Når det har vore naudsynt, har eg også kontakta heimelsfolk på telefon for å få høre uttalen av forskjellige ord.

Til grunn for fonemanalysen ligg ca. 18 timar lydbandopptak er ekserperte lydbandopptak. Frå Skibotn er det om lag 10 timar materiale og frå Kvenangsbotn om lag 8 timar. Dette materialet er fordelt på tolv personar, 7 frå Skibotn og 5 frå Kvenangsbotn. Materialet er supplert med stikkprøvar der delar av stadnamnintervjuet er blitt undersøkte på nytt med omsyn til visse fonemkombinasjonar. Tre intervju frå Kvenangsbotn og to frå Skibotn er undersøkt ved stikkprøvar. I alt blir det 17 informantar, fire kvinner og resten menn, fødde i tidsrommet 1894-1945. To av informantane er trespråklige, ni er tospråklige (norsk/finsk) og seks er einspråklige.

3.1.2 Målgeografisk plassering

Målføra hører heime i det nordlige e-målsområdet som geografisk omfattar kommunane Storfjord, Lyngen, Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvenangen og delar av Karlsøy (kalla Nord-Troms som felles nemning), Loppa kommune i Vest-Finnmark, indre Finnmark og Kiby og Ekkerøy i Vadsø kommune (Elstad 1982:64 f.). Språket i dette området er det ikkje blitt forska på i nokon særleg grad. "Om målet i Nord-Troms er det ikkje skrive eitt ord, bortsett frå

⁵⁰ Målføret mitt er tromsmål frå Hillesøy herad, no Tromsø kommune.

artikkelen om "Signaldalsk variasjon" og nokre stutte artiklar om eit og anna stadnamn" (Bull 1986:83). Etter dette er artikkelen om "Nominalfrasen i skibotnålet i Troms" (Bull m.fl. 1986:60-71) blitt publisert. Den første som påviste at det fanst eit nordlig e-mål var Hallfrid Christiansen så seint som i 1965 (Christiansen 1965:473).

Avstanden mellom Skibotn og Kvenangsbotn er om lag 20 mil rekna i kjørelengde. Den geografiske avstanden gjør at det ikkje er nokon særleg kontakt mellom folk i områda. Folk på Skibotn har jamt over ikkje kjenningar frå Kvenangsbotn eller omvendt. Trass i at folk i områda ikkje har regelbunden kontakt med kvarandre, er målføra på dei to plassane svært like. Utan å ha gjort noko slags systematisk jamføring mellom målføra, var dette førstehandsinntrykket eg fikk etter å ha gjennomført intervju. Dette første inntrykket blir stadfesta av undersøkinga av foneminventaret i målføra.

3.1.3 Avgrensing av analysefeltet

Det som skal undersøkast, er fonemsystemet i dei to målføra, vokal-, diftong- og konsonantfonem. Eg vil gjøre greie for allofonane til fonema, men allmenningvistiske lydovringar vil i regelen ikkje bli særskilt kommenterte⁵¹. Konsonantane blir behandla meir grundig enn vokalane. Det vil bli gjort greie for distribusjonen fonema har i trykksterk stilling og trykklett stilling i ei staving. Lydskriftsymbola er dei som IPA bruker. Analysen vil vere synkron og metoden taksonomisk strukturalistisk. Analysemetode frå generativ fonologi vil òg bli tatt i bruk for å gje ein alternativ analyse av visse fonem.

Språkmaterialet som blir analysert, er i viss mon avgrensa. Orda skal vere dialektord, men her er det vanskelig å drage klare grenser for kva som er eit dialektord, og kva som ikkje er det. Eg lar språkbrukarane sjølv kjensle for kva som er brukte ord i dialekten bestemme kva ord som blir tekne med i oversyna. Såleis er ordet *skjema* tatt med som eit ord som er gått inn i dialekten, men *yste* er ikkje tatt med, sjølv om folk i begge områda seier at ordet er kjent, men at dei ikkje bruker det. I staden seier dei koke ost. Interjeksjonar er ikkje tekne med i oversynet, t.d. *æsj*, *uff*, *hu*; heller ikkje onomatopoetiske ord som t.d. dyrelåtar *mø*, *bæ* osb. eller ord for latter *he*, *hi*, *ho*, *ha*. Her er det vanskelig å seie kva som er gangbare ord, og kva som ikkje er det. Personnamn vil heller ikkje bli brukte i analysen.

⁵¹ Eg gjør ikkje merksam på allmenne lydtilhøve som t.d. at konsonantar har meir fremre artikulasjon ved fremre vokalar enn ved bakre vokalar.

3.1.4 Lydskrifta

I analysen bruker eg IPA-lydskriftteikn. I trykksterk stilling og ved bitrykk blir lengde merkt ut både for vokalar og konsonantar. Dette blir gjort av omsyn til kvantitetstilhøva i stadnamn som ikkje følgjer reglane i norsk for fordeling av lengde.

3.1.5 Prosodiske drag

Av prosodiske drag er det berre lengde og hovudtrykk som blir merkt ut i lydskrifta. Målføra har ikkje tonemopposisjon, etter det eg kan høre (jf Bull m.fl. 1986:66 og Elstad 1982:25). I større grad enn målet lenger sør i Troms har målføra i Skibotn og Kvenangsbotn (og andre stader i Nord-Troms) hovudtrykk på første stavinga i ord som t.d./'pul:itik:/, /'resræs/, /'plat:o/ og /'kum:ænist/. Men i visse høve er hovudtrykket lenger ut i ordet som i /kven:'aŋ:en/ og /nal:'vuoþ ioælvə/.

3.2 Fonemomgrep

3.2.1 Fonemomgrepet i den taksonomisk strukturalistiske analysen

Eg vil sjå på fonemet som ein abstrakt storleik på uttrykksplanet av språket. Kvar lydeining eller allofon utgjør innhaldsplanet som ligg til grunn for fonemet. Fonemet er ei uttrykkseining for dei minste distinktive segmenta i eit språk. Desse segmenta avdekker ein med substitusjonsprøven (også kalla kommutasjonsprøven) som går ut på å byte ut segment på uttrykksplanet slik at nytt innhald oppstår. Kvart fonem har ikkje noka tyding i seg sjølv, men med kombinasjon bygger dei opp meining. Dette er eit taksonomisk, strukturalistisk syn på kva fonemet er. Hjelmslev oppsummerer dette som (Koefoed 1962:15):

Der er ikke nogen direkte korrespondance mellem indhold og udtryk, men tegnene kan opløses i mindre komponenter. Sådanne tegnkomponenter er f. eks. de såkaldte fonemer, som jeg ville foretrække at kalde udtrykstaksemer, og som ikke i sig selv har noget indhold, men som kan bygge enheder med et indhold, f.eks. ord."

Til liks med Endresen (NTL 2/1985:68) vil eg ikkje gå ut frå at fonem har hovudallofonar. Eg vil som Hjelmslev (Koefoed 1962:47) sjå på fonemet som "det konstante bag det variable, eller "de irreduktible invarianter" bag sprogbrugens "varianter"".

Eli Fischer-Jørgensen (1962:80 f.) gjev desse reglane for å stille opp fonemsystemet i eit språk:

A. Om to lydar finst i same omgjevnad, bruker ein kommutasjonsprøven.

1. Om kommutasjonsprøven gjev positivt utfall, har ein forskjellige fonem. Eitt døme er nok til å fastslå at skilnaden kan vere tydingsskiljande.

2. Negativt utfall.

a) Lydskilnad gjev ikkje tydingsskilnad: frie variantar av same fonem.

b) Tydingsskilnad i visse høve, i andre høve ikkje: to ulike fonem med nøytralisasjon i seg mellom i bestemte omgjevnader.

c) Tydingsskilnad i visse høve, i andre høve ikkje: to ulike fonem som i nokre omgjevnader varierer fritt.

B. Om to lydar aldri finst i same omgjevnad, kan ein ikkje bruke kommutasjonsprøven.

1. Om ein ikkje finn ein regel for distribusjonen, har ein to ulike fonem.

2. Om ein distribusjonsregel finst, har ein kombinatoriske variantar av same fonem.

Andre kjenneteikn ved fonemsystem er at dei tenderer mot mønstersymmetri (Koefoed 1962:142 f.). Om det finst hol i eit system, kan språket endre seg slik at holet blir fylt (Anttila 1972 i Wiik 1986:33). Problem ved fonematiseringa kan komme av at fonemsystemet er i ferd med å endre seg. Det kan vere at variantar av eitt fonem utviklar seg til to skilde fonem, eller at to skilde fonem kan falle saman til eitt (Wiik 1986:33).

3.2.2 Fonemomgrepet i generativ fonologi

Innom generativ fonologi blir omgrepet fonem brukt, men klare definisjonar er ikkje lette å finne. I verket "The Soundpattern of English (Chomsky/Halle 1968) og i tidligare publikasjonar går forfatarane bort frå bruken av omgrepa fonem og fonemisk nivå. Dei seier "that the existence of such a level has not been demonstrated and that there are strong reason to doubt its existence." (Chomsky/Halle 1968:11). I staden bruker dei termane leksikalsk og fonologisk representasjon om respektivt den underliggende representasjonen og den fonetiske representasjonen (Chomsky/Halle 1968:10-11). Like fullt har omgrepet fonem overlevd innom generativ fonologi, jf Andersson/Dahl 1972:6: "[det] visar [...] sig ofta lämpligt att använda denna term när man talar om enheter i den lexikaliska representationen. Man bör då komma ihåg att "fonem" i så fall inte är riktigt samma sak som i den "klassiska" fonologin". Fonema i generativ fonologi er meir abstrakte enn innom taksonomisk strukturalisme, justeringsreglar mellom det leksikalske og det fonologiske planet har fjerna all redundans. "Fonemen skiljer sig från de uttalade språkljuden i det att de frigjorts från all redundant [...] information" (af Trampe/Viberg 1972:303).

3.3 Vokalane

Dialektane har ni vokalfonem, dei kan vere lange og korte. Det er ikkje nokon særlig skilnad på vokalkvaliteten om vokalane er korte eller lange. Nokre av dei fleirspråklige informantane uttalar

[y] som finsk [y^ɾ], d.v.s. med mindre lepperunding og litt lenger fram enn norsk [ʉ]. Det finske vokalsystemet avviker frå det norske med at det finst eitt vokalfonem mindre i området /y/-/ʉ/. Dette gjør at også [ʉ] sporadisk blir uttalt som finsk [y^ɾ]. Dette siste gjeld særlig Skibotn i ord som t.d. djup ['j y^ɾp^h], lus ['l y^ɾ:s]. I lydskrifta nyttar eg [ʉ] for både finsk [y^ɾ] og norsk [ʉ].

Vokalfonema: /i/ /y/ /ʉ/ /u/
 /e/ /ø/ /o/
 /æ/ /a/

Teiknet [a] blir brukt i staden for IPA [ɑ].

Distinktive drag:

Artikulasjonsstad:	Fremre	/i e æ y ø/
	Midtre	/ʉ a/
	Bakre	/u o/
Opningsgrad:	Trong	/i y ʉ u/
	Halvtrong	/e ø o/
	Open	/æ a/
Lepperunding:	Runda	/y ʉ u ø o/
	Urunda	/i e a/

3.3.1 Substitusjonsprøve på vokalane

Kort vokal	Lang vokal
/i/ : /y/ 'smik:e : 'smyk:e/	'si:l : 'sy:l/
/e/ 'sin:e : 'sen:e/	'si: : 'se:/
/æ/ 'vin:e : 'væn:e/	'fi:l : 'fæ:l/
/ø/ 'bit:e : 'bøt:e/	'si:le : 'sø:le /
/ʉ/ 'lig:e : 'lʉg:e/	'ri:r : 'rʉ:r/
/u/ 'iŋ:er : 'uŋ:er/	'si:l : 'su:l/
/o/ 'sint : 'sont/	'bi:l : 'bo:l/
/a/ 'tiŋ: : 'taŋ:/	'li:ke : 'la:ke/
/e/ : /y/ 'bred: : 'bryd:/	'le:da : 'ly:da/
/æ/ 'et:e : 'æt:e/	'le:k : 'læ:k/
/ø/ 'lep:en : 'løp:en/	'le:k : 'lø:k/
/ʉ/ 'bred: : 'brʉd:/	'le:ka : 'lʉ:ka/
/u/ 'lem:en : 'lum:en/	'gre:pe : 'gru:pe/
/o/ 'gret:ŋ : 'grot:ŋ/	'le:ve : 'lo:ve/
/a/ 'lep:a : 'lap:a/	'de:l : 'da:l/
/y/ : /æ/ 'syt:e : 'sæt:e/	'sy:te : 'sæ:te/
/ø/ 'byt:e : 'bøt:e/	'ky:r : 'kø:r/
/ʉ/ 'bryd:e : 'brʉd:e/	'sy:r : 'sʉ:r/

/u/	/'byd:e	:'bud:e/	/'fy:re	:'fu:re/	
/o/	/'hyp:e	:'hop:e/	/'sy:r	:'so:r/	
/a/	/'dys:e	:'das:e/	/'fy:r	:'fa:r/	
/æ/	:/ø/	/'tæm:e	:'tøm:e/	/'fæ:l	:'fø:l/
/ʌ/	/'læg:	:'læg:/	/'læ:re	:'læ:re/	
/u/	/'læg:e	:'lug:e/	/'stæ:r	:'stu:r/	
/o/	/'sæŋ:	:'soŋ:/	/'bræ:ke	:'bro:ke/	
/a/	/'fæl:	:'fa:l:/	/'hæ:ve	:'ha:ve/	
/ø/	:/ʌ/	/'snø:r:	:'snær:/	/'trø:	:'træ:/
/u/	/'høst	:'hust/	/'ø:re	:'u:re/	
/o/	/'søn:	:'son:/	/'mø:te	:'mo:te/	
/a/	/'tør:e	:'tar:e/	/'hø:re	:'ha:re/	
/ʌ/	:/u/	/'læg:e	:'lug:e/	/'mæ:r	:'mu:r/
/o/	/'søp:a	:'sop:a/	/'sø:pe	:'so:pe/	
/a/	/'ræt:e	:'rat:e/	/'sø:ge	:'sa:ge/	
/u/	:/o/	/'buksa	:'boksa/	/'stu:r:	:'sto:r/
/a/	/'mun:	:'man:/	/'fu:r	:'fa:r/	
/o/	:/a/	/'kot:	:'kat:/	/'to:r	:'ta:r/

3.4 Distribusjon av vokalane

I oversyna som følgjer, gjør eg ikkje greie for om det finst eitt eller fleire belegg på ord med kvar lydkombinasjon som oversynet viser. Heller ikkje om orda er nyare låneord eller gamle ord i dialektane (jf. òg 1.1.3 om avgrensing av materialet). Eg lagar oversyn over vokal-distribusjonen i trykktunge og trykklette stavingar, stavingar med bitrykk gjør eg ikkje greie for.

3.4.1 Distribusjon av vokalane i trykktung staving

I oversyna nedafør går det fram korleis vokalfonem kan kombinerast med konsonantfonem i framlyd, innlyd og utlyd i ei trykktung staving. Eg vil ikkje problematisere kva ei staving er; det vil gå ut over intensjonen med dette oversynet. Konsonantgrupper som vokalane og diftongane kan kombinerast med, gjør eg ikkje greie for. Ein slik analyse vil bli for omfattande dette arbeidet.

Nokre fonemkombinasjonar er berre stadfesta i eitt av områda, om andre informantar hadde vore spurde, ville kanskje "hola" blitt fylte. På grunn av plassmangel er teiknet for trykk teke bort i oversynet over orda som er brukte som belegg på kvar lydkombinasjon. Eg har prøvd å finne fram til ord som blir uttalte likt i begge områda.

Framlyd, trykksterk stilling:													
Vassrett: 1. komponent. Loddrett: 2. komponent.													
i: e: y: æ: ø: ʉ: u: o: a: i e y æ ø ʉ u o a													
p								+	+		++	+	+
b													
m	K							K		+		++	+++
f											+		+
v	+	+						+	+			++	
t		+	+			+	K	+			+++		+++
d	+			+	+				+	+		+	+
n		+			+				+	++		++	+++
l	+	+			+	+		+	+	+		+	+++
s	+			+			+	+	+	+	+	+++	+++
r			+	+	+	+	+	+		+	+	+++	+++
ʈ			+									+++	+
ɖ													+
ɳ					+								+
l̥			+										
s̥										+			
ʃ										+			
ɖ													+
n̥										++	+	++	+++
l̥										++	+	++	+++
k̥										(+)			
j̥													
k									+	+		++	+
g								+	+	+		++	+
ɣ										+		++	+++
h												++	+++

Innlyd, trykksterk stilling:													
Vassrett: 1. komponent. Loddrett: 2. komponent.													
i: e: y: æ: ø: ʉ: u: o: a: i e y æ ø ʉ u o a													
p	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+
b	+	+	+	S	+	+			+	+	+	+	S
m	+	+		K		+	+		+	+	+	+	+
f	S									+		+	+
v	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+
t	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+
d	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+
n	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+
l	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	S
s	+		+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+
r	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+
ʈ	+		+	+	+	+	+	+			+	+	S
ɖ												+	+
n̥				+	+	+	+	+	+				
l̥			+	+	+		+	+	+				
s̥					+		+	+		+	+	+	+
ʃ										+	+	+	+
ɖ										K	K	+	+
n̥										+	+	+	+
l̥										+	+	+	+
k̥													
j̥													
k	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+
g	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+
ɣ										+	+	+	+
h											+	+	+

+ = Uttalen belagt både i Skibotn og Kvenangsbotn.

K = Berre belagt i Kvenangsbotn.

S = Berre belagt i Skibotn.

(+) = Få innslag, men representert i begge områda hos meir enn ein informant.

3.4.1.2 Nærmare om distribusjonen av vokalane

Distribusjonen går fram av oversyna over, berre nokre trekk skal kommenterast nærmare.

3.4.1.3 Fonetet /i/

Noko som straks fell ein i øyra når ein høyrer dialektar frå Nord-Troms, er at kort /i/ har større utbreiing enn dialektane lenger sør. Etter det eg kan sjå ut frå det ekserperte materialet, er systemet heilt likt i dei to områda som her er undersøkt. Nedafor følgjer ei rekke med ord som er stadfesta i begge områda og dei tilsvarande formene som ein finn sør for det undersøkte området og ut mot kysten.⁵²

Kvenangsbotn/Skibotn. Dialektformer lenger sør (Troms/Nordland)

/ʃip:er/ m	/ʃep:er/
/klip:e/ v	/klep:e/
/slims / n	/slems /
/ʃimte / v	/ʃemte /
/drifse/ v	/drefse/
/rift / f	/reft /
/bit:e / m, inf	/bet:e /
/sit:e / inf	/set:e /
/ʃit:ŋ / adj	/ʃet:ŋ/
/vit:i / adj	/vet:i /
men: /vet:/ n	/vet: /
/fisk / m	/fesk /
/frisk / adj	/fresk /
/his:i / adj	/hes:i /
/jis:ŋ / adj	/jes:ŋ /
/vis: / konj	/ves:~vest/
/ʃin: / n	/ʃen: /
/ʃilne / v	/ʃelne /
/vilje / m	/velje /
/stir:e/ v	/ster:e/
/dirke / v	/derke /
/fik: / pret	/fek: /
/sik:er/ adv	/sek:er/
/stik:e/ v	/stek:e/
/vik:e / f	/vek:a /
/fiŋ:er/ m	/feŋ:er/
/riŋ: / m	/reŋ: /
/tiŋ: / m	/teŋ: /

⁵² Eg tenker på dialektane i Troms sør for Storfjord, Lyngen og Karlsøy kommunar og dialektane nordre Nordland, dvs. i Vesterålen og Lofoten. Det finst ikkje noko skarpt skilje mellom dialektområde som har former med [e] i staden for [i], såkalla lågningsformer. Former med [e] ser ut til å avta gradvis dess lenger nord ein kjem.

3.4.1.4 Tilhøvet mellom /e/ ~ /æ/

I framlyd er det berre føre /t/ at det finst eit minimalt par mellom /e/ og /æ/. Ved dei andre konsonantfonema (forutan n) som kan stå etter /e/ og /æ/ i framlyd, ser det ut til at fordelinga mellom vokalane er som om dei skulle vere kombinatoriske variantar av eitt fonem. Lang /æ/ står føre /d s r l/, kort /æ/ føre /p m v t d n l s r t ŋ j k g ŋ/. Lang /e/ står føre /v t n l/ og kort /e/ føre /f t n ŋ j/. Ved dei dorso-palatale lydane /ŋ j/ er det fri variasjon mellom /e ~ æ/. Også i innlyd er det fri variasjon mellom [e ~ æ] føre /ŋ j/, men [æ] er langt vanligere enn [e] i denne posisjonen. Distribusjonen blir nærmare omtalt i avsnittet om konsonantfonema. I innlyd kan både /e:/ og /æ:/ stå føre /p v t d n l r k g/, /e:/ kan dessutan stå føre /b/ og /m/ i nokre få ord. /æ:/ står føre /s ŋ j/, i Kvenangsbotn er /æ:/ dessutan belagt føre /m/. Kort /e/ og /æ/ kan stå føre /p b m v t d n l s r ŋ j k/, berre /æ/ finst føre /f t s d g ŋ/. I utlyd i trykksterk stilling er det /e:/ som har vidast distribusjon, /æ:/ kan berre stå etter /n l r/.⁵³

Belegg på fri variasjon mellom [e ~ æ], (jf. 3.2.1 2c) både på Skibotn og i Kvenangsbotn:

Føre /n/	/den:	~ 'dæn:/ pron
	/ren:	~ 'ræn:/ pres
	/ʌ:lent	~ 'brat:lænt / adj
	/vel:	~ 'væl:/ adv
	/fjel:	~ 'fjæl:/ n
	/nes:	~ 'næs:/ n
/r/	/her:an	~ 'hær:an/ adv
	/de:r	~ 'dæ:r/ pron
/ŋ/	/den:	~ 'dæn:/ pron
	/ren:	~ 'ræn:/ pres
	/en:n	~ 'æn:n/ m bf sg
	/fin:læn:er	~ 'fin:læn:er/ m
	['tkæn:e	~ 'tkæn:e] v
	/bræn:vi:n	~ 'bræn:vi:n/ n
/l/	/fjel:	~ 'fjæl:/ n
	/hel:er	~ 'hæl:er/ adv
	/mæl:a	~ 'mæl:a/ prep
	/mæl:e	~ 'mæl:e/ v

Uttalen med [æ] er den vanligaste både i Kvenangsbotn og på Skibotn. Ved ein del ord finst det ulik distribusjon på /e/ og /æ/ i dei to dialektane. Det heiter t.d. ei ~ enn /'jæl:/ *skjel* f. i Kvenangsbotn, men enn /'jel:/ for det same på Skibotn. I Kvenangsbotn heiter det /'bræmse/ inf, pres. og /'hems/ m, men /'bræmse/ og /'hæms/ på Skibotn. På Skibotn heiter det /'tre:g/ adj., /'pre:g/ n, /'kæ:de/ n, men /'træ:g/, /'præ:g/ og /'kæ:de/ i Kvenangsbotn.⁵⁴

⁵³ Lang /e:/ kan ikkje stå i utlyd etter /l/:

⁵⁴ Bortsett frå det første dømet er ikkje uttalen belagt med meir enn ein informant frå kvart område, andre personar ville kanskje uttale orda annleis.

3.4.1.5 Tilhøvet mellom /y/ ~ /ø/

I dialektane er det opposisjon mellom vokalane /y/ og /ø/, men i nokre ord er det fri variasjon mellom desse vokalane. Dette er veksling som også finst i andre norske dialektar.⁶ Om eit ord har /d: t: rt ~ ʈ rk k: ŋ:/ kan [y ~ ø] veksle fritt i nokre ord, men i andre ord av denne typen, er det fast bruk med berre den eine eller den andre vokalen (jf. 3.2.1. 2c).

Ord med fri variasjon i begge områda:

/styt.:e ~ 'støt:e/, /'dyrke ~ 'dørke/,

/styk:e ~ 'støk:e/, /'yŋre ~ 'øŋre/.

Fri variasjon berre i Kvenangsbotn:

/lyŋ: ~ 'løŋ:/.

Fri variasjon berre på Skibotn:

/flyt:e ~ 'fløt:e/.

Lik distribusjon på begge plassane:

/yŋ:el 'syŋ:e 'jyŋ:estu:l 'slyŋ:plante/

/nøtte 'løkt 'søk:e 'tøŋ:a/.

Ulik distribusjon i Kvengangsbotn og på Skibotn:

Kv.: Sk.:

/rød:e/ /ryd:e/

/ʌ:ttrøk:/ /ʌ:ttryk:/

3.4.1.6 Tilhøvet /ʌ/ ~ /u/

Vokalfonema /ʌ/ og /u/ kan veksle fritt føre dorso-palatalane /ŋ/ og /l/. I ord med desse to dorso-palatalane kan det vere fri veksling mellom dorso-palatal og lamino-alveolar. Føre lamino-alveolarar er det berre /ʌ/ som kan forekomme, aldri /u/. Sjå nærmare om dette under konsonantfonema.

3.4.1.7 Andre vokalvekslingar

Elles finst det i begge områda vekslingar mellom vokalar som er knytte til spesielle ord. For alle desse omtalte vekslingane gjeld det at ein og same person kan bruke begge variantane utan at det ligg nokon stilvariasjon bak.

Veksling /o ~ ø/ : /'for: ~ 'fø:r/
 /o ~ u/ : /'nok: ~ 'nuk:/
 /o ~ a/ : /'troŋ: ~ 'traŋ:/
 /ø ~ ʉ/ : /'høgst ~ 'hugst/
 /ø ~ æ/ : /i'jøn:a ~ i'jæn:a/
 /'gløm:e ~ 'glæm:e/

3.4.2 Distribusjon av vokalane i trykklett staving

I trykklett staving finn ein seks av dei ni vokalfonema som dialektane har. Berre ved /i/, /e/ og /a/ finn ein minimale par. /u/, /æ/ og /ʉ/ finst berre i nokre få ord. Dei tre førstnemnde vokalane er bøyingsmorfem, eller delar av bøyingsmorfem, og kan forutan i utlyd, stå i omgjevnadene:

/# [i ŋ]	/# [e n]	/# [a n]
	l r	t r

/ = omgjevnad
 # = stavingsgrense

Døme med vokalar i trykklett staving:

/i/ /'nøt:i/ adj	/'le:di/ adj	/'sa:li/ adj	/'mæ:li/ adj
/e/ /'nøt:e/ v	/'le:de/ v	/'sa:le/ v	/'mæ:le/ m
/a/ /'nøt:a/ pret	/'le:da/ pret	/'sa:la/ m ub pl	/'mæ:la/ m ub pl
/u/ /'a:lu/ m	/'ba:kum/	/'ne:um/	/'pæŋ:un/ m
/æ/ /'i:dræt:/ m	/'ter:æŋ/ n		
/ʉ/ /'æ:drʉ/ adj	/'jeb:ʉŋda:g/ m	/'bryl:ʉp/ n	

3.5 Diftongar

Eg vil ikkje problematisere om diftongane er eitt eller to vokalsegment, men oppfatte diftongane som eigne fonem som det er vanlig å gjøre i norsk. "Fonetisk er en diftong en forbindelse af to vokoider forenet i en glidende artikulasjonsbevægelse. Både fonetisk og sprogligt funktionelt [...] indgår [den] som den centrale del af en og samme stavelse" (Koefoed 1967:122).

Dialektane har diftongane /ei/, /øy/, /øʉ/, /ai/, /oi/; dei to siste er berre i lånnord. Diftongen /ei/ har variantane [ei] og [æi], og /øʉ/ har variantane [øʉ] og [æʉ]. Alle diftongane kan stå i både framlyd, innlyd og utlyd i trykkttunge stavingar.

Minimale par:

/reise/ v	: /røyse/ v	: /røuse/ v
/'heie/ v	: /'høye/ v	: /'høʉe/ n bf sg
/'rei/ pret	: /'røy/ f	: /'røʉ/ pret

3.5.1 Nærmare om kvar av diftongane

3.5.1.1 Diftongen /ei/

Fonemet /ei/ kan i framlyd stå føre konsonantane /m d n r k/, i innlyd føre /p m v t n l s r k g h/ og i utlyd etter /p b m f v t d n l s r ʃ/. Allofonane [ei] og [æi] kan stå i framlyd, innlyd og utlyd, men [æi] kan ikkje ha annan konsonant etter seg enn /d/ som er bøyingsending i preteritum og perfektum for ein del svake verb. Både [ei] og [æi] kan stå i utlyd, men distribusjonen er ikkje heilt fri. Det ser ut som om preteritumsformer av sterke verb av 5. klasse ikkje kan ha anna ending enn [ei]. Det heiter derfor /'glei 'sklei 'svei 'rei 'vrei 'strei/, men verbet *å bli* er eit unntak.⁵⁵ Det kan heite både ['blei og 'blæi] i preteritum. I utlyd er det formene med [æi] som dominerer på Skibotn; i Kvenangsbotn blir former med [ei] i utlyd brukte like mykje som formene med [æi].⁵⁶ I framlyd er det få innslag med [æi] Skibotn-materialet, i Kvenangsbotn-materialet er innslaget med [æi]-former noko større.

Den frie variasjonen mellom [ei ~ æi] i omgjevnadene som er nemnde ovafor, kan vere eit steg på vegen mot utvikling av eit nytt diftongfonem i dialektane sett ut frå taksonomisk strukturalistisk analysemetode. I begge områda seier folk alltid /'sæi/ m, men presens av å seie, heiter /'sei/.⁵⁷ Verba *å leie*, *å leige* og adj *lei* er oppgjevne berre med diftongen [æi], substantiva *elveleie* og *skipslei* har former med både [æi] og [ei]. Då materialet blei samla inn, var det ganske seint i innsamlingsfasen at eg blei klar over at det fanst variantar av diftongen /ei/, derfor er ikkje informantane blitt spurde systematisk ut om dette fenomenet, og det er derfor vanskelig å seie noko meir bestemt om distribusjonen i utlyd.

3.5.1.2 Diftongen /øy/

Føre konsonant kan ein ikkje ha /øy/ i framlyd, her finst berre vokalen /ø/, t.d. *enn øre f*, *ett øre n*. I innlyd finst /øy/ føre konsonantane /p t d n l s r k/ og i utlyd etter /b m f t d n l s r ʃ j k h/.

3.5.1.3 /øʌ/

Allofonane [øʌ] og [æʌ] har fri variasjon; uttalen med [æʌ] er mykje meir vanlig i Kvenangsbotn enn Skibotn. I framlyd kan /æʌ/ stå føre /r s k/, føre /v t s g k/ i innlyd og i utlyd etter /b t d l s r ʃ h/.

⁵⁵ Jamfør formene *språng n* og *sprang pret.* i svensk. Verbet har ikkje fått omlyd på grunn av systemtvangen frå bøyingsparadigmet hos sterke verb (Ralph 1972:14).

⁵⁶ Eg har ikkje rekna ut nøyaktig tal på kva som finst av kvar form i materialet.

⁵⁷ Den vanlige presensforma er *si*, men i materialet er det innslag med forma *sei* hos fem informantar, to på Skibotn og tre i Kvenangsbotn. Ein av informantane oppgav at forma *sei* er ei "fin" form som signaliserer at ein ikkje høyrer til på plassen.

3.5.1.4 Diftongane /ai/, /oi/

Desse to diftongane finst berre i nokre få ord som elles i norsk. Eg har berre funne nokre få døme i materialet, og alle er tekne med her.

/raid/ m, /kai/ f, /hai/ m, /pai/ m

/voi/ interjeksjon, /hoie/ v

3.6 Veksling mellom diftong og enkel vokal

I materialet frå begge plassane er det nokre ord som har veksling mellom former med diftong eller enkel vokal. Dei same vekslingane går igjen hos alle informantane. Diftongen /ei/ vekslar med vokalen /e/ i orda:

'veit ~ 've:t, 'fleire ~ 'fle:re, 'heil(e)(t) ~ 'he:l(e)(t), 'seinere ~ 'se:nere, 'heite ~ 'he:te, 'meir ~ 'me:r, 'blei ~ 'ble: 'meine ~ 'me:ne/.

Sidan ein ikkje kan ha diftong før konsonantsambanda /kt/ og /tt/, blir diftongane byta ut med kort vokal, t.d.:

/steike/ inf, pres /stekte/ pret /stekt/ perf

'heite ~ 'he:te/ inf, pres /het:e/ pret /het:/ perf

Det siste verbet kan også ha bøyinga /heita/ pret., perf. Bøyning av verb med kort vokal føre konsonantlengde kan ikkje brukast alltid. Verbet *leite* kan ikkje bøyast på annan måte enn med /leita/ i pret., perf.

Eg har ikkje funne døme på at /øy/ i noko tilfelle kan bli kort framfor konsonantlengde⁵⁸, og heller ikkje ordformer med vokal som vekslar med ei form med diftong. Ved diftongen /øu/ finn ein former med enkel vokal som vekslar fritt, t.d. /løuv ~ 'lø:v, 'strøum ~ 'strøm:, 'høust ~ 'høst/. Ordet /døu/ er oppgjeve med tydinga 'slapp, dvask' og /dø:/ med tydinga 'livlaus'.⁵⁹

3.7 Konsonantane

Etter måten å analysere på får ein ulikt tal på konsonantfonema som i dialektane. Eg vil derfor gjøre greie for eit maksimalt og eit minimalt konsonantinventar. Ein kan ikkje seie at nokon av informantane har det eine eller det andre fonemsystemet, for det er mykje variasjon i uttalen hos ein og same person.

⁵⁸ I min eigen dialekt blir alle diftongar til korte, enkle vokalar framfor konsonantlengde.

⁵⁹ Opplysningane er frå Skibotn, om det same gjeld for Kvenangsbotn, er ikkje undersøkt.

Termene eg bruker for å gjøre greie for artikulasjonsstaden for konsonantfonema, er dei som Endresen argumenterer for i ein artikkel i NLT 2/1985 (Endresen 1985:68 f). Han kritiserer inkonsekvensen i tradisjonen med å oppgje artikulasjonsstaden med begge artikulatorene i nokre høve, og i andre høve berre den eine. Termen "retrofleks" t.d. seier ikkje noko om artikulasjonsstadene i det heile teke, berre om tungestillinga på den eine artikulatorene. Som Endresen bruker eg nemningane nedre artikulatur og øvre artikulatur om "den staden i munntaket og den staden i munngolvet som det er innsnevring mellom." (Endresen 1985:98).

3.7.1 Konsonantfonema

Maksimalt foneminventar: System 1. /p b m f v t d n l s r ʈ d̥ ɳ ʃ ʒ d̥ ɳ ʎ k̥ j k g ŋ h/

Minimalt foneminventar: System 2 /b̥ m f v d̥ n l s r ʃ d̥ ɳ ʎ k̥ j ġ ŋ h/

Distinktive drag:

Artikulasjonsstad:

Nedre Øvre art. art.	System 1	System 2
Labio-labial:	/p b/	/b̥/
Labio-labial el. labio-dental:	/m/	/m/
Labio-dental:	/f v/	/f v/
Lamino-alveolar: ⁶⁰	/t d n l/	/d̥ n l/
Lamino-alveolar el. apiko-alveolar:	/s/	/s/
Apiko-alveolar:	/r/	/r/
Sublamino-alveolar:	/ʈ d̥ ɳ ʃ/	
Lamino-postalveolar:	/ʃ/	/ʃ/
Dorso-palatal: ⁶¹	/d̥ ɳ ʎ k̥ j/	/d̥ ɳ ʎ k̥ j/
Dorso-velar:	/k g ŋ/	/ġ ŋ/
Glottal:	/h/	/h/

Artikulasjonsmåte:

	System 1	System 2
Klusilar:	/p b t d ʈ d̥ k g/	/b̥ d̥ d̥ ġ/
Nasalar:	/m n ŋ ɳ ŋ/	/m n ŋ ɳ/
Lateralar:	/l ʎ ʎ/	/l ʎ/
Vibrant:	/r/	/r/
Frikativar:	/f v s ʃ ʒ k̥ j h/	/f v s ʃ k̥ j h/

⁶⁰ Grunngevinga Endresen gjev for å klassifisere /t d n l/ som lamino-alveolare lydar (ikkje dentalar) gjeld også for uttalen i dette materialet.

⁶¹ Teikna /ʈ d̥ ɳ ʃ/ merker ut dorso-palatalar. Desse teikna kan nyttast i IPA-lydskriftsystemet, jf. The Principles of the International Phonetic Association, pkt. 28 og 29 (i). Føremonen med desse teikna framfor /c ɟ ɲ ʎ/ er at teikna gjengjev einsarta at dei representerer lydar med sams øvre artikulasjonsstad, desse lydane inngår i eit fonematisk system.

Stemtheit:*Ustemte:*

Syst. 1. [p^h b̥ f t^h d̥ l̥ s̥ ʔ t̥ s̥ f̥ t̥ l̥ k̥ t̥ k̥^h ɡ̥ h]





Syst. 2. [b̥ f̥ d̥ l̥ s̥ ʔ f̥ t̥ l̥ k̥ t̥ k̥ ɡ̥ h]

Stemte:

Syst. 1. [b m ŋ v d n l r ɹ d̥ ŋ l̥ j ɡ ŋ]

Syst. 2. [m ŋ v n l r ɹ d̥ ŋ l̥ j ŋ]

3.7.1.1 Skisse over artikulasjonsstadene



e faryngal

Skissa er laga ut frå Endresen, Rolf Theil 1985: Norske konsonantar. Fonetiske og fonologiske merknadar. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, Oslo, 65-100.

Punkt e er etter Sivertsen, Eva 1967: *Fonologi*. Universitetsforlaget. Oslo-Bergen-Tromsø.

3.7.1.2 Fonem og allofonar

Fonemsystem 1

/p/	[p ^h]	Postaspirert labio-labial, ustemt klusil i framlyd føre vokalar, likvidar og i utlyd.
	[b̥]	Uaspirert labio-labial, ustemt klusil mellom vokalar, etter /s/ og mellom /n l r/ og vokal.
/b/	[b]	Uaspirert labio-labial, stemt klusil i alle posisjonar.
/m/	[m]	Labio-labial, stemt nasal i alle posisjonar bortsett frå føre /f/.
	[m̥]	Labio-dental, stemt nasal framfor /f/.
/f/	[f]	Labio-dental, ustemt frikativ i alle posisjonar.
/v/	[v]	Labio-dental, stemt frikativ i alle posisjonar.
/t/	[t ^h]	Postaspirert lamino-alveolar, ustemt klusil i framlyd føre vokalar, likvidar og i utlyd.
	[d̥]	Uaspirert lamino-alveolar, ustemt klusil mellom vokalar, etter /s/ mellom /n l r/ og vokal i fri variasjon med [t ^h] og [d̥] etter kort /i y æ/.
	[t̪]	Dorso-palatal, ustemt klusil fakultativ til [t ^h] el. [d̥] etter kort /i y æ/.
/d/	[d]	Uaspirert lamino-alveolar, stemt klusil i alle posisjonar.
/n/	[n]	Lamino-alveolar, stemt nasal i alle posisjonar.
/l/	[l]	Lamino-alveolar, stemt lateral i alle posisjonar bortsett frå framfor /t/.
	[ɭ]	Lamino-alveolar, ustemt lateral framfor /t/, hos nokre også i framlyd som fri variant til [sl].
/s/	[s]	Lamino alveolar, ustemt frikativ i alle posisjonar, varierer fritt med [s̥].
	[s̥]	Apiko-alveolar, ustemt frikativ i alle posisjonar, varierer fritt med [s].
/r/	[r]	Apiko-alveolar, stemt vibrant framfor vokal, i utlyd og som siste komponent i konsonantgruppe. Varierer fritt med [ɹ] og i utlyd etter lang vokal også med [ɹ̥].
	[ɹ]	Apiko-alveolar, stemt frikativ el. flap ⁶² framfor vokal, i utlyd og som siste komponent i konsonantgruppe. Varierer fritt med [r] og i utlyd etter lang vokal også med [ɹ̥].
	[ɹ̥]	Apiko-alveolar, ustemt frikativ framfor /p t k/ og i utlyd etter lang vokal. Fri variant i utlyd med [r] og [ɹ].
/t̪/	[t̪]	Sublamino-(post)alveolar, ustemt klusil i utlyd.
/d̪/	[d̪]	Sublamino-(post)alveolar, stemt klusil i utlyd.
/n̪/	[n̪]	Sublamino-(post)alveolar, stemt nasal i utlyd. Berre etter lang vokal.
/l̪/	[l̪]	Sublamino-(post)alveolar, stemt lateral i utlyd.
/s̪/	[s̪]	Sublamino-(post)alveolar, ustemt frikativ i utlyd.
/j/	[j]	Lamino-postalveolar, ustemt frikativ.
/d̪/	[d̪]	Dorso-palatal, stemt klusil.
/n̪/	[n̪]	Dorso-palatal, stemt nasal.
/l̪/	[l̪]	Dorso-palatal, stemt lateral.
	[ɭ̪]	Dorso-palatal, ustemt lateral framfor /t/.
/k̪/	[k̪]	Dorso-palatal, ustemt frikativ.
	[tk̪]	Dorso-palatal, ustemt affrikat. Fri variant.
/j/	[j]	Dorso-palatal, stemt frikativ.
/k/	[k ^h]	Postaspirert dorso-velar, ustemt klusil i framlyd føre vokalar, likvidar og i utlyd.
	[k̥]	Uaspirert dorso-velar, ustemt klusil mellom vokalar, etter /s/ og mellom /n l r/ og vokal.
/g/	[g]	Uaspirert dorso-velar, stemt klusil i alle posisjonar bortsett frå føre /s t k/.
	[k̥]	Uaspirert dorso-velar, ustemt klusil føre /s t k/.
/ŋ/	[ŋ]	Dorso-velar, stemt nasal. Berre i utlyd etter kort vokal.
/h/	[h]	Glottal ustemt frikativ, berre i framlyd.

⁶² Det er svært vanskelig å avgjøre om lyden er ein flap el. frikativ. For meg verkar det som om variasjonen er fri. Foldvik (1978:111) oppgjev at informantane som vekslar mellom å bruke [ɹ] og [r], bruker [ɹ] (frikativ) i initial stilling framfor vokal og at [r] (tap/flap) blir brukt "for øvrig". "For øvrig" må tyde t.d. føre klusilane /p t k/. Uttalen på Skibotn og i Kvenangsbotn av /t/ i denne posisjonen er tydelig ein apiko-postalveolar, ustemt frikativ [ɹ]. Framfor vokal meiner eg å høre stundom frikativ og stundom ein flap utan noko spesielt fordelingssystem. I dei same posisjonane kan ein òg høre [r].

Fonemsystem 2

/b/	[b]	Uaspirert labio-labial, ustemt klusil i alle posisjonar.
/m/	[m]	Labio-labial, stemt nasal i alle posisjonar bortsett frå føre /f/.
	[m̥]	Labio-dental, stemt nasal framfor /f/.
/f/	[f]	Labio-dental, ustemt frikativ i alle posisjonar.
/v/	[v]	Labio-dental, stemt frikativ i alle posisjonar.
/d/	[d]	Uaspirert lamino-alveolar, ustemt klusil i alle posisjonar.
	[t̪]	Dorso-palatal, ustemt klusil i fri variasjon med [d] etter kort /i y æ/.
/n/	[n]	Lamino-alveolar, stemt nasal i alle posisjonar.
/l/	[l]	Lamino-alveolar, stemt lateral i alle posisjonar bortsett frå framfor /t/.
	[l̥]	Lamino-alveolar, ustemt lateral framfor /t/, hos nokre også i framlyd som fri variant til [sl].
/s/	[s]	Lamino alveolar, ustemt frikativ i alle posisjonar, varierer fritt med [ʃ].
	[s̺]	Apiko-alveolar, ustemt frikativ i alle posisjonar, varierer fritt med [s].
/r/	[r]	Apiko-alveolar, stemt vibrant framfor vokal, i utlyd og som siste komponent i konsonantgruppe. Varierer fritt med [ɹ] og i utlyd etter lang vokal også med [-].
	[ɹ]	Apiko-alveolar, stemt frikativ el. flap (sjå fotnote 62) framfor vokal, i utlyd og som siste komponent i konsonantgruppe. Varierer fritt med [r] og i utlyd etter lang vokal også med [ɹ].
	[ɹ̥]	Apiko-alveolar, ustemt frikativ framfor /p t k/ og i utlyd etter lang vokal. Fri variant i utlyd med [r] og [ɹ].
/ʃ/	[ʃ]	Lamino-postalveolar, ustemt frikativ.
/d̪/	[d̪]	Dorso-palatal, stemt klusil.
/n̪/	[n̪]	Dorso-palatal, stemt nasal.
/l̪/	[l̪]	Dorso-palatal, stemt lateral.
	[l̪̥]	Dorso-palatal, ustemt lateral framfor /t/.
/k̪/	[k̪]	Dorso-palatal, ustemt frikativ.
	[tk̪]	Dorso-palatal, ustemt affrikat. Fri variant.
/j/	[j]	Dorso-palatal, stemt frikativ.
/g̊/	[g̊]	Uaspirert dorso-velar, ustemt klusil i alle posisjonar.
/ŋ/	[ŋ]	Dorso-velar, stemt nasal. Berre i utlyd etter kort vokal.
/h/	[h]	Glottal ustemt frikativ, berre i framlyd.

3.7.1.3 Minimale par, fonemsystem 1

Framlyd:

/p/ :	/b/	/'pi:l	:	'bi:l/
	/f/	/'pi:l	:	'fi:l/
	/v/	/'pat:	:	'vat:/
	/m/	/'pat:	:	'mat:/
	/t/	/'pak:e	:	'tak:e/
	/d/	/'pi:ne	:	'di:ne/
	/n/	/'pat:	:	'nat:/
	/l/	/'paɖ:a	:	'laɖ:a/
	/s/	/'pat:	:	'sat:/
	/r/	/'pat:	:	'rat:/
	/ʃ/	/'pæ:re	:	'ʃæ:re/
	/k̪/	/'pirke	:	'k̪irke/
	/j/	/'pu:ra	:	'ju:ra/
	/k/	/'pat:	:	'kat:/
	/g̊/	/'pat:	:	'g̊at:/
	/h/	/'pik:e	:	'hik:e/

/b/ :	/f/	/'bi:l	:	'fi:l/
	/v/	/'baŋ:	:	'vaŋ:/
	/m/	/'baŋ:	:	'maŋ:/
	/t/	/'baŋ:	:	'taŋ:/
	/d/	/'bø:r	:	'dø:r/
	/n/	/'bu:t	:	'nu:t/
	/l/	/'bu:t	:	'lu:t/
	/s/	/'bi:l	:	'si:l/
	/r/	/'bu:t	:	'ru:t/
	/ʃ/	/'bø:l:e	:	'jø:l:e/
	/k/	/'bu:le	:	'ku:le/
	/j/	/'bu:ta	:	'ju:ta/
	/k/	/'ba:ke	:	'ka:ke/
	/g/	/'blei	:	'glei/
	/h/	/'ba:ke	:	'ha:ke/
/f/ :	/v/	/'fin:e	:	'vin:e/
	/m/	/'faŋ:	:	'maŋ:/
	/t/	/'faŋ:	:	'taŋ:/
	/d/	/'fø:re	:	'dø:re/
	/n/	/'fat:	:	'nat:/
	/l/	/'føk:e	:	'løk:e/
	/s/	/'faŋ:	:	'saŋ:/
	/r/	/'fy:ke	:	'ry:ke/
	/ʃ/	/'fin:e	:	'jin:e/
	/k/	/'fø:re	:	'kø:re/
	/j/	/'fø:re	:	'jø:re/
	/k/	/'faŋ:	:	'kaŋ:/
	/g/	/'faŋ:	:	'gaŋ:/
	/h/	/'faŋ:	:	'haŋ:/
/v/ :	/m/	/'vin:e	:	'min:e/
	/t/	/'vaŋ:	:	'taŋ:/
	/d/	/'vaske	:	'daske/
	/n/	/'vat:	:	'nat:/
	/l/	/'vækse	:	'lækse/
	/s/	/'vaŋ:	:	'saŋ:/
	/r/	/'va:ne	:	'ra:ne/
	/ʃ/	/'vin:e	:	'jin:e/
	/k/	/'virke	:	'kirke/
	/j/	/'væ:re	:	'jæ:re/
	/k/	/'vaŋ:	:	'kaŋ:/
	/g/	/'vaŋ:	:	'gaŋ:/
	/h/	/'vaŋ:	:	'haŋ:/
/m/ :	/t/	/'maŋ:	:	'taŋ:/
	/d/	/'mi:ne	:	'di:ne/
	/n/	/'mat:	:	'nat:/
	/l/	/'maŋ:a	:	'laŋ:a/
	/s/	/'mi:ne	:	'si:ne/
	/r/	/'maŋ:a	:	'raŋ:a/
	/ʃ/	/'min:e	:	'jin:e/
	/k/	/'møt:e	:	'køt:e/
	/j/	/'mæ:r	:	'jæ:r/
	/k/	/'mæ:r	:	'kæ:r/
	/g/	/'maŋ:a	:	'gaŋ:a/
	/h/	/'maŋ:	:	'haŋ:a/

/t/ : /d/ /'tri:ves : 'dri:ves/
 /s/ /'tøuse : 'søus/
 /n/ /'tæ:riŋ : 'næ:riŋ/
 /l/ /'tæ:re : 'læ:re/
 /r/ /'ta:p : 'ra:p/
 /ʃ/ /'tæ:re : 'ʃæ:re/
 /k/ /'tæft : 'kæft/
 /j/ /'tæ:r : 'jæ:r/
 /k/ /'tæ:r : 'kæ:r/
 /g/ /'to:r : 'go:r/
 /h/ /'to:r : 'ho:r/

/d/ : /n/ /'duk: : 'nuk:/
 /l/ /'duk:e : 'luk:e/
 /s/ /'dø:r : 'sø:r/
 /r/ /'dø:r : 'rø:r/
 /ʃ/ /'dø:r : 'ʃø:r/
 /k/ /'dø:r : 'kø:r/
 /j/ /'dø:r : 'jø:r/
 /k/ /'dat: : 'kat:/
 /g/ /'dat: : 'gat:/
 /h/ /'dat: : 'hat:/

/n/ : /l/ /'na:ken : 'la:ken/
 /s/ /'na:ken : 'sa:ken/
 /r/ /'nak:e : 'rak:e/
 /ʃ/ /'næ:r : 'ʃæ:r/
 /k/ /'nøt: : 'køt:/
 /j/ /'nu:ta : 'ju:ta/
 /k/ /'nat: : 'kat:/
 /g/ /'no:r : 'go:r/
 /h/ /'no:r : 'ho:r/

/l/ : /s/ /'la:ken : 'sa:ken/
 /r/ /'li:k : 'ri:k/
 /ʃ/ /'læ:r : 'ʃæ:r/
 /k/ /'læ:re : 'kæ:re/
 /j/ /'læ:re : 'jæ:re/
 /k/ /'lap:a : 'kap:a/
 /g/ /'lo:s : 'go:s/
 /h/ /'loft : 'hoft/

/s/ : /r/ /'sa:k : 'ra:k/
 /ʃ/ /'sin:e : 'ʃin:e/
 /k/ /'sæk: : 'kæk:/
 /j/ /'sæk: : 'jæk:/
 /k/ /'sat: : 'kat:/
 /g/ /'so:r : 'go:r/
 /h/ /'so:r : 'ho:r/

/t/ : /ʃ/ /'ræk:a : 'ʃæk:a/
 /k/ /'ri:k : 'ki:k/
 /j/ /'ræk:a : 'jæk:a/
 /k/ /'ra:ke : 'ka:ke/
 /g/ /'ra:ve : 'ga:ve/
 /h/ /'ra:ve : 'ha:ve/

/ʃ/ : /k/ /'ʃæ:re : 'kæ:re/

	/j/	/fæ:re :	'jæ:re/
	/k/	/fap:a :	'kap:a/
	/g/	/fa:le :	'ga:le/
	/h/	/fa:ve :	'ha:le/
/k/ :	/j/	/'kæk: :	'jæk:/
	/k/	/'ku:r :	'ku:r/
	/g/	/'kɑŋ s :	'gɑŋs/
	/h/	/'kæ:r :	'hæ:r/
/j/ :	/k/	/'ju:re :	'ku:re/
	/g/	/'jæ:l :	'gæ:l/
	/h/	/'jø:r :	'hø:r/
/k/ :	/g/	/'kæ:l :	'gæ:l/
	/h/	/'ka:ka :	'ha:ka/
/g/ :	/h/	/'go:r :	'ho:r/

Utlyd:

/p/ :	/b/	/'sʌp:e :	'sʌb:e /
	/f/	/'kʌp:e :	'kʌf:e /
	/v/	/'rø:pe :	'rø:ve /
	/m/	/'drøp:e :	'drøm:e/
	/t/	/'næp:e :	'næt:e/
	/d/	/'klæp: :	'klæd:/
	/n/	/'sop: :	'son:/
	/l/	/'krøp:e :	'krøl:e/
	/s/	/'klap:e :	'klas:e/
	/r/	/'sʌp:e :	'sʌr:e/
	/t/	/'sʌ:p :	'sʌ:t/
	/d/	/'hyp:e :	'hyd:e/
	/ŋ/	/'ga:p :	'ga:ŋ/
	/l/	manglar	
	/s/	/'mʌp:a :	'maʃ:a/
	/f/	/'dʌp:e :	'dʌf:e/
	/d/	/'lʌp: :	'lʌd:/
	/ŋ/	/'lʌp: :	'lʌŋ:/
	/l/	/'kʌp:e :	'kʌl:e/
	/k/	/'sop: :	'sok:/
	/g/	/'klæp: :	'klæg:/
	/ŋ/	'lʌp: :	'lʌŋ:/
/b/ :	/f/	/'dʌb:e :	'dʌf:e /
	/v/	/'snob:a :	'snov:a/
	/m/	/'kob:e :	'kom:e /
	/t/	/'næb: :	'næt: /
	/d/	/'skʌb:e :	'skʌd:e/
	/n/	/'dʌb:e :	'dʌn:e /
	/l/	/'tʌb:e :	'tʌl:e /
	/s/	/'kryb:e :	'krys:e/
	/r/	/'skʌb:e :	'skʌr:e/
	/t/	/'kob:e :	'kod:e /
	/ŋ/	/'tʌ:be :	'tʌ:ŋe /
	/l/	manglar	
	/s/	/'kob:e :	'koʃ:e /

	/f/	manglar	
	/d/	/'lab:a :	'lad:a /
	/n/	/'lab:a :	'lan:a /
	/l/	/'dab:a :	'dal:a /
	/k/	/'kob:a :	'kok:a /
	/g/	/'rib:e :	'rig:e /
	/ŋ/	/'kob:e :	'konj:e /
/f/ :	/v/	manglar	
	/m/	/'tøf: :	'tøm:/
	/t/	/'skaf:e :	'skat:e/
	/d/	/'bløf:e :	'blød:e/
	/n/	/'daf:e :	'dan:e /
	/l/	/'skaf:e :	'skal:e/
	/s/	/'klaf:e :	'klas:e/
	/r/	/'tøf: :	'tør:/
	/t/	/'tøf: :	'tøt:/
	/d/	manglar	
	/n/	manglar	
	/l/	manglar	
	/s/	manglar	
	/f/	manglar	
	/d/	/'klaf:e :	'kladj:e/
	/n/	/'straf:a :	'stranj:a/
	/l/	/'skaf:e :	'skalj:e/
	/k/	/'streife :	'streike/
	/g/	/'bløf:e :	'bløg:e/
	/ŋ/	/'luf:a :	'luŋj:a/
v/ :	/m/	/'li:v :	'li:m/
	/t/	/'li:v :	'li:t/
	/d/	/'le:ve :	'le:de/
	/n/	/'lo:ve :	'lo:ne/
	/l/	/'ø:v :	'ø:l/
	/s/	/'slø:v :	'slø:s/
	/r/	/'slø:v :	'slø:r/
	/t/	/'so:v :	'so:t/
	/d/	manglar	
	/n/	/'tæ:va :	'tæ:ŋa/
	/l/	manglar	
	/s/	'høv:el :	'høŋ:el/
	/f/	manglar	
	/d/	manglar	
	/n/	manglar	
	/l/	manglar	
	/k/	/'ra:ve :	'ra:ke/
	/g/	/'nav:el :	'nag:el/
	/ŋ/	/'savn :	'saŋn/
/m/ :	/t/	/'tæm:e :	'tæt:e/
	/d/	/'tam: :	'tad:
	/n/	/'røm:e :	'røn:e/
	/l/	/'da:me :	'da:le/
	/s/	/'lam: :	'las:/
	/r/	/'tøm: :	'tør:/
	/t/	/'tøm: :	'tøt:/
	/d/	/'gam:e :	'gadj:e/
	/ŋ/	manglar	

	/l/	manglar	
	/s/	/'mam:a :	'maʃ:a/
	/f/	/'hæm:e :	'hæf:e/
	/d/	/'lam:a :	'lad:a/
	/n/	/'lam:a :	'lan:a/
	/l/	/'skam:a :	'skaʃ:a/
	/k/	/'dram: :	drak:/
	/g/	/'læm: :	'læg:/
	/ŋ/	/'lam: :	'lan:/
/t/ :	/d/	/'byt:e :	'byd:e/
	/n/	/'læ:t :	'læ:n/
	/l/	/'bit:e :	'bil:e/
	/s/	/'læ:t :	'læ:s/
	/r/	/'bøt:e :	'bør:e/
	/t/	/'mø:t :	'mø:t/
	/d/	/'lot: :	'lod:/
	/n/	/'tæ:t :	'tæ:n/
	/l/	manglar	
	/s/	/'mat:a :	'maʃ:a/
	/f/	/'hæt:e :	'hæf:e/
	/d/	/'ræt: :	'ræd:/
	/n/	/'mat:a :	'man:a/
	/l/	/'skat:e :	skaf:e/
	/k/	/'bit:e :	'bik:e/
	/g/	/'slæt:e :	slæg:e/
	/ŋ/	/'slæt:e :	'slæn:e/
/d/ :	/n/	/'spæd:e :	'spæn:e/
	/l/	/'spæd:e :	'spæl:e/
	/s/	/'lad:e :	'las:e/
	/r/	/'spæd:e :	'spær:e /
	/t/	/'sod: :	'so:t/
	/d/	/'byd: :	'byd:/
	/n/	/'kæ:de :	'kæ:ne/
	/l/	manglar	
	/s/	manglar	
	/f/	/'had: :	'haf:/
	/d/	/'lod:a :	'lod:a/
	/n/	/'rud: :	'run:/
	/l/	/'rud: :	'ru:l:/
	/k/	/'spæd: :	'spæk:/
	/g/	/'blød:e :	'bløg:e/
	/ŋ/	/'lad: :	'lan:/
/n/ :	/l/	/'søn: :	'søl:/
	/s/	/'unt :	'ust/
	/r/	/'støn:e :	'stør:e/
	/t/	/'støn:e :	'støt:e/
	/d/	/'væn:n/ :	'væd:n/
	/n/	/'tæ:n :	'tæ:n/
	/l/	manglar	
	/s/	/'hæn:e :	'hæs:e/
	/f/	/'hæn:e :	'hæf:e/
	/d/	/'syn: :	'syd:/
	/n/	/'vant :	'vant/
	/l/	/'hæn:e :	'hæl:e/
	/k/	/'væn: :	'væk:/

	/g/	/væn:	:	'væg:/
	/ŋ/	/hæn:e	:	'hæŋ:e/
/l/ :	/s/	/hy:le	:	'hy:se/
	/r/	/sø:l	:	'sø:r/
	/t/	/ʃø:l:e	:	'ʃøt:e/
	/d/	/byl:	:	'byd:/
	/ŋ/	/ga:l	:	'ga:ŋ/
	/ʌ/	/pæ:la	:	'pæ:lɑ/
	/s/	/bø:la	:	'bø:ʂɑ/ S
	/d/	/ral:	:	'rad:/
	/ŋ/	/hal:	:	'haŋ:/
	/ʎ/	/tælt	:	'tæʎt/
	/k/	/tal:	:	'tak:/
	/g/	/tal:	:	'tag:/
	/ŋ/	/tal:	:	'taŋ:/
/s/ :	/r/	/hy:se	:	'hy:re/
	/t/	/hy:se	:	'hy:tə/
	/d/	/bys:	:	'byd:/
	/ŋ/	/fjæ:se	:	'fjæŋə/
	/ʌ/	/pæ:se	:	'pæ:lə/
	/s/	/mu:se	:	'mu:ʂə/
	/ʃ/	/tæs:ŋ	:	'tæʃ:ŋ/
	/d/	/las:a	:	'lad:a/
	/ŋ/	/gas:	:	'gaŋ:/
	/ʎ/	/gas:	:	'gaʎ:/
	/k/	/las:e	:	'lak:e/
	/g/	'tas:	:	'tag:/
	/ŋ/	/os:el	:	'oŋ:el/
/r/ :	/t/	/so:r	:	'so:t/
	/d/	/hær:e	:	'hæd:e/
	/ŋ/	/tæ:r	:	'tæ:ŋ/
	/ʌ/	/pæ:re	:	'pæ:lə/
	/s/	/hær:e	:	'hæʂ:e/
	/ʃ/	/hær:e	:	'hæʃ:e/
	/d/	manglar		
	/ŋ/	/spær:a	:	'spæŋ:a/
	/ʎ/	/ar:e	:	'aʎ:e/
	/k/	/sø:r	:	'sø:k/
	/g/	/tir:	:	'tig:/
	/ŋ/	/tir:	:	'tiŋ:/
/t/ :	/d/	/væt:ŋ	:	'væd:ŋ/
	/ŋ/	/tu:tə	:	'tu:ŋə/
	/ʌ/	manglar		
	/s/	manglar		
	/ʃ/	manglar		
	/d/	/sko:t:e	:	'skod:e/
	/ŋ/	'mu:t:	:	'mu:ŋ:/
	/ʎ/	/fu:t:	:	'fuʎ:/
	/k/	/støt:e	:	'støk:e/
	/g/	/væt:	:	'væg:/
	/ŋ/	/fa:t:	:	'fa:ŋ:/
/d/ :	/ŋ/	manglar		
	/ʌ/	manglar		

	/s/	'hæd:e	:	'hæʃ:e/
	/f/	'hæd:e	:	'hæf:e/
	/d/	'od:ŋ	:	'od:ŋ/
	/ŋ/	'hæd:e	:	'hæŋ:e/
	/l/	'hæd:e	:	'hæl:e/
	/k/	'hæd:e	:	'hæk:e/
	/g/	'hæd:a	:	'hæg:a/
	/ŋ/	'hæd:e	:	'hæŋ:e/
/ŋ/ :	/l/	manglar		
	/s/	manglar		
	/f/	manglar		
	/d/	manglar		
	/ŋ/	manglar		
	/l/	manglar		
	/k/	'kæ:ŋe	:	'kæ:ke/
	/g/	'to:ŋe	:	'to:ge/
	/ŋ/	manglar		
/l/ :	/s/	manglar		
	/f/	manglar		
	/d/	manglar		
	/ŋ/	manglar		
	/l/	manglar		
	/k/	manglar		
	/g/	manglar		
	/ŋ/	manglar		
/s/ :	/f/	'hæʃ:e	:	'hæf:e/
	/d/	manglar		
	/ŋ/	'hæs:e	:	'hæŋ:e/
	/l/	'hæʃ:e	:	'hæl:e/
	/k/	'maʃ:	:	'mak:/
	/g/	'fa:ʃe	:	'fa:ge/
	/ŋ/	'baʃk	:	'baŋk/
/f/ :	/d/	manglar		
	/ŋ/	'hæf:e	:	'hæŋ:e/
	/l/	manglar		
	/k/	'hæf:	:	'hæk:/
	/g/	'hæf:	:	'hæg:/
	/ŋ/	'hæf:	:	'hæŋ:/
/d/ :	/ŋ/	'ræd:	:	'ræŋ:/
	/l/	'skod:a	:	'skol:a/
	/k/	'lad:a	:	'lak:a/
	/g/	'rad:	:	'rag:/
	/ŋ/	'lad	:	'laŋ:/
/ŋ/ :	/l/	'hæŋ:e	:	'hæl:e/
	/k/	'haŋ:	:	'hak:/
	/g/	'vaŋ:e	:	'vag:e/
	/ŋ/	'hæŋ:e	:	'hæŋ:e/
/l/ :	/k/	'haj:e	:	'hak:e/
	/g/	'raʃ:e	:	'rag:e/
	/ŋ/	'faʃ:	:	'faŋ:/

/k/ : /g/ /'la:ke : 'la:ge/
 /ŋ/ /'lak: : 'laŋ:/

/g/ : /ŋ/ /'læŋ:e : 'læŋ:e/

3.7.1.4 Skilnadene mellom system 1 og 2

Foneminventaret i fonemsystem 1 er på 26 konsonantfonem, og fonemsystem 2 har 18 fonem. System 2 manglar skilje mellom aspirerte ustemte klusilar og uaspirerte stemte klusilar som system 1 har. I system 2 er desse klusilane uaspirerte og ustemte. System 1 er det same som i det meste av andre norske dialektar, mens desse klusilane i system 2 er som i finsk og i framlyd på samisk. System 2 manglar alle dei sublamino-alveolare lydane som system 1 har.

Ein kan ikkje plukke ut nokon enkelt språkbrukar av dei som har produsert materialet som analysen er grunna på og seie at denne informanten representerer det eine eller det andre av systema. Alle informantane varierer bruken av former som går inn i begge systema, men det finst ulike grader av variasjon. Generelt kan ein seie at eldre fleispråklige personar har ein språkbruk som ligg nærmast system 2, og yngre informantar ligg nærmast system 1.

3.7.1.5 Nærmare om bruken av foneminventara

3.7.1.5.1 Klusilane /p t k b d g/ og /b̥ d̥ ɡ̥/.

Hos alle informantane vil ein finne bruk av klusilar av begge typane, men dei yngste, einspråklige informantane har færre innslag av ustemte, uaspirerte klusilar enn dei eldre. Også blant dei yngre er det klare skilnader mellom personar som ofte bruker ustemte, uaspirerte klusilar, og personar som bruker desse lydane sjeldnare. Blant dei eldre, fleispråklige informantane er tilhøvet omvendt; dei ustemte, uaspirerte klusilane er dei som oftast blir brukte. Det vil derfor ikkje vere nokon forskjell på uttalen av t.d. orda *trekk* og *dregg*, begge blir uttala /'dræŋ:/. I visse posisjonar (etter /s/, mellom vokalar, og mellom /n l r/ og vokal) blir opposisjonen mellom /p/ : /b/ nøytralisert ved at aspirasjonen fell bort, og uttalen i desse posisjonane er lik uttalen av desse klusilane i finsk og samisk. Ved at lyden alt finst i systemet i norsk, skulle ein tru at det styrkar bruken av ustemte uaspirerte klusilar i andre stillingar enn mellom vokalar og etter /s/ hos fleispråklige språkbrukarar slik at språktrekket går inn som ein variant i den norske dialekten også hos einspråklige språkbrukarar.

1.7.1.5.2 Dei sublamino-alveolare lydane

Også ved bruken av lydane /t d ŋ ʃ/ er det skilnad mellom eldre og yngre språkbrukarar. Dei yngre bruker langt oftare enn dei eldre uttale med sublamino-alveolarar. Men heller ikkje her finn ein at nokon informant alltid bruker sublamino-alveolar uttale der det er moglig. Om sublamino-alveolar uttale ikkje blir brukt, er uttalen /rt rd rn rl rs/, altså som konsonantsamband. Framfor dei ustemte lydane /t/ og /s/ er /r/ ein tydelig ustemt frikativ. Ofte høyrer ein også at /r/ fell bort framfor /t/ og /s/. Orda *sikkert* og *norsk* kan uttalast /'sik:et/, /'sik:ert/, /'sik:et/, /'sik:e/, og /'nošk/, /'norsk/, /'nosk/. Av fonemsekvensane /rt rd rn rl rs/ er det /r/ + klusil som oftast blir uttalt kvar for seg, mens sublamino-alveolar uttale oftast blir brukt i staden for /rn rl rs/. Det finst mange minimale par med /ŋ/ : /n/ og /t/ : /t/, men /l/ : /l/ finst det berre tre døme på, /d/ : /d/ finst det to døme på, og eitt døme på /d/ : /d/. Mellom /ʃ/ : /s/ finst det mange døme, men berre to døme på opposisjon mellom /ʃ/ : /f/.

Ut frå taksonomisk strukturalistisk teori må ein rekne sublamino-alveolarane som fonem i dialektane. Eitt minimalt par blir rekna som tilstrekkelig for at ein lyd skal få fonemstatus. Tendensen til å etablere mønstersymmetri i fonemsystemet taler også for å sjå på alle dei sublamino-alveolare lydane som fonem. Den intuitive oppfatninga ein språkbrukar har av sitt eige språkssystem kan vere utslagsgjevande ved fonematiseringa (jf. Hawkins 1984:22). Den yngste informanten hadde svært klåre meiningar om uttale som ikkje har sublamino-alveolarar. Hans meining var slik: "e oppfatte de såm avvik, såm feil, e oppfatte de såm samisk, reagere på de - e klassifisere dæm te andre sia fjor'n - de ska hete /'aʃ:i/".⁶³ Denne haldninga uttrykker at informanten ser på sublamino-alveolarane som obligatoriske i hans eige språkssystem. I generativ fonologi blir sublamino-alveolarane ikkje rekna som fonem, jamfør t.d. Andersson/Dahl 1972:21: "I den generativa fonologin är det naturligt att härleda dessa konsonanter från r + dental." Hovdhaugen 1971:147 har formulert ein fonologisk regel som eliminerer dei sublamino-alveolare lydane bort frå foneminventaret.⁶⁴

$$\begin{array}{c} \left[\begin{array}{l} - \text{ syl} \\ + \text{ son} \\ - \text{ nas} \\ - \text{ ytre} \end{array} \right] + \left[\begin{array}{l} - \text{ syl} \\ + \text{ ytre} \\ + \text{ kor} \end{array} \right] \text{ ---> } \emptyset \left[\begin{array}{l} - \text{ ytre} \end{array} \right] \\ 1 \qquad \qquad 2 \qquad \qquad 1 \qquad 2 \end{array}$$

⁶³ Informanten meinte òg at uttalen heller ikkje var i bruk blant eldre folk på plassen. I intervjuet har denne personen nesten berre sublamino-alveolar uttale, men døme på uttale med /r/ + /t/ og /d/ i /'artæ:r/, /'kortere/, /'hærde/ og /'værdi/ m.

⁶⁴ Endresen 1985:66 analyserer /t d ŋ ʃ/ og /ŋ/ som fonem i ein generativ analysemodell.

Ved /r/ + /t/ el. /s/ er det hos nokre informantar fakultativ veksling mellom regelen ovafor, og ein regel der /r/ fell bort og /t/ el. /s/ står.

$$\begin{array}{cccc} /r/ + & \left\{ \begin{array}{l} /t/ \\ /s/ \end{array} \right\} & \dashrightarrow & \emptyset \quad \left\{ \begin{array}{l} /t/ \\ /s/ \end{array} \right\} \\ 1 & 2 & & 1 \quad 2 \end{array}$$

Det same er også observert i sandhi og ved stavingsgrense for /r/ + /d n l/. Til dømes ['se:du] *ser du*, ['go:'ne:] *går ned*, ['stu:li:a] *Storlia*.

Finalt kan både /r/ og /t/ falle bort, t.d. /'sik:e/ *sikkert*, regelen blir då:

$$\begin{array}{cccc} /r/ + & /t/ & \dashrightarrow & \emptyset \quad \emptyset \\ 1 & 2 & & 1 \quad 2 \end{array}$$

Når ein har /r/ + /sk/, kan /s/ falle bort, t.d. /'nork/ *norsk*:

$$\begin{array}{cccc} /r/ + & /sk/ & \dashrightarrow & /r/ + /k/ \\ 1 & 2 & & 1 \quad 2 \end{array}$$

3.7.1.5.3 Tilhøvet /s/ : /ʃ/ : /j/

Etter taksonomisk strukturalistisk metode er det klar opposisjon mellom desse tre lydane for yngre folk. For eldre folk er systemet meir flytande. Fleire av dei eldre uttalar /s/ med tungespissen - apiko - mot alveolarranda (som i finsk): [s̺], og yngre informantar artikulerer /s/ med lamino mot alveolarranda og tungespissen mot undertennene: [s]. [s̺] liknar mykje, særlig i samband med dei bakre vokalane, på /ʃ/. Mange eldre nyttar uttalen [s̺] også i omgjevnader der ein ventar /ʃ/.⁶⁵ /ʃ/ (i fonemsystem 1) kan berre stå finalt etter korte vokalar (i, æ, u, o, a), /s/ kan stå både initialt og finalt etter både lange og korte vokalar. For yngre informantar er det klar opposisjon mellom /ʃ/ : /s/ med åtte døme på minimale par.

Fonemet /j/ står oftast berre initialt, men finst også finalt (etter kort i, y, æ, a, u). Den øvre artikulatoren for /ʃ/ er lenger fram på alveolane enn for /j/, og /ʃ/ blir uttalt med tungespissen lett bakoverbøyd mens lamino, feltet bak tungespissen, blir pressa mot den bakre delen av alveolane eller den fremre delen av dorsum. Det finst berre to døme på opposisjon mellom /ʃ/ og /j/, og eitt subminimalt par. På grunn av likskapen i artikulasjonen og den klåre fordelinga av distribusjonen kunne /ʃ/ og /j/ analyserast som kombinatoriske variantar av eitt fonem.

⁶⁵ Ein av informantane (tospråklig mann) har [s̺] i alle omgjevnadene der det er /ʃ/.

3.7.1.5.4 Dei dorso-palatale lydane.

Dialektane har dorso-palatale klusilar, lateral, nasal og frikativar. Av desse har /d̥ ɟ ŋ k̟ j/ fonemstatus. [t̟] er ein variant av /t/ etter kort, trykktung /i, y/ og /æ/.⁶⁶ Nokre av informantane har ikkje [t̟] i systemet, andre bruker [t̟] i fri variasjon med [t^h] ~ [d̟] i visse ord, t.d. ['li:t̟:], ['hy:t̟:a], ['svæt̟:]. Utbreiinga av [t̟] er omtrent lik på begge plassane både for eldre og yngre informantar. /d̟/ finst etter kort /i, y, æ, o, a/.⁶⁷ Etter i og y vekslar [d̟] med [d], men uttale med [d] er den vanligaste både på Skibotn og i Kvenangsbøtn. Etter /æ, o/ og /a/ er det ikkje veksling i bruken mellom [d̟] og [d], kvart ord har ein fast uttale. Eg har funne fram til fire minimale par som viser opposisjon mellom /d̟/ og /d/. Distribusjonen kan ikkje forklarast med ein fonologisk regel (dvs. kan ikkje føreseiast); dette viser at opposisjonen /d̟/ : /d/ må finnast i den leksikalske representasjonen. Det same gjeld for opposisjonane /ŋ/ : /n/ og /l̟/ : /l/. Fonema /ŋ/ og /l̟/ kan stå i trykktung stilling etter alle korte innlydsvokalar, berre etter /o/ finn ein ikkje /ŋ/, og /l̟/ finst ikkje etter /ø/. Ved dei fremre vokalane /i, y, æ, e/, og dessutan /ʌ/, er det ein klar tendens til at /l̟ ~ l/ og /ŋ ~ n/ vekslar fakultativt. Ved dei bakre vokalane er det lite veksling, berre etter /u/ kan det aldri stå anna enn dorso-palatalar. Ein vil ikkje finne former som */runt/ rundt, */gul:/ gull. Derimot vekslar /u/ og /ʌ/ i desse omgjevningane, og etter /ʌ/ finn en oftare lamino-alveolar lateral og nasal enn dorsopalatal lateral og nasal.

Variasjon oppgjewe i % over bruken av /ŋ ~ n/, /l̟ ~ l/ etter vokalar i trykksterk stilling:

Vokal	/ŋ/ realisert %			/n/ realisert %		
	S	K	S+K	S	K	S+K
/i/	33	53	42	67	47	58
/y/	60	75	67	40	25	33
/a/	89	87	88	11	13	12
[u]	100	100	100	-	-	-
[ʌ]	19	58	34	81	42	66
[æ]	73	74	73	27	26	27
[e]	50	53	51	50	47	49

⁶⁶ Dessutan finst det nokre få døme i materialet på [t̟] etter kort, trykksterk [e], som ['gr̟e:t̟: 'he:t̟:e~ 'hæ:t̟:e] *greitt, heitte*. Dette er einslege slengarar; i begge områda er det former med diftong som nesten alltid blir brukt, t.d. /'gr̟e:it̟ 'breit̟ 'he:ita/.

⁶⁷ /d̟/ finst kanskje òg etter kort /ø/ i Kvenangen, t.d. /j̟ød̟:e/ *gøydde* pret. men i så fall som ein allomorf til forma /'j̟ød̟:e/.

Vokal	/j/ realisert %			/ɥ/ realisert %		
	S	K	S+K	S	K	S+K
/i/	14	47	36	86	53	74
/y/	-	100	50	100	-	50 ⁶⁸
/a/	87	98	93	13	2	7
/o/	100	83	89	-	17	11
[u]	100	100	100	-	-	-
[ɯ]	-	25	8	100	75	92 ⁶⁹
[æ]	68	86	76	32	14	24
[e]	60	93	75	40	7	25

Oversynet viser at dorso-palatal er mest vanlig etter bakre vokalar og /æ/, lamino-alveolar er mest vanlig i Skibotn etter fremre vokalar (bortsett frå /æ/) og sentral vokal, bruk av dorso-palatal er jamt over meir vanlig i Kvenangsbotn enn på Skibotn.

3.7.1.5.5 Tilhøvet /ʃ/ : /k/

Frikativen /ʃ/ er lamino-postalveolar hos dei fleste informantane, hos nokre informantar er artikulasjonen iblant dorso-palatal som [k̟], men med litt større opning mellom tungeryggen og ganen enn elles i norsk /k/. Opposisjonen mellom /ʃ/ : /k/ blir då oppheva, og ord som *skjere* og *kjære* blir uttalte likt. Sporadisk kan ord med /ʃ/ bli uttalte med /k/, men dette finst det ikkje mange døme på. /k/ kan realiserast som [k̟], [ʃ], [tk̟], dei vanligaste variantane er [k̟] og [tk̟]. Informantar som ofte uttalar [k̟] i omgjevnadene der ein har fonemet /ʃ/, brukar ofte uttalen [tk̟] dorso-palatal ustemt affrikat for fonemet /k/. Dette er ikkje gjennomført, men det er kanskje tendensar i dialektane til å etablere ein opposisjon mellom [ʃ] : [tk̟]. Språktrekket er ikkje produktivt blant yngre; det er berre hos tospråklige informantar fødde tidligare enn ca. 1935 at dette språktrekket er observert. Det er vanligare på Skibotn enn i Kvenangsbotn. Blandinga av [ʃ] og [k] i dialektane må forståast ut frå den finske språkkompetansen til språkbrukarane. I det finske fonemsystemet finst verken /ʃ/ eller /k/. Nyinnvandrarar frå Finland brukar ofte å uttale ord med /ʃ/ og /k/, t.d. *skjorte*, *kjøpe*, som ['sʊt̪e 'ʃø:pe]. Slik uttale har eg aldri hørt på Skibotn eller i Kvenangsbotn.

3.7.1.5.6 Fonemet /ŋ/

Ut frå taksonomisk strukturell analyse blir /ŋ/ rekna som fonem, om ein skulle legge generativ analyse til grunn for fonematiseringa, ville ikkje /ŋ/ bli rekna som fonem. Argumentet er at [ŋ] har svært avgrensa distribusjon, lyden finst berre finalt, eller føre [k g]. [ŋ] blir analysert som ein allofon av /n/ framfor [k g]. I overflatestrukturen finst ikkje [g] framfor [ŋ], ein strykningsregel fjernar [g] framfor [n], og i overflatestrukturen får ein då berre [ŋ] (sjå t.d. Hovdhaugen 1971:146).

⁶⁸) I det ekserpererte materialet finst det berre eitt døme frå kvar av plassane, tala gjev derfor ikkje nokon informasjon.

⁶⁹ Frå Skibotn manglar døme med kombinasjonen [ɯ] i materialet, men ein slik realisasjon er moglig i dialekten.

3.8 Distribusjon av konsonantane

3.8.1 Konsonantar i trykktung staving

I trykktung staving kan ein i framlyd ha konsonantfonema /p b m f v t d n l s r ʃ k j k g h/ og i utlyd fonema /p b m f v t d n l s r t d ŋ l ʃ ʃ d ŋ l k g ŋ/.

Initiale konsonantar i trykktung stilling

Loddrett: 1. komponent. Vassrett: 2. komponent.	
	i: e: y: æ: ø: ʉ: u: o: a: i e y æ ø ʉ u o a ei øy øʉ
p	+ + + + + + + + + + + + + + + + + + +
b	+ + + + + + + + + + + + + + + + + + +
m	+ + + + + + + + + + + + + + + + + + +
f	+ + + + + + + + + + + + + + + + + + +
v	+ + + + + + + + + + + + + + + + + + +
t	+ + + + + + + + + + + + + + + + + + +
d	+ + + + + + + + + + + + + + + + + + +
n	+ + + + + + + + + + + + + + + + + + +
l	+ + + + + + + + + + + + + + + + + + +
s	+ + + + + + + + + + + + + + + + + + +
r	+ + + + + + + + + + + + + + + + + + +
ʃ	+ + + + + + + + + + + + + + + + + + +
k	+ + + + + + + + + + + + + + + + + + +
j	+ + + + + + + + + + + + + + + + + + +
k	+ + + + + + + + + + + + + + + + + + +
g	+ + + + + + + + + + + + + + + + + + +
h	+ + + + + + + + + + + + + + + + + + +

Finale konsonantar i trykktung stilling:

Vassrett: 1. komponent. Loddrett: 2. komponent.	
	i: e: y: æ: ø: ʉ: u: o: a: i e y æ ø ʉ u o a ei øy øʉ
p	+ + + + + + + + + + + + + + + + + + +
b	+ + + S + + + + + + + + + S + +
m	+ + K + K + + + + + + + + + +
f	S + + + + + + + + + + + + + +
v	+ + + + + + + + + + + + + + + + +
t	+ + + + + + + + + + + + + + + + +
d	+ + + + + + + + + + + + + + + + +
n	+ + + + + + + + + + + + + + + + +
l	+ + + + + + + + + + + + + S + + + +
s	+ + + + + + + + + + + + + + + + +
r	+ + + + + + + + + + + + + + + + +
t	+ + + + + + + + + + + + + + + + +
d	+ + + + + + + + + + + + + + + + +
ŋ	+ + + + + + + + + + + + + + + + +
l	+ + + + + + + + + + + + + + + + +
ʃ	+ + + + + + + + + + + + + + + + +
ʃ	+ + + + + + + + + + + + + + + + +
d	K K + + + + + + + + + + +
ŋ	+ + + + + + + + + + + + + + + + +
l	+ + + + + + + + + + + + + + + + +
k	(+)
k	+ + + + + + + + + + + + + + + + +
g	+ + + + + + + + + + + + + + + + +
ŋ	+ + + + + + + + + + + + + + + + +

+ = Uttalen belagt både i Skibotn og Kvenangsbotn.

K = Berre belagt i Kvenangsbotn.

S = Berre belagt i Skibotn.

(+) = Få innslag, men representert i begge områda hos meir enn ein informant.

3.8.1.1 Ord brukte som belegg på distribusjon av konsonantane

Initiale konsonantar i trykktung stilling framfor lang vokal:

	/i:/	/e:/	/y:/	/æ:/	/ø:/	/ɥ:/	/u:/	/o:/	/a:/
p	/pi:l/	/pe:n/	/py:se/	/pæ:re/	/pø:se/	/pɥ:te/	/pu:l/	/po:le/	/pa:ve/
b	/bi:l/	/be:r/	/by:/	/bæ:re/	/bø:r/	/bɥ:r/	/bu:l/	/bo:l/	/ba:de/
m	/mi:l/	/me:l/	/my:r/		/mø:r/	/mɥ:r/	/mu:t/	/mo:l/	/ma:t/
f	/fi:l/	/fe:rie/	/fy:r/	/fæ:l/	/fø:re/	/fɥ:l/	/fu:t/	/fo:r/	/fa:t/
v	/vi:k/	/ve:r/		/væ:re/	/vø:te/			/vo:r/	/va:ne/
t	/ti:n/	/te:le/	/ty:de/	/tæ:re/	/tø:v/	/tɥ:r/	/tu:k/	/to:r/	/ta:p/
d	/di:s/	/de:le/	/dy:r/	/dæ:ven/	/dø:v/	/dɥ:r/	/du:se/	/do:p/	/da:l/
n	/ni:/	/ne:k/	/ny:/	/næ:riŋ/	/nø:le/		/nu:t/	/no:r/	/na:ken/
l	/li:k/	/le:ve/	/ly:/	/læ:re/	/lø:k/	/lɥ:r/	/lu:t/	/lo:r/	/la:t/
s	/si:l/	/se:r/	/sy:/	/sæ:l/	/sø:l/	/sɥ:r/	/su:t/	/so:r/	/sa:k/
r	/ri:k/		/ry:ke/	/ræ:k/	/rø:ve/	/rɥ:s/	/ru:t/	/ro:r/	/ra:s/
ʃ	/ʃi:/	/ʃe:/		/ʃæ:re/	/ʃø:r/	/ʃɥ:l/		/ʃo:/	/ʃa:l/
k	/ki:/	/kɛ:deli/	/ky:r/	/kæ:re/	/kø:r/		/ku:le/	/kɔ:ke/	/ka:s/
j		/je:/		/jæ:r/	/jø:r/	/jɥ:l/	/ju:r/	/jo:/	/ja:/
k					/kø:/	/kɥ:l/	/ku:r/	/ko:l/	/ka:/
g	/gi:r/					/gɥ:l/	/gu:/	/go:/	/ga:/
h	/hi:ve/	/he:r/	/hy:l/	/hæ:r/	/hø:r/	/hɥ:te/	/hu:/	/ho:p/	/ha:/

Initiale konsonantar i trykktung stilling framfor kort vokal:

	/i/	/e/	/y/	/æ/	/ø/	/ɥ/	/u/	/o/	/a/
p	/pig:/	/pep:ar/		/pæn:/	/pølse/	/pæs:e/	/puk:/	/pot:e/	/pas:e/
b	/bil:e/	/bed:/	/byg:/	/bæk:/	/bøl:e/	/bas:/	/buk:/	/bot:ɳ/	/bak:e/
m	/min:e/		/myg:/	/mæn:/	/møl:/	/mæskel/	/mur:e/	/mot:e/	/mat:e/
f	/fik:/	/fel:/	/fyl:/	/fæm:/	/føl:/	/fug:el/	/fun:e/	/fod:/	/fast/
v	/vik:e/	/vet:/		/væd:e/	/vøt:/		/vun:e/	/vot:/	/vas:e/
t	/tig:e/		/tyg:/	/tæt:e/	/tøm:/	/tæg:e/	/tum:/	/top:/	/tak:e/
d	/dir:e/		/dys:e/	/dæt:/	/døm:/	/dæg:/	/dum:/	/dok:er/	/dask/
n	/nis:e/	/nes:/	/nyt:e/	/næt:/	/nøs:e/		/num:er/	/nok:a/	/nar:e/
l	/lig:/	/lep:e/	/lyt:e/	/læt:/	/løp:en/	/læft/	/lum:e/	/loft/	/lab:/
s	/sit:/	/sed:/	/syt:/	/sæt:/	/søl:/	/sup:e/	/sut:e/	/sop:/	/saft/
r	/rik:e/	/rev:e/	/ryg:/	/ræt:/	/røt:/	/rus:/	/rud:/	/rot:/	/rat:/
ʃ	/ʃik:/	/ʃed:/	/ʃyg:e/	/ʃæf:/	/ʃøt:e/	/ʃækt/	/ʃute/	/ʃok:/	/ʃaskat/
k	/kiste/		/kys:/	/kæft/	/køt:/	/kæk:/	/kut:el/		/kafs/
j	/jis:ɳ/	/jed:/	/jyt:/	/jælp/	/jøm:/	/jæst/	/juʃ:/	/jol:e/	/jak:e/
k				/kæm:/	/køl:e/	/køb:e/	/kust/	/kob:e/	/kat:/
g	/git:er/				/gør:/	/gub:e/	/gur:/	/got:/	/gam:el/
h	/hik:e/	/hev:e/	/hyl:e/	/hæk:/	/høt:/	/hægd/	/huste/	/hop:/	/hak:/

Initiale konsonantar i trykktung stilling framfor diftong:

	/ei/	/øy/	/øu/
p	/peike		/pøuse/
b	/bein /	/bøye/	/bøu/
m	/meir /	/møye/	/møur/
f	/feil /	/føye/	/føk/
v	/vei /		
t	/teig /	/tøy/	/tøu/
d	/dei /	/døyva/S ⁷⁰	/døu/
n	/neie /	/nøye/	/nøut/
l	/leie /	/løye/	/løus/
s	/seig /	/søyle/	/søu/
r	/reir /	/røyse/	/røk/
ʃ	/ʃei /	/ʃøyte/	/ʃøu/
k ₁	/keik /		
j	/jeit /	/jøy/	/jøu/
k		/køy/	
g			/gøule/
h	/heite/	/høy/	/høk/

Finale konsonantar i trykktung stilling:

Konsonantinventaret i utlyd etter lange og korte vokalar i trykksterk stilling kan ein lese ut av tabellane i 3.4.1.

Finale konsonantar etter diftong:

	/ei/	/øy/	/øu/	
/greip/	/løype/	/drøup/		p
				b
/reim/				m
	/sløyfe/			f
/reiv/	/kløyve/	/kløuv/		v
/sleit/	/brøyte/	/røute/		t
/greid/	/sløyd/			d
/rein/	/røyne/	/løus/		n
/heil/	/søyle/	/gøule/		l
/peis/	/røys/	/løus/		s
/meir/		/møur/		r
				t
				d
				ŋ
				l
				s
				ʃ
				d
				ŋ
				l
				k ₁
/veik/	/røyk/	/røk/		k
/teig/		/løug/		g
				ŋ

⁷⁰ /døyva/ f. har tydinga 'blanding av fôrrusk og mjøl', t.d. "han ga døyva til hæst'n". Ordet er brukt på Skibotn og i Nordreisa, men eg veit ikkje om det er kjent i Kvenangsbotn.

3.8.2 Konsonantar i trykklett staving

I trykklett endestaving etter trykk tung staving finst desse konsonantane etter vokal: / p m t n l s r
ŋ t ŋ s k ŋ /.

Døme:

/'bryl:ʊp	'si:rup /
/'lis:om	'mæs:om /
/'ør:et	'put:etes/
/'her:an	'vaŋ:an /
/'paʃ:əl	'tit:el /
/'kaɫ:es	'fəl:es /
/'huŋ:er	'vi:sar /
/'ma:aŋ	'æ:aŋ /
/'bit:eŋ	'bum:eŋ /
/'som:aŋ	'fju:uŋ /
/'kam:eʃ	'jeb:ʊʃda:g/
/'ev:akʷe:riŋa/	
/'ter:əŋ	'gam:liŋ /

3.9 Konsonantsamansetjingar

3.9.1 Tokonsonantsamansetjingar

Framlyd:

Loddrett: 1. komponent i samansetjinga.

Vassrett: 2. komponent i samansetjinga.

	p	m	v	t	n	l	r	j	k
p							+	+	+
b							+	+	+
m									+
f				+	+	+	+	+	
v									+
t				+					+
d				+					+
s	+	+	+	+	+	+			+
k				+	+	+	+		
g					+	+	+		

Tala viser kor mange samansetjingar kvar komponent finst i.

	p	b	m	f	v	t	d	n	l	s	r	j	k	g
1.komp.	3	3	1	4	1	2	3	-	-	7	-	-	4	3
2.komp.	1	-	1	-	4	1	-	4	6	-	8	5	1	-

Døme:

/pl/	/'plu:g	'pla:ge	'pleie /
/pr/	/'pri:s	'prø:ve	'pra:te /
/pj/	/'pjok:	'pjæk:et	'pjat: /
/bl/	/'blu:	'blæk:	'bli: /
/br/	/'brø:	'bru:r	'bran: /
/bj/	/'bjø:n	'bjørk	'bju:r /
/mj/	/'mjøe	'mju:k	/
/fn/	/'fny:se	'fnøg:	'fnistre/
/fl/	/'fly:	'flo:	'flag: /
/fr/	/'frø:	'fri:	'fræk: /
/fj/	/'fjø:s	'fjot:	'fjoŋ: /
/vr/	/'vri:	'vra:ke	'vræ:le /
/tv/	/'tvi:le	'tvær:	'tvist /
/tr/	/'trø:	'tro:	'træk:e /
/dv/	/'dva:le	'dværg	'dvask /
/dr/	/'dri:ve	'dram:	'dra:p /
/sp/	/'spør:e	'spær:e	'spa:re /
/sm/	/'sma:l	'smy:ge	'smi: /
/sv/	/'sva:re	'svi:	'svæl:e /
/st/	/'stu:r	'sto:	'støv:el/
/sn/	/'snø:re	'snurke	'snak:e /
/sl/	/'slø:v	'slo:	'sli:te /
/sk/	/'skal:	'sko:l	'skam: /
/kv/	/'kva:l	'kveite	'kvi:t /
/kn/	/'knæ:te	'kny:te	'knæ: /
/kl/	/'klæg:	'klu:re	'klap: /
/kr/	/'kra:v	'kru:te	'kri:g /
/gn/	/'gna:ge	'gni:	'gno:le /
/gl/	/'gli:	'glat:	'glu: /
/gr/	/'grei	'gro:t	'gru:pe /

Innlyd og utlyd:

I oversynet blir det ikkje gjort særskilt greie for kva for samansetjingar som er mediale eller finale.

Loddrrett: 1. komponent. Vassrett: 2. komponent.

	p	b	f	v	m	t	d	n	l	s	r	t	η	l	ʃ	j	k	g	ŋ	
p						+		+	+	+	+									
b																				
m	+		+						+	+	+	+								
f																				
v																				
t																				
d																				
n																				
l	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+	+									
s	+																			
r	+	+																		
η																				
ʃ																				
j																				
k																				
g																				
ŋ																				

Tala viser kor mange samansetjingar kvar komponent finst i.

	p	b	m	f	v	t	d	n	l	s	r	t	η	l	ʃ	d	ŋ	l	j	k	g	ŋ	
1. komp.	5	1	8	4	4	4	2	5	12	6	11	- 2	- 4	- 1	3	2	- 5	5	7				
2. komp.	4	2	4	2	3	12	7	10	9	12	9	2	1	2	- 1	- -	- -	- -	2	5	3	-	

Døme:

/pt/ /'køpt 'skrapt 'slipt/
 /pn/ /'opne 'vopnan/
 /pl/ /'krøplig 'forsøplig 'æple/
 /ps/ /'slips 'tips 'slaps/
 /pr/ /'klapre/
 /bl/ /'mø:bla 'jʉ:bla 'hy:bla/
 /mp/ /'kamp 'stump 'læmp /
 /mf/ /'trumf 'kamfer/
 /mt/ /'drømt 'tamt 'tømt/
 /mn/ /'namn 'samn 'ramn /
 /ml/ /'himla 'simle 'gamla/
 /ms/ /'bræms 'grums 'rams/
 /mr/ /'hamre 'dæmre 'somran/
 /ft/ /'loft 'løft 'kløft/
 /fl/ /'høfli 'gafla 'vafla/
 /fs/ /'slafs 'ræfs 'tæfs/
 /fr/ /'ofre 'blafre/
 /vd/ /'hævd 'øvd 'kavd/

/vn/ /'navn 'savn 'ravn/
 /vl/ /'høvle 'stævle 'kalve/
 /vr/ /'næ:vra 'levra/
 /tm/ /'rytme/
 /tn/ /'fatne 'lætne 'rotne/
 /ts/ /'vits 'stræts 'krets/
 /tr/ /'kvitre 'hætre 'datra/
 /dv/ /'trædve/
 /dn/ /be'ty:dniŋ 'le:dniŋ/
 /nt/ /'ra:nt 'fint 'ly:nt/
 /nd/ /'mindre 'klandre/
 /nl/ /'va:nli/
 /ns/ /'læns 'høns 'ræns/
 /nj/ /'kanŋe/
 /lp/ /'jælp 'kvalp 'kulp/
 /lb/ /'albø/
 /lm/ /'kvalm 'film 'olm/
 /lf/ /'golf/
 /lv/ /'golv 'kalv 'ælv/
 /lt/ /'sma:lt 'tælt 'følt/
 /ld/ /'køld 'vældi 'bilde/
 /ln/ /'stilna/
 /ls/ /'pils 'pæls 'hals/
 /lj/ /'hølje 'talje 'sælje/
 /lk/ /'falk 'folk 'kælke/
 /lg/ /'bælg 'ælg 'talg/
 /sp/ /'asp 'visp 'rasp/
 /sm/ /kvæsmə 'bismar 'brosme/
 /st/ /'mæst 'vist 'ust/
 /sn/ /'løsne 'lysne 'jisne/
 /sl/ /'pæslə 'tasle 'rasle/
 /sk/ /'vask 'fisk 'trøsk/
 /rp/ /'skarp 'værp 'varp/
 /rb/ /'arbei/
 /rm/ /'hærm 'larm 'orm/
 /rv/ /'skarv 'arv 'torv/
 /rt/ /'ært 'mørt 'burt/
 /rd/ /'lærd 'værd 'hird/
 /rn/ /'orne 'sø:rne/
 /rs/ /'mars 'værs 'kors/
 /rj/ /'hærj 'bærj/S
 /rk/ /'ark 'lirke 'værk/
 /rg/ /'tærgə 'marg 'dorg/
 /ŋt/ /'oŋtli 'vaŋt/
 /ŋl/ /ba:ŋsli/
 /st/ /'væst 'føst/
 /sŋ/ /'føsŋiŋə/
 /sl/ /'foʃlɑg/
 /sk/ /'noʃk 'fæsk/
 /dr/ /'slɑdra 'fɑdra/
 /ŋt/ /'runt 'kænt 'sant/
 /nd/ /'mindre/
 /ns/ /'aŋs 'lɑns 'luŋs/
 /lt/ /'smalt 'halt 'holt/
 /ls/ /'fjæls 'fjols/
 /kt/ /'kukt 'stekt 'flækt/


/kn/ /'vokne 'rakne 'sakne/
 /kl/ /'sykle 'takle/
 /ks/ /'flaks 'laks 'øks/
 /kr/ /'spikre 'o:kra 'sukre/
 /gt/ /'lagt 'sagt 'logt/
 /gd/ /'lægd 'høgd 'røgd/
 /gl/ /'hagla 'ægle 'ugle/
 /gs/ /'slags 'krigs-/
 /gr/ /'lagre/
 /ŋt/ /'strænt 'rint 'lant/
 /ŋd/ /'lænde/
 /ŋn/ /'səŋn 'təŋn 'rəŋn/
 /ŋs/ /'ləŋs 'səŋs 'gəŋs/
 /ŋr/ /'əŋre/
 /ŋk/ /'bləŋk 'stəŋk 'təŋk/
 /ŋg/ /'təŋgu 'biŋgu/

3.9.1.1 Trekonsonantsamansetjingar

Framlyd:

I alt finst det åtte ulike samansetjingar i framlyd med tre konsonantar. Den første konsonanten er alltid /s/, den andre ein klusil og den tredje ein likvid eller halvokale. Det finst få døme i dialektane med halvokale som tredje komponent.

Samansetjing av trekonsonantkombinasjonar:⁷¹



Døme:

/spj/ /'spjær:e 'spjælke /
 /spl/ /'spleise 'split:er/
 /spr/ /'sprø:te 'spri:t /
 /str/ /'stry:ke 'stram: /
 /stj/ /'stjæne 'stjæt: /
 /skl/ /'sklæt:e 'skli: /
 /skr/ /'skri:ke 'skra:pe /
 /skv/ /'skvæt:e 'skvælpe /

Innlyd og utlyd:

Den første komponenten i mediale og finale trekonsonantsamansetjingar kan vere tolv ulike konsonantar, men dei fleste er likvidar og nasalar. I andre komponenten finst sju ulike

⁷¹ Modellen er frå Wiik 1986:113.

konsonantar, /s/ er andre komponent i halvparten av samansetjingane og klusilane / p t d k g / i den andre halvparten forutan eitt døme med /v/. Den tredje komponenten er enten likvidane /l r/, nasalen /n/ og klusilane /t k/.

Tala viser kor mange samansetjingar kvar komponent finst i ved mediale og finale trekonsonansamansetjingar.

	p	m	f	v	t	d	n	l	s	r	ŋ	l	k	g	ŋ
1. komp.	1	3	1	-	1	-	5	6	4	7	4	3	2	-	3
2. komp.	3	-	-	1	6	4	-	-	19	-	-	-	6	1	-
3. komp.	-	-	-	-	12	-	3	10	-	8	-	-	7	-	-

Døme:

/psk/ /'gløpsk /
 /fst/ /'øfst /
 /mpl/ /'stæmpla/
 /mst/ /'hamstra/
 /msk/ /'glømsk /
 /tsk/ /'hatsk /
 /ntr/ /'sæntrem/
 /ndl/ /'mandla /
 /ndr/ /'indre /
 /nst/ /'kænst /
 /nsk/ /'honsk /
 /lpt/ /'jælpte /
 /lvr/ /'pælvre /
 /ldr/ /'hildra /
 /lst/ /'hilste /
 /lsk/ /'ælske /
 /lkt/ /'spjækt/
 /stl/ /a'pöstlan/
 /str/ /'fustra /
 /skn/ /'friskne/
 /skl/ /'mæskla /
 /rpt/ /'skarpt /
 /rtn/ /'svartne/
 /rst/ /'først /
 /rsk/ /'færsk /
 /rkn/ /'storkne/
 /rkl/ /'tørkle /
 /rgl/ /'orgle /
 /ŋtr/ /'kæntre/

/n̥st/ /'un̥st /
 /n̥sl/ /'br̥n̥sle/
 /n̥sk/ /'ʊ:t̥n̥l̥n̥sk/
 /l̥tr/ /'bol̥tre/
 /l̥dr/ /'al̥dri /
 /l̥st/ /'h̥əl̥st /
 /ktn/ /'saktne /
 /kst/ /'bakst /
 /ksl/ /'v̥æksle /
 /ŋst/ /'aŋst /
 /ŋsl/ /'h̥æŋslan/
 /ŋkl/ /'aŋklan /

3.9.3 Firekonsonantkombinasjonar

Alle firekonsonantsamansetjingane består av /m n l k/ + /s t r /. Eg kan ikkje finne meir enn eitt døme på samansetjinga /k/ + /str/.

/mstr/ /'hamstra/
 /nstr/ /'mønstra/
 /lstr/ /'pulstre/
 /kstr/ /'ækstra /

4 LYDLIGE TILHØVE I SAMANSETTE OG LYDLIGE STADNAMNLÅN

4.1 Omtale av lånte stadnamn i norsk namnegransking

I norsk stadnamngransking er det ingen som til no har teke føre seg norske stadnamnlån for å undersøke tilhøve som spesielt gjeld for lånte stadnamn.⁷² I den grad det kjem fram noko om norske namnelån, er det som "tilleggsinformasjon" i samband med anna namnegransking. I hovudsak er det lydlike og samansette namnelån som det er blitt ytra noko om. Innhaldslån er jo vanskelegare å identifisere som namnelån på språklig grunnlag.

I den seinare tida er det nokre stadnamngranskarar som har prøvd å tolke norske stadnamn ut frå samisk. Det kan vere namn som tidlegare har blitt tolka ut frå norsk, men som språkleg sett kanskje kan tolkast betre med bakgrunn i samisk. Dei som oftast har behandla norske namnelån, er granskarar av samiske og finske stadnamn i Noreg. Utgangspunktet deira er undersøking av samiske eller finske stadnamn, men indirekte kjem det fram opplysningar om norsk bruk av samiske og finske namn. Det er skriva mykje om dei finske stadnamna i Sør-Noreg og i Sør-Sverige. Ragnvald Iversen (1959) og Julius Mägiste (1966, 1968, 1970) har gjeve ut store avhandlingar om finske stadnamn frå Finnskogane i Sverige og Noreg. Iversen har ikkje hatt finstalande heimelsfolk, men ein del av heimelsfolka til Mägiste har kunna snakke finsk. Iversen kallar granskingsarbeidet sitt for "relikstudier". Den same innfallsvinkelen må ein også kunne seie gjeld for Tuula Eskeland (1972) i pro. gradu avhandlinga hennes om *Finska ortnamn i Finnskogen i Norge*. Alt materialet som Eskeland og Iversen har samla ved hjelp av norsktalande heimelsfolk, kan karakteriserast som norske namnelån. Dette problematiserer ikkje Iversen og Eskeland på annan måte enn at dei seier at uttalen av ein del namn ikkje er opphavlig.

Samiske stadnamn er blitt omtala av fleire, i den seinare tida er det særleg Thor Frette som har skriva om samiske stadnamn. I mange år var han statens namnekonsulent for nordsamisk. Arbeidet som stadnamnkonsulent førte til at han ofte blei konfrontert med samiske stadnamn som medvite var blitt forandra av kartutgjevarar og andre offentlege instansar som har skriva ned stadnamn.⁷³ Den medvitne fornorskinga av samisk stadnamntilfang er nok årsaka til at Frette fleire stader uttrykker seg negativt om alle former for norsk innverknad på samiske stadnamn. Norsk påverknad blir ofte karakterisert som 'forvansking' og 'forvrenging'. Iversen og Mägiste seier også at stadnamn som skil seg frå den opphavlege finske forma, er 'forvanska'. "De gamle finske navn i skog og mark blir jo mer og mer borte, og de som er igjen, blir mer og mer forvansket i form, og mistydd i innhold" (Iversen 1959: Forord). Begge må likevel ha ei opp-

⁷² Eit unntak er artikkelen til Eira Söderholm 1986 "Mønstre innen et flerspråklig stedsnavnsystem". Her blir det gjort greie for tilhøve som også kjem inn på norske namnelån i tillegg til samisk-finsk namnekontakt.

fatning av at 'forvanskinga' er regelbundne språkovringar som ein kan gjøre greie for. Dei har begge med oversyn over lydovergangar frå finsk til norsk og svensk.

Det verkar som om Frette ikkje ser på språkkontakt ved stadnamn som noko anna enn at det eine språket verkar forstyrrende inn på systemet i det andre språket. I NOU 1983:6:43 seier han "I noen tilfeller er imidlertid det ene navn bare en slags forvrengning av det andre (f.eks. norsk Fagervik/ "samisk" Fátterviika på Seiland, samisk Čohkádju/ "norsk" Sokkajo i Langfjorden, Alta). Den same haldninga finst mange stader i det han har skrive om stadnamn. I *Norsk stadnamnleksikon* (1976) finst det mange døme som stadfestar eit syn på språkkontakt ved stadnamn som noko unormalt eller abnormt. Det finst her meir enn hundre namneartiklar med forklaringar av samiske stadnamn. Dei fleste er skrivne av Frette, men Knut Bergsland har også med nokre forklaringar av stadnamn frå sørsamisk område. Namnematerialet dei har kommentert, er frå Cappelens bil- og turistkart (munnl. informasjon frå Ola Stemshaug). I namneartiklane skil ikkje Frette mellom medvitne endringar av samiske stadnamn og endringar som har opphav i lokal namnebruk. Eg har ikkje opplysningar om kvar namnematerialet på Cappelens bil- og turistkart er henta frå, eller kven som har hatt ansvar for rettskrivinga. Ein kan derfor ikkje vite om namneformene er brukte på norsk eller er blitt laga av kartutgjevarane. Likevel kan ein nok ut frå nærmare gransking av namneartiklane i *Norsk stadnamnleksikon*, og ut frå anna som Frette har skrive om stadnamn, komme fram til at Frette ikkje oppfattar norsk innverkand på samiske stadnamn som noko ein kan forklare med reglar. Namn som eg ville kalle lydlike- og samansette namnelån, karakteriserer Frette på svært mange måtar. Namn som kan vere lydlike lån, bruker han minst tjue ulike måtar for å beskrive stadnamnleksikonet. Av desse kan nemnast "fornorsking, tillempa norsk form, forvrengt, forvanska, forvrengt/tilpassa, adaptasjon, forenkla skrivemåte, mangelfull attgjeving av, feilaktig attgjevinga av, meir eller mindre ufullkomne attgjevingar, lytefull skrivemåte, ein freistnad på å gi att". Namn som kan vere samansette lån, kallar Frette m.a. for "omsetjing, adaptasjon/omsetjing, forvrengt/omsett, forvanska, tillempa til norsk, norsk omlaging av, fornorska form, halde på førsteleddet og omsetje sisteleddet" - ordet lån blir aldri brukt om namnematerialet som Frette har kommentert i *Norsk stadnamnleksikon*. Bergsland forklarar jamt over namna berre med å seie at ei form kjem av ei anna utan å karakterisere namnelagingsmåten nærmare. Ein gong kallar han ei namneform (Rupsi) for noko som er "'Barbarisk" laga til sam. Rup'sevarre". Tilsvarende namn som Rupsi finst det fleire av i mitt materiale. Det er namnelån med ellipse av hovudleddet.

Sjølv har eg feilaktig brukt nemninga "makaronisk namn" om lånte stadnamn som har særdrag frå meir enn eitt språk (Pedersen 1986:164). Tryti 1985:197 forklarar makaroniske ord som "hybrid-ord der språkblanding er villet". I eit stadnamnmateriale som er forma ut av lokale

⁷³ Fornorskinga av stadnamna må ein sjå på som eit ledd i den statlige undertrykkingspolitikken som har vore retta mot samar og kvenar. Om rettskriving av samiske stadnamn i Noreg, sjå t.d. NOU 1983:6 *Stadnamn*, 42-47, der Thor Frette gjev eit historisk oversyn over emnet.

namnebrukarar, kan ein neppe seie at namneformer med drag frå meir enn eitt språk er laga med vilje. Nemninga "makaronisk" ber dessutan i seg noko latterliggjørande (Tryti 1985:135), det er også derfor uheldig å bruke denne nemninga til å karakterisere stadnamn.

Under innsamlinga av stadnamn hørte eg fleire gongar folk seie at stadnamna deira var "forvrengte" osb. For folk som lever i område der det tidligare har vore snakka samisk og/eller finsk, er det undertrykkande og nedverdiggande overfor namnebrukarane å kalle stadnamna deira for "forvrengingar". Det gjev ikkje ei positiv oppfatninga av kulturell bakgrunn når ein får høre at ein bur i ei bygd med forvrengte stadnamn.

Lydlig lånte stadnamn(ledd) kan forklarast meir presist enn ved bruk av nemningar som "forvrenging" og "forvansking". I den tyske språkkontaktsforskinga blir det gjeve stor plass til å forklare lydovergangar. I Finland har Ritva Liisa Pitkänen (1985a) laga ein systematisk rekonstruksjon av stadnamn frå Åbo skjergard ved å analysere stavingar og fonologi i lydlig lånte stadnamn.

4.2 Om den fonologiske analysen av lånte stadnamn

Det som skal undersøkast, er fonologien i lydlig lånte stadnamn og den delen av samansette lån som er lydlig lånt. I analysen tar eg utgangspunkt i *uttalevariantane* av stadnamna, ikkje i den normerte forma. Notasjonssystemet eg bruker er IPA-lydskrifta. Dei samiske og finske stadnamna i grunnlagsmaterialet er transkriberte fonemisk etter det finsk-ugriske lydskriftsystemet. For at alt materialet eg analyserer skal ha den same lydskrifta, har eg sett lydskrifta av dei samiske og finske namna om til IPA. (Eg har hatt hjelp av Kaisa Rautio og Nils Jernsletten til å sette dei samiske namna om til IPA-lydskrift.) Av omsyn til konsekvens i attgjeving av lydane har eg måtta bruke ei fonetisk lydskrift for dei samiske stadnamna. Svarabhaktivokalar i samisk er ikkje merkte ut. Dei norske namna er transkriberte etter fonemsystem 2. Namn som inneheld lydar som ikkje finst i fonemsystem 2, blir transkriberte grovt fonetisk etter system 1.

Analysen skal gje eit oversyn over korleis fonologien i lydlig lånte namn eller namneledd går ihop med fonologien i den norske dialekten i bygdene Skibotn og Kvenangsbotn. Eg vil undersøke i kva grad fonologien i denne typen lånte namn samsvarar med fonologien i norsk som det er gjort greie for i kapittel 3. I eit lydlig lånt stadnamn må ein vente å finne drag både frå långjevar- og låntakarspråket. Eg vil ikkje formulere reglar for lydovringane som finst, eg vil berre liste opp resultatata som finst i materialet. Framstillinga vil ikkje skilje seg mykje frå måten Iversen 1959 og Mägiste 1966 gjør greie for lydovergangar frå finsk til norsk og svensk. Innom rammene av dette arbeidet er det ikkje rom for å gjøre analysen meir eksplisitt. Eg ser ikkje at det er naudsynt å gje eit oversyn over samisk og finsk fonologi for å kunne analysere dei lydlig lånte stadnamna. Eg vil berre ta føre meg språkdrag som eg finn i stadnamnmaterialet. For kvart

språkdrag eg tar føre meg, vil eg kommentere tilhøvet mellom språka slik eg finn det nødvendig. Dei språkdraga eg kommenterer, vil vere eit utval av lydovringar som finst i materialet. Det er ikkje råd å ta fram alle døme på visse lydar eller lydkombinasjonar i materialet.

I eit oversyn over lydtilhøva i stadnamn er det ikkje naudsynt å gjøre greie for innhaldet i namna. Likevel har eg med ordforklaringar eller tilvisingar til namn eller namneledd som er kommenterte andre stader i arbeidet. Bakarst finst ei liste over namn og terrengnemne med tilvisingar til staden der desse er blitt kommenterte i teksten.

4.3 Vokalar

Stadnamna er lånte frå samisk og finsk, eg nemner derfor kva vokalar desse to språka har. Finsk har vokalane /i e ɤ ø æ u o a/ og nordsamisk har vokalane /i e a+ u o a/. Det er ikkje nokon grunn til å gå nærmare inn på kvaliteten kvar vokal har, bortsett frå at nordsamisk /a+/ er realisert som ein lang vokal [a:] i Skibotn og Kvenangen, men ikkje i alle posisjonar (munnlig oppl. Nils Jernsletten). Sidan dette ikkje går fram av den fonematiske transkripsjonen som eg tar utgangspunkt i, er /a+/ el. <á> merkt ut som ein fremre vokal overalt i lydskrifta. Sjå også 5.5 om vokalane i finsk. Tilhøve som har med kvantitet å gjøre, blir teke opp i 4.5.1.

4.3.1 Vokalar i trykksterk stilling, framlyd⁷⁴

I dei lånte stadnamna kan vokalane /i: u: a: i e æ u o a/ stå i framlyd. Endringar i kvalitet finn eg berre eitt døme på med samisk [o] som er blitt til [u] føre [d:]. Namnet K Ordavarre blir uttalt [ʰuð:avar:e] og [ʰoð:avar:e]. Det samiske namnet er ikkje belagt, men utmerkingsleddet er s. KN or'dâ 'skogbandet' etc. På Skibotn er uttalen alltid [o] i namna Heinäorta [ˈheinæorða ~ ˈheinæoʈ:a] og Suoinuorta [ˈsoinuoʈ:a ~ ˈsuoinuoʈ:a]; jf. 4.3.1.1.

⁷⁴ Eg skil ikkje mellom trykkskilnaden i t.d. /ˈjærviruðo/ og /ˈjærvi/, /ruðo/. Hovudledd i toleda stadnamn har oftast bitrykk. I analysen finn eg det ikkje nødvendig å ta spesielt omsyn til om eit ord står med hovudtrykk eller bitrykk i ei samansetjing. Hovudledd i toleda namn blir behandla som om dei hadde hovudtrykk.

4.3.1.1 Distribusjon av framlydsvokalar i lydlig lånte stadnamn⁷⁵

Vassrett: 1. komponent. Loddrett: 2. komponent.

	i:	e:	y:	æ:	ø:	ɥ:	u:	o:	a:	i	e	y	æ	ø	ɥ	u	o	a	
p								Δ			+	Δ			+		Δ		
b																		Δ	
m	K							K		+		+	+		+	+	+		
f											+						+		
v	Δ	+						+	+				+	+					
t		+	+				K	+			+	+	+			Δ	+	Δ	
d	+			+	+				+	+			+					+	
n		+			+				Δ	+	Δ		+	+		+	+	Δ	
l	+	+			+	+		+	+	+			+		+	+	+	Δ	Δ
s	Δ			+	+	+	+	+	Δ	+		+	+	+	+	+	+	+	Δ
r			+	+	+	+	Δ	+		+		+	+	+	+	+	+	+	+
t̥			+										+	+	+		○	+	
d̥																		Δ	
ɲ					+													+	
l̥			+																
ʃ										+									
ʃ̥										+									
d̥																		+	○
ɲ̥										+	+		+		+	+	+	+	
l̥										+	+		+		+	+	+	+	
k̥										(+)									
j																			
k	○								+	+		+	+		+			Δ	
g								+	+	+		+	+					Δ	
ŋ										+		+	+		+	+	+	+	
h																		○	

+ = Lydkombinasjon som finst i målføra.

Δ = Lydkombinasjon i lydlig lånte stadnamn(ledd) og i målføra.

○ = Lydkombinasjon som finst i lydlig lånte stadnamn(ledd), men ikkje i målføra.

Sjå elles teiknforklaringa på s. 3.4.1.

Døme på namn med lydkombinasjonar som ikkje finst i den norske dialekten i Kvenangsbotn og Skibotn:

Sambandet [ot:]

[ˈheinæot:a] S Heinäorta, f. /ˈheinæord̥a/ Heinäorta, av f. heinä 'høy' og fSk. orta 'skoggrense, skogband'.

[ˈsoinuot:a ~ ˈsuoinuot:a] S Suoinuorta. Namnet er lånt via f./ˈsuoinord̥a ~ suoinuord̥a/ Suoinuorta frå s. [ˈsuoidnorda] Suoidnorda; jf. s. KN suoi'dne 'høi, for' etc.

⁷⁵ Alle distribusjonsskjema er laga ut frå fonemsystem 1. Dei uaspirerte ustemte klusilane [b̥ d̥ ɡ̥], som er vanlige i lydlig lånte stadnamn, plasserer eg inn i distribusjonsskjemaet på plassen for /p t k/.

Sambandet [ad:]

/ʰad:jeŋ:a/ S Addjekk. Namnet har også uttalevariantar utan dorso-palatal, stemt klusil: [ʰa:djiŋ:a ~ ʰad:jeŋʰ: ~ ʰad:jeŋ:a]. På finsk er det òg variasjon i uttalen av f. Aadjekka med dorso-palatal eller med sambandet [dj]. Namnet Ádjít har dorso-palatal uttale på samisk. jf. 4.5.3.1.2; utolka namn.

Sambandet [i:ŋ]

/i:ŋa:nŋi:vi/ S Iikankivi. *Iikka* er ei finsk form av namnet *Isak*, f. *kivi* 'stein'.

Sambandet [ah]

/ʰahmaŋoiju/ S Ahmakoiju, f. id.; f. *ahma* 'jerv', *koiju* dial. for f. *koivu* 'bjørk'.

4.3.1.2 Vokalar i trykksterk stilling, innlyd

Vokalane /i: e: ɯ: u: o: a: i e æ ø ɥ u o a/ finst i innlyd i trykksterk stilling av lydlig lånte stadnamn. Det er svært få døme på at trykksterke vokalar i innlyd er blitt endra. Det er berre eitt døme på trongare uttale av [o] > [u] føre [nt] og opning av [e] > [æ] føre [r].

Namnet [ʰkʰundʰefjel:e] K Kontefjellet har ikkje noko motsvar på finsk eller samisk, men like ved ligg f. /ʰŋonð:i:ŋæŋæd/ Konttijänkät (pl.). Desse to namna hører nok til den same namnegruppa, derfor må ein kunne jamføre uttalen i dei to namna. Utmerkingsleddet kan komme av f. CHH *kontti* '(näver)ränsel, kont' eller av s. KN *gøn'ti* 'neverskrukke (til å bære på ryggen)' sjølv om namnet ikkje er belagt på samisk.⁷⁶ I den norske dialekten i Kvenangsbotn er det alltid trong uttale av vokalen i ord med lydkombinasjonen /kunt/, t.d. /'kuntrolere/, /'kuntu/, /'kuntakt/, /'kuntrakt/. Uttalen av Kontefjellet er blitt tilpassa reglane som gjeld i norsk for lydsekvensen /kunt/.

Namnet /'leβ:ævræjæ/ S Leppäveräjä er av f. /'leβ:ævræjæ/ Leppäveräjä, f. *leppä* 'older, f. *veräjä* 'grind' f. I norsk på Skibotn finst det svært få døme på kort [e] føre [r], eg har ikkje funne andre døme enn /'ter:ærj/ *terreng*, /'der:an/ *det der* og /'her:an/ *det her*. Derfor er finsk /e/ blitt open føre /r/.

⁷⁶ Eg kjenner ikkje til om ordet *kont* 'skreppe' er brukt i norsk i Kvenangsbotn; i så fall kunne namnet reknast som innhaldslån.

4.3.1.3 Distribusjon av innlydsvokalar i trykksterk stilling av lydlig lånte stadnamn

Vassrett: 1. komponent. Loddrett: 2. komponent.

	i:	e:	y:	æ:	ø:	ɤ:	u:	o:	a:	i	e	y	æ	ø	ɤ	u	o	a
p	+	+	+	+	+	+	+	+	Δ	+	Δ	+	+	+	+	Δ	Δ	Δ
b	+	+	+	S	+	+			+	+	+	+	Δ	+	+	S	+	+
m	+	+		K		+	+		+	Δ	+	+	+	+	+	Δ	Δ	Δ
f	S									+		+	+	+	+	Δ	Δ	
v	+	+	+	+	+	+	+	+	Δ	Δ	Δ		Δ	+			Δ	Δ
t	Δ	+	+	+	+	+	+	+	+	Δ	Δ	+	+	+	Δ	Δ	Δ	Δ
d	Δ	Δ	+	+	+	+	+	+	+	Δ	+	+	Δ	+	+	Δ	Δ	Δ
n	+	+	+	+	+	+	+	Δ	+	+	Δ	+	Δ	+	Δ	Δ	Δ	Δ
l	+	Δ	+	+	+	+	+	+	+	Δ	Δ	+	Δ	Δ	Δ	#	Δ	Δ
s	+		+	+	+	+	Δ	+	Δ	Δ	Δ	+	Δ	+	Δ	Δ	Δ	Δ
r	Δ	Δ	+	+	+	Δ	Δ	+	Δ	Δ	+	+	Δ	Δ	Δ	Δ	Δ	Δ
t̥	+		+	+	+	+	+	+			+	Δ	+	S	+	Δ	Δ	
d̥													+	+	+	+	Δ	Δ
ŋ				+	+	+	+	+	+									○
l̥			+	+	+	+	+	+										
ʃ				+			+	+	+		+	+	+		Δ	Δ	+	
ʃ̥										+	+	+	+					Δ
ɕ										K	K	+				+	Δ	
n̥										Δ	+	+	+	+	+	+	+	Δ
l̥										+	+	+	+		Δ	Δ	Δ	Δ
k̥										○								
j																		
k	Δ	+	+	+	+	+	Δ	+	Δ	Δ	+	Δ	Δ	+	Δ	Δ	Δ	Δ
g	Δ	Δ	+	+	+	+	+	Δ	+	+	○	+	+	+	+	+	+	Δ
ŋ										Δ		+	Δ	+	+	+	+	Δ
h																		○ ○ ○

= Lydkombinasjon i eit lydlig lånt stadnamn og i målføret på Skibotn.

+ = Lydkombinasjon som finst i målføra.

Δ = Lydkombinasjon i lydlig lånte stadnamn(ledd) og i målføra.

○ = Lydkombinasjon som finst i lydlig lånte stadnamn(ledd), men ikkje i målføra.

Sjå elles teiknforklaringa i 3.4.1.

Døme på namn med fonemkombinasjonar som ikkje finst i den norske dialekten i Kvenangsbotn og på Skibotn.

Sambandet [oŋ]

['moŋ:avaŋ:e] K Muonavatnet (namnet har fleire uttalevariantar). Utmerkingsleddet er utolka, men kan ha samband med s. KN *muorrâ* 'tre s. (på rot eller hugget), som første ledd av sammensetn. også : med nogen skog, skog-'.
 [oŋ]

Sambandet [ik]

['rikɕari:di] S Rihtaridi; kan hende av s. KN *ritta* 'felle til fangst av større rovdyr' (klusilane i *ritta* er preaspirerte).

Sambandet [eg:]

[ˈjɛg:iluhɕamy:ra] K Jæggilohtamyra. Uttalen /ˈjæŋ:ilohɕa/ er også belagt. I alle andre lån med s. KN *jæg'ge* 'myr' blir innlydsvokalen uttalt [æ]. Verken i Kvenangsbotn eller på Skibotn har eg funne døme på sambandet [eg:] i norsk. Førre lang [g] blir det brukt open vokal [æ], jf. 3.4.1.4.

Sambandet [uh]

Både samisk og finsk kan ha lydkombinasjonen vokal førre glottal frikativ, men systemet desse kombinasjonane går inn i, er ikkje likt i dei to språka.

[ˈjɛg:iluhɕamy:ra] K Jæggilohtamyra, kan vere av s. KN *luk'ta* 'starrgress' eller av s. KN *lok'ta* 'avsats, lem, flat terrasse i fjellsiden' for uttalen /ˈjæŋ:ilohɕa/ blir også nytta.

/ˈsuhɕiɕuru/ K Suppikuru, (uttalen /ˈsuhɕ:iɕuru/ er vanligare), utmerkingsleddet kjem av s. KN *suppe* 'asp'.⁷⁷

/ˈŋuhɕɛnjir:an/ S Guhtenjirran av s. [ˈŋuhɕɛnjir:Ōn]; utmerkingsleddet (Guhte-) er utolka, men ein informant meiner at det er eit personnamn. KN s. *njirrân* 'skredfar, sted hvor det er gått (sten)skred; bratt ur uten vegetasjon mellom stenene'.

Sambandet [oh]

Kombinasjonen /oh/ finst berre i uttalen /ˈjæŋ:ilohɕa/, sjå kommentaren for [uh].

Sambandet [ah]

/ˈsurmalahɕi/ S Surmalahti, f. id.; f. *lahti* 'vik, bukt'.

/ˈŋahluælvɑ/ S Gahloelva, s. Gáhlujohka og f. Kahlujoki. Utmerkingsleddet er utolka; jf. 4.5.5.4.

⁷⁷ Klusilane i s. *suppe* er preaspirerte. Namnet kan ha samisk opphav sjølv om samisk form av namnet ikkje er registrert. Ordet *suppi* `osp´ blir brukt på finsk i Kvenangsbotn i tillegg til f. *haapa* `osp´, derfor kan namnet også vere blitt til i finsk.

4.3.2 Vokalar i trykklett stilling

I målføra kan vokalane /i e æ ʊ u a/ stå i trykklett stilling (jf. 3.4.2). Forutan desse vokalane, kan [o] stå trykklett i dei lydlig lånte stadnamna. I trykklett stilling finst dei fleste kvalitetsendringane av vokalane i dei lydlig lånte stadnamna.

4.3.2.1 Vokalen [i]

Vokalen [i] står trykklett i namn som både er av finsk og samisk opphav. Oftast skjer det ikkje endringar i kvaliteten ved namnelån, men det er nokre døme på opning av [i] > [e]. Trykklett [i] kan også falle bort.

Trykklett [i] står uendra

/nurmi/ K Nurmi, av f. CHH *nurmi* 'äng' etc.

/ros:i/ K Rossi, av s. Q44 *ročče* 'sammentrengt parti av elv (med sterk strøm eller med strykdannelse) eller dal'.⁷⁸

/mosgi/ S Moski, av s. Q44 *mos'ke* 'en senkning, omgitt av høie bakker'. Namnet er ikkje belagt på samisk, men namnet er brukt på finsk med lik uttale og ortografi.

[ri:di ~ ri:di] S Ridi, f. /ri:di/ Riiti og s. [ri:di] Riidi; jf. fotnote 101.

4.3.2.1.2 Overgang [i] > [e].

Trykklett samisk [i] i terrengnemninga *várri* 'fjell' blir oftast til trykklett [e] i stadnamn lånte inn i norsk. I materialet finst døma:

[balg:isva:re ~ 'balgesvar:e] S Balkesvarre, /bos:uvar:e/ S Bossovárri, /rođ:uvar:e/ S Råttovarre, [ođ:avar:e ~ 'uđ:a-var:e] K Ordavarre.

/jensesuando ~ 'jænsinsuando/ S Jensinsuvanto, f. /'jænsinsuando ~ jænsinsuvando/ Jensinsuvanto. Den vanligaste uttalen er med trykklett [i] som på finsk. Berre éin informant uttaler namnet med halvtrong vokal [e]; jf. 2.6.2.

[gardelvo:gen ~ 'gađ:elvo:gen] K Gardelvågen. Namnet er av f. /'gårdilavuono/ ~ [gårdilavvuono] Kartilavuono. Dei samiske uttalevariantane s. [gå+rdelvuon:na ~ 'gå+rdelmoh:gi ~ 'gårdil-vuon:na] Gárdelvuotna har både trong og halvopen trykklett vokal. Uttale med opning av vokalen kan ha oppstått ut frå dei fonologiske reglane i kvart av språka, men namneformene kan òg ha påverka kvarandre (jf. òg 2.3.3.1).

⁷⁸ Om skrivemåten av den trykklette vokalen i s. *ročče*, jf. kommentaren i Qvigstad 1935: Forord: "I nominativ sing. av tostavelser e-stammer skriver jeg *e* som i skriftsproget, uaktet uttalen i Troms (landet N for Malangen) og tildels i Senjen (landet S for Malangen) er *i*, f.eks. *jaw're*, *varre*, uttales *jaw'ri*, *varri*".

[ˈk̥urðebærge] K Tjorteberget. Namnet er berre oppgjeve på norsk, men må ha opphav i s. KN *čur'te* 'bakende (på folk, særli. på barn' etc, jf. fotnote 78.

[ˈkʰundɛfjeːe] K Kontefjellet. Namnet hører til den same namnegruppa som f. /'gondːijæŋgæd/ Konttjänkät (jf. 4.3.1.2).

4.3.2.1.3 Bortfall av trykklett [i]

[ˈkʰolːer] K Koller, av f. /'golari/ Kolari; jf. 2.7.1 pkt. 4 og 4.5.2.1.2.

4.3.2.2 Vokalen [e]

Trykklett [e] finst i stadnamn av både samisk og finsk opphav. I dei lydlig lånte stadnamna kan trykklett [e] bli ståande, men det finst òg døme på at trykklett [e] blir til [i] eller fell bort.

4.3.2.2.1 Trykklett [e] står uendra

/ˈðomːasengolʔanu/ K Tommasenkuolpano, f. id.; av personnamnet f. Tommanen.

/ˈgidsiʔirjedʋaːe/ K Kitsi-Pirjetvatnet, av f. [ˈgidsiʔirjedajjærvi] Kitsi-Pirjetan järvi; jf. 2.7.2.

/ˈadːseɡubːa/ S Attsekuppa, jf. f. /ˈaːhdsigubːa/ Aahtsikuppa av samisk [ˈaːtsegohpi] Ahcegohpi, s. KN *asse* 'hesje' (áhci, áhce- 'hesje' vestlig dial. form).

/ˈniːkevaːe/ K Nikevatnet, av s. Nihkeluobbalat (uttale manglar); *Nihke*, eit mannsnamn, s. KN *luobbâl* 'liten innsjø som det går elv igjennem; innsjølignende utvidelse av en elv'.

4.3.2.2.2 Overgang trykklett [e] > [i]

[ˈgord̥inæsː ~ ˈgord̥inæsːe ~ ˈgod̥enesː] S Gordines, av f. /'gord̥eniemi ~ ˈgord̥enniemi ~ ˈgord̥aniemi/ Korteniemi, f. CHH *korte* 'fräken' (dvs. kjerringrokk), jf. s. [ˈgord̥doha-ŋa+rga] Gorddohanjárga.

/ˈmolgivaːe/ S Molkivatnet, av s. [ˈmoal^hkeja+vri] Moalkejávri, s. KN *moal'ke* '(uregelmessig) bøining, krumning; krok, sving på vei f. eks.' etc.

[ˈdogːijog̊ːa ~ ˈdogːijok^h:] S Doggejohka, av s. [ˈdogːejohg̊a+] Doggejohka; s. KN *dog'ge* 'den 4. mave hos drøvtyggere, vingstra, kjesemagen'.

4.3.2.2.3 Bortfall av trykklett [e]

/ˈkarːviːka/ K Karrvika blir skrive Carvigen i 1723 og Carrevigen i 1742. Opphavet til namnet må vere s. [ˈg̊a+rbeluo^hk̊a] Gárbeluokta; utmerkingsleddet kan eg ikkje tolke, s. KN *luok'tâ* 'vik, bukt' etc.; jf. f. /'garʔːilahdi/ Karppilahti.

4.3.2.3 Vokalen [æ]

Finsk [æ] kan stå trykklett i tostavingsord. I norsk på Skibotn og i Kvenangsbotn har eg berre funne trykklett [æ] i eit fåtal ord (jf. 3.4.2), men ikkje i utlyd som i finsk. Det er mange lånte stadnamn med trykklett [æ] i utlyd. Oftast skjer det ikkje noko endring i uttalen av [æ] i dei lånte stadnamna, men det finst to døme på at [æ] er blitt til [a] og eitt namn med bortfall av trykklett [æ].

4.3.2.3.1 Trykklett [æ] står uendra

/ˈsisæmuɡːa/ K Sisämukka, f. id.; av f. *sisä* 'indre'.

/ˈlasɡudørmæ/ S Laskutörmä, f. id.; av f. *lasku*, her: 'nedfiring'.

/ˈjæŋɡːæouða/ S Jänkkäouta, f. id.

/ˈjæræmæ/ S Järämä, f. id.; jf. 2.7.1.

4.3.2.3.2 Overgang trykklett [æ] > [a]

[ˈɡendabæрге ~ ˈɡendːabæрге] K Gentaberget. Det finske namnet er /ˈɡendːæbɑhɑ/ Kenttäpahta, og den samiske forma er [ˈɡendda+ba+ɡʰti ~ ˈɡieddeba+ɡʰti] Genddábákti. Utmerkingsleddet kjem av det finske ordet *kenttä* 'voll, eng'. I dette tilfellet er det ikkje sikkert at namnet kjem av ein naturformasjonen *kenttä*, det kan vere eit personnamn som ligg til grunn for namngjevinga. I 1865 er det to finnar i Kjækan med etternamnet Gentha (jf. vedl. 1).

/ˈleþːameːlŋ ~ ˈleþːæmeːlŋ/ S Leppæmelen. Namnet er berre stadfesta på norsk, utmerkingsleddet kjem av f. *leppä* 'older'.

4.3.2.3.3 Bortfall av trykklett [æ]

[ˈɡærːbikʰ ~ ˈɡærːbɪɡː/ K Gærbikk, av f /ˈɡærbɪɡːæ/ Kärpikkä, av s. Gearbbetvuopmi (uttale manglar), utolka namn.

4.3.2.4 Vokalen [ʌ]

/ˈmælːʌɡuru/ S Myllykuru og [ˈmælːʌɡruːbɑ] S Mullugropa er dei einaste namneformene i materialet med trykklett [ʌ]. Førleddet kjem av f. *mylly* 'mølle'.

4.3.2.5 Vokalen [u]

Når den trykklette vokalen er [u] i lydlig lånte stadnamn, skjer det inga endring av vokalkvaliteten. I eit par namn har trykklett [u] falle bort.

4.3.2.5.1 Trykklett [u] står uendra

[ʼa:bugorʃa] K Abogorsa, jf. f. /ʼa:buḡorsa/ Aapukorsa, f. *Aapu* 'kortform av Abraham'.

/ʼha:ḡaḡuru/ S Haapakuru, f. id., f. *haapa* 'osp'.

[ʼfauruslan̄:a ~ ʼfavruslat̄ṅa ~ ʼfavruslan̄:a] S Favroslanjna av s. KN *faw'ro* 'skjønn, vakker, pen' etc. og s. KN 3. 'lem, benk, slett parti i fjellside'. På samisk blir namnet uttalt [ʼfa+urruſlat̄ṅa] Fávrruslatnja, og på finsk /ʼfauruslan̄a/ Fauruslanja.

[ʼsle:ru ~ ʼsle:du] K Slero. På samisk blir namnet uttalt [ʼsle:ru ~ ʼʃle:ru ~ ʼʃle:rova+r:i] Šlerovárri, og på finsk /ʼsle:ru ~ ʼslero/ Slero, Sleeru; jf. 2.7.1.

[ʼdidnuælv̄a ~ ʼdiḡnuælv̄a] S Didnoelva, av s. KN *did'no* 'flint'. Namnet blir uttalt [ʼdiḡnujohḡa+] Didnojohka på samisk og /ʼdiḡnujoh̄gi/ Titnujoki på finsk.

4.3.2.5.2 Bortfall av trykklett [u]

[ʼbæ:rfju:ŋ ~ ʼbær:fju:ŋ] K Burfjorden, av samisk [ʼḡuw:ru-vuon:na ~ ʼḡuw:ruvuon:na]

Buvrovuotna, (jf. Q35 Bu'rovuonna, jfr. lp. *bu'ro*, grøt); f. /ʼḡuruvuono/ Puruvuono.

/ʼḡalviḡurmy:ra/ K Talvikurumyra, f. *talvi* 'vinter'.

4.3.2.6 Vokalen [o]

Vokalen [o] kan ikkje stå trykklett i norsk i dei to bygdene. I dei lydlig lånte stadnamna blir trykklett [o] oftast ståande, men det er fleire døme på at vokalen blir til halvtrong vokal [u]. Det er eitt døme på at trykklett [o] eller [u] har blitt til [e], trykklett [o] kan også falle bort.

4.3.2.6.1 Trykklett [o] står uendra

/ʼisori:ḡi/ K Isoriiti, f. id.; f. *iso* 'stor'.

/ʼḡoḡ:oḡivi/ K Kokkokivi, f. id.; av f. *kokko* 'ørn' og f. *kivi* 'stein'.

/ʼḡarvonḡivi/ S Karvonkivi og /ʼḡarvossḡein̄/ S Karvossteinen, av f. [ʼḡarvosēḡivi ~ ʼḡarvoḡsēḡivi] Karvosenkivi; *Karvonen* er eit finsk etternamn, jf. 2.6.4.

[ʼḡolḡ:aruḡo ~ ʼḡuolḡarud:o ~ ʼsḡolḡarud:o] S Tolpparuto, f. /ḡolḡ:aruḡo/ Tolpparuto.

Utmerkingsleddet kan komme av s. KN *stoal'po* 'stolpe', for ei myr i området blir kalla s. *Stoalpojeakk*, jf. 2.7.2.

/ʼaholaud̄:a ~ ʼahonlaud̄:a ~ ʼaholaud̄:ausḡaiḡ:a/ S Ahonlauta(uspaiikka) av f. [ʼahollaud̄:ausḡaiḡ:a] Ahonlauttauspaiikka.

4.3.2.6.2 Overgang trykklett [o] > [u]

I den finske dialekten i Kvenangen er det fri variasjon mellom trykklett utlydsvokal [o] ~ [u] i ord som har [o] elles i finsk; t.d. f. /'ruðo ~ ruðu/ *ruto* 'skog, kratt'. Derfor kan trykklett [u] i lydlig lånte stadnamn vere overteke frå finsk. På Skibotn har den finske dialekten trykklett [o] i former som kan ha [u] i Kvenangsbotn. Sidan [o] ikkje kan stå trykklett i den norske dialekten i områda, er det ein tendens til at trykklett [o] i stadnamn går over til [u]. Formene ['ræs:irud:u ~ 'ræf:eruðu] i dømet under treng likevel ikkje vere utvikla i norsk. Dei kan ha samband med samisk ['reaʃ: ʃerohðu].

/ʔalusa:ri ~ ʔal:usa:ri ~ 'balusa:ri ~ ʔalosa:ri/ S Palosaari, av f. /ʔalosa:ri/ Palosaari; f. *palo* 'brenne f.', *saari* 'holme, øy'.

['ræs:irud:u ~ 'ræf:eruðu ~ 'ræs:irud:o] S Rässiruto, f. /'ræs:irudo/ Rässiruto, s. ['reaʃ:ʃerohðu] Reaššerohtu; fSk. rässi 'leire f., utfjære', av s. KN ræš'še 'stor, flat fjære med lerbunn, utleire'.

['tk̄or:ufjæ:]e] K Tjårroffjellet, jf. f. /'ʃorova:ra/ Šorovaara og innlandssamisk Čorrovárit (uttale manglar); av s. KN *čorru* 2. 'langstrakt haug (ikke svært bratt, ikke helt smal); lang rabbe; mindre høiderygg'.

/ʔos:uvar:e ~ ʔos:uvar:i/ S Bossovári, av s. ['ʔos:sova+r:i] Bossovári; jf. Båssoberget under. /ʔos:ubærge ~ 'bos:ubærge/ S Båssoberget; jf. f. /ʔos:uʔahða ~ 'ʔos:obahða/ Possupahta. I den finske namneforma er det veksling mellom trykklett [o] og [u] av opphavlig s. TF *bås'so* 'nise'. (Det samiske namnet er ikkje belagt.) Overgangen [o] > [u] ser ut til å ha teke til alt i finsk.

4.3.2.6.3 Overgang trykklett [o ~ u] > [e]

I Kvenangsbotn finst namnet Kjøllefjorden ['k̄ø:l:efju:ŋ ~ 'tk̄ø:l:efju:uŋ ~ 'ʃø:l:efju:ŋ], f. Tjulluvuono ['k̄ul:uvuono] og s. ['k̄kuolovuon:na ~ 'k̄kuoluvuon:na ~ 'k̄kuol:ovuon:na] Čuolo-vuotna (tre heimelsfolk oppgjev halvtrong vokal av utmerkingsleddet på samisk, tre oppgjev halvopen vokal). I NS og NG blir namnet Kjøllefjorden i Kvenangen tolka på same måten som Kjøllefjorden i Lebesby (av gno. *kyllir* m. 'sekk'). Sjølv om namna er like språklig sett, treng dei ikkje å ha lik etymologi.⁷⁹ Den eldste skriftlige forma eg har funne av namnet i Kvenangen, er Kiøllefiord frå 1793.⁸⁰ Namneforma er den same som i dag. Den vanligaste trykklette vokalen i norsk er [e]. I stadnamna av finsk opphav i Sør-Noreg gjev Iversen 1959:315-320 døme på at alle finske vokalar kan bli endra til [e] i trykklett stilling. På same måten må også trykklett [o] ~ [u] i eit namn av samisk opphav kunne gå over til trykklett [e] når namnet blir

⁷⁹ Det samiske namnet på fjorden i Lebesby er Gil(l)e-vuodnâ, f. Kelavuono (Qvigstad1938:37).

⁸⁰ Forma er frå Junghans, Boje L Mandtal over Schiærvøe Finne-Almue for 1793.

brukt på norsk. Ein kan forklare korleis den norske forma kan ha oppstått av det samiske namnet, men den samiske namneforma kan ikkje forklarast på grunnlag av lydfølgja i det norske namnet. Det verkar heller ikkje rimelig at ei bukt (Kjøllefjorden er ikkje ein fjord, men ei djupevoren bukt) som ligg i eit område med gammal samisk busetjing, først skulle få eit norsk namn. Eg kan ikkje avklare innhaldet av det samiske namnet, men i samisk finst ord som har same lydfølgje som utmerkingsleddet, jf. KN *čuolo* 'som vender smalsiden op el. mot beskueren', og *čuollo* 'den del av laksestengsel som står (gjerne noget skrått) i strømrretningen'.

4.3.2.6.4 Bortfall av trykklett [o]

/ʔal:ouða/ K Palo-outa, f. /ʔaloouða/ Palo-outa, jf. 2.5.1.3 og 2.5.1.7.

/ʔul:jok^h: ~ 'bəl:jok^h:/ S Bulljokk av s. [ʔul:ojohgå] Bullojohka (uvis tyding).

4.3.2.7 Vokalen [a]

Trykklett [a] i lydlig lånte stadnamn får sjeldan endra kvalitet. I heile materialet er det berre to namn der trykklett [a] er blitt til [e], og to namn der [a] har falle bort.

4.3.2.7.1 Trykklett [a] står uendra

/ʔansamel:a/ K Ansamella, f. id.; jf. 2.7.3.

[ʔgið:ala:sa ~ ʔgið:anla:s:a] K Gittalaassa, f. /ʔgið:ala:s:a/ Kittalaassa, trulig av s. KN *giddâ* 'fast, bundet' etc. og s. KN *lāses* 'slett berg, svaberg; (flatt) skjær'.

[ʔbunajus:ahauda ~ 'bunajus:ahauda ~ 'bun:ajus:ahauda] S Puna-Jussan hauta, av f. /ʔbunajus:anhauda/ Puna-Jussan hauta; f. *puna* 'raud', f. *Jussa* (personnamn), f. *hauta* av *tervahauta* 'tjæremile'.

/ʔmaðala/ S Matala, f. id. , f. *matala* 'låg'.

4.3.2.7.2 Overgang trykklett [a] > [e]

/ʔaǵ:elvob:i ~ 'ahǵelvuob:i ~ 'aǵ:alvuohbi/ K Áhkalvuohppi av s. [ʔa+hǵalvuoh:bi] Áhkalvuohppi, jf. s. KN *ak'ka* 'hustru, kone' og *vuop'pe* 'dyp innskjæring i en elvebredd' (her: bukt ved havet); (jf. Q35 "Kjerringbukten, lp. Ákkalvuop'pe =; jfr. lp. *ak'ka*, kjerring."


[ʔbað:eŋ] K Badderren; av s. [ʔba+ð:ar ~ 'ba+hðar ~ 'ba+ð:ari ~ 'bað:ar] Báttar, f. /ʔba:ð:ari/ Paattari; jf. 2.6.1.

4.3.2.7.3 Bortfall av trykklett [a]

/liŋŋen/ K Linken av s. Q44:44 "liŋ'kâ : bakte-liŋ'kâ (Lg.) 'trin i et berg, så man slipper op; jfr. fn. *linkkâ* (brant klippe, utför hvilken vattnet faller i forsen).

/ġiḍsiḅirjeḍvaŋ:e ~ 'ġiḍsiḅirjeḍajærvi ~ ġiḍsiḅirjeḍa/ K Kitsi-Pirjetvatnet, av f. ['ġiḍsiḅirjetaj-jærvi) Kitsi-Pirjetan järvi; jf. 2.7.2.

4.3.2.8 Skisse av kvalitative vokalendringar i lydlig lånte stadnamn



4.4 Diftongar

Finsk har 18 diftongar <ai ei oi ui yi äi öi äy ey öy iy au eu ou iu ie uo yö>. Alle desse diftongane er ikkje representerte i dei lydlig lånte stadnamna. Samisk har fire diftongar <ie oa uo ea>.⁸¹ Sekvensar som t.d. <oai> og <av> i samisk skrift blir analyserte fonemisk i samisk som /diftong + j/ og /vokal + v/. Fonetisk kan desse sekvensane bli analyserte som vokalsamband: [oai] og [au].⁸² I min analyse har eg berre bruk for ein grov fonetisk analyse av dei lydlig lånte stadnamna utan omsyn til det fonemiske systemet som gjeld for opphavsspråka.

I dei lydlig lånte stadnamna finst desse diftongane og vokalsambanda: [ie ei eu æi æa ui uoi oi oai uo ua ou ai au]. I analysen tar eg utgangspunkt i lydsekvensane i opphavsspråka og viser kva som skjer med desse lydane i låntakarspråket.

⁸¹ Både dei finske og samiske diftongane er her oppgjevne med dei grafema som blir nytta i finsk rettskriving og i gjeldande rettskrivinga for nordsamisk.

⁸² Munnlig opplysning professor Nils Jernsletten.

4.4.1 Diftongen [ie] står uendra

Både finsk og samisk har diftongen [ie]. Oftast skjer det ikkje noko endring av denne lydfølgja ved stadnamnlån.

/ʔeʊraniemi ~ ʔeʊraŋ:aniemi/ K Peurakkaniemi, f. id.; jf. 4.4.4.

/ʔsiɲnuɲieva/ S Sitnutieva, f. id, s. [ʔsiɲnuɲiev: a+] Sitnudiévvá; av s. KN *sidno* 'fint fjellgress, "lingress"' etc., s. *dievva* '(rundaktig) haug'.

[ʔbiend̥si ~ ʔbiend̥si] S Bientsi, f. /ʔbiend̥si/ Pientsi, s. [ʔbientsi] Bienci; utolka namn.

/ʔbieɲsanjæŋg̊:æ/ K Pietsanjänkkä, f. [ʔbieɲsajjæŋg̊:æ ~ ʔbierajjæŋg̊:æ] Pietsanjänkkä ~ Pieranjänkkä; av *Bietsa* ~ *Biera* som er samiske former for namnet *Per*.

4.4.1.1 Overgang [ie] > [iæ]

I materialet er det eitt døme på at [ie] er blitt opna til [iæ] i namnet /ʔfiæl:urong̊:a ~ ʔfiel:urong̊:a/ S Fielluronkka. Namnet er også brukt på finsk /ʔfiel:urong̊:a/ Fielluronkka, men må ha opphav i s. KN *fiel'lo* 'fjel, bord'; fSk. *ronkka* jf. 2.5.2.1. Opning av [ie] til [iæ] føre lateral må ein nok sjå i samband med den sterke tendensen i norsk på plassen til å få opning (også kalla lågning) av [e] føre lateralar og nasalar, jf. 3.7.1.5.4.

4.4.1.2 Overgang [ie] > [e]

[ʔmaɲ:inged:i] K Martingeddi, s. [ʔma+rɲd̥d̥eng̊ied:i ~ ʔma+rt^hing̊ied:i ~ ʔmarɲd̥d̥ing̊ied:i] Márd̥d̥eng̊ieddi; utmerkingsleddet er av personnamnet s. *Márdin* ; s. KN *gied'de* '(naturlig) 'eng, voll'.

/ʔnem:enaig̊u ~ ʔniemenaig̊:u/ K Niemennaiko, jf. 2.7.1. Samstundes som [ie] er blitt til enkel vokal, er den lamino-alveolare nasalen i framlyd blitt dorso-palatal nasal.

4.4.2 Diftongen [ei] i namn av finsk opphav

I kapittel 4 har eg kommentert enkelte lydlege drag ved uttalevariantane av lydlig lånte stadnamn og stadnamnledd. Det finst ingen reglar for korleis lydlig lånte namn i norsk kan normerast. Derfor vil eg drøfte ulike omsyn ein må ta for å samle uttalevariantane til ei skriftform. Av di ein stor del av dei lydlig lånte namna er innpassa finske namn, vil eg grunngje korfor eg vel å normere ein del av stadnamna etter finsk rettskriving. Eg vil ta føre meg noko av det som er ytra om kva praksis ein bør ha i Noreg for å normere finske stadnamn og sjå på skrivemåten av dei finske namna på karta i dei områda eg undersøker. Det er også nærliggande å vise til kva praksis Sverige har for normering av finske stadnamn.

5.2 Stadnamn og språkbruk

Når eg har samla inn stadnamna, har eg alltid spurt om kva språk namna har vore brukte på. For ein fleirspråklig informant er det ikkje alltid så lett å vite kva språk eit namn har vore brukt på. Ofte er informantane heller ikkje sikre på om namna har vore sette om, eller er blitt lydlig lånte. I nokre høve var det vanskelig å få ein informant til å forstå at eg vil vite om eit namn har vore brukt når folk har snakka norsk seg i mellom. Heimelsfolka har lett for å tru at eg vil ha namnet sett om til norsk. Under innsamlinga oppgjev heimelsfolka stundom eit namn først på t.d. finsk og etterpå ei omsett norsk form. På spørsmål om kva som har vore brukt på norsk⁸⁴, er heimelsfolka ofte usikre. Denne uvissa tolkar eg som eit uttrykk for at namnebruken ikkje er fast. Ei omsett form og ei lydlig lånt form kan bli brukte side om side med kvarandre av den same personen (jf. 2.6.6). Somme oppgjev at dei ville bruke ei lydlig lånt form av nokre namn i samtale på norsk med folk på deira eigen alder, men med yngre folk ville dei bruke ei omsett form. Ein må rekne med at mange av stadnamna er blitt brukte på norsk for første gong av den generasjonen som lever i dag. Når eg har sett grenser for kva namn som er blitt brukte på norsk og dei som ikkje er det, så har eg berre hatt heimelsfolka si oppfatning av språkbruk/namnebruk å halde meg til. For å få fram namnebruk-/språkbrukssituasjonen best moglig, har det vore viktig å bruke mange heimelsfolk.

Synkront sett er alle stadnamna norske som er brukte på norsk. Norsk er bruksspråk for ei rekke namn som historisk sett er finske og samiske. Kva får så dette å seie for måten slike stadnamn skal normerast på? I denne samanhengen er det nærliggande å jamføre med skrivemåten av lånord i norsk.

⁸⁴ Alle stadnamn har ikkje vore brukte på norsk. Om bruksfunksjonen av ein plass har opphørt før norsk kom i daglig bruk, har det ikkje vore nødvendig å bruke stadnamnet på nokon av språka.

5.3.1 Normering av lånord i norsk

Liksom det er vanskelig å drage grenser mellom namna som er brukte på norsk og dei som ikkje er det, er det vanskelig å setje grenser mellom fremmendord og norske ord (Grønvik 1980:39).

Eit problem er kva som etter kvart skal reknast som framandord, og kva som skal reknast som norsk. Grensa flyttar seg etter som orda kjem i bruk og blir tilpassa norsk språkssystem.

Normeringspraksisen opp gjennom tida har vore at allment kjente og brukte ord blir skrivne etter norsk rettskriving. Andre ord blir skrivne som i opphavsspråket (Grønvik 1980:42-43). Metoden har vore å vente med normering til ein norsk uttale har vunne fram. Grønvik viser til at dette ikkje fungerer på same måten i dag som før: "Eit problem som er større i dag enn for ein del år sidan, er at det framande skriftbiletet får betre høve til å setja seg fast fordi folk les mykje meir." (Grønvik 1980:54). Allment kjente og brukte ord som ikkje har fått fornorska skrivemåte er t.d. *camping*, *bacon* og *band*. Grensa mellom norske og fremmende ord kan ikkje berre dragast på formelt grunnlag. Ord som formelt er tilpassa norsk, blir likevel opplevde som fremmende om "rota er ugjennomsiktig" (Grønvik 1980:53).

5.4 Allment om normering av lydlig lånte stadnamn

Ein kunne seie at alle stadnamna skal normerast etter skrivereglane i det språket som namna er brukte på. I denne samanhengen ville det seie at alle stadnamn som historisk sett er finske eller samiske, men brukte på norsk, skulle skrivast etter norske rettskrivingsreglar. I praksis er dette prinsippet for generelt. Liksom fremmendord i norsk jamt over blir normerte etter graden av tilpassing til norsk, har eg valt å normere dei lydlege stadnamnlåna på ulikt vis etter graden av tilpassing. Mange namn har vore brukte så kort tid på norsk at dei ikkje har fjerna seg særlig frå uttalen på opphavsspråket.

5.4.1 Allment om normering av stadnamn i Noreg

Når språk skal skriftfestast, trengst reglar for korleis ein skal skrive. Dette gjeld også for stadnamn. NOU 1983:6:15 seier om rettskriving av stadnamn:

Når eit namn skal takast i bruk av mange menneske, trengst ofte ei viss normering av namnet. Å normera vil seia at vi føyer namna meir eller mindre strengt etter rettskrivingsprinsipp og spesielt utarbeidde normeringsreglar.

I dag er det *Kronprinsregentens resolusjon av 31. mai 1957* som gjeld for skrivemåten av norske stadnamn. Framlegget til ny rettskriving av stadnamn som blei lagt fram for Kultur- og vitskapsdepartementet i mars 1983, er ikkje vedteke, og derfor er det resolusjonen frå 1957 som

framleis gjeld. For samiske stadnamn er det dei oppnemnde namnekonsulentane som avgjør skrivemåten. Namnekonsulentane normerer etter rettskrivinga for nordsamisk på nordsamisk og lulesamisk område, og rettskrivinga for sørsamisk gjeld for sørsamisk område (NOU 1983:6:42). Det finst ikkje vedtekne reglar for korleis dei finske stadnamna i Noreg skal normerast.

5.4.2 Normering av finske stadnamn i Noreg

I NOU 1983:6:67-68 står det at "Skrivemåten av kvenske stadnamn kan ofte vera eit vanskeleg spørsmål". Vidare at:

Kvensk er finsk språk slik det gjennom lang tid er blitt tala og brukt i Noreg. Dermed er lagnaden for kvensk språk eit ansvar for norske styresmakter. I særleg grad gjeld dette stadnamna. Utvalet har difor samla seg om å tilrå at det offentlege legg til grunn den nedervde lokale uttalen og fastset skrivemåten etter det, utan å vera bunden av finske rettskrivingsprinsipp. Som kulturminne og i språkvitskaplig samanheng vil ein slik skrivemåte visa den form som finsk språk har fått i kontakten med norsk og samisk, korleis finske ord har gått inn i austnorske målføre, og korleis finsk i Nord-Troms og Finnmark har blitt til kvensk. [...] Skrivemåten av kvenske stadnamn skal fastsetjast på grunnlag av den nedervde, lokale uttalen av namnet. Namna skal skrivast med norske bokstavar.

NOU-utvalet bruker ordet *kvensk* om det finske språket og dei finske stadnamna i Noreg, eller kvensk (finsk). Setninga "korleis finsk i Nord-Troms og Finnmark er blitt til kvensk", viser at utvalet oppfattar det finske språket her som særskild i høve til finsk i Finland. Etter det eg kan forstå, er dette grunngevinga for at språket ikkje bør skrivast etter finske rettskrivingsreglar. Aikio/Lindgren 1982:120 seier dette om det finske språket i Nord-Noreg:

Finske dialektar i Nord-Noreg ligg nær dei nordfinske dialektane. I Aust-Finnmark er slektskapen med Kemiöldialektane tydeleg, i Nord-Troms ligg finsken nærmast Tornedalsdialektane. Kvenane har vore nøydde til å skape ein god del eige ordtilfang; dei har brukt både samiske og norske lånord som er tilpassa det finske språksystemet. [...] Påverknaden frå norsk er på langt nær så stor at ein kan kalle kvendialektane for "blandingsspråk"; dei må bli definerte heilt eintydig som finske dialektar (mi understreking).

Det er heilt klart at finsk ortografi høver like godt til å skriftfeste språkmateriale frå kvendialektane som til å skriftfeste språkmateriale frå kva som helst annan finsk dialekt. Når NOU-utvalet går inn for ikkje å bruke finsk rettskriving av finske stadnamn i Noreg, kan ein forstå det slik at utvalet finn at finsk rettskriving ikkje fullgodt kan gjengje stadnamna i skrift. Eg kan ikkje forstå anna enn at denne innstillinga blir fremja ut frå at utvalet ikkje har hatt tilstrekkelig sakkunnskap. Det er ikkje tvil om at eit finsk stadnamn best kan gjengjevast i skrift ut frå finsk rettskriving. NOU-framlegget er ikkje i tråd med FN-fråsegna av 1972 som går inn for at stadnamn på minoritetsspråk skal bli skrivne etter rettskrivingsprinsipp for språket som namnet hører til.

The Conference, *Noting* that in some areas, e.g., the Lappish speaking part of northern Europe, a minority language is spoken inside the territory of more than one country. *Noting*

further that geographical names in the minority language are sometimes spelt according to different principles in the different countries where the minority language is spoken. *Recognizing* the desirability of a uniform treatment of the names in the minority language in such areas. *Recommends* that, where possible, the countries in question, in consultation with native speakers of the minority language: a) Adopt a common orthography for all geographical names of the minority language; b) Use that orthography for the standardization of the place names in the minority language in their territory; (mi understreking) (SOU 1982:45:134).

Dette punktet frå FN-fråsegna blir attgjeve i NOU 1983:6:117 med: "Konferansen rådde til at naboland bør gjennomføra ei felles rettskriving for alle namn på eit minoritetsspråk, og så bruka denne rettskrivinga i normeringsarbeidet." Det er påfallande at NOU 1983:6 ikkje set dette punktet i samband med normeringa av dei finske stadnamna i Noreg.

5.4.3 Normering av finske stadnamn i Sverige

Liksom i Nord-Noreg finn ein også i Nord-Sverige ein finsk minoritet. Den svenske offentlige utgreiinga seier dette om rettskrivinga av dei finske stadnamna i Sverige (SOU 1982:45:118):

Finska ortnamn i finskspråkiga områden i norra Sverige skrivs i dag på de allmänna kartorna och i andra officiella sammanheng med finsk ortografi (skrivsätt). [...] De ortnamn av finsk ursprung som finns kvar i mellersta Sverige har helt anpassats efter svenska stavningsprinciper. [...] Skrivningen av finska ortnamn i Tornedalen synes inte vålla några problem. Den princip som följs, nämligen att i huvudsak skriva namnen enligt finska skrivregler, är i linje med FN-rekommendationen. Det finstalande området i Sverige hör geografisk ihop med Finland, och det är samma språk som talas på båda sidor om gränsen, även om det finns dialektala skillnader.

Den svenske utgreiinga legg stor vekt på dei retningslinjene som er blitt utarbeidde gjennom det internasjonale samarbeidet om rettskriving av stadnamn.

I det internationella samarbetet rörande principer för återgivande av ortnamn har vuxit fram den regeln att ortnamn t.ex. på kartor bör återges med tillämpning av det skrivsätt som gäller för det språk som ortnamnet i fråga tillhör (SOU 1982:45:119).

Vidare heiter det at skrivemåten for samiske stadnamn ut frå den same FN-tilrådinga bør vere lik i alle dei tre nordiske landa (SOU 1982:45:119). På same vis skulle det vere sjølvstøtt at stadnamna på finsk der det er eit levande språk både i Sverige og i Noreg, blir skrivne med finsk rettskriving.

5.4.4 Andre ytringar om rettskriving av finske stadnamn i Noreg

I dei områda i Sør-Noreg der det tidligare var finstalande busetting, finst det eit omfattande stadnamnmateriale av finsk opphav (Eskeland 1987:19). Om desse namna seier ho:

Det er viktig at man har klart for seg de ulike forutsetninger når man skal vurdere skrivemåten av finske stedsnavn i Nord-Norge og i Sør-Norge. Mens NOU 1983:6 som nevnt går inn for en ortofon skrivemåte etter norske rettskrivingsprinsipp for både i nord og sør, har

det fra nordnorsk hold vært hevdet at en i allefall for Nord-Norge burde gå inn for å skrive de finske navnene etter finske rettskrivningsprinsipper. Noe slikt kan ikke være aktuelt i Sør-Norge, hvor navnene aldri har eksistert i riksfinske, men utelukkende i dialektfinske former. (Eskeland 1985:76-77).

Måten Eskeland argumenterer for at dei opphavlig finske namna i Sør-Noreg ikkje kan normerast med finsk rettskriving, er ikkje haldbar. Eit argument om at "dialektfinske" stadnamn ikkje kan normerast etter "riksfinske" normeringsprinsipp, vil ramme dei finske stadnamna også i Finland. Dei finske stadnamna i Finland er i utgangspunktet "dialektfinske". Den finske rettskrivinga (kirjakieli) er botna på finske dialektar. Finsk normering av stadnamn gjev (liksom norsk stadnamnormering) rom for dialektale variasjonar. I alle høve skulle ein vente at finsk skriftspråk som er grunna på finske dialektar og som er eit ortofont skriftspråk, er det beste skriftsystemet til å skrive finsk med (jf t.d. Karlson 1976:19: "Finskans ortografi är praktiskt taget likvärdig med en fonematisk transkription (i den klassiska strukturfonologins bemärkelse!)"). Korleis skulle ein kunne argumentere for at "dialektfinsk" skulle kunne skrivast "betre" etter norsk eller svensk ortografi sjølv om namna ligg i Noreg eller i Sverige? Eit slikt argument isolert held sjølv sagt ikkje mål. Det som talar for å ikkje normere dei finske stadnamna i Sør-Noreg på annan måte enn etter finske skrivereglar, er at namna ikkje er belagte på finsk av finstalande. Dessutan er namna i dag trulig tilpassa norske uttalereglar.

5.5 Problem med å normere finske stadnamn etter norske skrivereglar

Når finsk språk skal normerast etter norske skrivereglar, oppstår det uløyselige problem. Kort oppsummert gjeld det:

a) Kvantitet.

Dei finske kvantitetstilhøva der ein i både trykktung og trykklett staving finn stavingstypane kort vokal og kort konsonant (VK), lang vokal og kort konsonant (VVK), kort vokal og lang konsonant (VKK), lang vokal og lang konsonant (VVKK), kan ikkje gjevast att med norske rettskrivingsreglar. Norsk har andre kvantitetsreglar enn finsk, derfor har ikkje norsk eit uttrykksapparat som kan få fram dei finske kvantitetstilhøva.

b) Klusilmarkering.

Grafema <p t k> i finsk representerer uaspirerte, ustemte klusilar. I norsk står desse teikna for postaspirerte, ustemte klusilar i framlyd og utlyd, men i innlyd er klusilane uaspirerte og ustemte (jf. 1.7.1.4). Grafema <b d g> kan ikkje bli brukte til å representere dei finske klusilane, for desse teikna i norsk står for uaspirerte, stemte klusilar (men i kombinasjon med ustemte klusilar, blir /b d g/ også ustemte). I norsk er det opposisjon mellom /p t k/ : /b d g/. I

finsk blir ikkje /b d g/ brukt i anna enn eit fåtal fremmendord, dessutan blir /d/ brukt i skriftspråket for å markere svakt stadium av /t/.

c) *Ulik bruk av grafema <u, o> på finsk og norsk.*

Grafemet <o> representerer alltid fonemet /o/ i finsk. På norsk blir <o> brukt for både /o/ og /u/; t.d. *kost* representerer orda /'kost/ m `mat´ og /'kust/ m `ein reiskap´. På same måten blir grafemet <u> berre brukt for fonemet /u/ i finsk. Norsk bruker teiknet både for /u/ og /ʉ/; t.d. blir <u> i ordet *skum* uttalt /u/ og i ordet *sum* som /ʉ/.

d) *Finsk og norsk har ulik uttale av /y/.*

Både finsk og norsk har eit vokalfonem som blir attgjeve med teiknet <y> i skrift. Fonetisk er desse fonema ulike i dei to språka. Fonemet /y/ i norsk er ein fremre, runda og trong vokal. Finsk har også eit fonem /y/ som også blir klassifisert som fremre, runda og trong (Karlson 1976:10), men fonetisk er desse fonema ulike. Den finske /y/'en ligg nær den norske /ʉ/'en, men har mindre lepperunding. Totalt har finsk eitt vokalfonem mindre enn norsk, forenkla kan ein seie at finsk manglar motsvar til norsk /y/.

e) *Ulike teikn i finsk og norsk for lydane /æ ø/.*

Både finsk og norsk har fonema /æ/ og /ø/, fonetisk er lydane litt ulike, men skilnadene er ikkje store. Norsk og finsk bruker ulike grafem for å gjengje desse lydane, denne skilnaden er likevel mindre viktig samanlikna med dei fire andre punkta ovafor.

5.5.1 Problem med å normere samiske stadnamn etter norske skrivereglar

Kronprinsregentens resolusjon 31. mai 1957 pkt. C seier om samiske stadnamn: "For skrivemåten av samiske stadnamn blir oppnemnd serskild namnekonsulent". Særskilte reglar er ikkje utforma, stadnamna blir normerte etter reglane i skriftspråka (jf. 5.4.1). Når det er bestemt at samiske stadnamn skal skrivast etter samisk rettskriving, er det kanskje overflødig å grunngje korfor stadnamna i 5.7.4 a har samisk rettskriving. På grunn av at desse stadnamna står i særstilling fordi dei også blir brukte på norsk, vil eg grunngje kort kva problem ein møter når samisk skal skrivast ut frå norsk rettskriving.

Samisk har fonematiske opposisjonar som norsk manglar teikn for å gje att. Samisk har to a-fonem som blir skrivne /á/ : /a/ (i samisk), i dialektane er dei realiserte enten med kvantitativ eller kvalitativ opposisjon. Stammekonsonantane har tre lengdesteg som vekslar fonematisk,

dessutan finst konsonantfonema /č/, /ž/, /t/, /đ/, som manglar heilt i norsk. Nils Jernsletten seier at:

En skrivemåte bare med norske bokstaver vil nok gå i en tradisjonell tekst der det er lett å kjenne igjen ordene. Men i ordbøker, grammatikker og i vitenskapelige arbeider blir en slik transkripsjon altfor omtrentlig og grov. En måtte hele tiden bruke lydskrift ved siden av for å vise uttalen, med lyd kvalitet og -kvantitet. (Skriftlig oppl. Nils Jernsletten).

5.6 Rettskrivingspraksis av finske stadnamn i Noreg

Dei finske stadnamna i Noreg er i liten grad blitt skriftfesta. Likevel er noko blitt nedskrive, sjølv om offisielle skrivereglar ikkje finst. På grunn av at det ikkje er vedteke reglar for rettskrivinga av dei finske namna i Noreg, vil eg sjå på korleis namna er blitt skrivne på karta frå innsamlingsområda.

5.6.1 Topografiske kart

NOU 1983:6:47 oppgjev at "På dei nye topografiske karta frå NGO (M711) er det med rundt eit par hundre kvenske namn frå Finnmark og Nord-Troms". Finske namn på M711-kart i Sør-Noreg, blir det ikkje sagt noko om. Frå områda Skibotn og Kvenangsbotn, er det sju M711-kartblad (Skibotn: 1633 I, II, IV og Kvenangen: 1734 I, II og 1834 III, IV), dessutan eitt kartblad M816 frå Skibotn. M711 karta inneheld to finske stadnamn og eitt namn med samisk etterledd og finsk føreledd, to namn har norsk etterledd og finsk føreledd. På M816-kartet er det tre finske stadnamn og eitt med norsk etterledd og finsk føreledd.

5.6.1.1 Økonomiske kart

Dei økonomiske karta har mange fleire finske stadnamn skriftfesta. Frå Skibotn er det 27 kartblad og 26 frå Kvenangen.⁸⁵ Totalt har eg rekna opp 657 namn på dei 46 undersøkte kartablada. I oversynet under går fordelinga av namna på karta fram:

Skibotn:	27 kart	Kvenangsbotn:	20 kart
Totalt	385 namn		304 namn
- gjentekne namn	28 "		16 "
	357 "		288 "
Norske namn	249 "		239 "
Finske "	40 "		33 "
Samiske "	69 "		16 "

⁸⁵ På grunn av at Fylkeskartkontoret ikkje var ferdig med namnsetjinga av alle kartblade frå Kvenangsbotn då kartkopiane blei kjøpte inn hausten 1985, er det berre 20 kart frå Kvenangen som er undersøkte. Desse kartablada manglar: ØK FV 273-5-2, FV 273-5-4, FV 272, FW 273-5-1, FW 273-5-3, FW 273-5-4, FW 272.

I materialet har eg rekna namnepar som to namn, frå Skibotn finst det 4 namnepar, altså 8 namn og frå Kvenangsbotn 12 namnepar eller 24 namn. Ut frå rettskrivinga på kartet er det vanskelig å vite korleis fleire av namna skal klassifiserast språklig. Om eit stadnamn er toledda, avgjør etterleddet kva språk eg har rekna namnet til. Til dømes reknar eg *Várdovárregropa* som norsk og *Låkoaiivi* som samisk. Når eit namn på kartet ikkje samsvarer med noka belagt form, blir namnet rekna til det språket som namnet er normert etter. Namnet *Lutsja* har eg rekna som eit norsk namn ut frå rettskrivinga i namnet. I mitt materiale er namnet *Lotsjanridi* oppgjeve å vere brukt på norsk. Det same namnet er også oppgjeve stadfesta på finsk og blir då normert *Lutšanriiti*.⁸⁶ Namna på dei økonomiske karta er lette å jamføre med materialet som er blitt samla inn i 1979-1987 (jf. 1.1.). Stadnamnmaterialet på dei økonomiske karta frå Kvenangen er samla inn i 1985, og materialet frå Skibotn er samla inn rundt 1980. Namna på M711-karta er samla inn på 1950-talet (oppl. Arne Kvarme, Statens kartverk). Berre eit fåtal av namna på M711-karta kan ein skilje ut som finske. Mange av namna på desse karta som er normerte med samisk rettskriving, har også ei finsk form. Fleire av namna på M711-karta var ikkje belagte på samisk ved innsamlinga i 1984.

Rettskrivinga av stadnamna på dei økonomiske karta blir bestemt av folk utan filologisk utdanning. Den manglande kompetansen i å vurdere korleis stadnamn skal skrivast, set tydelige spor etter seg i namnetilfanget på karta - uansett språk. *I Kronprinsregentens resolusjon av 31. mai 1957* med Føresegner om skrivemåten av stadnamn, heiter det: "Desse føresegnene skal gjelda for alle offentlege kartverk." Likevel blir ikkje dei offentlege føresegnene for rettskriving av stadnamn følgde ved namnsettinga av dei økonomiske karta (NOU 1983:6:69):

Det økonomiske kartverket (ØK) har til no lege utanfor dei regulære oppgåvene til statens namnekonsulentar. Ved somme fylkeskartkontor har fagfolk ved universitet og distrikthøgskolar vore rådspurde, men dette har ikkje vore gjort systematisk. Fylkeskartkontora synest ikkje å ha kjent seg fullt ut forplikta av gjeldande føresegner for skrivemåten av stadnamn.

Også Fylkeskartkontoret i Troms har rådspurd fagfolk om skrivemåten av ein del samiske og finske stadnamn. Dei namna som er rett skrivne, blir ikkje omtalte her.

5.6.2 Feiltypar i skrivemåten av finske stadnamn på topografiske og økonomiske kart

Som ein kan vente seg, er mange av feiltypane i tråd med punkta på i 3.3. som gjeld problem med å normere finsk etter norske skrivereglar. Forutan kvantitetsfeil, klusil- og vokalmarkering, blir det ofte gjort feil med utelating av finsk genitiv. Føre konsonantar blir genitivendinga -n assimilert, konsonanten som følgjer, blir ofte lengd. Denne lenginga er ikkje lett å høre for dei som ikkje er finske.

⁸⁶ Jamfør s Kn *luččâ`* som første ledd av sammensetn.; fig.: skitt-, skrap-, (både om personer, dyr og ting)´.

5.6.2.1. Finske stadnamn på kart i Kvenangsbotn og Skibotn⁸⁷

Kartform: Rett form:

Kvantitetsfeil.

Alalinka	Alalink <u>ka</u>
Antankentä	Antankent <u>ttä</u>
Fjellroanki	Fielluron <u>kk</u> a
Haaskisaari	Haskisaari
Heinagurro	Heinä <u>ku</u> ru
Puolamaa	Puollama
Ronka	Ron <u>kk</u> a
Saltirånka	Salttiron <u>kk</u> a
Silliplana	Silliplaana
Sonnokenta	Sonnokent <u>ttä</u>

Klusilmarkering.

Abaja	A <u>p</u> aja
Balo	<u>P</u> alo
Balosaari	<u>P</u> alosaari
Dolvodørmä	<u>T</u> ulvuntörmä
Heinagurro	Heinä <u>k</u> uru
Hildospelto	Hilt <u>s</u> pelto
Järviriidi	Järviri <u>ü</u> ti

Feil vokalmarkering.

Dolvodørmä	<u>T</u> ulvuntörmä
Fjellroanki	Fielluron <u>kk</u> a
Heinagurro	Heinä <u>k</u> uru
Hildospelto	Hilt <u>s</u> pelto
Lepaustorma	Lepä <u>y</u> störmä
Makkonainen	M <u>u</u> kkunainen
Mokkonainen	M <u>u</u> kkunainen
Salmijärvi	Solmijärvi ⁸⁸
Saltirånka	Salttiron <u>kk</u> a

⁸⁷ Mange av stadnamna har samisk opphav, men er lånte inn i finsk før inn i norsk.

⁸⁸ Dette namnet er problematisk; forma Salmijärvi som kartet (M711 1734 II) bruker, er stadfesta av berre ein informant. Det er derfor moglig at personen kjenner denne forma frå kartet. Den vanlige forma er Solmivatnet. Andre former: n. Solmijärvi og Knutvatnet, f. Solma-, Solmijärvi. Sjølv om Salmijärvi ikkje er brukt til vanlig, er det ikkje umoglig at NGO har registrert ei slik form under namneinnsamlinga deira på 1950-talet. Namnet er uklårt etymologisk sett, det kan komme av fKv. *solmi* `knote´ (standardfinsk *solmu*) el. av f. *salmi* `sund´. Solmivatnet har ei kraftig innsnevring på midten, dvs. eit sund. Bygdefolket seier at det er eit vatn med ein knute på. Samisk form av namnet er ikkje stadfesta, men opphavet er trulig av s. KN *čuol'bmâ* `knote´ eller s. Q44 *čoał'bme* `sterk innsnevring av en innsjø, sund mellom to innsjøer el. to fjordstykker´.

*Vokalharmonifeil*⁸⁹

Heinagurro Sonnokenta	Hein <u>ä</u> kuru Sonnokent <u>tä</u>
--------------------------	---

Utelating av vokal

Fjellroanki Kolpano Palouta	Fiell <u>u</u> ronkka Ku <u>o</u> lpano Pa <u>o</u> -outa
-----------------------------------	---

Genitivmarkering manglar

Dolvodørmä Eevajänkkä Hottiuitto Marjakuru Punajussahauta	Tulvuntörmä *Eevanjänkkä ⁹⁰ Hoti <u>n</u> uitto Marja <u>n</u> kuru ⁹¹ Puna-Jussa <u>n</u> hauta
---	--

Feil genitivmarkering

Tirru <u>n</u> niemi	Tirruniemi
----------------------	------------

Blanding av skriftsystem

Dolvodørmä	Tulvuntörmä
------------	-------------

Orddeling manglar

Punajussahauta	Puna-Jussan hauta
----------------	-------------------

*Normert etter feil språk*⁹²

Dabmuttörmä Gállogenda Heinaor'da Keskistealli Matalavarri Sleadduloukku	Tammukkatörmä Kallukenttä Heinäorta Keskiställi Matala, Matalavaara Sleeruloukku
---	---

⁸⁹ Vokalharmoni i finsk betyr at om ei rot har fremre vokalar, må vokalane i eit suffiks også vere fremre; ei rot med bakre vokalar kan berre kombinerast med bakre vokalar i suffikset. Berre vokalane /i e/ kan kombinerast med både fremre og bakre vokalar. Denne feilgruppa kunne like gjerne ha vore plassert under gruppa "Feil vokalmarkering".

⁹⁰ Namnet Eevanjänkkä er ikkje belagt i materialet som Eira Söderholm og eg sjølv har samla inn frå Kvenangen. Eit utmerkingsledd som inneheld eit personnamn, skal stå i genitiv på finsk. Likevel kan genitiv mangle i finske stadnamn i Noreg.

⁹¹ Forma *Marjakuru* `bærgropa´ ville vere moglig som stadnamn, men har er namnet *Marjankuru* `Marjagropa ~ Mariagropa´ stadfesta.

⁹² Tre av døma her er ikkje belagte på samisk ved innsamlinga av stadnamn i 1984-85. Det gjeld Tammukkatörmä, Kallukenttä og Sleeruluokku. Namna har nok samisk opphav, men det er berre finske former som er stadfesta.

Ikkje-eksisterande form.

Gurrajeaggeelva	Gorrajoki ⁹³
Risuruto	Rässiruto

Anna feilskrivning.

Niemenai kk u	Niemenna kk u
Peianlan tt o	Peijanlan tt o

"For sterk" normering.

Nokre namn er normerte "for mykje", den dialektale forma er normert bort i nokre namn. Etter finske normeringsreglar for rettskriving av stadnamn er det inga grunn til "normere ut" desse formene.

Kartform:

Ahmakoivu
Luteentielatva
Mätäm~~u~~tka
Ryssän~~u~~mutka

Dialektnær form:

Ahmakoiju
Luteentielalva
Mätäm~~u~~kk~~a~~
Ryssän~~u~~kk~~a~~

5.6.2.2 Kartnamn med finsk utmerkingsledd og norsk hovudledd

Eit stadnamn som har norsk etterledd og finsk utmerkingsledd, reknar eg som eit samansett lån (jf. 2.2.5.1.3). Eg vil også ta med måten denne typen namn blir skrivne på karta og føreslå anna rettskriving i samsvar med retningslinjene i 5.7.4 c - m.

Kvantitetsfeil.

Balloskogen	Pałoskogen
Suppikurrmyra	Suppiku r umyra

Klusilmarkering.

Balloskogen	<u>P</u> aloskogen
Balones	<u>P</u> alones
Gendaberget	Gentaberget ¹ ⁹⁴

Bortfall av vokal.

Haasielva	Hasi <u>a</u> elva
Paloutabakken	Pal <u>o</u> -outabakken

⁹³ I mitt materiale har ein person oppgjeve ei epeksegetisk form /'gur:ajo:giælva/ Gorrajokielva (normert Gorrajoki). Det er kanskje ei slik form som ligg til grunn for kartforma. Jamfør s. *jeaggi* `myr', f. *joki* `elv'; Gorra- kan komme av s. *gurra* `grop'.

⁹⁴ Jamfør 4.3.2.3.2.

Suppikurrmyra Suppikurumyra

Feil genitivmarkering.

Aronmyra Aromyra⁹⁵

Normert etter feil språk.

Inggaleira	*Inggaleira ⁹⁶
Sleadduelva	Sleroelva ⁹⁷
Várdovárregropa	Varttovaaragropa ⁹⁸

Ikkje-eksisterande form.

Billigbakken	Billibakken
Hansamellaflata	Ansamellaflata
Åboelva	<u>Å</u> boelva

5.7 Utgangspunkt for normeringa

Lydlig lånte stadnamn er ofte blitt kalla forvrengingar og forvanskingar (jf.4.1). At det kan vere naudsynt med retningslinjer for skriftfesting, har ingen ytra noko om. Tuula Eskeland, som arbeider med å normere opphavlig finske namn på økonomiske kart i Sør-Noreg, omtalar dette arbeidet i *Årsmelding 1985 frå Institutt for namnegranskning*. Ut frå dette skrivet går det ikkje fram om fonologien i desse stadnamna vik av frå fonologien i den norske dialekten som namna er brukte på. Det verkar som om problema for Eskeland ligg i å bestemme seg for enten eit diakront eller synkront utgangspunkt for rettskrivinga. Utgangspunktet mitt for normering er synkront. Likevel kan eg ikkje halde eit diakront perspektiv ute frå dei omsyna som gjør seg gjeldande når materialet skal normerast. Ei rein synkron normering måtte berre gå ut frå det lydige uttrykket til eit stadnamn og bruke dei teikna som finst i skriftspråket for å gjengje dei aktuelle lydane. Når ein del av dei lydige låna i materialet ikkje blir normerte etter norske skrivereglar, er det eit diakront syn som ligg til grunn for denne sorteringa. På den andre sida er opphavsspråka levande språk i områda, og normeringa er synkron innafor desse språka. Ein må skilje mellom ei synkron normering og ei diakron inndeling av materialet som går føre normeringa. Eit synkront utgangspunkt for normeringa gjør at ein ikkje kan "normere tilbake" til ei språklig form som ikkje er belagt, dvs. ein etymologisk normeringsmåte.

⁹⁵ På kartet står det attmed namneforma Aronmyra også namnet Arovollen utan finsk genitivending. Dette er eit av mange døme på inkonsekvensen i normeringa av stadnamn på ØK-karta.

⁹⁶ Forma *Inggaleira er ikkje registrert på norsk. Namnet er berre oppgjeve med finsk form *Inganräsä* 'Inggaleira', det er ikkje lenger i bruk. Nokre heimelsfolk meiner at namnet ikkje har vore brukt på norsk, to personar meiner at det kanskje har vore brukt tidligare på norsk. Ut frå desse opplysningane har eg ikkje tatt namnet med i det norske materialet.

⁹⁷ Samisk form *Sleaddu*- er ikkje belagt. Likevel kjem f. *Sleerujoki*, n. *Sleroelva* frå s. *sleaddu*; Q44 *slæddo-bakte* 'svaberg'.

⁹⁸ Samisk form av namnet er ikkje stadfesta i 1984-registreringa sjølv om namnet opphavlig kjem frå samisk.

For å lage normeringsprinsipp kan ein reint allment gå ut frå *Kronprinsregentens resolusjon 31. mai 1957*. Etter bolk A i resolusjonen nemner eg desse punkta som eg tar utgangspunkt i (nummereringa følgjer punktinnendinga i resolusjonen):

1. Uttalen på staden.
2. Utjamning av nammeledd etter hovudtypar.
- c. Samansette namn: i større mon utjamning i etterleddet enn i føreleddet.
- d. "Namn med klår appellativisk tyding, ålment kjende ord og namnelekkar får om det er råd *ei riksform*."
4. "Heilt framande namn blir ikkje retta (t.d. Nøisom, Montebello)."

5.7.1 Om normering av lydlike lån

I område der finsk og/eller samisk er levande, blir eit lydlig lånt stadnamn normert etter samisk eller finsk rettskriving om forma som er brukt på norsk, er identisk eller berre har mindre avvik frå opphavsspråket. Her er språkkompetansen i området viktigare enn språkkompetansen til den enkelte informanten. Bruk av finsk og samisk skrivemåte av denne typen stadnamn kan sam-einast med pkt. 4 i Kronprinsregentens resolusjon. Namn som blir normerte etter skrivereglane i samisk eller finsk, kan ein kalle *innpassa namn*. Det er få stadnamn i materialet som blir normerte etter samisk rettskriving. Årsaka er at folk i undersøkingsområda jamt over er tospråklige norsk-finske eller einspråklig norske.

Namn som ikkje blir normerte etter finsk eller samisk rettskriving, kallar eg *tilpassa namn*. Slike namn er brigda på ulike vis i høve til den opphavlege namneforma. Fleire av dei tilpassa namna er opphavlig samiske namn som er blitt lånte inn finsk. Ofte er det vanskelig å vite kva form det norske namnet er lånt frå. Det kan vere lånt direkte frå samisk, eller vere lånt gjennom finsk til norsk. Eit namn som t.d. n. *Borristælli* f. *Poriställi* s. *Boarestealli* er lånt frå samisk > finsk > norsk.⁹⁹ Eg vil ikkje normere det norske namnet som det finske på grunn av at etterleddet *stælli* kan stå med norsk utmerkingsledd i namnet *Hestestælli* (jf. 2.5.3). I den same namnegruppa finn ein n. *Borritjårro* f. *Porišoru* s. *Boarečorru*. Også her er lånemønstret samisk > finsk > norsk. Uttalen av etterleddet i norsk har endra seg frå ein medioalveolar, ustemt affrikat [tʃ] i finsk og samisk (jf. 4.5.4) til ein dorso-palatal, ustemt affrikat [tk] eller lamino-postalveolar, ustemt frikativ [ʃ] i norsk. Dessutan er konsonantkvantiteten ulik i det finske og norske etterleddet. Derimot blir *Porimaa* og *Porikuru* (som høyrer til den same namnegruppa), normert som i finsk på grunn av at uttalen i norsk er lik den finske uttalen.

⁹⁹ I Signaldalen finst namnet *Borrebakken* /'bor:ebak:en/ som er lånt direkte frå samisk.

5.7.2 Om normering av samansette lån

For å kunne skjere gjennom problemet med rettskrivinga av samansette lån har eg bestemt at om utmerkingsleddet finst som eige innpassa stadnamn i norsk, t.d. *Palo*, skal det bli skriva på same måten om det står som utmerkingsledd til eit omsett terrengappellativ, t.d. *Paloskogen*. Det same gjeld om utmerkingsleddet er eit vanlig terrengappellativ. Då blir skrivemåten heller ikkje endra om nemnet står som utmerkingsledd til eit norsk terrengord. Til dømes n. *Pahtakuoppavatnet* f. *Pahtakuopanjärvi* (jf. 2.7.2), og n. *Niittymyra* f. *Niittyjätkkä* (jf. 2.5.1.8) Viss rettskrivinga skulle endrast i eit utmerkingsledd som også kan vere eit sjølvstendig lydlig lån, ville det komplisere tilhøvet mellom namn som høyrer til den same namnegruppa. Namnet *Palo-outa* er lånt inn i norsk. På norsk finst også *Palo-outavegen*. Samanhengen i ei namnegruppe ville ikkje vere så sjølvstendig om ein skulle skriva *Palå-åotavegen* eller *Balå-åodavegen*.¹⁰⁰

Om utmerkingsleddet ikkje er eit lydlig lånt stadnamn eller eit vanlig terrengord i det lokale namnetilfanget, blir utmerkingsleddet normert etter norske skrivereglar når det står til eit norsk etterledd. Til dømes n. *Mullugropa*¹⁰¹ f. *Myllykuru* (f. *mylly* 'mølle f'); n. *Laokadalen* f. *Laukkavankka* s. *Lávkavággi* (s. *lávka* 'skreppe').

Når utmerkingsleddet i samansette lån er eit tilpassa ledd, skriv ein klusilane p t k b d g som i långjevarspråket. Til dømes n. *Kakorivatnet* f. *Kaakkurijärvi* s. *Gáhkörjärvi* (f. CHH *kaakkuri* 'smålom', s. KN *gak'kur* 'lom').

Veit ein ikkje kva språk det norske namnet er lånt frå, bruker ein klusilmarkeringa i det språket som er opphav til alle namnepara. Til dømes n. *Gallovatnet* f. *Kallujärvi* s. *Gállojávri*. Opphavet til alle utmerkingsledda er nok samisk *gállu*, s. Q44 *gal'lo* 'stor sten, klippe'.

5.7.3 Vokalmarkering

På grunn av at teikna *o* og *u* ikkje blir brukte eintydig i norsk (jf. 5.5 d), gjev eg eit oversyn over korleis teikn og lyd samsvarar i dei lydlike og samansette låna. Eg har valt å følgje teiknbruken i finsk og samisk eit stykke på veg i normeringa av lydlig lånte namn og namneledd. Oppsettet under viser kva vokalmarkeringane står for.

¹⁰⁰ Verken /p/ eller /b/ på norsk svarer til finsk /p/, sjå 5.5 pkt. b.

¹⁰¹ Det er ikkje uproblematisk med denne todelinga i måten å normere eit samansett lån på. *Mullugropa* kan komme til å bli uttalt /'mul:ugru:pa/ i staden for /'mæl:æ gru:pa/ på grunn av at ein kan tru at uttalen av utmerkingsleddet skal vere som i finsk (jf. 5.7.3 om tilhøvet mellom teikn og lyd).

<i>Rettskriving</i>	<i>Uttale</i>	<i>Døme</i>
o - o	[u - u]	Dolvo, gorso, Sjorro-
o - a	[u - a] [o - a]	Bosas-, jorma, lohta, Lotsjan-, Lollaspieli gobba, Gorra-, jokk(a), kota, lohta, Lokkas-, nokka, Potka, ronkka, rova, Sjorpa, Stolpa-, tjokka
o - i	[o - i] [u - i]	Borri-, Goppis-, Gordi-, Molki, Moski, Nolvi, Rovi-, Sjolpi, Solmi- Gotti-, Ori-
o - e	[u - e] [o - e]	Konte- Johketjæggi, Toppel-
o - u	[o - u]	Olkula
å - o	[o - u]	Båso-, Mårso-, Råtto-, Tjårro
a - o	[a - u] [a - o]	Akso-, Gahlo-, Galko, Gallo-, Favros-, Kakori-, Kallo, Lasko-, Masto-, Nallo-, Palo, Ratto-, Sallo-, Snaldo-, Staffo, Vartto- Palo, Karvon-, Karvos-,
e - o	[e - u]	Sledo
i - o	[i - u]	Didno-
u - i	[u - i] [i - i]	Lulli, junni Lulli
u - o	[u - o] [u - u]	Uitto, ruto Uitto, ruto
u - a	[u - a]	gurra, kuppa, mukka
u - u	[u - u] [ʉ - ʉ]	kuru, Mukkunainen Mullu-
o - o - a	[o - o - a]	Lompola-
a - u - a	[a - u - a]	Tammukka-

5.7.3.1 Attgjeving av diftongar

Samisk og finsk har mange fleire diftongar enn norsk, for namna i gruppe c (og utover) er desse teikna nytta:

<i>Rettskriving</i>	<i>Uttale</i>	<i>Døme</i>
ou	[ou]	Oudalasjunni
uo	[uo]	Guosgatta, luokka, Muona-, Pahtakuoppa-, Ruossa, vuopio
oi	[oi]	Låtkoive, Soino-, Tjoika
ai	[ai]	Niemennaiko, Gaiski-
ei	[ei]	Aksogeikoma, Geikodan-, Heikondan-, Speini
ie	[ie]	Biedi-, Biedjo-, Bientsi, Bietsa-, Rieppi, Niemennaiko
oa	[ua]	Doggioaivi
eo	[eu]	Peorakka-
ao	[au]	Laoka-
oa	[ua]	Roanas

5.7.4 Lydlige lån og samansette lån grupperte etter normeringsmåte

a) Heile stadnamnet er opphavlig samisk, eller er blitt forma etter samiske uttalereglar, mange folk i området kan samisk (i tillegg til norsk evt. finsk), lånemønstret er samisk > norsk: samisk rettskriving.

Skibotn:

Bossovárri
Doggeoaivi
Durrá-Bieragorži
Guhtenjirran
Gálggogobba

Kvenangsbotn:

Áhkalvuohppi
Rássegáldu
Bađajávri
Sávvaskoarru

b) Stadnamnet er opphavlig finsk, eller er blitt forma etter finske uttaleregler, mange folk i området kan finsk (i tillegg til norsk evt. samisk), lånemønster finsk > norsk; evt. samisk > finsk > norsk): finsk rettskriving.

*Skibotn:**Finsk form brukt på norsk:*

Ahmakoiju
Ahonlauta(uspaikka)
Apaja
Autukasniemi
Fannuruto
Fielluronkka
Haapakuru
Halko-Iiskon hakkuu
Heinäorta
Holmajänkkä
Hotinlanja
Hotinuitto
Iikankivi
Jensinsuvanto
Jens-Iiskon törmä
Juopmukuppa
Järvenlanja
Järämä
Kalkkueno
Kallo
Kallukenttä
Karhuruto
Keinopahta
Keskiställi
Koinuronkka
Kotalanja
Kupanlalva
Kupanjäykkä
Kuppa
Kuukislomanuitto
Lapinkuru
Laskutörmä
Leppäveräjä
Luurulinkka
Marjankuru
Marjavaara
Marjavaaranmukka
Matala
Mellankurut

Samisk:

-
-
Ábája
Ávdugasnjárga
-
-
-
-
-
Suoidnorda
-
-
-
-
-
-
-
-
-
-
Jávrelatnja
-
Gálggojohka
-
-
Biernavuovdi
-
Gaskastealli
-
-
-
-
-
Gohpi
-
Bahágurra
-
-
-
Márjagurra
Muorjevárri
-
Mátála
Miellekurat

Mortinmukka	-
Myllykuru	-
Nallujänkkä	-
Palo	-
Palosaarenluokka	Luohkká
Palosaari	-
Peijanlantto	Mearddajávri
Pillinrova	-
Pirunpaisti	-
Polvariluokka	Bolvariluohkká
Porikuru	-
Porimaa	Boareena
Potka	-
Puna-Jussan hauta	-
Puollama	-
Putansaari	-
Pörrö-Iiskon törmä	-
Rakkauskuru	-
Raskanhakkuu	-
Rittakuru	Rihtágurra
Ronkka	-
Ryssänmukka	Ruoššamohkki
Rässiruto	Reaššerohtu
Salttironkka	Sálderoggi
Saviuitto	-
Segelmukka	-
Sitnutieva	Sitnodievvá
Suoinuorta	Suoidnorda
Suolakuru	-
Surmalahti	Sorbmeluokta
Tammavankka	Dámmávággi
Tommanjänkkä	Duommahajeaggi
Tommankuppá	Gohpi
Tolpparuto	Duolbarohtu
Uitto	-
Vaaraksenpää	Várášgeahči
Varttovaara	-
Äimä	-

Kvenangsbotn:

Alkka	-
Ansamella	-
Antankenttä	-
Aunikainen	-
Haapajänkkä	-
Hillapahta	-
Hirsijänkkä	-
liverinjänkkä	-
Isoriiti	Sahpperiidi
Isotjokka	-
Juovajänkkä	-
Järvikuru	-
Järviruto	-
Kajaniemi	-
Kokkokivi	-
Kotamukka	Goahthemohkki

Kumpula	-
Kuolpano	-
Laassamukka	-
Lallakuru	Lallagurra
Lapinnokka	Sámenjunni
Latokuru	-
Latomukka	-
Lauttakuru	-
Lepäystörmä	-
Maripahta	-
Mukkunainen	Muhkonaš
Muonajänkkä	-
Mustakuoppa	-
Nurmi	-
Nurmikuoppa	-
Olkula	Olgul
Olmavaara	-
Paloniemi	-
Palo-outa	-
Palovaara	-
Paskakivi	-
Pekanjänkkä	-
Pennirokka	-
Peurakkaniemi	Bevrratnjárga
Pietsanjänkkä	-
Pikkasmukka	-
Raasikuru	-
Raukuoskatti	-
Revonpesäjänkkä	-
Rossi	-
Ruossa	Ruossa
Sahajänkkä	-
Sappisvuoma	Sahppevuopmi
Saukkopahta	-
Seipi	Seaibi
Sisämukka	-
Slentsapoto	-
Sleeruloukku	-
Solmijärvi	-
Sonnukenttä, Sonnokenttä	-
Suppikuru	-
Tammukkajärvi	-
Tirruniemi	-
Tommasenkuolpano	-
Tynnyrivankanjärvi	Fárppaljávri
Tynnyrivankka	-
Äijänkuoppa	-

c) Lydlige lån blir skrivne etter norske skrivereglar om uttalen av namnet er endra i høve til belagte finske og/eller samiske namnepar. Mange av namna er allment kjente namn blant både einspråklige og fleispråklige. Om eit namn på norsk har mange varierende uttalemåtar, prøver ein å finne ut om ei form er meir brukt enn ei anna på norsk. Ein kan òg ta omsyn til finsk og/eller samisk form i tvilstilfelle.

Skibotn:

<i>norsk</i>	<i>finsk</i>	<i>samisk</i>
Addjekk	Aadjekka	Ádjít
Aksogeikoma	Aksukeikkuma	Ákšogaikun
Aksogeikomagorso	-	Ákšogaikungorsa
Allijorma	Allionjurma	Állijorbmi
Balkesvarre	Palkkisvaara	Bálggesvárri
Biedjojokka	Pietyjoki	Biedjojohka
Bientsi	Pientsi	Bienci
Borristælli	Poristælli	Boarestealli
Borritjárro	Porišoru	Boarečorru
Bosasgurra	Puusaskuru	Buvssasgurra
Bosasjokka	Puusasjoki	Buvssasjohka
Bosastjokka	Puusasvaara	Buvssasvárri
Bulljokk	-	Bullojohka
Dolvo	Tulvu	Dulvu
Favroslanjna	Fauruslanjna	Fávroslatnja
Gangata	Kankatta	Ġangat
Guoki	Kuokki	Guohkká
Gardeborri	Kaartepori	Ġárdeborri
Guosgatta	Kuoskatta	Guoskat
Hotten	Hotti	-
Johketjæggi	Johketjækki	Johkagátjeaggi
Lanjna	Lanja	-
Laokajokka	Laukkajoki	Lávkajohka
Ligavuoma	Liikavuoma	-
Lulli	Lulli	Lulli
Læddanjokka	-	Leattajohka
Læddantjokka	-	Leattačohkka, Allaleaddan
Látkoive	Lohkoivi	Luohkkoavi
Moski	Moski	-
Nallovuopio	Nalluvuopio	Nálovuohppi
Nolvi	-	Nolvi Njuolvi
Oudalasjunni	Outalasjunni	Ovddagasjunni, Ovddalasnjunni
Rasja	Raašša(vaara)	Ráššavárri
Rieppijokka	Rieppijoki	Rihpojohka
Rieppitjokka	Rieppišokka	Rihpočohkka
Rovijokk	Rovijoki	Rovvejohka
Rovijokkgorsoen	-	Rovvegorži
Råttovarre	Ruottuvaara	Ruohtovárri
Sallojokka	Sallujoki	Sallojohka
Sjolpi	Šolppi	-
Sjorpa	Šorppa	Čorpa
Sledo	Sleetu	Šleadđu
Staffo	Staffu	Stáffu
Velma	Velma	Velmá

Kvenangsbotn:

Badderen	Paattari	Báttar
Martingeddi	-	Márddengieddi
Navit	Navetat	Návet
Niemennaiko	Niemennaikku	Niemennjáiku
Nærbis	-	Nárbes

Rinnarga	Rinniemi, Virranniemi	Rinnjárga
Sirkastakka	Sirkkastakka	Sirggastahka
Slero	Slero, Sleeru	-
Tjoika	Sueikkajärvi	Čuoikkát

d) Lydlige lån av samisk opphav som berre er belagte på norsk av einspråklige eller tospråklige (norsk-finsk) informantar, blir skrivne etter norsk rettskriving.

Skibotn:

Gaiskiridi
Gaskarasridi
Geikodankuru
Heikondanridi
Lollasspieli
Rihtaridi
Skirriroggi
Speini
Tjårro

Kvenangsbotn:

Abogorsa
Gorsa
Guolban
Lappasjridi
Ordavarre
Tjokka

e) Lydlige lån som skil seg morfologisk frå opphavsnamnet får norsk rettskriving.

<i>norsk</i>	<i>finsk</i>	<i>samisk</i>
S Baskaputt	Paskaputaansaari	-
S Galko	Kalkkujärvi	Gálggojávri
S Galla	Kallajärvi	Gállajávri
K Gærbikk	Kärpikkä	Gearbbetvuopmi
S Hans-Johan-kuru ¹⁰²	-	-
S Hasiaruto	Haasionruto	-
S Hirihasia	Hiirihaasio	-
S Karvonkivi	Karvosenkivi	Karvosageadgi
S Rieppi	Rieppijärvi	Rihpojávri
K Roanas	Ruonas, Ruonastörmä	-

f) Sterkt omforma lydlig lån: norsk rettskriving.

Kvenangsbotn:

<i>norsk</i>	<i>finsk</i>	<i>samisk</i>
Kjækan	Kätkänen, Kätkynen	Geahkán
Perten	Pirttikenttä	-
Sekkemo	Säkkimukka	Sáimohkki
Tangesland	Tanganen, Tangasenranta	Dakŋasgáddi

¹⁰² Normeringa av dette namnet er eit døme på at det ikkje blir normert tilbake til ei språklig form som ikkje er stadfesta (jf. 5.7), sjølv om det ikkje er nokon tvil om korleis namnet har vore. Hans-Juhan-kuru er oppgjeve av ein person som berre kan norsk. Finsk form av namnet ville vere *Hans-Juhanin kuru. Den same personen har også oppgjeve namnet Hans-Johan-ridi. Dette namnet er stadfesta på finsk som Hans-Juhanin riiti. Eg har normert namnet etter norske skrivereglar, for den norske forma kunne like gjerne gå ut frå ei samisk form *Hans-Juhanriidi.

g) I lydlig lån der utmerkingsleddet er tilpassa, men etterleddet er innpassa, får utmerkingsleddet norsk rettskriving. Etterleddet kan ein skrive som i långjevarspråket.

S Attsekuppa	Aahtsikuppa	Ahcegohpi
K Gorrajoki	Kurajoki	-
K Gittalaassa	Kittalaassa	-
S Geikodankuru	-	-
S Hans-Johankuru	-	-
S Hasiaruto	Haasionruto	-
S Karvonkivi	Karvosenkivi	Karvosageadgi

h) Når eit lydlig lånt namn står som utmerkingsledd til eit norsk etterledd (dvs. relasjonsnamn), skal skrivemåten av utmerkingsleddet vere som når leddet står som eige namn. Er utmerkingsleddet eit vanlig terrengappellativ som står til eit norsk etterledd, skal ikkje skrivemåten av utmerkingsleddet endrast etter norsk rettskriving.

Skibotn:

Borritjårokanten
 Dolvobakken, -elva
 Gallaelva
 Hirihasiemukka
 Kallomyra
 Kuppaelva, -myra
 Lullielva -dalen o.fl.
 Luurulinkkamyr
 Nallovuopioronkka
 Nallujänkkämyran, -vegen
 Niittymyra
 Nolvigrinda o.fl.
 Palogjerdet o.fl.
 Palosaarienden
 Potkadammen
 Puollamavegen
 Rasjasida
 Rieppielva, -vatnet
 Rittakuruvegen
 Ronkkaelva
 Rovijokkfossen
 Sledodalen
 Stællikulpen
 Varttovaaragropa
 Velmagropa

Kvenangsbotn:

Ansamellabakken
 Guolbanavegen
 Kotamukkaelva
 Lallakuruvegen
 Latokuruvegen
 Luttakurumyra

Mellanpääneset
 Niemennaikobakken o.fl.
 Pahtakuoppavatnet
 Palo-outavegen
 Rossimyra
 Ruossatjønnene o.fl.
 Sleroberget o.fl.
 Talvikurumyra

i) Når utmerkingsledda i samansette lån ikkje fell innafør kriteria for føreledd pkt. g) og i), bruker ein norsk rettskriving. (Utmerkingsledda er lydlig lånte stadnamn eller vanlige terrengappellativ).

Skibotn:

<i>norsk</i>	<i>finsk</i>	<i>samisk</i>
Billibakken, -skogen	Pillintörmä, -rova	-
Borrielve o.fl.	Porijoki	Boarejohka
Bosavatnet	Puusasjärvi	Buvssasláddu
Båsoberget	Possupahta	-
Didnodalen	-	-
Didnoelva	Titnujoki	Didnojohka
Falsnes	Falisniemi	Falsnjárga
Favrosdalen	Faurusvankka	Fávrrrosvággi
Gahloelva	Kahlujoki	Gáhlujohka
Gordines	Korteniemi	Gorddohanjárga
Gottiullberget	-	-
Gottivollen	-	-
Haskielven	Haskijoet	Haskejogat
Kapakaberget	Kapakanpahta	-
Karvossteinen	Karvosenkivi	Karvosageadgi
Kaveelve o.fl.	Kaavelinjoki	Gávvaljohka, Gávvajohka
Kotahumpen	Kotahumppi	-
Laokadalen o.fl.	Laukkavankka	Lávkavággi
Leppæmelen	-	-
Læddansida	-	Leattanjunni
Molkivatnet	-	Moalkejávri
Mullugropa	Myllykuru	-
Oribakken o.fl.	Uuritörmä	Hoaššajávrridearbmí
Rattomelen o.fl.	Rattumella	Rattumielli
Råttofjellet	Ruottuvaara	Ruohtovárri
Sjorromelen	-	Čurumielli
Snaldobakken	Snaltutörmä	-
Soinoelva	Suoinujoki	Suonjujohka
Stolpafjellet	Tolppavaara	Stoalpovárit

Kvenangsbotn:

Baddavatnet	Patajärvi	Bađajávri
Burfjorden	Puruvuono	Buvrovuotna
Gaiskikotavatnet, -humpen	-	-
Gallovatnet	Kallujärvet	Gállojávri
Gardelvågen	Kartilavuono	Gárdelvuotna
Gentaberget	Kenttäpahta	Genddábákti

Hanhivatnet	Hanhijärvi	-
Hirvaselva	Hirvasjoki, Sarvisjoki	Sarvvesjohka
Jæggilohtamyra	-	-
Kakorivatnet	Kaakkurijärvi	Gáhkorjávri
Karrvika	Karppilahti	Gárbeluokta
Kitsi-Pirjetvatnet	Kitsi-Pirjetan järvi	-
Kjøllefjorden	Tjulluvuono	Čuolovuotna
Kontefjellet	-	-
Limpaflata	Limpankuolpano	-
Lokkasneset	Lokkasniemi	-
Marriberget	Maripahta	-
Mastoberget	-	-
Muonavatnet	Muonajärvi, Moonajärvi	-
Mårsoneset	ursuniemi	Muršonjárga
Nikevatnet	-	Nihkeluobbalat
Peorakkaneset	Peurakkaniemi	Bevrratnjárga
Sappisdalen o.fl.	Sappisvuoma	Sahppevuopmi
Solmivatnet	Solmijärvi	-
Tammukkavatnet	Tammukkajärvi	-
Tjorteberget	-	-
Tjæbitbekken	-	-
Tjæbitfjellet	-	Čeabetgearru
Tjæbitvatnet	-	Čeabetjávrrit
Tjárrodalen	Šorovuoma	-
Tjárrofjellet	Šorovaara	Čorrovárit
Tjárrovatnan	Šorojærvet	-
Toppelbukta	Tuoppalanmukka	Duoppalmohkki

